

SPRÅK- STATUS

STATUS

SPRÅK-

Språkpolitisk
tilstandsrapport

2021

Språkrådet

Lovsitata i grafiske illustrasjonar i rapporten er henta frå lov om språk (språklova).

Utgiver:
Språkrådet juni 2021

Design og illustrasjon: Anagram Design as
Trykk: Kai Hansen Trykkeri

SPRÅK- STATUS

Språkpolitisk
tilstandsrapport

2021



Innhald

Føreord **6**

Språka i samfunnet **8**

Nynorsk og bokmål	10
Minoritetsspråka i Noreg	11
Norsk teiknspråk	15
Korleis ser samfunnet på språka? Haldningar, rettar og lovverk	20
Engelsk og det norske samfunnet	21

Skule og barnehage **24**

Opplæringspråk i barnehage og skule	26
Nynorsk i lærarutdanninga	36
Digitalisering i skulen	37
Opplæring i og på teiknspråk	40
Opplæring i og på kvensk, romani og romanes	44

Høgare utdanning **52**

Tilhøvet mellom norsk og engelsk	54
Fagspråk og terminologi	62
Klarspråk	69
Utdanningstilbod i små fagdisiplinar	71
Teiknspråk	76
Nasjonale minoritetsspråk	80

Arbeidsliv **88**

Tilhøvet mellom norsk og engelsk	90
Arbeid med klarspråk og terminologi	95
Digitalisering og språkteknologi	98
Fleirspråklegheit i arbeidslivet	101

Stat og kommune **110**

Målbruk i forvaltninga	112
Klarspråk	115
Språk i lover og forskrifter	122
Digitaliseringa av offentleg sektor	126

Helse **138**

Språklege rettar	140
Teiknspråk	141
Fleirspråklegheit	143
Klart helsespråk	144
Terminologi og digitalisering	148

Medium og kultur **154**

Allmennkringkasting	157
Strøymetenester	159
Dataspel	160
Sosiale medium	161
Aviser	164
Litteratur	166
Bibliotek	169
Musikk	171
Film	171
Teater	173
Nasjonale minoritetsspråk	174
Teiknspråk i medium og kultur	175

Språklege byggjeklossar **180**

Rettskrivingsnormer	182
Ordbøkene og språksamlingane	191
Termressursar	194
Dokumentasjon av minoritetsspråk	198
Teiknspråkleg dokumentasjon	200
Stadnamndokumentasjon	201
Språkteknologiske ressursar	203

Noreg og verda **212**

Nordisk samarbeid og nabospråksforståing	214
Internasjonalt teiknspråksamarbeid	218
Internasjonalt samarbeid om minoritetsspråk	219
Europeisk språkorgansamarbeid	221
Europeisk språkteknologisamarbeid	226
Internasjonalt klarspråksarbeid	228
Internasjonalt stadnamnarbeid	230

Føreord

Dette er den sjettede språkpolitiske statusrapporten som Språkrådet legg fram. Det er fire år sidan sist Språkrådet presenterte ein tilsvarande rapport.

I mars 2021 vart den første heilskaplege språklova i Noreg vedteken av Stortinget. I lovproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) blir det slått fast at språkpolitikken ikkje er avgrensa til eitt politisk-administrativt område eller til eitt enkelt departement, men skal gjelde på tvers av politikkområde og samfunnssektorar. Proposisjonen varslar òg at Kulturdepartementet med jamne mellomrom vil rapportere til Stortinget om språksituasjonen i Noreg og om korleis dei ulike sektorane har følgd opp språkpolitikken.

Denne statusrapporten kan sjåast som ei nullpunktsmåling for statusen til dei språka som Noreg har eit særleg språkpolitisk ansvar for. Rapporten blir dermed eit grunnlag for det vidare arbeidet til alle aktørar som har ansvar for å følgje opp den «nye» språkpolitikken i sine sektorar. Han kan òg vere eit grunnlag for den språkpolitiske rapporteringa frå departementet til Stortinget, og han kjem til å vere eit verktøy for Språkrådets arbeid med å følgje opp og samordne utøvinga av språkpolitikken i Noreg.

Rapporten inneheld ni kapittel: «Språka i samfunnet», «Skule og barnehage», «Høgare utdanning», «Arbeidsliv», «Stat og kommune», «Helse», «Medium og kultur», «Språklege byggjeklossar» og «Noreg og verda».

Redaksjonen vart avslutta i mai 2021.



Erik Ulfsby
styreleiar



Åse Wetås
direktør

ROMANI KJIBB

TILBAKE TIL INNHALD

BOKMÅL

ÅRTELSAEMIEN GËELE

DAVVISÁMEGIELLA

SPRÅKA I SAMFUNNET

JULEVSÁMEGIELLA

NORSK TEGNSPRÅK

NYNORSK

ROMANI SHIB

KVÄÄNIN KIELI



Noreg er eit fleirspråkleg samfunn slik som alle andre land i verda, og har til alle tider vore svært rikt på språk. Det er eit faktum som for nordmenn flest ofte har vore ukjent og lite omtala.

Ikkje berre har Noreg det norske talespråket med sine dialektar og dei to skriftspråka nynorsk og bokmål, her finst òg frå gammalt av ei rekkje andre språk. Det er til dømes urfolksspråka i Noreg, dei samiske språka, som inkluderer nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk og fleire til. I tillegg kjem dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes, og norsk teiknspråk, som er eit eige språk blant mangfaldet av teiknspråk i verda. Endeleg har òg ei stor mengde språk kome til Noreg gjennom nyare innvandring.

I den nye språklova får alle dei tradisjonelle språka i Noreg eit vern og ein lovfesta status dei har sakna frå før, og det fleirspråklege norske samfunnet blir endeleg anerkjent av lovverket. Det er eit svært viktig steg i arbeidet med å ta vare på språkmangfaldet. Blant dei 6000 språka i verda er mange i dag sterkt truga, og minoritetsspråka i Noreg er ikkje noko unntak. Dei har alle sine utfordringar, mange av dei har svært få språkbrukarar, og dei har slite med manglande anerkjenning frå det offentlege. Det er von om at språklova kan gjere sitt til å bøte på det.

I dette kapitlet blir det gjort opp status for språkmangfaldet i Noreg og kartlagt kva for språk som finst i landet, og kor dei står i dag. Norsk teiknspråk, som aldri før har hatt nokon offisiell status i Noreg, blir vigd ekstra omtale. Kapitlet kjem òg inn på dei faktorene som trugar språkmangfaldet. Små språk blir truga av større språk, og språk hamnar på det viset i eit hierarki. Norsk språk har opp gjennom tida vore ein trussel mot minoritetsspråka, bokmål har vore ein trussel mot nynorsk, og engelsk har vore ein trussel mot norsk. Dette hierarkiet har òg skapa haldningar og fordommar mot andre språk, både haldningar på personnivå og på statleg nivå. Statens haldningar har vist seg i at vern av språka har mangla i lovverket. Den nye språklova gjev lovnader om at staten no har andre haldningar.

Nynorsk og bokmål

Heilt sidan jamstillingsvedtaket i Stortinget i 1885 har vi hatt to norske skriftspråk som formelt er likeverdige. På 135-årsdagen for jamstillingsvedtaket, den 12. mai 2020, kom framlegget til lov om språk, og lova skal gje norsk språk lovfesta status og sterkare vern. Dei delane av lova som sikrar bruk av nynorsk og bokmål, utgjer ei særlovgeving, som samtidig sikrar konkrete individuelle språkrettar.

Nynorsk står sterkt innanfor litteraturen, i humanistiske fag, i offentleg forvaltning, i media, i kyrkja, i lokalt næringsliv og i skulen. Nynorsk har ein veikare posisjon i populærkultur, teknologi og økonomi. Det er samtidig dei områda der bokmålet er hardast pressa av engelsk (Vikør 2012).

Både bokmål og nynorsk er blant dei hundre mest vitale språka i verda. Sjølv om nynorsk er eit mindre bruka språk enn bokmål, er det eit stort språk i verds-samanheng med om lag 550 000 brukarar i 2020, mot 700 000 kring 1950. 626 000 menneske bur i nynorskkommunar (2020), medan om lag halvparten av alle nordmenn bur i ein språknøytral kommune (Grepstad 2020).

Språkpolitikken skal fremje reell likestilling mellom dei to skriftspråka. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka språket. Det inneber at situasjonen for nynorsk som mindretals-språk skal bli vurdert særskilt, til dømes i politikktvikling eller regelverksarbeid som gjeld norsk språk (Prop. 108 L (2019–2020), kapittel 2.2).

Det at den norske skriftkulturen heilt sidan 1800-talet har vore delt, har gjort sitt til at språkleg variasjon har vore norma og ikkje unntaket i den norske offentlegheita. Dei siste femti åra har det òg vore ei jamn utvikling mot meir bruk av dialekt på stadig fleire område i samfunnet. Å akseptere norske talemål i alle situasjonar har gjort det mogleg å ha mektige posisjonar i samfunnet utan å endre eigen dialekt og tilpasse seg

eit framandt språkideal (Prop. 108 L (2019–2020), kapittel 3.1).

Nynorsk og bokmål i samfunnet – plikter, rettar og bruk

Skriftspråka nynorsk og bokmål er i vid bruk på ulike område av samfunnet, og begge er berarar av ein rik og variert skriftkultur. Med somme unntak skal alle som går gjennom norsk skule, lære å meistre både bokmål og nynorsk. Det er likevel eit problem at nynorsk har ein veikare posisjon enn bokmål i samfunnet, og at det i praksis er vanskelegare å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar. Eitt resultat av dette er at mange elevar byter til bokmål i løpet av skulegangen. Sjølv om det har vore eit sentralt språkpolitisk mål å hindre slikt språkskifte frå nynorsk til bokmål, har ein ikkje lukkast med å bremse utviklinga. I somme område ser ein rett nok at nynorsk blir konsolidert og endåtil styrkt, men på same tid blir språket svekt i dei såkalla randsonene, slik som område i nærleiken av dei store byane med sterk tilflytting.

Ei grunnopplæring som gjev kunnskapar og ferdigheiter i både nynorsk og bokmål, er ein føresetnad for at skriftspråka skal vere likeverdige, og gjev eit utgangspunkt for alle til å bruke begge skriftspråka. Det at majoriteten lærer å kjenne det mindre bruka språket, gjer det mogleg for dei elevane som har hovudmålsopplæring i nynorsk, å bruke språket sitt i alle situasjonar. I tillegg blir den minst bruka varianten av norsk mindre markert, sidan auka bruk òg aukar statusen til eit språk.

Etter vedtektene skal NRK ha minst 25 prosent av innhaldet sitt på nynorsk. Slik har det vore sidan 1970. Avtalen mellom staten og TV 2 inneheld òg ei plikt til å bruke begge dei norske skriftspråka. For å sikre nynorsk som mediespråk har Nynorsk pressekontor (NPK) teke initiativ til å utvikle ein «nynorskrobot», ei løysing for automatisk omsetjing av nyheitsbyråstoff frå bokmål til nynorsk. Den praktiske bakgrunnen for utviklinga av roboten var at ny teknologi gav ein sterk auke i byråsaker på bokmål. Nynorskroboten bidreg

til at byråstoff kan sendast ut til redaksjonane raskare enn tidlegare (Prop. 108 L (2019–2020), kapittel 5.2).

Sentrale statsorgan pliktar å veksle mellom bokmål og nynorsk i allment informasjonstilfang slik at ingen av skriftspråka er bruka mindre enn 25 prosent. Sjølv om mange delar av det offentlege ikkje når desse lovkrava, tyder utviklinga dei siste åtte–ti åra på at det nyttar å stille krav om målveksling og føre tilsyn med vekslinga (Prop. 108 L (2019–2020), kapittel 4.2).

Minoritetsspråka i Noreg

Minoritetsspråka i Noreg kan delast i fire grupper: *teiknspråk* (norsk teiknspråk), *urfolksspråk* (samiske språk), *nasjonale minoritetsspråk* (kvensk, romani og romanes) og *nyare minoritetsspråk* (alle andre språk). Norsk teiknspråk blir omtala i neste underkapittel, her blir fokus sett på talespråka. Urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka utgjer til saman dei talespråka som tradisjonelt har vorte bruka i Noreg ved sida av norsk. Skiljet mellom dei følgjer av den juridiske statusen til minoritetane som talar språka. Samane er urfolk i Noreg, og følgjeleg er dei samiske språka urfolksspråka i Noreg. Dei andre tradisjonelle minoritetane i Noreg har i sin tur status som nasjonale minoritetar.

Minoritetsspråka i Noreg har mange utfordringar og har i ulik grad behov for særskilde tiltak. Dette kapitlet handlar om statusen til minoritetsspråka i eit overordna perspektiv og gjev generelle data (der slike data finst), mellom anna kor mange talarar språka har, og kor truga dei er. Meir spesifikke utfordringar, som status for minoritetsspråka i skuleverket, i media osv., blir omtala i andre kapittel i denne rapporten.

Samiske språk

Det er viktig å understreke at samisk ikkje er eitt urfolksspråk, men mange. I heile Sápmi, dvs. dei tradisjonelle samiske områda i Noreg, Sverige, Finland og Russland, finst ni samiske språk. Det har vore endå

fleire før, men somme av dei har døydd ut. Skilnaden mellom språka kan variere, frå å vere relativt gjensidig forståelege til å vere så ulike som til dømes norsk og tysk.

I Noreg har storleiken og statusen til dei samiske språka variert mykje, og det er derfor ikkje noko beint- fram svar på kor mange samiske språk det finst i landet. Ein plar seie at Noreg har tre samiske språk – nord-samisk, lulesamisk og sørsamisk – fordi desse tre framleis har ei viss mengde morsmåltalarar, og fordi det er desse språka Noreg har forplikta seg til å verne og fremje gjennom den europeiske minoritetsspråkpakta (Regjeringa 2020). Meir informasjon om dette finst i kapitlet «Noreg og verda».

«Minoritetsspråka i Noreg kan delast i fire grupper: teiknspråk (norsk teiknspråk), urfolksspråk (samiske språk), nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes) og nyare minoritetsspråk (alle andre språk).»

Tre andre språk – umesamisk, pitesamisk og skoltesamisk (øg kalla austsamisk) – har vore tala her tidlegare, men blir av mange rekna som utdøydd i dag. Det er ei sanning med nokre modifikasjonar, for ho tek berre omsyn til talet på morsmåltalarar, dvs. personar som har tileigna seg språket som førstespråk i barndommen. Det blir arbeidd for å revitalisere alle desse språka i Noreg, og i den prosessen er det somme som lærer seg språket som andrespråk i vaksen alder. Alle dei tre språka er framleis levande språk i nabolanda våre. Sjølv om desse språka ikkje er dekte av minoritetsspråkpakta, har òg umesamisk, pitesamisk og

«Sørsamisk har eit kjerneområde i Trøndelag og dei sørlegaste stroka av Nordland, og i Jämtland og Härjedalen i Sverige. Språket har ca. 500 talarar totalt.»

skoltesamisk visse rettar i norsk lovverk. Skoltesamiske stadnamn er verna i forskrift om stadnamn (stadnamn-forskrifta) § 4, og i framlegget til ny forskrift blir det føreslått å utvide dette til òg å gjelde umesamiske og pitesamiske namn, i kjølvatnet av at Sametinget nyleg har godkjent rettskrivingsstandardar for begge språka (Kulturdepartementet 2020).

Talmaterialet om dei samiske språka er mangelfullt, av di det ikkje blir ført statistikk over språk og språkbrukarar i Noreg. Det er ikkje berre eit problem for kunnskapen vår om samiske språk, men om alle minoritetsspråka her i landet, både tradisjonelle og nyare minoritetsspråk. Følgjeleg kan ein berre gje grove overslag om data som tal på språkbrukarar, kvar tett-leiken av språkbrukarar er størst, osv. Brukartala for samiske språk i følgjande avsnitt er alle tekne frå UNESCOs atlas over truga språk (UNESCO 1995–2010).

Nordsamisk er det klart største av dei samiske språka, med rundt rekna 30 000 talarar i Noreg, Sverige og Finland til saman. I Noreg har språket kjerneområde i Troms og Finnmark. Sju kommunar i det samiske forvaltningsområdet (sjå nedanfor) har nordsamisk som offisielt språk – dei er Karasjok, Kautokeino, Kåfjord, Lavangen, Nesseby, Porsanger og Tana. Det gjeld òg Troms og Finnmark fylkeskommune. UNESCO reknar nordsamisk som eit klart truga språk («definitely endangered»).

Lulesamisk blir tala i områda rundt Luleå-vassdraget i Sverige og hovudsakleg i Tysfjord, Hamarøy og Sør-

fold i Nordland fylke i Noreg. Det har ca. 2000 talarar totalt. I det samiske forvaltningsområdet har Hamarøy kommune og Nordland fylkeskommune lulesamisk som offisielt språk. UNESCO reknar språket som alvorleg truga («severely endangered»).

Sørsamisk har eit kjerneområde i Trøndelag og dei sørlegaste stroka av Nordland, og i Jämtland og Härjedalen i Sverige. Språket har ca. 500 talarar totalt. I forvaltningsområdet er det offisielt språk i Hattfjelldal kommune i Nordland, og i kommunane Snåsa, Røyrvik og Røros i Trøndelag, i tillegg til Trøndelag fylkeskommune. UNESCO reknar språket som alvorleg truga.

Umesamisk hadde det tradisjonelle norske kjerneområdet sitt i dei nordre delane av Helgeland, pitesamisk i områda rundt Saltfjellet, og skoltesamisk i Sør-Varanger. Dei to førstnemnde språka har begge rundt 20–30 talarar igjen i Sverige og er av UNESCO rekna som kritisk truga («critically endangered»), mens skoltesamisk har rundt 300 talarar i Finland og Russland og blir rekna som alvorleg truga.

Dei samiske språka i Noreg er verna gjennom den europeiske minoritetsspråkpakta og gjennom lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova), særskilt kapittel 3 om samisk språk. Minoritetsspråkpakta er i Noreg definert til berre å gjelde nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk (i tillegg til dei nasjonale minoritetsspråka, sjå nedanfor) (Regjeringa 2020). Det er i tillegg ein skilnad mellom nordsamisk og dei andre språka i pakta, då nordsamisk blir dekt av fleire

delar av pakta enn dei andre, og derfor får eit meir spesifisert vern. Meir informasjon finst i kapittelet «Noreg og verda».

Samelova definerer *forvaltningsområdet for samiske språk*, som er eit sett kommunar og fylkeskommunar der samiske språk har fått særskilde rettar for bruk i offentleg kommunikasjon og utdanning, for å vere likestilt med norsk (samelova, kapittel 3). Som vist ovanfor i omtalen av dei enkelte samiske språka skil kommunane i forvaltningsområdet seg frå kvarandre etter kva for eit samisk språk som er offisielt i kommunen. Samelova er ikkje eksplisitt avgrensa til visse samiske språk og kan derfor i prinsippet òg gjelde for umesamisk, pitesamisk og skoltesamisk, men i dag er desse språka ikkje aktivt bruka i forvaltningsområdet.

Nasjonale minoritetsspråk – kvensk, romani og romanes

Kvensk, romani og romanes har status som *nasjonale minoritetsspråk* i Noreg, fordi dei er språk som blir tala av dei *nasjonale minoritetane* kvener/norskfinnar, tatarar/romanifolk og romar. (I tillegg høyrer òg jødane og skogfinnane til dei nasjonale minoritetane i Noreg.) Statusen som nasjonale minoritetsspråk følgjer av dei internasjonale avtalane Noreg har underteikna for å verne om minoritetar og språka deira, nærare bestemt den europeiske rammekonvensjonen og minoritetsspråkpakta. I den nye språklova er statusen som desse språka har som nasjonale minoritetsspråk, nedfelt, til liks med statusen som dei samiske språka har som urfolksspråk (Prop. 108 L (2019–2020)).

Statusen som nasjonale minoritetsspråk inneber ikkje nokon praktiske skilnader frå den statusen dei samiske språka har som urfolksspråk. Den europeiske minoritetsspråkpakta gjev i utgangspunktet begge språkgruppene tilgang til dei same rettane og det same vernet. Men som nemnt ovanfor om samiske språk er det i dag berre nordsamisk som er dekt av alle delane av pakta, så det finst eit skilje uavhengig av skiljet mellom urfolksspråk og nasjonale minoritetsspråk, der dei sistnemnde saman med sørsamisk og lulesamisk er

30 000

«Nordsamisk er det klart største av dei samiske språka, med rundt rekna 30 000 talarar i Noreg, Sverige og Finland til saman.»

eit nivå under nordsamisk. Meir informasjon om dette finst i kapittelet «Noreg og verda»).

Kvensk er eit finsk-ugrisk språk, frå same grein av språkfamilien som finsk og estisk. Kvensk og finsk står kvarandre nær nok til at dei jamt over er gjensidig forståelege, og det var lenge ein stor debatt om kvensk skulle reknast som eit eige språk eller som ein nordfinsk dialekt, men det vart anerkjent som eit sjølvstendig språk i Noreg i 2005 og har i dag si eiga rettskriving. I den kvenske/norsk-finske minoriteten er det framleis delte meiningar om bruken av kvensk som skriftspråk, og somme vil heller bruke finsk. Finsk har ikkje offisiell status som minoritetsspråk i Noreg, men etter opplæringslova kan kvenske/norsk-finske barn få skuleopplæring i finsk så vel som i kvensk (opplæringslova § 2-7).

«Romanes ser ut til å vere eit svært livskraftig munnleg språk innanfor det romske miljøet, og ein reknar med at dei fleste romske barn veks opp med romanes som førstespråk.»

UNESCO har ikkje nokon data om kvensk, og igjen gjer mangelen på norsk språkstatistikk at talet på talarar er nokså uvisst. Kvensk institutt gjer eit vidt over-slag på mellom 2000 og 8000 talarar (Kvensk institutt udatert). Kvensk har sitt tradisjonelle kjerne-område i kyststroka av Nord-Troms og Finnmark, sær-leg dei indre delane av fjordane. Det finst ikkje noko eige forvaltningsområde for kvensk, men somme kommunar har vedteke eit offisielt kvensk namn for å framheve den kvenske identiteten til kommunen. Desse kommunane finn ein nettopp i dei nemnde kyst-stroka: Storfjord (*Omasvuono*), Kåfjord (*Kaivuono*), Nordreisa (*Raisi*) og Porsanger (*Porsanki*). Også Troms og Finnmark fylkeskommune har offisielt kvensk namn (*Tromssan ja Finmarkun fylkinkomuuni*).

Romani er språket til taterane, også kalla romanifolket, mens romanes er språket til dei norske romane. Desse to minoritetane stammar frå dei romane som utvandra frå Nord-India til Europa for om lag 1500 år sidan. I Europa etablerte romane seg med tida i fleire ulike land, og til Noreg kom dei i to bølger, éi i seinmellom-alderen og éi på seint 1800-tal og tidleg 1900-tal. Etterkomarane frå den første bølga er den folke-gruppa som i dag blir kalla tatarar/romanifolk. Språket deira, romani, har vorte mykje påverka av norsk i gram-matikk og lydstruktur, men ordtilfanget stammar frå det originale romske målet, og det er heilt klart eit sjølvstendig språk. Den andre bølga er dei norske

romane. Språket deira, romanes, skil seg frå romani på grunn av dei språkhistoriske skilnadene som er nemnde ovanfor.

Ein veit svært lite om den noverande statusen til romani, både fordi det manglar språkstatistikk, og fordi det manglar forskning. Det er høgst uvisst kor mange talarar språket har i dag. Ein reknar med at talet er svært lågt, men igjen er dette noko som det trengst meir forskning på for å underbygge, eventuelt avkrefte. Taterane/romanifolket har inga særskild regi-onal tilknytning, men lever spreidd over heile landet. Ein må rekne med at talarane av romani er like spreidde. I motsetning til dei samiske språka og kvensk finst det ikkje noko skriftleg standardspråk for romani, og språket er generelt svært lite bruka i skrift. (Eit einsleg døme på ei bokutgjeving er *Vandriane rakkrar* (Theil 2014).) Det er eit ønske i miljøet om å utvikle ein skriftstandard, og det har vore arrangert fleire møte om dette temaet, med representantar frå Språkrådet som rådgjevarar og observatørar.

Romanes ser ut til å vere eit svært livskraftig munnleg språk innanfor det romske miljøet, og ein reknar med at dei fleste romske barn veks opp med romanes som førstespråk. Heller ikkje dette språket har noka sær-skild regional tilknytning, og det blir bruka munnleg av romar over heile landet. Skriftleg er språket svakare stilt. Romanes har ikkje nokon skriftstandard, og språ-ke er lite bruka i skrift, men det finst eit ønske i miljøet om utvikling av ein skriftstandard. I eit pågåande sam-arbeidsprosjekt mellom det romske kultur- og res-surscenteret Romano kher, Språkrådet og professor emeritus Rolf Theil blir det no utvikla ei abc-bok med framlegg til ein mogleg skriftstandard.

Dei to andre nasjonale minoritetane i Noreg, skog-finnane og jødane, har òg eigne språk knytte til seg, men ingen av desse språka har nokon offisiell status i Noreg. Skogfinsk reknar ein med døydde ut på midten av 1900-talet, og det skogfinske miljøet har ikkje hatt noko offentleg uttrykt ønske om å revitalisere språket så langt. Ei eventuell revitalisering kan òg vere van-skeleg sidan det finst svært lite dokumentasjon av

språket. Blant jørdane var jiddisk utbreidd som talemål før krigen, men det er lite bruka i dag, kanskje berre av nokre få eldre. Det jødiske miljøet i Noreg har ikkje uttrykt noko ønske om å gje jiddisk offisiell status her i landet (i motsetning til kva som har vore gjort i Sverige, der jiddisk høyrer med blant dei offisielle minoritetsspråka). Hebraisk blir òg bruka av somme i minoriteten, men heller ikkje det har nokon offisiell status. Det må likevel nemnast at rammekonvensjonen garanterer språklege rettar for alle dei nasjonale minoritetane, inkludert jødar og skogfinnar (Europarådet 1995). Meir informasjon om dette finst i kapittelet «Noreg og verda».

Nyare minoritetsspråk

Termen *nyare minoritetsspråk* er eigentleg å forstå som ein samleterm for minoritetsspråk som ikkje fell inn i nokon av dei tidlegare nemnde kategoriane urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk. «Nyare» er derfor å forstå som at dei ikkje er tradisjonelt etablerte minoritetsspråk i Noreg, sjølv om nokre av dei, til dømes tysk, har hatt talarar innanfor landegrensene i fleire hundreår. Mange andre språk har kome til Noreg med nyare immigrasjon.

Òg for desse språka gjer manglande statistikk at det manglar sikre tal, både på kor mange nyare minoritetsspråk det finst i Noreg, og på kor mange talarar dei enkelte språka har. Ei kartlegging gjennomført av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), basert på eksisterande datakjelder, tilseier at det finst rundt 300 nyare minoritetsspråk i landet (Wilhelmsen ofl. 2013). IMDi har i eigne kartleggingar observert at det er behov for tolkar i meir enn 120 språk (IMDi 2021). Sett ut frå kvar nyare innvandrargrupper kjem frå, er polsk, litauisk, somali, tigrinja og arabisk nokre av dei største nyare minoritetsspråka i Noreg i dag (Språkrådet 2018).

Nyare minoritetsspråk har ingen offisiell minoritetsspråkstatus i Noreg, men talarane deira har likevel visse språklege rettar i lovverket. Opplæringslova seier at «elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk

og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar» (opplæringslova § 2-8). Likestillings- og diskrimineringslova seier at det er forbode å diskriminere på grunn av etnisitet, og spesifiserer etnisitet til òg å gjelde språk (likestillings- og diskrimineringslova § 6). Eit framlegg til ei eiga lov om ansvaret offentlege organ har for bruk av tolk, er under utgreiing (Prop. 156 L (2020–2021)). Endeleg har Språkrådet som ei av sine hovudoppgåver å «ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, slik denne kjem til uttrykk gjennom dei språklege interessene til nordmenn med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning» (Kulturdepartementet 2017 § 1).

Norsk teiknspråk

Eit av dei nasjonale overordna kulturpolitiske måla er å «styrkje [...] norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberar» (Meld. St. 8 (2018–2019):9).

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, blir det slått fast i språkløvsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)). Det er likeverdig med norsk, og det skal vernast og fremjast av det offentlege slik at det kan bli eit meir vitalt og synleg bruksspråk i det norske samfunnet.

Det teiknspråket vi kjenner i dag, har opphavet sitt frå 1815 i Trondheim. Det tok til med etableringa av Møller skule i Trondheim, med internat frå 1825. Norsk teiknspråk har utvikla seg uavhengig av norsk talespråk. Det er eit visuelt og gestuelt språk, med bestemte rørsler i hender, armar, kropp og ansikt. Setningsoppbygginga er ikkje som i norsk. Norsk teiknspråk har i dag to hovuddialektar med opphav i Trondheim og Oslo. Norsk teiknspråk er eit av dei største og eldste minoritetsspråka i Noreg (Vonen 2020).

«Heilt fram til 1980-åra vart døve på døveskulane underviste *utan* bruk av teiknspråk; det var ikkje lov å bruke det. Hendene måtte haldast i ro eller på ryggen.»

Språkbrukarar

Ifølgje Norges Døveforbund er det om lag 16 500 teiknspråkbrukarar i Noreg (Prop. 108 L (2019–2020):74). Døvekyrkja oppgjev derimot i årsmeldinga si for 2019 talet 25 000 (Døvekyrkja 2019). Ca. 5500 av desse er døve og høyrselshemma og utgjer den teiknspråklege kjernen. 96 prosent av populasjonen av døve og høyrselshemma er fødde av høyrande foreldre som ikkje har erfaring med teiknspråk, og som ikkje kjenner teiknspråksamfunnet. 4 prosent er derimot fødde med teiknspråklege døve eller høyrselshemma foreldre (Mitchell og Karchmer 2004). Unge og vaksne teiknspråklege døve og høyrselshemma har ei sterk tilhørsle og identitetskjennele til teiknspråkkulturen, og kjenner eigarskap til norsk teiknspråk. Døve og høyrselshemma ser på seg sjølve meir som medlemmer av teiknspråkmiljøet enn som individ med ein viss grad av nedsett høyrsel (Holten og Lønning 2010, Breivik 2007). Teiknspråklege menneske bur spreidd i Noreg, og språket er dermed ikkje knytt til eit bestemt landområde. Dei fleste vaksne døve og høyrselshemma teiknspråklege bur i dag i tilknytning til større byar og tettstader rundt dei. Norske samar har ikkje eit eige teiknspråk, men snakkar norsk teiknspråk med kulturspesifikke teikn.

Audisme

I språklovsproposisjonen står det: «Heilt fram til 1980-åra vart døve på døveskulane underviste *utan* bruk av teiknspråk; det var ikkje lov å bruke det. Hendene måtte haldast i ro eller på ryggen. Dei døve og høyrselshemma fekk høyre at teiknspråk ikkje hadde nokon verdi, og at norsk var språket dei måtte meistre. Døve og høyrselshemma gøymde seg for å snakke

saman og kjende skam dersom dei bruka teiknspråk offentleg. Dette er ikkje ein del av historia vi er stolte over» (Prop. 108 L (2019–2020):77).

Den offentlege anerkjenninga av språkhistoria til dei døve og av norsk teiknspråk har gjort teiknspråklege døve og høyrselshemma medvitne om at dei opplever *audisme*¹. Dette fenomenet påverkar norsk teiknspråk og levkåra til teiknspråklege i Noreg. Teiknspråklege døve og høyrselshemma forventar at dei med sitt språk og sin kultur har ein naturleg plass i det norske samfunnet. Med denne nye kunnskapen stiller ein spørsmål og debatterer fenomen og samfunnsstrukturar som har samband med teiknspråksamfunnet. Språkleg sjølvtilitt og identitet i delar av den vaksne generasjonen ser ut til å bidra til ein oppvåkingsmodus mot språkleg og ikkje-teiknspråkleg kolonialisme (Vonen 2009).

Dei norske teiknspråklege førstespråksarenaene

Noreg har sentrale og viktige teiknspråklege førstespråksarenaer. Norges Døveforbund og dei lokale døveforeiningane er sentrale i utviklinga av levkåra til døve og høyrselshemma og tilgangen deira til norsk teiknspråk. I desse organisasjonane er norsk teiknspråk arbeidsspråket. Norges Døveforbund har gjennom åra etablert stiftingar med ulike føremål der tilbod på norsk teiknspråk er sentrale. Stiftinga Døves

¹ «Audisme betegner oppfatninger og holdninger basert på en tenkning som gir negativ stigma mot døve eller hørselshemmede. Det beskriver en form for diskriminering hovedsakelig fra hørende, bevisst eller ubevisst.» (StoppAudisme udatert).

Media produserer og distribuerer informasjon og kultur på teiknspråk og skal bidra til å styrkje norsk teiknspråk og identiteten og kulturen til døve gjennom programproduksjonane sine. Stiftinga Ål folkehøgskole og kurscenter for døve har som føremål å drive teiknspråkleg folkehøgskule og kursverksemd. Dei er sentrale teiknspråklege arbeidsplassar der norsk teiknspråk er det daglege arbeidsspråket. Stiftinga Teater Manu er eit profesjonelt teiknspråketeater som spelar på teiknspråk for menneske i alle aldrar. Alle desse stiftingane har ei sentral betydning når det gjeld å verne og fremje norsk teiknspråk og interessene til språkbrukarane (språkbrukarmålet).

Tilgang til teiknspråk

Det overordna kulturpolitiske målet om språk som kulturberar blir i kulturmeldinga presisert mellom anna slik: «Alle borgarar, utan omsyn til språkleg bakgrunn, har ein uomtvisteleg rett til å dyrke og bruke morsmålet sitt. Det gjeld både å medverke til språk mangfaldet i verda og å ta vare på den språklege kulturarven i vårt eige land. Fleirspråkleg kompetanse hos den enkelte er ein kognitiv fordel og gjev godt utdanna og kulturelt kompetente borgarar» (Meld. St. 8 (2018–2019):42–43). I tillegg til dette slår språkmeldinga fast at norsk teiknspråk er ein identitetsmarkør og eit kulturuttrykk for ein språkleg minoritet i det norske samfunnet, uavhengig av høyrsel.

I Noreg er det to konkurrerande ideologiar for korleis ein nærmar seg døve og høyrselshemma (Vonen 2009). Den medisinske og dominerande tilnærminga ser på døve og høyrselshemma som funksjonshemma individ koplå frå døvesamfunnet, der reparasjon av kroppen er eit mål. Konsekvensar av dette synet kan vere assimilasjon og fornorsking. Dette fagmiljøet nyttar seg av eit fagspråk som teiknspråksamfunnet oppfattar som eit medisinsk maktspråk. Den andre tilnærminga er den språkpolitiske tilnærminga, som tek utgangspunkt i at døve og høyrselshemma er (potensielle) medlemmer av eit norsk teiknspråkleg samfunn med ein tilhøyrande kultur. Denne tilnærminga er førebels ikkje svært utbreidd i storsamfunnet.

Dei offentlege aktørane med teiknspråkleg sektorspesifikt ansvar i helse- og oppvekstsektoren kjenner ikkje alltid godt nok til tilnærminga som er ratifisert i FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (FN CRPD) og språkpolitikken stadfesta gjennom språklova. Språklovsproposisjonen stadfestar at «[n]år eit minoritetsspråk blir assimilert i ein majoritetsspråkleg kultur, vil det alltid vere eit stort kulturelt tap» (Prop. 108 L (2019–2020):75). Vidare heiter det: «Eit sentralt språkpolitisk mål må derfor vere å gje så mange som mogleg tilgang til norsk teiknspråk. Det er ikkje ei ulempe for døve og høyrselshemma barn å lære teiknspråk» (s. 89). Det har vore få forsøk i det offentlege der ein samlar nok teiknspråkbrukarar slik at norsk teiknspråk får forrang, og at ikkje norsk blir majoritetsspråket på denne arenaen. Det offentlege manglar forståing for at teiknspråklege døve og høyrselshemma må kunne få samlast for å få tilgang til teiknspråk i kommunane og sentralt.

Den teiknspråklege situasjonen knytt til dei språklege rettane til barn og unge er urovekkjande. Tilnærminga frå både helse- og opplæringssektoren er ofte at norsk teiknspråk ikkje «trengst» dersom barnet høyrer «godt nok». Desse fagmiljøa treng auka kunnskap om norsk teiknspråk. Dersom ein «må» ha teiknspråk, får ein i mange tilfelle råd om å velje norsk med teiknstøtte eller teikn og tale og behandle barna som høyrande (Tegnspråkbornas utvalg 2021). Teikn og tale er ei språkblanding eller ei kommunikasjonsform og ikkje eit sjølvstendig språk med eigen grammatikk. Helsesektoren og opplæringssektoren held oppe den faglege tilnærminga si og snakkar heller ikkje med det teiknspråklege fagmiljøet (Vonen 2020). I realiteten betyr dette at døve og høyrselshemma barn ikkje får tilgang til norsk teiknspråk som eit fullverdig språk som dei kan bruke fritt og uanstrengt, til skilnad frå norsk (på grunn av den nedsette hørselen). Fokuset på høyrselsteknologien som eit alternativ *i staden for* norsk teiknspråk tek frå døve og høyrselshemma barn høvet til sjølve å gjere språkval mellom norsk og norsk teiknspråk når dei sjølve ønskjer å bli fleirspråklege. Det er få gode teiknspråklege arenaer der «[t]eiknspråkbrukarar har rett til å lære, møte og bruke språket

«Unge og vaksne teiknspråklege døve og høyrselshemma har ei sterk tilhøyrslø og identitetskjenning til teiknspråkkulturen, og kjenner eigarskap til norsk teiknspråk.»

sitt», slik det er stadfesta som ein rett på side 74 i språklovsproposisjonen. «Å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk» (St.meld. nr. 35 (2007–2008):24) er ein allmenn språkleg rett som dermed får teiknspråklege barn og unge får. Mange foreldre til døve og høyrselshemma barn opplever at dei blir møtte av offentlege aktørar med at dei må ta eit språkval mellom norsk og teiknspråk på vegner av barna sine. Denne tilnærminga er i strid med intensjonen i språklovsproposisjonen, som presiserer at «[s]pråkleg fridom inneber at enkeltmenneske får høve til å uttrykkje seg på førstespråket sitt og på fellesspråket norsk» (Prop. 108 L (2019–2020):9). Kulturmeldinga viser til at to-/fleirspråkleg kompetanse er ein kognitiv fordel og gjev godt utdanna kompetente borgarar. Lite tilgang til gode teiknspråkarenaer på fritida og i opplæringsa er ei stor utfordring for høyrselshemma barn. Døve og høyrselshemma står i fare for å få ei forseinka språkutvikling og i verste fall utvikle språkdeprivasjon når dei ikkje får høgfrekvent tilgang til teiknspråk av god kvalitet. Helsesektoren må i større grad følgje opp den offentlege språkpolitikken og medvite ta det språkpolitiske sektoransvaret for å verne og fremje norsk teiknspråk, jf. § 1 c i språklova.

Helsestyresmaktene må bidra til at «[e]it sentralt språkpolitisk mål [...] må vere å gje så mange som mogleg tilgang til norsk teiknspråk. Det er ikkje ei ulempe for døve og høyrselshemma barn å lære teiknspråk. Tvert imot gjev det dei tilgang til fellesskapen

av teiknspråklege og alle teiknspråklege arenaer» (Prop. 108 L (2019–2020):74).

Språkoverføring og nærskuleprinsippet

Dei siste åra har nærskuleprinsippet og inkludering av døve og høyrselshemma i deira eige nærmiljø vorte ei berande tilnærming. Fordi døve og høyrselshemma barn er spreidde rundt i Noreg, er den teiknspråklege overføringa på «arenaene der barn kan møte tegnspråk på daglig basis, svært sårbar» (Språkrådet 2018:62).

Nærskuleprinsippet legg ikkje til rette for hyppig kontakt mellom vaksne teiknspråklege døve/høyrselshemma og teiknspråklege barn og unge. Overføring av språket frå generasjon til generasjon og mellom brukarane i den unge generasjonen er ein viktig faktor for å halde norsk teiknspråk og den tilhøyrande kulturen vital. Norsk teiknspråk er ikkje robust nok og har ikkje mange nok språkbrukarar på morsmålsnivå til å kunne spreia utover i alle kommunar. Det skjer i dag, og konsekvensen er at teiknspråk over tid sakte blir svekt som eit levedyktig språk. Det manglar aktive tiltak for å støtte opp om gode teiknspråkarenaer frå det offentlege.

Tidlegare hadde statlege døveskular teiknspråklege fritidstilbod for elevane på barne- og ungdomssteget, som til dømes nasjonale skulemeisterskap. Dei norske teiknspråklege dialektane vart utvikla ved desse skulane, og overføringa av norsk teiknspråk skjedde heilt

«Overføring av språket frå generasjon til generasjon og mellom brukarane i den unge generasjonen er ein viktig faktor for å halde norsk teiknspråk og den tilhøyrande kulturen vital.»



naturleg mellom elevane og frå vaksne til elevar. Den siste statlege spesialskulen for døve vart overført til Trondheim kommune i 2017. Foreldre til teiknspråklege barn har måtta kjempe for dei språkpolitiske rettane til barna sine overfor Trondheim kommune for å kunne etablere eit fullverdig teiknspråkmiljø. Det er underkommunisert at det er mogleg for teiknspråklege døve og høyrselshemma frå heile landet å søkje skuleplass i Trondheim.

Sentrale opplæringsstyresmakter har i fleire tilfelle sett i gang språkstyrkingstiltak som prosjekt, mellom anna med stimuleringsmidlar der «[m]ålet med tilskuddet er å legge til rette for at barnehager, grunnskoler og videregående skoler kan gi opplæring i tegnspråk» (Udir 2020). Dette er isolert sett gode tiltak og er òg med på å avmystifisere teiknspråk. Men det kan ikkje erstatte tilgangen døve og høyrselshemma barn har til eit godt teiknspråkmiljø på dagleg basis i skule og fritid. Ein tileignar seg ikkje eit morsmål gjennom berre å ha med menneske som har lært eit språk som andrespråk, å gjere.

Teiknspråktolkar

Teiknspråktolkane byggjer opp under det demokratiske perspektivet i språkpolitikken og er ein føresetnad for at teiknspråklege skal kunne delta i samfunnet når majoritetssamfunnet ikkje meistrar norsk teiknspråk. Tolkeforskinga og profesjonaliseringa i Noreg har vore aukande. Det er ei oppfatning i samfunnet at teiknspråklege døve og høyrselshemma blir fullt inklu-

derte med ein teiknspråktolk. Forsking viser at teiknspråktolkar ikkje gjev ei full inkludering av teiknspråklege (De Meulder og Haualand 2019), men det er likevel ingen tvil om at tolkar er viktige i eit tilgjengelegheitsperspektiv. Det beste er å få tilgang til tenester direkte på teiknspråk. Retten til tolk er nedfelt i folketrygdlova § 10-7. Nav er både vedtaksinstans og leverandør av denne tenesta, som varierer både i kvalitet og kvantitet over heile landet. Det har vore satsa på å auke talet på tolkar framfor å sikre tolking av god kvalitet. Det er i 2021 løyvd pengar til 34 nye stillingar ved Navs hjelpemiddelsentralar. Det er når dette blir skrive, kome eit framlegg til ny tolkelov (Prop. 156 L (2020–2021)), der hovudmålet er å gjere tydeleg det ansvaret offentlege organ har for å bruke tolk og å bidra til ei kvalitetsreform på tolkefeltet. Lova skal medverke til å sikre rettstryggleik, forsvarleg hjelp og forsvarlege tenester for personar som ikkje kan kommunisere forsvarleg med offentlege organ utan tolk. Teiknspråktolkar har fått sin plass i denne proposisjonen. Til no har det ikkje vore kvalifikasjonskrav om å halde ved like og utvikle teiknspråk- og tolkekompetanse etter studiet. Det offentlege har til i dag inga plikt til å skaffe teiknspråktolkar. Tolkelova vil kunne gjere dette ansvaret tydeleg. Det har vore utgreiingar som mellom anna har anbefalt å organisere sjølve tenesta ut frå Nav. Nav har ingen tilsette døve teiknspråktolkar.

Oppsummert er norsk teiknspråk alvorleg pressa av språkideologiar, maktstrukturar i systemet og nær-

«Fleire stader i Noreg har det vorte vanleg å bli møtt med engelsk i butikkar og på serveringsstader der dei tilsette ikkje snakkar norsk. På slike stader kjem folk i alle aldrar, og det kan verke framandgjerande for mange.»

skuleprinsippet. Desse faktorane medverkar til fornorsking og patologisering av døve og hørselshemma. Den teiknspråklege minoriteten har liten innverknad på vitaliteten til sitt eige språk. Det manglar ei heilskapleg tilnærming og ein strategi for korleis norsk teiknspråk kan vitaliserast, der alle relevante fagmiljø på tvers av sektorar samarbeider.

Korleis ser samfunnet på språka? Haldningar, rettar og lovverk

Dei aller fleste språka i verda lever i eit samspel med andre språk, og dei har ulike posisjonar i samspelet. Det gjeld òg dei språka som finst i Noreg. Posisjonane kan vere knytte til ulik status, og dei kan vere knytte til dei haldningane befolkninga har til språka. Ut frå talet på brukarar blir språka ofte omtala som majoritetsspråk, altså det språket størstedelen av folket brukar, eller som minoritetsspråk, som er bruka av ein mindre del av folket.

Innanfor eit avgrensa geografisk område vil somme språk gjerne bli oppfatta som meir verde enn andre.

I Noreg sett under eitt er det majoritetsspråket norsk som står høgast på rangstigen. Det har høgare sosial prestisje og større maktpotensial enn dei andre språka. Det blir òg sett på som umarkert og nøytralt, det vil seie at det er ingen som reagerer om ein brukar det (Bull 2004).

Det offentlege Noreg har hatt skiftande offisielle haldningar til språka våre. Historisk har fornorsking, assimilerings og tvang kjenneteikna minoritetspolitikken og språkpolitikken i Noreg. Staten ønskte lenge å fremje berre eitt språk – norsk – og såg den gongen liten kulturell verdi i å verne minoritetsspråka. Men gradvis har den rådande politikken endra seg og starten endra haldning. Det har vore ein lang veg å gå frå den minoritets- og språkpolitikken som kom til uttrykk gjennom reglar i skulen om at «Anvendelsen af det lappiske eller kvænske Sprog saameget som muligt søges undgaaet» (Tromsø Stiftsdirktion 1880). Dagens politikk går tvert imot ut på «å legge forholdene til rette for at den samiske folkegruppe i Norge kan sikre og utvikle sitt språk» (samelova § 1-1) og «å sikre at [...] offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk» og «for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk» (språklova § 1).

Lovene er viktige styringsverktøy for staten. Ei lov, og normene i lova, er alltid eit uttrykk for haldningar. Slik er framlegget til den nye språklova i seg sjølv eit uttrykk for statens språkhaldningar. Slik haldningane er i endring, er òg lovene det.

Alt i 1966 vart retten til å bruke minoritetsspråka skrive inn i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (FN SP: artikkel 27). Det tek likevel tid frå språklege rettar kjem på plass i folkeretten, i konvensjonane som gjeld statane imellom, til dei finn vegen til dei nasjonale lovreglane. I mars 2021 har Stortinget behandla framlegget til ny språklov (Prop. 108 L (2019–2020)). Samtidig går arbeidet sin gang med framlegg til ny tolkelov (Prop. 156 L (2020–2021)), framlegg til ny forvaltningslov (NOU 2019: 5) og andre lovframlegg som på kvar sine felt inneheld språklege rettar.

Engelsk og det norske samfunnet

Engelsk er det første framandspråket vi lærer i norske skular. I våre dagar møter elevane det allereie på første klassesteget. Når vi lever i eit lite land som Noreg, er vi avhengige av eit anna språk enn norsk for å kunne kommunisere med omverda. Engelsk har i vår del av verda i stadig aukande grad vorte eit fellesspråk på tvers av grenser. Derfor er det lagt stor vekt på at skuleelevar i dag skal ha god kjennskap til det engelske språket. For somme foreldre har dette vorte så viktig at dei vel å sende barna sine til skular med engelsk som undervisningsspråk i dei delane av landet der det lèt seg gjere.

Private grunnskular med engelsk som undervisningsspråk har funnest i Noreg i fleire tiår, og fleire kjem til kringom norske byar over heile landet. Av nyare dato er engelsk som undervisningsspråk i den offentlege grunnskulen, og førebels skjer dette berre som forsøk på skular i Oslo. Språkrådet har vore kritisk til slike forsøk, fordi dei kan undergrave den solide stillinga norsk språk har i den offentlege skulen. På vidaregåande steg har det vore gjeve undervisning på engelsk, den såkalla International Baccalaureate (IB), fleire stader i landet i lang tid.

Alle som går vidare til høgare utdanning, vil oppleve at ein del av både undervisning og pensum er på engelsk. Pensum på engelsk har det alltid vore, i større og mindre grad, men det nye er at stadig meir av undervisninga òg er på engelsk. Noko kjem av at stadig fleire vitenskapleg tilsette ved norske høgskular og universitet er rekrutterte internasjonalt og ikkje meistarar norsk godt nok til å kunne førelese på norsk. Noko kjem av at undervisninga òg skal rette seg mot utvekslingsstudentar frå utlandet som ikkje kan norsk i det heile, og noko kjem av at universitetet eller høgskulen meiner det er viktig at studentane òg får noko av undervisninga på engelsk. Det siste gjeld særleg på mastergradsnivå, og det er også der hovuddelen av undervisninga på engelsk skjer.

Sjølv om norsk framleis er det vanlegaste språket i norsk arbeidsliv, ser ein òg at engelsk tek større plass. Mange større konsern vel å ha engelsk som arbeidsspråk for sine tilsette. Ofte skjer det fordi konserna har hovudkontor eller dotterverksemder i utlandet, men det kan òg vere at eit firma eller ei verksemd med få tilsette som kjem frå ulike land, ser at det er lettast å kommunisere på engelsk internt fordi det er det språket alle i verksemda meistarar.

Fleire stader i Noreg har det vorte vanleg å bli møtt med engelsk i butikkar og på serveringsstader der dei tilsette ikkje snakkar norsk. På slike stader kjem folk i alle aldrar, og det kan verke framandgjerande for mange. I Språkrådets befolkningsundersøking frå 2019 (Opinion og Språkrådet 2019) svarer 81 prosent av dei spurde at dei helst vil bli betente på norsk. Engelsk er òg mykje bruka som reklamespråk i Noreg. Den same befolkningsundersøkinga viser at om lag annankvar nordmann er negativ til bruk av engelsk i reklame og marknadsføring i Noreg. Dei yngste er meir positive enn dei eldre til engelsk i desse kanalane.

I ei undersøking Opinion gjennomførte for Språkrådet i 2020 (Opinion og Språkrådet 2020), svarte over halvparten av dei spurde at dei syntest engelsk vart bruka i for mange situasjonar der norsk ville fungert like godt. Ein av fem var usamd i denne påstanden.

KJELDER

Breivik, J. (2007): *Døv identitet i endring. Lokale liv – globale bevegelser.* Oslo: Universitetsforlaget.

Bull, T. (2004): *Nynorsk som minoritetsspråk.* I *Språknytt* 3–4:36–39. https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Bull/ (mars 2021).

De Meulder, M. og H. Hualand (2019): Sign language interpreting services. A quick fix for inclusion? I: *Translation and Interpreting Studies.* <https://doi.org/10.1075/tis.18008.dem> (april 2021).

Døvekyrkja (2019): *Årsrapport. Døvekyrkja.*

Europarådet (1995): *Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter.* <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtpalte/europaradets-rammekonvensjon/europaradets-rammekonvensjon/id2362518/> (mai 2021).

FN CRPD = FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). <https://www.regjeringen.no/no/tema/likestilling-og-inkludering/likestilling-og-inkludering/konvensjoner/fn-konvensjonen-om-rettar-til-menneske-med-nedsett-funksjonsevne-crpd/> (mai 2021).

FN SP = FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (ICCPR). 1966. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/iccpr/id88149/> (mai 2021).

Folketrygdlova = Lov om folketrygd. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19> (mai 2021).

Forskrift om stadnamn (2017): *Forskrift om stadnamn.* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638> (mai 2021).

Grepstad, O. (2020): *Språkfakta 2020. Tala. Forteljningane. Dokumenta.* Volda: Grepstad skrivi.

Holten, S.M. og H.R. Lønning (2010): «Hørende er våre sjefer». Språkplanlegging og språkendringer i norsk tegnspråk. Masteroppgave. Universitetet i Oslo. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/26335> (april 2021).

IMDi (2021): E-post frå Integrerings- og mangfalds-direktoratet v/Leonardo Doria de Souza 19.3.2021.

Kulturdepartementet (2017): *Vedtekter for Språkrådet.* <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2017-04-06-1415> (mai 2021).

Kulturdepartementet (2020): *Høyringsnotat – framlegg til endringar i forskrift 23. mai 2017 nr. 638 om stadnamn.* <https://www.regjeringen.no/contentassets/9c962aa77c5f4b91ba3df80a253152c6/hoyringsnotat-endringar-i-forskrift-til-stadnamn-justert-versjon-18.12.20.pdf> (mai 2021).

Kulturmeldinga. Sjå Meld. St. 8 (2018–2019).

Kvensk institutt (udatert): *Kvener.* <https://www.kvenskinstitutt.no/kvener/> (mai 2021).

Likestillings- og diskrimineringslova = Lov om likestilling og forbud mot diskriminering. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51> (mai 2021).

Meld. St. 8 (2018–2019) = Kulturens kraft. *Kulturpolitikk for framtida.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/9778c28ab1014b789bbb3de0e25e0d85/nn-no/pdfs/stm201820190008000dddpdfs.pdf> (mars 2021).

Mitchell, R.E. og Karchmer, M.A. (2004): Chasing the Mythical Ten Percent: Parental Hearing Status of Deaf and Hard of Hearing Students in the United States. I: *Sign Language Studies* 4(2):138–163. <https://doi.org/10.1353/sls.2004.0005> (mai 2021).

NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov – Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven). Justis- og beredskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-5/id2632006/> (mai 2021).

Opinion og Språkrådet (2019): *Befolkningsundersøkelse (ominbus) juni 2019.* Upublisert.

Opinion og Språkrådet (2020): *Befolkningsundersøkelse for Språkrådet.* Upublisert.

Opplæringslova = Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (mai 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). *Lov om språk (språklova).* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mars 2021).

Prop. 156 L (2020–2021) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om offentlige organers bruk av tolk mv. (tolkeloven). Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-156-l-20202021/id2842559/> (mai 2021).

Regjeringa (2020): Minoritetsspråkpakten. <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/minoritetssprakpakta/id86936/> (mai 2021).

Samelova = Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-06-12-56> (mai 2021).

Språklova. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkløvsproposisjonen. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet (2018): *Språk i Norge – kultur og infrastruktur*. https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge_web.pdf (mai 2021).

Stadnamnforskrifta. Sjå Forskrift om stadnamn (2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008/id519923/> (mai 2021).

StoppAudisme (udatert): *Hva er audisme?* StoppAudisme Norge. <http://stoppaudisme.no/audisme.html> (mai 2021).

Tegnspråkbarnas utvalg (2021): E-post fra Tegnspråkbarnas utvalg i Norges døveforbund til Språkrådet 29.4.2021.

Theil, R. (red.) (2014): *Vandriane rakkrar. Taterne forteller / Taterane fortel*. Oslo: Novus.

Tromsø Stiftsdirksjon (1880): *Instrux for Lærerne i de lappiske og kvænske Overgangsdistrikter i Tromsø Stift*.

Udir (2020): *Tilskudd til opplæring i tegnspråk*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskudd-til-opplaring-i-teiknsprak/> (mars 2021).

UNESCO (1995–2010): *UNESCO Atlas of the World's Languages in Danger*. <http://www.unesco.org/language-atlas/index.php?hl=en&page=atlasmap> (mai 2021).

Vikør, L.S. (2012): *Fakta om norsk*. <https://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/fakta-om-norsk/> (mars 2021).

Vonen, A.M. (2009): *Sign Languages and Linguistic Imperialism*. I: B. Brock-Utne og G. Garbo (red.): *Language and Power: The Implications of Language for Peace and Development*. Dar es Salaam: Mkuki na Nyota Publishers. 267–273.

Vonen, A.M. (2020): *Kokleaimplantat: den vanskelige tverrfaglige dialogen*. I: *Norsk Tidsskrift for Logopedi* 2:16–20. https://norsklogopedlag.no/Userfiles/Upload/files/Logopedi_2-20.pdf (mai 2021).

Wilhelmsen, M., B.A. Holth, Ø. Kleven og T. Risberg (2013): *Minoritetsspråk i Norge. En kartlegging av eksisterende datakilder og drøfting av ulike fremgangsmåter for statistikk om språk*. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/100940?_ts=13d3a8c3cf0 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-156-l-20202021/id2842559/> (april 2021).

SKULE OG BARNEHAGE



Det finst lite informasjon om korleis barnehagane oppfyller dei språklege rettane til barna – både norskspråklege barn, barn som får opplæring i og på teiknspråk, og barn med kvensk eller finsk som førstespråk. Endå mindre informasjon finst om den tidlege språkopplæringa for barn som snakkar romanes eller romani. Det manglar forskning og statistikk på ei rekkje felt knytte til dei nasjonale minoritetane og språket og språkbruken deira. Derfor er det krevjande å setje inn målretta tiltak i opplæringa.

Språklova vart vedteken våren 2021. I språklovsproposisjonen heiter det at det skal «takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skule og lærarutdanning skal utformast». I proposisjonen gjer departementet merksam på kor avgjerande det er med «lærarar i skulen som kan undervise på og lære bort på nynorsk og bokmål», som har «kunnskap om den norske språksituasjonen», og som «kjenner dei språklege rettane» som elevane har. Forsking viser at mange lærarar har for dårleg kompetanse i nynorsk. Det er grunn til å meine at manglande lærarkompetanse og negative haldningar til nynorsk er medverkande årsaker til at fleire elevar, særleg i vidaregåande skule, vel å byte opplæringspråk frå nynorsk til bokmål. Fleire teknologiske løysingar som er i bruk i undervisninga, er ikkje tilgjengelege på nynorsk. Det hindrar god opplæring i nynorsk for alle elevar, men mest for elevar med nynorsk som hovudmål.

Fleire teiknspråklærarar manglar kompetanse. Mange døve eller høyrselshemma barn får dårlege opplæringstilbod der dei bur, og for lite kontakt med sterke og gode teiknspråkmiljø. I språklova blir det for første gong slått fast at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, og at det er likeverdig med norsk som språk og kulturuttrykk.

Våren 2020 vart eit framlegg til ny opplæringslov sendt på høyring. Også opplæringslova er ei viktig språklov. Lova slår fast at døve eller høyrselshemma elevar har krav på undervisning både i og på teiknspråk. Internasjonale skyldnader overfor dei nasjonale minoritetspråka romanes og romani som opplæringspråk er ikkje integrerte i lovverket på opplæringsfeltet.

Opplæringspråk i barnehage og skule

Opplæringspråk i barnehagen

I dag går om lag 93 prosent av 1–5-åringane i Noreg i barnehage (Udir 2021a). Barnehagen spelar ei viktig rolle for språkutviklinga. Likevel har barnehagebarn i dag få språklege rettar. I rammeplanen for barnehagen (Forskrift om rammeplan 2017) står dette:

Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktiviteter som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. I barnehagar for samiske barn i samiske distrikt skal barnehagen fremje den samiskspråklege kompetansen til barna.

Følgjeleg skal barnehagen bidra til å stimulere og styrkje språket både til barn med norsk som opplæringspråk og til barn med andre opplæringspråk. Skal ein kunne følgje opp den tidlege språkstimuleringa og utvikle god og treffsikker politikk på dette området, må ein ha kunnskap om språkmiljøa og kvaliteten på språkopplæringa i barnehagane.

Skulane rapporterer til sentrale styresmakter om kva hovudmål barna har, men barnehagane blir ikkje bedne om det same. Dermed finst det ingen offisiell statistikk som gjev oversikt over kva skriftspråk som blir bruka i barnehagen. Etter opplæringslova vel elevane sjølve skriftspråk frå ungdomsskulen av, og dei har rett til læremiddel på det skriftspråket. Ein tilsvarende rett til å velje skriftspråk er ikkje teken inn i barnehagelova.

I kapittel 9 i rammeplanen er det formulert eksplisitt at personalet skal stø leik med og utforsking av språket. Barnehagen skal bidra til at barna «utforsker og gjør seg erfaringer med ulike skriftspråkuttrykk, som lekeskrift, teikning og bokstaver, gjennom lese- og skriveaktiviteter».

Men det er usikkert om og kor mykje barn som skal ha nynorsk som hovudmål, møter skriftspråket sitt før dei startar på skulen. I forskinga si viser Gudrun Kløve Juuhl til at barnehagen delvis er innanfor, delvis utanfor utdanningsdomenet. Dermed møter ungane mindre nynorsk enn i skulen, og dei får dårlegare grunnlag for å lære seg skriveferdigheiter.

Det kan sjå ut til at barnehagen må bli meir lik skulen dersom ungane skal få møte nok nynorsk. Nynorsk-utgåver av pedagogisk materiell til bruk i barnehagen vil truleg føre til noko meir bruk av nynorsk i somme barnehagar (Juuhl 2020).

Hausten 2020 starta over 7000 førsteklasingar på skulen med nynorsk som hovudmål (Grunnskolen informasjonssystem (GSI)). Det finst lite kunnskap om i kva grad desse barna faktisk vart eksponerte for nynorsk i barnehagen. I ein studie om nynorsk i barnehagen (Vadstein og Bjørhusdal 2020) blir det nettopp peika på at rammeplanen ikkje seier noko om kva for skriftspråk barna skal få støtte til å utforske og leike med. I rammeplanen står det ikkje noko om at vi har to norske skriftspråk. Dermed blir det uklart kva barnehagane skal leggje i omgrepet «skriftspråk» (Vadstein og Bjørhusdal 2020).

Opplæringspråk i grunnskulen

Våren 2021 vart språklova vedteken. I proposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) er det understreka at barnehage- og opplæringssektoren er heilt avgjerande for at befolkninga skal få god opplæring i norsk, samisk, kvensk eller norsk teiknspråk (kapittel 7.3). Kunnskaps- og utdanningspolitikk er omtala som særleg viktig språkpolitikk. I proposisjonen peikar departementet òg på at opplæringssektoren står i ei særstilling i arbeidet med å sikre norsk som samfunnsberande språk. Våren 2020 vart eit framlegg til ny opplæringslov sendt på høyring (NOU 2019: 23). Opplæringslova regulerer språkopplæringa og er såleis ei sentral språkløve.

Nynorsk og bokmål er to likeverdige skriftspråk. Det er eit mål at alle språkbrukarar skal kunne bruke sitt

Grunnskular og elevar i 2020 – absolutte tal og endring i prosent			
		Endring i prosent	Endring i prosent
GRUNNSKULAR	2020	2019–2020	2010–2020
Grunnskular i alt	2 776	-0,8	-8,3
Private skular	267	2,3	61,8
Offentlege skular	2 509	-0,9	-12,5
ELEVAR	2020	2019–2020	2010–2020
Elevar i alt	635 497	-0,1	3,2
Elevar i private skular	28 100	4	72,3
Elevar i offentlege skular	607 397	-0,3	1,3

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2020)

eige språk på alle område, og at likestillinga mellom dei to norske skriftspråka skal vere reell, ikkje formell. Føremålsparagrafen i den nye språklova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka av dei to skriftspråka. Målet er at nynorskbrukarar ikkje skal måtte oppleve diskriminering og stigmatisering eller kjenne seg pressa til å gå over til bokmål. Det skal ikkje vere vanskelegare å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar gjennom grunnskule, vidaregåande skule og studium.

God hovudmålsopplæring og tilsvarende god sidemålsopplæring i skulen er ein føresetnad for å bevare dei to skriftspråka. Utan språkpolitiske stimulerings-tiltak vil talet på nynorskbrukarar truleg bli redusert.

Elevtal i offentlege og private grunnskular

I skuleåret 2020/2021 var det litt over 635 000 elevar i den norske grunnskulen. Talet på elevar ved offentlege grunnskular har gått noko opp dei siste åra. Ved dei private grunnskulane har talet på elevar auka mest.

Om lag 28 000 elevar går på private grunnskular i dette skuleåret. Det er ein auke på over 70 prosent frå 2010.

Dei fleste private skular i Noreg er godkjende som friskular med statsstøtte etter friskulelova. Ei mindre gruppe private skular er godkjende som private skular etter opplæringslova § 2-12, utan statsstøtte (såkalla 2-12-skular). Sjå tabellen over.

Frå 8. steget vel elevane sjølve kva skriftspråk som skal vere hovudmålet deira. Opplæringslova § 2-5 seier at elevane skal ha opplæring i begge skriftspråka dei to siste åra i grunnskulen. Elevar på 9.-10. steget har dermed obligatorisk sidemålsundervisning.

Hausten 2020 vart det nye læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) teke i bruk (Udir 2020a). Den nye læreplanen i norsk har kompetansemål for både nynorsk og bokmål på barnesteget allereie etter 2. steget. Det vil seie at læreplanverket fastset meir



«I skuleåret 2020/2021 er det 628 704 elevar i grunnskulen som har norsk som opplærings-
språk. 74 179 av desse har nynorsk som
hovudmål («nynorskelevar».)»

omfattande bruk av sidemål enn opplæringslova § 2-5. Det er derfor gjort framlegg om å endre denne føresegna i opplæringslova.

Den overordna delen av læreplanverket slår fast at lesing og skriving er grunnleggjande ferdigheiter i skulen. Desse ferdigheitene skal elevane derfor lære i alle fag på alle årsteg, ikkje berre i norskfaget.

Opplæringspråk og høve til fritak

Opplæringspråka i grunnopplæringa i Noreg er norsk eller samisk. I framlegget til ny opplæringslov (NOU 2019: 23) viser opplæringslovutvalet til at dette ikkje er uttrykt eksplisitt i den gjeldande opplæringslova. I § 2-5 (om målformer i grunnskulen) andre leddet står det likevel slik: «I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.»

Vidare viser utvalet til at Kunnskapsdepartementet har uttalt at det er naturleg å forvente at opplærings-
språket i grunnopplæringa i Noreg er norsk, og at det burde ha vore klargjort i lova dersom ein skulle stå fritt til å undervise på eit anna språk. Opplæringslovutvalet kjem i NOU 2019: 23 med framlegg om at ei ny opplæringslov må presisere at opplæringspråket er norsk eller samisk (s. 382).

Friskulane skal også ha norsk eller samisk som opplæringspråk. Internasjonale friskular er likevel fritekne frå dette kravet. Også utanlandske og internasjonale «2-12-skular» har fritak frå språkrava.

Dei offentlege skulane kan i dag vike frå språkrava i opplæringslova § 2-5 berre dersom departementet gjev løyve til forsøksverksemd etter § 1-5 i opplæringslova. Dei siste åra er det sett i gang fleire slike forsøk både i grunnskulen og vidaregåande skule, med engelsk som opplæringspråk. Desse forsøka er ikkje evaluerte, og det er uvisst kva konsekvensar dei vil få for norskkunnskapane til elevane (Udir 2021b).

I dag har 30 grunnskular andre opplæringspråk enn norsk og samisk. Det finst ikkje noka oversikt over kor mange av desse skulane som brukar engelsk som opplæringspråk. I rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* blir det uttrykt uro over utviklinga. Utvalet som stod bak rapporten, det såkalla framtidstutvalet, peikar på at «alle elever i Norge [bør] tilegne seg gode engelskkunnskaper i løpet av skolegangen. [...] Samtidig må alle elever i Norge tilegne seg norsk språk. I rent engelskspråklige skoleløp tar man bort elevens mulighet til å få opplæring i det samfunnsbærende språket i Norge. Det vil være svært uheldig om vi utdanner elevgrupper som har kunnskapshull i norsk språk» (Språkrådet 2018a).

Framtidsutvalet presiserer at engelskspråkleg grunnutdanning går imot hovudprinsippa i den språkpolitikken Stortinget har vedteke, og at ei slik utdanning derfor ikkje må bli noko meir enn eit unntaksfenomen. I arbeidet med ny opplæringslov har fleire organisasjonar på språkfeltet, mellom andre Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum, uttrykt same uro som framtidsutvalet (Noregs Mållag 2019, Nynorsk kultursentrum 2019).

Som nemnt over har opplæringslovutvalet føreslått at det i ny opplæringslov bør seiast eksplisitt at norsk og samisk er opplæringspråka i grunnskulen og i den vidaregåande skulen i Noreg. Samstundes meiner utvalet at det også i framtida bør vere høve til å gje løyve til forsøksverksemd. Dette inneber at det framleis vil vere mogleg for offentlege skular å bruke andre språk enn norsk og samisk som opplæringspråk.

Om skriftspråk i grunnskulen

Elevane i grunnskulen får norskopplæring i eit hovudmål og eit sidemål. Det er kommunen som gjev forskrifter om kva som skal vere hovudmålet (skulemålet) på kvar skule. Frå og med 8. steget vel elevane sjølve om dei vil ha bokmål eller nynorsk som hovudmål. Når minst ti elevar på 1.-7. steget i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe og få opplæring i og på dette skriftspråket.

I skuleåret 2020/2021 er det 628 704 elevar i grunnskulen som har norsk som opplæringspråk. 74 179 av desse har nynorsk som hovudmål («nynorskelevar»). Talet på nynorskelevar har minka med nesten 2000 elevar sidan 2018, og nynorskelevane utgjer i dag 11,6 prosent av det samla elevtalet. Nynorskelevane finst først og fremst i fylka Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland. Om lag 555 000 elevar hadde bokmål som hovudmål skuleåret 2020/2021 (Grunnskolens informasjonssystem (GSI)).

Det finst ingen statistikk over kor mange oppretta elevgrupper som får opplæring på eit anna skriftspråk

enn det som er det vedtekte skulemålet. Grunnskolens informasjonssystem har rett nok tal på elevgrupper, men dette talet omfattar også elevgrupper med undervisning på samisk utanfor samiske distrikt. Skuleåret 2020/2021 var det oppretta 542 slike elevgrupper. Sjå tabellane på neste side.

Om skriftspråk i dei private skulane

Det store fleirtalet av elevar i private skular er elevar i friskular. Desse elevane har ikkje dei same språklege rettane som elevar i offentleg skule.

I samband med høyringa om ny opplæringslov har Språkrådet stødd framlegget frå opplæringslovutvalet om at også private skular skal oppfylle krava om målform i opplæringslova § 2-5. Men dette framlegget gjeld berre dei private skulane som er godkjende etter opplæringslova. Dei fleste private skulane er dei som er godkjende etter friskulelova. Friskulelova inneheld ikkje ei eiga føresegn om målformer eller skriftspråk, slik som opplæringslova gjer.

Berre skular som er godkjende etter friskulelova, får statsstøtte.

Fritak frå opplæring eller vurdering i norsk sidemål

I grunnskulen har elevane læreplanmål i både nynorsk og bokmål frå andre årssteget. Dei to siste åra i grunnskulen skal elevane ha opplæring og vurdering med karakter i begge skriftspråka. Likevel er somme elevar fritekne frå opplæringa i skriftleg sidemål, medan andre kan få fritak frå vurdering med karakter.

Kravet om opplæring i skriftleg sidemål gjeld ikkje for elevar som har opplæring i samisk som første- eller andrespråk, elevar som får teiknspråkopplæring, eller elevar som har kvensk eller finsk som andrespråk. Kravet gjeld heller ikkje for elevar som får særskild språkopplæring¹.

¹ Særskild språkopplæring er ei samlenemning for særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Nynorsk og bokmål som opplæringspråk i grunnskulen, nasjonale tal

SKULEÅR	Tal på nynorskelevar	Tal på bokmåselevar	Samla elevtal*	Prosentdel nynorsk
2020–2021	74 179	554 525	635 497	11,6 %
2019–2020	75 245	554 492	636 250	11,8 %
2018–2019	76 137	554 519	636 350	11,9 %
2017–2018	76 352	551 214	633 029	12,0 %
2016–2017	76 549	547 511	629 288	12,1 %
2015–2016	76 389	542 234	623 755	12,2 %

*Det samla elevtalet omfattar også elevar med samisk opplæringspråk og elevar med andre opplæringspråk.
Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Nynorsk og bokmål som hovudmål i grunnskulen etter fylke i 2020

FYLKE	Tal på nynorskelevar	Tal på bokmåselevar	Samla elevtal*	Prosentdel nynorsk
Viken	588	153 921	156 251	0,3 %
Oslo	1	68 605	69 746	0,0 %
Innlandet	3 244	36 417	39 839	8,1 %
Vestfold og Telemark	1 824	46 475	48 717	3,7 %
Agder	1 365	37 491	39 251	3,4 %
Rogaland	14 318	48 838	64 149	22,3 %
Vestland	37 151	39 540	76 867	48,3 %
Møre og Romsdal	15 677	15 902	31 676	49,4 %
Trøndelag	6	54 310	54 956	0,0 %
Nordland	3	26 962	27 002	0,0 %
Troms og Finnmark	2	26 064	27 043	0,0 %

*Det samla elevtalet omfattar også elevar med samisk opplæringspråk og elevar med andre opplæringspråk.
Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Ungdomsskuleelevar i Oslo med fritak frå opplæring i skriftleg sidemål og vurdering med karakter i sidemål 2015–2019			
SKULEÅR	Elevar 10. årssteget	Fritak	% fritak
2019–2020	5656	1432	25,3 %
2018–2019	5598	1285	23,0 %
2017–2018	5247	1101	21,0 %
2016–2017	5226	853	16,3 %
2015–2016	5382	951	17,7 %

Kjelde: Grepstad (2020)

Elevar som i løpet av ungdomsskulen har hatt rett til særskild språkopplæring, kan søkje om fritak frå karaktervurdering i skriftleg sidemål, sjølv om dei ikkje lenger har rett til særskild språkopplæring. Også elevar som på grunn av sjukdom, skade eller liknande har problem med å greie begge skriftspråka, kan søkje om eit slikt fritak. Retten til fritak gjeld i tillegg elevar som i løpet av skulegangen på ungdomssteget har gått på ein internasjonal eller utanlandsk skule i Noreg, når skulen har fått unntak frå kravet om å gje vurdering med karakter i sidemål.² Elevar som ikkje har gått i norsk grunnskule på ungdomssteget, kan også få fritak. Fritak blir gjevne som enkeltvedtak.

Skuleåret 2020/2021 fekk 39 808 elevar i grunnskulen særskild norskopplæring (Udir 2021c). Det finst inga samla oversikt over kor mange elevar som ikkje får opplæring eller karaktervurdering i skriftleg sidemål fordi at dei har, eller har hatt, særskild språkopplæring. Utdanningsdirektoratet har likevel opplyst om

at 17 prosent av elevane på 10. steget hadde ei eller anna form for fritak i skriftleg sidemål i skuleåret 2019/2020. Dette er ein auke på nesten eitt prosentpoeng frå året før. Både elevar som hadde fritak frå opplæring og fritak frå vurdering, er rekna med i denne prosentten (jf. e-post 22.4.2021).

For Oslo kommune finst det statistikk frå og med skuleåret 2007/2008 for 10. steget i ungdomsskulen. Tal frå *Språkfakta 2020* viser at det i skuleåret 2019/2020 var heile 25,3 prosent av elevane i Oslo som fekk fritak frå opplæring i skriftleg sidemål og vurdering med karakter i sidemål (Grepstad 2020). Dette talet omfattar også begge fritaksformene. Sidan talet er høgt, kan det vere interessant å undersøkje det nærare. Sjå tabellen over.

Skulemål og folkerøystingar

Etter opplæringslova § 2-5 skal kommunar halde rådgjevande folkerøysting om skulemålet (hovudmålet) i ein skulekrins dersom eit fleirtal i kommunestyret eller minst 25 prosent av dei røysteføre i skulekrinsen krev det. Røysteføre i slike folkerøystingar er alle som er busette i skulekrinsen og har røysterett i lokalval, og dessutan føresette som bur utanfor krinsen, og som har barn som er elevar på barnesteget på den

² Ordlyden i § 3-19 i forskrifta til opplæringslova er slik: «[d]ersom dei [...] i løpet av ungdomstrinnet eller vidaregåande opplæring har gått i internasjonal eller utanlandsk skule i Noreg som er godkjend for å ikkje gi vurdering med karakter i sidemål.»

«I mange tiår har det vore eit jamt sig av skulekrinsar som har gått over frå nynorsk til bokmål som skulemål, ofte etter press frå foreldre eller som konsekvens av skulenedleggingar eller samanslåingar av skulekrinsar.»

aktuelle skulen. Det er kommunen som gjer endeleg vedtak om skulemål i krinsen etter rådgjevande folkerøysting.

Slike folkerøystingar blir mest utan unntak haldne i skulekrinsar der nynorsk er skulemål frå før. I mange tiår har det vore eit jamt sig av skulekrinsar som har gått over frå nynorsk til bokmål som skulemål, ofte etter press frå foreldre eller som konsekvens av skulenedleggingar eller samanslåingar av skulekrinsar.

Berre eit fåtal av kommunane i Noreg har kunngjort forskrift om målform i Norsk Lovtidend og såleis gjort vedtaket om skulemål tilgjengeleg i Lovdata (sjå tabellen på neste side). Det finst derfor ikkje noka samla oversikt over barne- og ungdomsskular med nynorsk eller bokmål som skulemål. På førespurnad har Utdanningsdirektoratet opplyst at det i 2021 er 549 grunnskular som har nynorsk som skulemål (jf. Udir 2021b).

Spørsmål og klagar til Språkrådet gjev grunn til å tru at ei samla oversikt over skulemål vil vere tenleg. I 2020 fekk Språkrådet ein klage på at ein rektor ved ein nynorsk skule ikkje ville opprette ein førsteklasse med nynorsk som skulemål. Det viste seg at rektoren ikkje var klar over at kommunen hadde bytt skulemål frå bokmål til nynorsk etter ei skulemålsrøysting (Språkrådet 2020a).

Språkrådet får dessutan spørsmål som tyder på at foreldre ikkje nødvendigvis veit kva som er skulemålet på den skulen barnet deira går på, og at det er vanskeleg å forstå skilnaden mellom skulemål og administrasjonsspråk i kommunen.

Alle 18 folkerøystingane dei siste seks åra har vore haldne i område som kan karakteriserast som randsoner for nynorsken, det vil seie område der nynorsk ikkje er det dominerande skriftspråket lokalt, til dømes i næringsliv, presse og lokal forvaltning, og som ligg nær ein by eller ein region der bokmål dominerer. I ni av skulemålsrøystingane gjekk skulekrinsen over til bokmål som skulemål.

I framlegg til ny opplæringslov skriv lovutvalet at føresegna om rådgjevande folkerøysting om skulemål er ei særregulering som ikkje høyrer heime i den nye opplæringslova. Utvalet føreslår derfor å fjerne retten til å gjennomføre ei slik røysting. I høyringsfråsegna om framlegget har Språkrådet med fleire løfta fram retten til rådgjevande skulemålsrøysting som ein viktig lokaldemokratisk rett, og peika på at eventuelle endringar bør gjerast i samråd med lokalsamfunnet og dei som blir direkte påverka, ikkje i kommunestyret aleine.

I Ot.prp. nr. 46 (1997–98) peika det dåverande Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet på det same. Her er konklusjonen at «slike folkerøystingar har lange

Folkerøystingar om skulemål 2015–2021						
KRINS	Kommune	Dato	Røyste- føre	Ny- norsk	Bok- mål	Vedtak
Hovet/Holet	Hol, Buskerud	14.4.15	1002	121	298	Bokmål
Malmheim	Sandnes, Rogaland	22.9.15	796	59	136	Bokmål
Grinde	Tysvær, Rogaland	16.6.16	1544	147	78	Utsett
Tysværnvåg	Tysvær, Rogaland	16.6.16	1221	122	39	Utsett
Førland	Tysvær, Rogaland	16.6.16	506	50	19	Utsett
Engjom/Fjerdum	Gausdal, Oppland	7.11.16	1850	78	295	Bokmål
Tonstad	Sirdal, Vest-Agder	13.2.17	1066	333	156	Nynorsk
Høle	Sandnes, Rogaland	20.2.17	746	153	132	Nynorsk
Orstad	Klepp, Rogaland	11.9.17	1446	351	506	Bokmål
Gjøra	Sunndal, Møre og Romsdal	11.9.17	194	36	86	Bokmål
Blindheim	Ålesund, Møre og Romsdal	20.9.18	3691	139	181	Bokmål
Otta	Sel, Oppland	26.11.18	3587	92	232	Bokmål
Oltedal	Gjesdal, Rogaland	9.9.19	773	211	173	Nynorsk
Løykja	Sunndal, Møre og Romsdal	9.9.19	637	173	197	Bokmål
Ålvundfjord	Sunndal, Møre og Romsdal	9.9.19	820	292	193	Nynorsk
Julsundet	Aukra, Møre og Romsdal	18.11.19	750	90	113	Nynorsk
Kopervik/Stokkastrand	Karmøy, Rogaland	5.11.20	776	151	625	Bokmål
Byremo	Lyngdal, Agder	17.3.21	580	231	127	Nynorsk

Kjelder: Sandnes kommune (2017) Grepstad (2020), Noregs Mållag (2021), Lyngdal kommune (2021)

tradisjonar, og [...] er ei godt fungerande demokratisk ordning». Med dei mange nye samanslåtte kommunane er ordninga viktigare enn nokon gong før. Sjølv om samanslåing ikkje direkte har påverka skulemåla ved skulane i dei nye storkommunane, er det grunn til å tru at samanslåing vil kunne føre til fleire skule-

målsrøystingar i tilfelle der ein eller fleire nynorskkommunar er slått saman med ein større kommune der bokmål dominerer.

Jamvel om røystingane berre er rådgjevande, gjer ordninga at kommunale styresmakter må ta særleg

Mange av elevane er i små nynorskmiljø i skulen, og det gjer at dei blir utsette for eit sterkare språkpress enn dei som er i sterke nynorskmiljø.



omsyn til utfallet av røystingane når dei gjer vedtak om skulemål. Språkrådet med fleire har uttrykt at språkpolitiske mindretalsomsyn bør vege tyngre i dei kommunale avgjerdene.

Hovudmål i vidaregåande skule

I skuleåret 2020/2021 var det om lag 188 200 elevar i den vidaregåande skulen, fordelt på 415 skular (Udir 2021d). 97 av desse skulane var private, noko som svarar til nesten ein firedel.

I *Språkstatus 2017* (Språkrådet 2017) peika Språkrådet på at det ikkje finst tilgjengeleg informasjon på nettsidene til Utdanningsdirektoratet om fordelinga av bokmål og nynorsk som hovudmål. Det finst framleis ikkje noka samla oversikt over kva skriftspråk elevane er registrerte med, verken i statistikkportalen til direktoratet (Udir 2021e) eller i databasen Skoleporten.

Denne mangelen på statistikkdata om den vidaregåande skulen er Ottar Grepstad også inne på i *Språkfakta 2020*. Grepstad skriv at dei dataa han brukar om hovudmål for elevar i vidaregåande skule, med få unntak er leverte på førespurnad frå direktoratet. Ifølgje Grepstad var det i 2010 7,2 prosent av avgangselevane som hadde nynorsk som hovudmål. Talet sokk til 6,4 prosent i 2015, før det igjen auka til 6,8 prosent i 2019.

I vidaregåande skule var det i 2019 nesten berre i «fire regionar austanfjells og tre fylke vestanfjells» det fanst elevar med nynorsk som hovudmål (Grepstad 2020). Mange av elevane er i små nynorskmiljø i skulen, og det gjer at dei blir utsette for eit sterkare språkpress enn dei som er i sterke nynorskmiljø.

Det finst inga samla oversikt over kor mange elevar som ikkje får opplæring eller karaktervurdering i sidemål i vidaregåande skule. Det finst likevel nokre tal for skuleåret 2017/2018, sidan dette var tema i eit spørsmål til kunnskaps- og integreringsministeren på Stortinget hausten 2018 (Stortinget 2018). Ministeren viste då til at 2,8 prosent av elevane i vidaregåande har fritak frå vurdering med karakter i sidemål. Vidare informerte han om at norsk sidemål er det faget der flest elevar får fritak, både på 10. steget og i vidaregåande opplæring.

Nye læreplanar for grunnsopplæringa

Fornynginga av faga i Kunnskapsløftet byggjer på stortingsmeldinga *Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet* (Meld. St. 28 (2015–2016)). Eit av føremåla med dei nye læreplanane er å gje elevane djuplæring. Dei nye læreplanane blir innførte over ein periode på tre år, frå og med skuleåret 2020/2021.

Norskfaget er det største faget i grunnopplæringa, og det er avgjerande for språkkompetansen til elevane. Med fornyinga av Kunnskapsløftet og LK20 blir norskfaget det aller viktigaste faget for læring av dei grunnleggjande språklege ferdigheitene (lesing, skriving og munnlege ferdigheiter).

I framlegget til ny opplæringslov (NOU 2019: 23) har opplæringslovutvalet peika på at den nye læreplanen i norsk fastset at opplæringa i begge dei norske skriftspråka skal starte på barnesteget. Læreplanen går med dette lenger enn føresegna i den gjeldande opplæringslova om målformer i grunnskulen, § 2-5, som seier at elevane skal ha opplæring i begge målformer dei to siste åra i grunnskulen. Utvalet skriv: «Bestemelsen gir dermed ikke korrekt informasjon om hvilke forpliktelser skolene har til å gi opplæring i begge skriftspråkene i grunnskolen. Siden det er sentralt at elevene skal ha opplæring i både bokmål og nynorsk, mener utvalget at dette bør framgå av den nye loven, men uten at det fastsettes når opplæringen i sidemålet skal starte.» (s. 388).

Dei store språkfaglege endringane i fagfornyinga krev at det blir forska på kva innverknad endringane har på språkformidling og språktileining. Kunnskapsdepartementet har djupkunnskap som det uttala målet med fagfornyinga. Departementet har ved fleire høve uttrykt at dei nye læreplanane i norsk og den nye vurderingsordninga for sidemålet inneber ei styrking av norskfaget og ei styrking av norskkompetansen generelt og nynorskkompetansen spesielt.

Språkrådet med fleire meiner at denne hypotesen må etterprøvast. Med fagfornyinga har Utdanningsdirektoratet også slått saman dei skriftlege undervgs-vurderingane med karakter i hovudmål og sidemål på 8. årssteget, på 9. årssteget, på vg1 og på vg2. Sidan fleirtalet av elevane har nynorsk som sidemål, er det sannsynleg at ein slik reduksjon i vurderingsordninga for sidemålet samla sett fører til lågare nynorskkompetanse i samfunnet.

Endringa i vurderingsordninga bryt med prinsippet om at skriftspråka er likestilte, og med prinsippet om at nynorsken skal styrkjast. Språkrådet har derfor rådd Kunnskapsdepartementet til å halde på ordninga med eigen sidemålsskarakter i undervgs-vurderingane (Språkrådet 2019).

Språkbyte frå nynorsk til bokmål

Språkbyte frå nynorsk til bokmål finn ein både på individnivå og på institusjonelt nivå – i skulekrinsar og kommunar. Statistikken viser at mange sluttar å bruke nynorsk som hovudmål etter grunnskulen eller i løpet av vidaregåande skule. Dette gjeld spesielt i område der nynorsken tidlegare har stått sterkt, men der språket no er under særleg press frå bokmål (Wold 2020).

I språkmeldinga *Mål og meining* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)) vart språkbyte identifisert som ein av tre hovudtendensar som ein aktiv språkpolitikk skulle hindre. I språkløvsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) vart det konstatert at det politiske målet om å stabilisere talet på nynorskelevar i skulen – og følgjeleg styrkje nynorsken – ikkje er nådd: «Språkbyte er framleis ei utfordring og er med på å svekkje statusen til nynorsken.»

Ein metastudie frå 2019 om bortval av nynorsk seier dette: «Svært mange elevar i [dei undersøkte] områda oppgir mangel på kompetanse som ein grunn til at dei byter til bokmål. I tillegg ser det ut til at stigmatiserande haldningar til nynorsk, og at nynorsk blir sett på som mindre viktig, er sentrale faktorar bak desse vala.» (Wold 2019).

I høyringsfråsegn til ny opplæringslov har Språkrådet gjeve uttrykk for at det må kome på plass tiltak som reduserer språkbyte, og som samstundes aukar den språklege sjølvkjensla til elevane. Ein utvida rett til opplæring i eigne elevgrupper eller språkdelt klassar er eit slik tiltak. Det er kjent at dette har god effekt. I Odda kommune fekk nynorskelevane fram til 2016 all undervisning på nynorsk i eigne grupper på ung-

domsskulen. Odda-modellen med språkdelt ungdomsskule var vellukka og viser at det er mogleg å stogge uønskt språkbyte – også ved overgangen til vidaregåande skule.

I forsøk med tidleg start med sidemål har lærarar dessutan sett stor skilnad i både haldningar til og ferdigheiter i nynorsk hos dei elevane som hadde starta tidleg med skrivning og lesing på sidemålet (Kolberg Jansson og Traavik 2017).

Nynorsk i lærarutdanninga

Om norskopplæringa i grunnskulen

Hausten 2020 vart det nye læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) teke i bruk. Den nye læreplanen i norsk (Udir 2020a) har kompetansemål for både nynorsk og bokmål på barnesteget allereie etter 2. steget og fastset med det meir omfattande bruk av sidemål enn opplæringslova § 2-5. Det er derfor gjort framlegg om å endre denne føresegna i opplæringslova.

Om krav til norskkompetanse i lærarutdanninga

Hausten 2017 vart lærarutdanninga ei femårig mastergradsutdanning. To rammeplanar (forskrifter) regulerer utdanninga til grunnskulelærarane: ein for 1.-7. steget og ein for 5.-10. steget (Forskrift om rammeplan 2016a og 2016b).

Rammeplanane seier at lærarstudentane skal meistre «norsk [...] skriftleg, både nynorsk og bokmål». For studentane som skal bli lærarar på 5.-10. steget, er ikkje norsk eit obligatorisk fag.

Ansvar for opplæring i og bruk av begge skriftspråka er som regel lagt til norskfaget i lærarutdanninga. Studentar som ikkje har valt norsk som fag, blir dermed ikkje kursa eller prøvde i begge skriftspråka, dersom ikkje lærarutdanningsinstitusjonane lagar eigne opplegg for det. I praksis kan det sjå ut til at mange institusjonar bryt med eigne rammeplanar her. Konsekvensane er potensielt svært store, og det er ikkje

berre eit problem for undervisninga i norsk. Sjølv om somme av desse studentane kanskje aldri kjem til å undervise i norskfaget, kjem dei til å bruke norsk som undervisningsspråk, også skriftleg. Då burde det vere obligatorisk med både opplæring og prøving av kompetanse i begge skriftspråka.

For å kunne undervise i norsk på barnesteget må ein ha teke 30 studiepoeng som er relevante for faget. For å kunne undervise på ungdomssteget treng ein 60 studiepoeng som er relevante for faget. Oppføringslova opnar likevel for at skuleeigaren kan vike frå kravet om relevant kompetanse. Lærarar som er utdanna før 2014, har dispensasjon frå kravet fram til 2025. I framlegget til ny opplæringslov, som vart presentert våren 2020, er det føreslått å forlengje dispensasjonsperioden fram til 2028, som ei overgangsordning.

Vidare kan skuleeigaren vike frå kompetansekravet i norsk mellombels, dersom skulen ikkje har lærarar med relevant kompetanse. Dette føreslår opplæringslovutvalet å vidareføre.

Ifølgje Utdanningsdirektoratet (Utdanningsspeilet 2020) mangla 17 prosent av norsklærarane i grunnskulen relevant kompetanse i norsk skuleåret 2019/2020. Talet, som er henta frå Grunnskolen informasjonsystem (GSI), er likevel usikkert, fordi det ikkje stemmer overeins med tilsvarande tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Det manglar ei fullgod oversikt over kor mange norsklærarar som ikkje er kvalifiserte til å undervise i norsk. Hausten 2020 fekk Utdanningsdirektoratet i oppdrag å sjå nærare på datagrunnlaget (Regjeringa 2021 og Udir 2021c).

Tilbod om vidareutdanning

Kompetanse for kvalitet (Kunnskapsdepartementet 2015) er ei vidareutdanningsordning for lærarar som ikkje oppfyller kompetansekravet i fag dei underviser i. Ordninga gjeld til 2025 (med ei mogleg forlenging fram til 2028) og legg rammene for den nasjonale satsinga på vidareutdanning.

Hausten 2020 fekk 990 grunnskulelærarar tilbod om vidareutdanning i faget norsk gjennom denne ordninga (Utdanningsspeilet 2020). Ifølgje Utdanningsdirektoratet bør talet på lærarar som tek vidareutdanning, auke dei neste åra, fram mot 2025. For studieåret 2021/2022 er det oppretta 35 vidareutdanningstilbod i norsk som ein del av denne ordninga. Tilboda er fordelte på elleve studiestader. Lærarane kan òg søkje andre tilbod enn dei som er oppretta spesielt for denne ordninga (Udir 2021f).

I dag er det berre Høgskulen i Volda som spesifikt tilbyr vidareutdanning i nynorsk. Her er det oppretta to kurs for grunnskulelærarar som ønskjer meir kompetanse i bruk av nynorsk i opplæringa (Høgskulen i Volda 2021a og 2021b).

Vidare arbeid

Språklova vart vedteken våren 2021. I lova heiter det at det skal «takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skule og lærarutdanning skal utformast». I proposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) gjer departementet merksam på kor avgjerande det er med «lærarar i skulen som kan undervise på og lære bort på nynorsk og bokmål», som har «kunnskap om den norske språksituasjonen», og som «kjenner dei språklege rettane» som elevane har.

Slik lærarutdanninga er lagd opp i dag, får ikkje alle dei komande lærarane kompetanse til å drive opplæring i og på både nynorsk og bokmål. Sjølv om lærarane ikkje underviser i norskfaget, vil dei kome til kort dersom dei får arbeid på skular med nynorsk som skulemål. Mange av dei som allereie underviser i skulen, manglar formell kompetanse i norsk generelt og nynorsk spesielt. Det er derfor god grunn til å tru at det finst mange grunnskulelærarar som ikkje meistrar nynorsk. Alle elevar skal tileigne seg dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og skrivning, gjennom heile opplæringsløpet og i alle fag. Slik sett er alle lærarar lese- og skrivelærarar. På skular med nynorsk som skulemål burde det vere sjølv sagt at lærarar i andre fag enn norsk òg brukar nynorsk.

I høyringsfråsegna om ny opplæringslov (2020) tok Språkrådet til orde for at språkperspektivet, og særleg nynorskperspektivet, må inn på alle program i lærarutdanninga (Språkrådet 2020b). Språkrådet meinte òg at kompetanse i begge skriftspråka må vere ein integrert del av fagspråkskompetansen til lærarstudentar i alle fag.

Digitalisering i skulen

Digitaliseringa av samfunnet pregar også grunnopplæringa i stadig større grad. Fleire skular tek i bruk PC eller nettbrett i undervisninga heilt frå det første årssteget, og elevane brukar jamleg andre digitale læringsressursar, læringsunivers, administrative verktøy, skuleportalar og digitale verktøy som retteprogram og skrivestøtte i skulen. Kva språk desse ressursane er tilgjengelege på, vil avgjere om ein elev verkeleg står fritt til å velje skriftspråk i praksis. Med Læreplanverket for kunnskapsløftet (LK06) vart digitale ferdigheiter definert som ei av fem grunnleggjande ferdigheiter for barn og unge, frå barnehage til og med vidaregåande opplæring (Udir 2017). Dei fem grunnleggjande ferdigheitene er vidareførte med fagfornyninga (LK20) og skal utviklast gjennom heile opplæringsløpet, i alle fag. Såleis har digitale ferdigheiter ein sentral plass i opplæringa. Senter for IKT i utdanninga har funne ut at det er i språkfaga, særleg i norsk, at IKT-verktøy er hyppigast i bruk (Kunnskapsdepartementet 2017).

Fleire teknologiske løysingar som er i jamleg bruk i undervisninga, er ikkje tilgjengelege på nynorsk. Det kan hindre utviklinga av digitale ferdigheiter for elevar som har nynorsk som hovudmål. Dersom brukarar av mindretalsspråk stadig opplever at språket deira ikkje kan brukast, til dømes i digitale løysingar som dei treng i opplæringa, er det ikkje i tråd med føremålet i den overordna delen av læreplanen, der det heiter at opplæringa skal gje elevane kulturell forankring (jf. læreplanens overordna del: Formålet med opplæringa (Udir 2017)). Konsekvensen kan bli at dei større språka får stadfesta statusen sin som meir brukbare.

Derfor er det avgjerande for statusen til dei mindre bruka språka i Noreg at dei får betre vilkår når utdanninga skal digitaliserast. Ein monnaleg innsats må til for at det skal skje. Ikkje minst må skulestyresmaktene og skuleeigarane få tydeleg signal om at dei ikkje kan investere i læringsteknologi (læringsressursar, kontorstøtteprogram osb.) som ikkje gjev eit språkleg likeverdig tilbod til nynorsk- og bokmåselevar.

Språklege føresetnader for digital kompetanse

I *Framtid, fornyelse og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021* (Kunnskapsdepartementet 2017) er eit av hovudmåla at «[e] levne skal ha digitale ferdigheter som gjør dem i stand til å oppleve livsmestring og lykkes i videre utdanning, arbeid og samfunnsdeltakelse». Digitale ferdigheter er det å kunne bruke digitale verktøy for å løyse praktiske oppgåver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkt og kommunisere.

I strategien står det ikkje noko om at digitale løysingar skal vere samtidig tilgjengelege på begge dei norske skriftspråka. Dei som brukar eit mindretalsspråk, må få høve til å utvikle digitale ferdigheter på sitt eige språk. Nynorskbrukarar i dag får ikkje det. Derfor må betring av den digitale situasjonen for nynorskbrukarar vere eit tema i den neste strategien for digitalisering i opplæringa.

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet må ta ei meir aktiv rolle i dette arbeidet, både ved å setje tydelege krav, føre tilsyn med at krava blir følgde opp, og bidra til å sikre at relevante ressursar blir gjorde tilgjengelege på begge skriftspråka.

Tilgang til digitale læremiddel på nynorsk

Den gjeldande opplæringslova gjev foreldre rett til å velje skriftspråk i lærebøkene til elevane til og med 7. steget. Frå 8. steget kan elevane velje sjølve. Lova slår fast at «i andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris».

I § 17-1 i forskrifta til opplæringslova (Forskrift til opplæringslova 2006) er læremiddel definerte som «alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltstående eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetanssmål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet». Digitale læremiddel finst både som heildigitale verktøy og som digitale modular til trykte lærebøker. Mykje av tilfanget fell likevel ikkje inn under dagens definisjon av læremiddel og har derfor ikkje vore omfatta av kravet om parallellspråklege versjonar (Språkrådet 2018b). Også digitale læremiddel skal vere tilgjengelege på begge skriftspråka til same tid og same pris og med like god kvalitet. At det ikkje alltid skjer, tyder på at definisjonen av kva eit læremiddel er, er for snever og i for liten grad tilpassa den digitale røynda.

Det er eit krav at læremiddel som skal kjøpast inn, må stø begge skriftspråka. Likevel er nynorskversjonar ofte forseinka, eller dei manglar delar av funksjonane som finst i bokmålsversjonen. Det hender at det ikkje blir utvikla nynorskversjonar i det heile. Fleire kommunar rapporterer til Utdanningsdirektoratet at mange av dei bestilte produkta ikkje var klare til skulestart, eller at dei ikkje fungerte teknisk på nynorsk. Utdanningsdirektoratet kontrollerer ikkje sjølv at læremiddelproduzentane oppfyller kravet om parallelle versjonar. Problemet er ikkje nytt. Synnøve Midtbø Myking (2018:21) trekkjer fram at nynorskversjonane av læremiddel ofte er ufullstendige, og at det ikkje blir kommunisert tydeleg nok når nynorskversjonane blir tilgjengelege. Myking viser òg til ei undersøking av appar som er installerte i nettbretta til skuleelevar i fire kommunar. Få av desse appane er tilgjengelege på nynorsk.

Ansaret ligg her hos fylkeskommunane og kommunane, og ikkje hos produsentane. Men kommunane opplever at dei som produserer dei digitale læremidla og læringsressursane, prioriterer nynorsk lågare. I NOU 2019: 23 heiter det at det finst langt færre læremiddel på nynorsk enn på bokmål. Dette gjer at nynorsk kommunane kjem i ein vanskeleg situasjon,

og det utfordrar retten elevane har til læremiddel på eige skriftspråk. Det er ønskeleg at Kunnskapsdepartementet bidreg til å betre situasjonen, så ikkje skuleeigarane blir sitjande aleine med ansvaret. I høyringsfråsegna om ny opplæringslov peikar Språkrådet på at det trengst ein forskriftsheimel som kan sikre at kommunane og fylkeskommunane etterlever krava i lova.

Operativsystem og andre digitale verktøy

Dersom norske skuleelevar skal halde fram med å velje nynorsk som skriftspråk, må dei ikkje møte eit digitalt rammeverk som ekskluderer nynorsk. Operativsystema i digitale læremiddel er i dag ikkje omfatta av noko krav om språkleg parallellitet. Språkstøtta i operativsystema og dei digitale vektøya som er bygde inn i dei, kan gjere digitale læremiddel mindre tilgjengelege, mellom anna fordi støtte for nynorsk manglar i søkjefunksjonar, finn- og erstatt-funksjonar, ordlister og stavekontrollar.

Våren 2021 skreiv 108 ordførarar i nynorsk kommunar brev til Google med krav om nynorskversjonar av program som blir mykje bruka i skulen (Nynorsk kultursentrum 2021), og fleire nynorsk kommunar har gått ut i media med krav om retteprogram på nynorsk (Nyss 2021).

Kulturdepartementet har eit særskilt ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka språket. Dei siste åra har departementet prioritert å skape fleire digitale grunnlagsressursar på nynorsk gjennom satsinga på språkbanken ved Nasjonalbiblioteket i Oslo. Betre og fleire grunnlagsressursar vil gjere det mogleg å utvikle språkteknologi og digitale verktøy på nynorsk i større omfang enn det som er gjort til no. Det er ein god start. Men også Kunnskapsdepartementet må leggje til rette for at elevar i norsk skule får bruke nynorsk gjennom heile utdanningsløpet sitt. I tillegg til å stille til rådvelde relevante grunnlagsressursar for utvikling av språkteknologi og digitale verktøy på nynorsk må departementet òg setje relevante krav til verksemder som produserer teknologi til bruk i den norske skulen.

«Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet må ta ei meir aktiv rolle i dette arbeidet, både ved å setje tydelege krav, føre tilsyn med at krava blir følgde opp, og bidra til å sikre at relevante ressursar blir gjorde tilgjengelege på begge skriftspråka.»

Opplæring i og på teiknspråk

Retten til opplæring på eige språk

Mål og mening (St.meld. nr. 35 (2007–2008)) slo fast at teiknspråk ikkje er eit erstatningsspråk [for norsk] eller eit hjelpemiddel dersom høyrselesteleknologien ikkje gjev god nok tilgang til talespråket. Tilgang til norsk teiknspråk er avgjerande uansett grad av nedsett høyrsele eller kvalitet og tilgang på høyrselesteleknologi, for «[u]tan tilgang til teiknspråk blir mange teiknspråkbrukarar [...] avskorne frå å delta aktivt i samfunnet, i kulturlivet og på mange fellesarenaer for livsutfalding» (Meld. St. 8 (2018–2019):42).

Det offentlege har ansvar for å verne og fremje norsk teiknspråk gjennom språklova § 1 bokstav c og ved å gje teiknspråklege døve og høyrseleshemma barn rett til opplæring i og på teiknspråk gjennom barnehage-lova § 38 og opplæringslova §§ 2–6 og 3–9. § 7 i språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) slår fast at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, og at det er likeverdig med norsk som språk og kulturuttrykk.

Fleirspråklegheit og språkdeprivasjon

I det strategiske arbeidet med norsk teiknspråk får Språkrådet mange tilbakemeldingar frå publikum. Mange høyrseleshemma fortel at dei møter oppfatningar om at det kan vere skadeleg for høyrseleshemma å lære norsk teiknspråk i tillegg til norsk. Det finst mange døme på at assimilering av minoritetsspråkbrukarar til majoritetsspråk fører til tap av språk. Assimilering av høyrseleshemma kan i verste fall føre til total mangel på språk, såkalla *språkdeprivasjon* (Glickman og Hall 2019). Teiknspråklege førstespråklærarar som underviser og arbeider i barnehage og skule, melder om aukande språkdeprivasjon blant døve og høyrseleshemma barn og unge i Noreg. Språkdeprivasjon skapar lærevanskar, åtferdsproblem og kognitive utfordringar.

I denne samanhengen er det viktig å hugse på at teiknspråk ikkje er avhengig av høyrselestatusen til kvar og ein brukar. Ein kan lett førebyggje språk-

deprivasjon ved å gje døve og høyrseleshemma barn tilgang til teiknspråk frå fødselen av, slik at dei får til-eigna seg minst eitt fullt og heilt språk.

Nærskuleprinsippet og konsekvensar av det for døve og høyrseleshemma barn og unge

I barnehage-lova og opplæringslova står prinsippet om at barn skal gå i barnehage og skule nær heimen (nærskuleprinsippet), sentralt. Nærskuleprinsippet står i motsetnad til den retten teiknspråklege barn og unge har til å utvikle eit førstespråk, sidan prinsippet fører til små og fragmenterte teiknspråkmiljø (Språkrådet 2018b). Ofte konkluderer både kommunane sjølve, Statped og PPT med at det beste for døve og høyrseleshemma barn er å gå på nærskulen eller i nærbarnehagen.

Det kan få alvorlege konsekvensar om høyrseleshemma babyar og barn ikkje blir sedde på som potensielle medlemmer av det norske teiknspråkmiljøet. Høyrseleshemma elevar heng ofte etter fagleg. Forsking viser at døve og høyrseleshemma barn og unge som ikkje får det fullverdige teiknspråkmiljøet i skulekvardagen sin som dei har krav på, kan bli alvorleg deprimerte, engstelege og einsame (Kermit 2018).

Kermit (2018) viser dessutan at døve eller høyrseleshemma barn og unge ofte opplever at dei vaksne dei møter i skulen, har for dårleg kompetanse i teiknspråk. Stimuleringsmidlar til teiknspråkoppplæring i barnehagane (Udir 2020b) bidreg til positive språkhaldningar, men ikkje til eit fullverdige teiknspråkmiljø for døve og høyrseleshemma barn.

Det finst få opplæringsstader igjen der det blir undervist direkte på norsk teiknspråk. Færre barn enn tidlegare meistarar norsk teiknspråk flytande.

Tolk i skulen

I mange kommunar blir det lyst ut undervisningsstilingar med arbeidsomtalen «tolk og/eller lærar i norsk og norsk teiknspråk» under eitt, i eit forsøk på å oppfylle krava i § 2–6 i opplæringslova. Føremålet med den paragrafen er at også døve og høyrseleshemma

barn skal få undervisning *direkte* på eige språk på lik linje med andre barn. Utdanningsdirektoratet gjev derfor berre unntaksvis høve til undervisning med tolk. Tilbod om undervisning med tolk er ikkje meint som ei oppfyljing av retten i § 2-6 (rett til opplæring i og på teiknspråk) over lengre tid. Caselli, Hall og Henner (2020) finn at teiknspråktolkar i offentlege skular gjev ein illusjon av inkludering meir enn reell inkludering, og at tolkar ikkje gjer tilhøva for teiknspråklege elevar betre, snarare tvert om. Eit døme på det er at teiknspråklege elevar med tolk ikkje får tilgang til dei pedagogiske og didaktiske elementa i undervisninga som resten av klassen får.

Både Norges Døveforbund og fagforeininga og interessefellesskapen til tolkane (TiA) meiner at dei mellomløysingane ein får ved å lyse ut slike kombinerte stillingar som er nemnde over, er eit «direkte resultat av nedbyggingen av det statlige opplæringstilbudet for døve og hørselshemmede». Tolkane i Akademikerforbundet konkluderer også med at «[n]edleggingen av de statlige tegnspråkskolene fører [...] til at tegnspråklige barn ikke får den opplæringen de har krav på, og hindres i å få den utviklingen av sitt eget språk som de har behov for og rett til» (TiA 2020).

Opplæring gjennom Statped eller PPT og andre aktørar i kommunane

Statped er ein stor teiknspråkleg aktør i opplæringssektoren. Organet tilbyr ikkje-teiknspråklege foreldre tilgang til det teiknspråklege opplæringsprogrammet *Se mitt språk* og informasjon om livsvilkåra og levkåra til døve og hørselshemma. Opplæringsprogrammet er laga og blir hovudsakleg drifta av døve og hørselshemma teiknspråklege. Det gjer *Se mitt språk* til eit sentralt element i arbeidet med å verne og fremje norsk teiknspråk, og opplæringsprogrammet skapar positive språkhaldningar hos ikkje-teiknspråklege foreldre som har døve og hørselshemma barn.

Både døve og hørselshemma barn og foreldra deira får tilbod om opplæring frå Statped. Døve eller hørselshemma barn kan få deltidsopplæring på bakgrunn av søknad etter §§ 2-6 og 5-1 i opplæringslova. Fram

til 2021 fekk barna òg eit butilbod gjennom deltidsopplæringa, slik at dei kunne møte og vere i lag med andre barn i same situasjon. Butilbodet er no lagt ned, slik at barna må treffe kvarandre på hotell. Språkrådet meiner dette representerer eit dårlegare tilbod til barna.

Ifølgje Statped deltok 196 elevar i deltidsopplæring i 2020. Talet på foreldre som deltok i foreldreopplæringsprogrammet *Se mitt språk* same året, fordeler seg slik:

Statped søraust:	146
Statped vest:	96
Statped midt og Statped nord (samla tal):	85

Statped kjenner ikkje til kor mange av desse som er del av eit teiknspråkleg miljø i heimen, eller kor mange som får opplæring med tolk (Statped 2021).

Deltidsopplæringa frå Statped skal bidra til at opplæringslova § 2-6 blir etterlevd, men sjølv om mange lærarar oppfyller dei formelle kompetansekrava, er ikkje teiknspråkkompetansen god nok hos lærarar som har teiknspråk som andrespråk. Mange som har fungert som førstespråklærarar i Statped, har no nådd pensjonsalder, og det er ikkje lett å rekruttere nye kompetente lærarar. Dermed blir det vanskelegare å overføre norsk teiknspråk og kulturen og historia til dei døve mellom generasjonane.

Fjernundervisning i teiknspråk fungerer mindre godt for teiknspråklege elevar (Glomset 2021). Fleire personar saman på skjerm blir fort «rotete», og det er òg generelt vanskelegare å avlese via skjerm, mellom anna fordi noko av den romlege komponenten i teiknspråket går tapt. Fjernundervisning har såleis vist seg å vere slitsam og lite produktiv for elevane.

Kommunane og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) manglar kompetanse om teiknspråk, noko som fører til at kommunane ofte gjer feil vedtak når det gjeld tilgangen til språklege rettar for døve og hørselshemma barn (jf. Sivilombodsmannen 2017 og

«I språklovsproposisjonen er det stadfesta at «[t]eiknspråkbrukarar har rett til å lære, møte og bruke språket sitt».



2018, Forelder 2019 og 2020, Norges Døveforbund 2021 og Blogg 2021). Mange (spesial)pedagogar og PPT trur at teikn og tale, eller ei form for «taus norsk», er det same som norsk teiknspråk. Vidare er det mange som trur at norsk teiknspråk er lett å lære. Her er det grunn til å minne om at norsk teiknspråk er strukturelt svært ulikt norsk, og at det for ein første-språksbrukar av norsk vil vere krevjande å tileigne seg norsk teiknspråk på høgt nivå.

I språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019-2020)) er det stadfesta at «[t]eiknspråkbrukarar har rett til å lære, møte og bruke språket sitt». I tillegg er retten til opplæring på eige språk stadfesta i § 38 i barnehage-lova og § 2-6 i opplæringslova. Retten gjeld for alle timar heile veka i alle skulefag og i barnehagane.

Norges Døveforbund og Norges Døveforbunds Ungdom melder om at døve og høyrselshemma barn ved «forsterka» teiknspråkskular og barnehagar, der teiknspråkmiljøet er større, kan få forseinka språkutvikling både i norsk og norsk teiknspråk. I staden for å fokusere mest på kunnskap brukar slike skular og barnehagar mykje tid på rein teiknspråkopplæring. Dette får store konsekvensar for den sosiale kompetansen til døve og høyrselshemma barn. Det kan òg få konsekvensar for den kognitive utviklinga deira (Glickman og Hall 2019). Ved somme av desse «forsterka» sku-

lane vel lærarar i somme tilfelle ei undervisningsform som blandar norsk og norsk teiknspråk. Dette gjer dei for å vareta alle elevane, same kva høyrsestatus og teiknspråkkompetanse elevane har. Ei slik «minste felles multiplum»-løysing er ikkje undervisning i og på norsk teiknspråk, slik lova krev. Løysinga bidreg snarare til at fleire skular bryt lovverket.

Norsk teiknspråk har ikkje nok brukarar til at alle kommunar i Noreg kan gje eit godt teiknspråkleg opplæringstilbod. Opplæringslova opnar for at opplæring i og på teiknspråk kan bli gjeven i andre kommunar enn den kommunen som det døve eller høyrselshemma barnet bur i. Retten til gratis skyss for funksjonshemma og teiknspråklege er nedfelt i både barnehagelova og opplæringslova, men kommunar brukar sjeldan dette høvet til å gje døve og høyrselshemma barn tilgang til eit større og betre teiknspråkmiljø enn dei har i heimkommunen. Kommunane bør samarbeide på dette feltet, og slikt interkommunalt samarbeid bør prioriterast høgare, også frå sentralt hald.

Teiknspråk og spesialpedagogikk

Døve og høyrselshemma innvandrarar og andre som ikkje har fullført grunnskulen, har i dag ikkje den same retten til å få undervisning i og på teiknspråk som andre. Tilbodet som vaksenopplæringsstentera gjev til denne gruppa i dag, er innanfor ramma av spesial-

pedagogiske tilbod etter opplæringslova § 5-1, sjølv om norsk teiknspråk ikkje er eit spesialpedagogisk hjelpemiddel.

Også mange døve og høyrselshemma barn får teiknspråkopplæring etter denne paragrafen. Dei får såleis berre opplæring i teiknspråk og ikkje på teiknspråk, og dei får dessutan færre timar undervisning enn dei har rett til etter § 2-6.

Tilgang til teiknspråk for høyrande barn og unge

Høyrande barn av døve foreldre veks opp med norsk teiknspråk som heimespråk. Heimespråket i mange familiar kan òg vere ei blanding av norsk teiknspråk og norsk. Kanskje har den eine eller begge dei døve foreldra internaliserte fordommar mot teiknspråk (Holten og Lønning 2010). Dette gjer kommunikasjonen heime utfordrande. Interesseorganisasjonen CODA (Children of Deaf Adults) har i mange år arbeidd for eit lovfesta førstespråkstilbod i teiknspråk for slike barn.

Undervisningstilbodet i norsk teiknspråk som valfag og/eller framandspråk for høyrande ser ut til å vere større enn undervisningstilbodet i norsk teiknspråk for dei som har teiknspråk som førstespråk. Snoddon og De Meulder (2020) peikar på at teiknspråkopplæring retta mot høyrande kan fungere som eit skalleskjul for styresmaktene, ved at dei tilbyr opplæring i teiknspråk og dermed stettar krava i FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne, utan eigentleg å dekkje behova for opplæring til døve og høyrselshemma.

Vidaregåande skular

Ein *knutepunktskule* er ein fylkeskommunal vidaregåande skule med eit særskilt tilrettelagt og organisert tilbod for høyrselshemma. Høyrselshemma frå andre fylke kan òg søkje plass ved ein slik skule. Knutepunktskulane skal oppfylle retten til opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø, jf. opplæringslova § 3-9.

Dei siste åra har likevel dei færraste knutepunktskulane kunna tilby eit fullverdig teiknspråkleg opplæringsmiljø. I § 3-9 i opplæringslova heiter det at «[r]etten til opplæring er avgrenset til de utdanningsprogrammene og programområdene disse skolene tilbyr». I praksis tyder dette at knutepunktskulane ikkje treng å tilby samarbeid med andre skular dersom dei ikkje sjølve har det utdanningsprogrammet som ein teiknspråkleg elev ønskjer å følgje.

Mange elevar har dessutan for lite teiknspråkkompetanse med seg frå grunnskulen. Lærarar ved fleire knutepunktskular melder om at elevane ved skulen er på eit lågare språkleg nivå enn tidlegare. Dessutan både les og skriv mange av dei dårleg norsk. Dei har med andre ord mangelfull kompetanse både i norsk teiknspråk og i norsk.

Læremiddel og digitale ressursar

Statped har eit særskilt ansvar for å utarbeide læremiddel for elevar med nedsett høyrsel og har utvikla digitale ressursar til *Teiknordboka*, der brukaren sjølv kan lage eigne teiknlister med teikn frå ordboka eller lese inn sine eigne teikn. Eit anna læringsverktøy er Teiknbanken. I 2020 vart det publisert teikn på fagområdet jus her. Meir informasjon om digitale teiknspråklege ressursar finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar».

Fagmiljøet for digitale læringsressursar på teiknspråk manglar ressursar og er lite og sårbart. Men i 2020 vart det utvikla 16 læringsressursar i samheng med korona og smittevern.

Meir informasjon om lærarutdanning i norsk teiknspråk finst i kapittelet «Språk i høgare utdanning».

«På grunn av fornorskingspolitikken, som også hadde skulen som nedslagsfelt, har mange kvenske foreldre i dag ikkje nok kompetanse i kvensk til å overføre språket til barna sine, sjølv om dei skulle ønskje det.»

Opplæring i og på kvensk, romani og romanes

Kvener/norskfinnar, romar, romanifolk/taterar, jødar og skogfinnar er anerkjende nasjonale minoritetar i Noreg gjennom Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar (Europarådet 1995). Språka kvensk, romanes og romani er anerkjende regions- eller minoritetsspråk i Noreg. Dei er verna gjennom Europarådets pakt om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta), som vart ratifisert i 1993 (Europarådet 1993). Det er stadfesta i fleire stortingsmeldingar, i norske lover og forskrifter og i internasjonale avtalar at desse språka skal vernast. I Noreg finst det to andre minoritetsspråk som ikkje har same status – og dermed ikkje same vern – som dei anerkjende regions- eller minoritetsspråka. Gjennom rammekonvensjonen har jødane og skogfinnane rett til eige språk, men brukarane av desse språka manglar dei spesifikke rettane som brukarane av dei anerkjende regions- eller minoritetsspråka har gjennom minoritetsspråkpakta.

Det manglar forskning og statistikk på ei rekkje felt knytte til dei nasjonale minoritetane og språket og språkbruken deira. Det gjer det krevjande å setje inn målretta tiltak.

Kvenene/norskfinnane og språka kvensk og finsk i utdanninga

Dei siste tiåra har dei kvenskspråklege samfunna i stor grad gått over til å bruke norsk i heimen og snakke norsk til barn. Den naturlege språkoverføringa mellom generasjonane er dermed broten. På grunn av fornorskingspolitikken, som også hadde skulen som nedslagsfelt, har mange kvenske foreldre i dag ikkje nok kompetanse i kvensk til å overføre språket til barna sine, sjølv om dei skulle ønskje det. I dag er det mest besteforeldregenerasjonen som snakkar kvensk med barnebarna sine. Mange unge og vaksne kvener ønskjer i dag å lære seg språket. Men det er liten tilgang til lokale og jamlege språkkurs.

Kvensk i barnehagen

Trass i revitaliseringstiltak gjennom dei siste tiåra er kvensk eit truga språk. Språkopplæringstiltaka i barnehagesektoren er avgrensa og svært lokale. Skal eit språk kunne overleve, er det heilt avgjerande at barn og unge snakkar det. Dersom den yngre generasjonen ikkje brukar kvensk, vil alle andre revitaliseringstiltak ha dårlegare grobotn. Derfor bør satsinga på kvensk i barnehagen setjast i system, og det bør følgje med midlar.

I 2016 starta Kvensk institutt med «språkreir» i barnehagar. Dette er ein metode som har vore bruka med gode resultat i mange land for å styrkje truga språk i tilfelle der den naturlege språkovertøringa mellom generasjonane er broten. Barnehagen er sjølv «språkreiret», der minoritetsspråket blir bruka konsekvent. I Noreg har denne metoden også vorte bruka på samiske språk.

Kvensk institutt starta med sitt kvenske språkreirprosjekt i nokre utvalde barnehagar i Porsanger kommune. Som fagleg ansvarleg gjev instituttet dei barnehagetilsette ei innføring i kvensk språk. Også foreldre får kvensk kurs om dei ønskjer det. Ungane får høyre kvensk fleire gonger i veka. I praksis har det likevel vist seg vanskeleg å bruke språket konsekvent overfor barna. Språket blir gjerne bruka i visse situasjonar, som ved matbordet, under påkledning og i samlingsstundene. Men jamvel om bruken av språket i barnehagen er avgrensa, har prosjektet gjeve positive språklege ringverknader i Porsanger kommune. Barna har byrja å snakke kvensk, og foreldra lærer seg språket saman med barna.

I Nord-Troms har det ikkje vore mogleg å setje i gang eit liknande prosjekt. Derfor blir barna i Nordreisa samla til ein «kvenskpråkleg språkdusj», der dei lærer seg kvenske ord gjennom leik og andre aktivitetar. Barnehagebarn i andre kommunar som har eit kvensk språksenter, har også i periodar hatt språkdusjprosjekt eller meir eller mindre jamlege kvenskpråklege opplegg med besøk frå språksentera.

Kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen og vidaregåande skule

I 1997 vart skulefaget finsk som andrespråk innført i den norske skulen, altså lenge før kvensk fekk status som eige språk i 2005 (Niiranen 2011). Inntil nyleg vart faget kalla «finsk som andrespråk», trass i at elevar har fått opplæring i anten kvensk eller finsk. På læreplan-nivå har desse to språka vore likestilte i lengre tid.

I Troms og Finnmark fylke har elevane rett til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen

så lenge minst tre elevar ønskjer slik opplæring. Statsforvaltaren kan gje individuell refusjon til skular som søker om støtte til opplæringa, som eit bidrag til språkstyrking.

Retten til slik opplæring gjeld frå 1. til 10. steget. Ifølgje rapporten *Kartlegging av årsaker til frafall fra finsk som andrespråk* (Nygaard og Bro 2015) har faget søkkande elevtal. Grunnar til det kan vere mangel på informasjon om tilbodet, manglande kompetanse blant lærarane eller for dårleg tilgang til læreverv. Grunnskolen informasjonssystem (GSI) har inntil 2020 ikkje skilt mellom elevar i kvensk og i finsk; alle elevane har samla vore førte opp som elevar i finsk som andrespråk. På grunn av lærarmangel er det kvart år også nokre elevar som ikkje får opplæring i kvensk eller finsk. Dette blir ikkje registrert i GSI. Dermed er det uvisst kor mange som faktisk treng kvensk- og finskundervisning, men ikkje får det.

Det finst ikkje nokon rett til opplæring i kvensk og finsk som andrespråk på vidaregåande skule i Noreg i dag. Ein slik rett er heller ikkje teken inn i forslaget til ny opplæringslov, trass i at minoritetsspråkpakta (Europarådet 1993)

- seier at styresmaktene må basere politikk, lovgjeving og praksis på ulike prinsipp som fremjar regions- og minoritetsspråk, og oppmodar styresmaktene om å sørge for «egne former og midler for undervisning og studier av regions- eller minoritetsspråk på alle passende nivåer» (artikkel 7, punkt 1f)
- oppmodar styresmaktene om å sjå til at «eksisterende eller nye administrative inndelinger ikke utgjør et hinder for å fremme det berørte regions- eller minoritetsspråk» (artikkel 7, punkt 1b)

Det er opp til kvar enkelt vidaregåande skule å tilby opplæring i kvensk eller finsk, og det er derfor tilfeldig om ein elev får opplæring i kvensk eller finsk på vidaregåande skule. I praksis ser det ut til å vere mykje enklare for elevar å få vidaregåande opplæring i finsk som andrespråk enn i kvensk som andrespråk, ikkje

«Ut frå tal på språkbrukarar er romanes eit av dei største minoritetsspråka i Europa, fordelt på ulike varietetar. I Noreg er romane ei relativt lita minoritetsgruppe. Dei fleste romske barn byrjar skulegangen med marginale norskkunnskapar, men dei har gode romaneskunnskapar.»

minst fordi det er lettare å få tak i kvalifiserte lærarar i finsk. Det er relativt få elevar som går ut av vidaregåande skule med finsk eller kvensk som andrespråk. Dermed blir det færre søkjarar til høgare utdanning for faget og følgjeleg mangel på kvalifiserte lærarar i skulen.

Staten og fylkeskommunen bør ha eigeninteresse av å skape eit føreseieleg og kontinuerleg undervisningstilbod frå grunnskule til vidaregåande skule, og frå vidaregåande skule til høgare utdanning. Sidan det allereie manglar kvalifiserte lærarar i kvensk, trengst det ei forankring av faget kvensk eller finsk som andrespråk i opplæringslova.

Når det gjeld finsk og kvensk som framandspråk, fortel Utdanningsdirektoratet at vidaregåande skular har høve til å tilby finsk, men ikkje kvensk. Det er mogleg å gå opp til privatisteksamen i finsk, men ikkje i kvensk. Finsk og kvensk som framandspråk blir altså ikkje behandla likt. Fylkeskommunen som skuleeigar bør derfor vurdere å lage ein eigen strategi for tilbod om finsk som framandspråk på vidaregåande nivå og arbeide for eit tilsvarande tilbod om kvensk. Strategien bør ta omsyn til at framandspråkstilbodet ikkje

kjem i konflikt med andrespråkstilbodet. Studiepoengordninga påskjønar i dag elevar som vel bort finsk som andrespråk til fordel for finsk som framandspråk. Sett frå eit revitaliseringsperspektiv er dette uheldig.

Elevar som vel samisk som andrespråk som fellesfag/programfag på vidaregåande skule, får utdelt eit motiveringsstipend. Denne stipendordninga blir i dag finansiert via midlar frå Sametinget. Ei tilsvarande stipendordning finst ikkje for elevar som vel kvensk eller finsk.

Romanes

Ut frå tal på språkbrukarar er romanes eit av dei største minoritetsspråka i Europa, fordelt på ulike varietetar. I Noreg er romane ei relativt lita minoritetsgruppe. Dei fleste romske barn byrjar skulegangen med marginale norskkunnskapar, men dei har gode romaneskunnskapar. Det er mykje som tyder på at romske barn ikkje får den morsmålsundervisninga eller forsterka norskundervisninga som dei har krav på etter opplæringslova §§ 2-8 og 3-12. Avgrensa kunnskapar i majoritetsspråket, her norsk, skapar sjølv sagt utfordringar og hindringar i utdanninga. For-

skinga har lenge peika på at den beste løysinga her er å tilby barna opplæring i både majoritetsspråket og minoritetsspråket (Hvistendahl 2009).

Internasjonale skyldnader overfor romane er ikkje integrerte i det norske lovverket. Forslaget til ny opplæringslov inneheld ingen endringar i paragrafar om retten til undervisning i romanes for romske barn, og romanes er framleis ikkje eit fag i norsk skule.

Ulike forskingsstudiar viser at mange romske barn har vanskar med å forstå og kommunisere på majoritetsspråket. Mange opplever også rasisme og diskriminering i skulen (Hagatun 2020, Helakorpi, Lappalainen og Mietola 2018). Forsking viser at romar opplever diskriminering også utanfor skulen (Rossvoll 2012).

Ei såkalla skulelos-teneste vart oppretta i 2011. Dette tiltaket var finansiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Føremålet var å betre utdanningssituasjonen til romske barn og redusere fråværet ved å hjelpe til i undervisninga og med kulturkompetanse i skulane med romske elevar, styrkje skule-heim-samarbeidet og gje leksehjelp. Skulelos-tenesta består av norskspråklege lærarar og romanespråklege assistentar.

Europarådet har oppmoda norske styresmakter om å ta tak i og betre utdanningssituasjonen for romske barn i samarbeid med språkbrukarane sjølve (Europarådet 2018).

Romani

Fornorsking- og assimiliseringspolitikken overfor taterane/romanifolket førte til at mange tatarar/romanifolk mista språket sitt, romani. Språket er i dag truga.

Opplæringslova gjev ikkje rett til opplæring i romani, og språket blir i dag ikkje tilbydd som fag i skulen, trass i fleire tilrådingar frå Europarådet (Europarådet 2018).

Det er gjort lite forskning på romani, men i 2017 disputerte Jakob Wiedner ved Universitetet i Oslo med

avhandlinga *(De)mystifying Norwegian Romani. The discursive construction of a minority language* (Wiedner 2017). Avhandlinga viser mellom anna at det er delte meininger i minoritetsgruppa om korleis ein skal fremje romani i offentlegheita, om språket i det heile skal innførast som fag på skulen, og om korleis det eventuelt skal innførast. Trass i dette har det vore gjennomført enkelte prosjekt i barnehage og skule.

Utdanningsdirektoratet har laga informasjonsmaterieill om dei nasjonale minoritetane i samarbeid med minoritetane sjølve (Udir 2016).

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) kan vere eit viktig verkemiddel for å informere barn og ungdom og gjere dei meir medvitne om kvensk språk og kultur, språket romanes og romsk kultur og språket romani og kulturen til taterane/romanifolket. I dagens DKS-tilbod er dei nasjonale minoritetane og språka deira lite synlege. Det tyder på at det trengst stimuleringsordningar for nye kunst- og kulturprosjekt som gjeld kvensk, romanes og romani, eller at tiltak som gjeld nasjonale minoritetar og deira språk og kultur, blir etterspurde når DKS-midlar skal lysast ut.

KJELDER

Barnehagelova = Lov om barnehager. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> (april 2021).

Blogg (2021): Livet som foreldre til Emma Sofia. <https://livetsomforeldre.blogspot.com/> (mars 2021).

Caselli, N.K., W.C. Hall og J. Henner (2020): American Sign Language Interpreters in Public Schools: An Illusion of Inclusion that Perpetuates Language Deprivation. I: *Maternal and Child Health Journal* 24:1323–1329. <https://doi.org/10.1007/s10995-020-02975-7> (mars 2021).

Europarådet (1993): Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk – ETS nr. 148. <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1992-11-05-1?q=minoritets-spr%C3%A5k> (april 2021).

Europarådet (1995): Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter. <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/europaradets-rammekonvensjon/europaradets-rammekonvensjon/id2362518/> (april 2021).

Europarådet (2018): Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk. Ekspertkomiteens sjuende rapport med hensyn til Norge. <https://www.regjeringen.no/contentassets/2c8f69f165e047809d-46708684f71b2a/ekspertkomiteens-rapport-2017-no.pdf> (april 2021).

Forelder (2019): E-post frå anonymisert forelder til Språkrådet 14.6.2019.

Forelder (2020): E-post frå anonymisert forelder til Språkrådet 18.12.2020.

Forskrift om rammeplan (2016a): Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-860> (april 2021).

Forskrift om rammeplan (2016b): Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-861> (april 2021).

Forskrift om rammeplan (2017): Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-04-24-487> (april 2021).

Forskrift til opplæringslova (2006): Forskrift til opplæringslova. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724> (april 2021).

Friskulelova = Lov om frittstående skolar. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-84> (april 2021).

Glickman, N.S og W.C. Hall (2019): *Language Deprivation and Deaf Mental Health*. New York: Routledge.

Glomset, T. (2021): *Spjelkavik barne- og ungdomsskule*. Ålesund kommune. Upublisert dokument.

Grepstad, O. (2020): *Språkfakta 2020. Tala. Forteljningane. Dokumenta*. Volda: Grepstad skrivi.

Grunnskolen informasjonssystem (GSI). Utdanningsdirektoratet. <https://gsi.udir.no/> (april 2021).

Hagatun, K. (2020): Silenced Narratives on Schooling and Future: The Educational Situation for Roma Children in Norway. I: *Nordic Journal of Comparative and International Education* 4(1):118–137. <https://doi.org/10.7577/njcie.3578> (april 2021).

Helakorpi, J., S. Lappalainen og R. Mietola (2018): Equality in the Making? Roma and Traveller Minority Policies and Basic Education in Three Nordic Countries. I: *Scandinavian Journal of Educational Research* 64(1):52–69. <https://doi.org/10.1080/00313831.2018.1485735> (april 2021).

Holten, S.M. og H.R. Lønning (2010): «Hørende er våre sjefer». *Språkplanlegging og språkendringer i norsk tegnspråk*. Masteroppgave. Universitetet i Oslo. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/26335> (april 2021).

Hvistendahl, R. (red.) (2009): *Flerspråkligheit i skolen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Høgskulen i Volda (2021a): *Norsk 2, 8.–13. (Nynorsk i opplæringa)*. Studieemne ved Høgskulen i Volda. <https://www.hivolda.no/studietilbod/nynorsk-opplæringa-8-13/haust> (april 2021).

Høgskulen i Volda (2021b): *Nynorsk i opplæringa*. Studieemne ved Høgskulen i Volda. <https://www.hivolda.no/studietilbod/nynorsk-opplæringa/haust-var> (april 2021).

Jansson, B.K. og Traavik, H. (2017): God i både nynorsk og bokmål allereie på barnesteget? I: *Norsklæreren* 1:104–118. https://nynorsksenteret.no/uploads/documents/NL1_2017_Jansson_Traavik.pdf (april 2021).

Juuhl, G.K. (2020): Nynorsk i ein femåringskvardag – om grunnlag for skriftspråkstilleing i ein mindretals-språksituasjon. I G.K. Juuhl, S.J. Helset og E. Brunstad (red.): *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. 11–35. <https://doi.org/10.23865/noasp.106> (april 2021).

Kermit, P. (2018): *Hørselshemmede barns og unges opplæringsmessige og sosiale vilkår i barnehage og skole. Kunnskapsoversikt over nyere nordisk forskning*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning. <https://samforsk.no/Sider/Publikasjoner/H%C3%B8rselshemmede-barns-og-un- ges-oppl%C3%A6ringsmessige-og-sosiale-vil- k%C3%A5r-i-barnehage-og-skole.aspx> (april 2021).

Kunnskapsdepartementet (2015): *Kompetanse for kvalitet. Strategi for videreutdanning for lærer og skoleledere frem mot 2025*. Kunnskapsdepartementet. [https://www.regjeringen.no/contentassets-97c4e1d89671441dbf81a9ef52075a7d/kd_kompetanse-for-kvalitet_web.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/97c4e1d89671441dbf81a9ef52075a7d/kd_kompetanse-for-kvalitet_web.pdf) (april 2021).

Kunnskapsdepartementet (2017): *Framtid, fornyelse og digitalisering. Digitaliseringstrategi for grunnopplæring 2017–2021*. Kunnskapsdepartementet. https://www.regjeringen.no/contentassets/dc02a-65c18a7464db394766247e5f5fc/kd_framtid_fornyelse_digitalisering_net.pdf (april 2021).

Lyngdal kommune (2021): *Fleirtal for nynorsk på Byremo*. Lyngdal kommune. <https://www.lyngdal.kommune.no/no/aktuelt/fleirtal-for-nynorsk-pa-byremo/> (april 2021).

Meld. St. 8 (2018–2019) = Kulturens kraft. *Kulturpolitikk for framtida*. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/9778c28ab1014b789bbb3de0e25e0d85/nn-no/pdfs/stm201820190008000dddpdfs.pdf> (mars 2021).

Meld. St. 28 (2015–2016) Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/> (april 2021).

Myking, S.M. (2018): *Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk*. Noregs Mållag. http://files.zetta.no/www-nm-no/_filer/rapport_digital_lare- midde_net.pdf (april 2021).

Niiranen, L. (2011): Finsk som andrespråk i norsk skole – fagets historie og dagens utfordringer. I: *NOA – Norsk som andrespråk* 27(1):59–85. <http://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/870> (april 2021).

Noregs Mållag (2019): *Høyingsvar NOU 2019: 23 – Ny opplæringslov*. Noregs Mållag. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2687171/?uid=fed64a51-0ac3-4b2a-888e-64eb64f3d8dd> (april 2021).

Noregs Mållag (2021): E-post frå Noregs Mållag v/Ingar Arnøy 9.3.2021.

Norges døveforbund (2021): E-post frå Norges døveforbund til Språkrådet 25.3.2021.

NOU 2019: 23 Ny opplæringslov. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/> (april 2021).

Nygaard, V. og J. Bro (2015): *Kartlegging av årsaker til fall fra finsk som andrespråk*. Rapport 14/2015. Norut på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forsknings-rapporter/norut_rapport14_2015_finsk.pdf (april 2021).

Nynorsk kultursentrum (2019): *Innspel til arbeidet med ny opplæringslov*. Nynorsk kultursentrum. <https://www.opplæringslovutvalget.no/files/2019/06/Nynorsk-kultur-sentrum-om-spr%C3%A5kpolitikk-m.m.-1.pdf> (april 2021).

Nynorsk kultursentrum (2021): *108 ordforarar krev nynorsk for skuleelevane sine på Google*. Nynorsk kultursentrum. <https://www.nynorsk.no/108-ordforarar-krev-nynorsk-for-skuleelevane-sine-pa-google/> (april 2021).

Nyss (2021): Ordførarar krev nynorsk retteprogram for skuleelevane sine. Nyss. <https://www.nyss.no/nyhende/2021/02/07/Ordf%C3%B8rarar-krev-nynorsk-retteprogram-for-skuleelevane-sine-23453936.ece> (april 2021).

Opplæringslova = Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (april 2021).

Ot.prp. nr. 46 (1997–98) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-46-1997-98-/id158981/> (april 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språkløva). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (april 2021).

Regjeringa (2021): Regjeringa vil undersøkje tal om ukvalifiserte lærarar. Pressemelding 25.9.2020. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringa-vil-undersokje-tal-om-ukvalifiserte-lararar/id2765999/> (april 2021).

Rossvoll, M og N. Bielenberg (2012): Antisiganisme, stereotypier og diskriminering av rom. HL-senterets temahefte nr.14. Oslo: HL-senteret. <https://www.hlsenteret.no/aktuelt/publikasjoner/rosvoll-bielenberg-antisiganisme.html> (april 2021).

Sandnes kommune (2017): E-post 25.7.2017.

Sivilombudsmannen (2017): Fylkesmannens behandling i sak om opplæring i og på tegnspråk. 15.11.2017. <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/fylkesmannens-behandling-sak-om-opplaering-og-pa-tegnsprak/> (april 2021).

Sivilombudsmannen (2018): Gjennomføring av opplæring i og på tegnspråk og retten til et godt skolemiljø. 8.3.2018. <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/gjennomforing-av-opplaering-i-og-pa-tegnsprak-og-retten-til-et-godt-skolemiljo/> (april 2021).

Skoleporten. Utdanningsdirektoratet. <https://skoleporten.udir.no/>. (april 2021).

Snoddon, K. og M. De Meulde (2020): Introduction: Ideologies in sign language vitality and revitalization. I: *Language & Communication* 74:154–163. <https://www.sciencedirect.com/science/article/abs/pii/S0271530920300604> (april 2021).

Språkløva. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet (2017): Språkstatus 2017. Språkpølitisk tilstandsrapport frå Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf> (april 2021).

Språkrådet (2018a): Språk i Norge – kultur og infrastruktur. https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge_web.pdf (april 2021).

Språkrådet (2018b): Brev frå Språkrådet til Kunnskapsdepartementet 15.1.2018.

Språkrådet (2019): Høyringsfråsegn om endringar i læreplanane i norsk. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/hoyringar/2019/svar-pa-hoyring-forslag-til-nye-lareplanar-i-norsk.pdf> (april 2021).

Språkrådet (2020a): Brev frå Språkrådet til Ålgård kommune 16.3.2020.

Språkrådet (2020b): Høyringsfråsegn om NOU 2019: 23 Ny opplæringslov. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2687171/?uid=b7d9f265-2866-4789-bff3-af2ab944390e> (april 2021).

Statistisk sentralbyrå (2020): Elevar i grunnskolen. <https://www.ssb.no/utgrs> (april 2021).

Statped (2021): E-post 26.3.2021.

St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpølitikk. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/> (april 2021).

Stortinget (2018): Skriftlig spørsmål fra Marit Knutsdatter Strand (Sp) til kunnskaps- og integreringsministeren. Dokument nr. 15:262 (2018–2019). <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=73927> (april 2021).

TiA (2020): *Lærere er ikke tolker, og tolker er ikke lærere.* <https://www.akademikerforbundet.no/nyheiter/larere-er-ikke-tolker-og-tolker-er-ikke-larere/> (mars 2021).

Udir (2016): *Nasjonale minoriteter. Informasjon til ansatte i barnehager og skoler.* <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/nasjonale-minoriteter/> (april 2021).

Udir (2017): *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen.* <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/> (april 2021).

Udir (2020a): *Læreplan i norsk (NOR01-06).* Gjeld frå 1.8.2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06?lang=nob> (april 2021).

Udir (2020b): *Tilskudd til opplæring i tegnspråk.* <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskudd-til-opplaring-i-teiknsprak/> (mai 2021).

Udir (2021a): *Fakta om barnehager 2020.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/fakta-om-barnehager-2020/> (april 2021).

Udir (2021b): E-post 14.3.2021.

Udir (2021c): *Tall om elever, skoler, spesialundervisning og særskilt norsk.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-om-elever-og-skoler/> (april 2021).

Udir (2021d): *Elevtall i videregående skole – fylker og skoler.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/elevtall-i-videregaende-skole/elevtall-fylker-og-skoler/> (april 2021).

Udir (2021e): *Statistikk videregående skole.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/> (april 2021).

Udir (2021f): *Informasjon til skoleeiere – videreutdanning for lærere.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/larere/informasjon-til-skoleeiere-videreutdanning-for-larere/> (april 2021).

Utdanningsspeilet (2020): *Oppsummering av barnehage- og skoleåret 2019–20. Grunnskole. Kompetansekrav og videreutdanning.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/utdanningsspeilet-2020/del-1/grunnskole/#kompetansekrav-og-videreutdanning> (april 2021).

Vadstein, A.M.V. og E. Bjørhusdal (2020): *Nynorske literacyhendingsar i barnehagen.* I: I G.K. Juuhl, S.J. Helset og E. Brunstad (red.): *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk. 37–62. <https://doi.org/10.23865/noasp.106> (april 2021).

Wiedner, J. (2017): *(De)mystifying Norwegian Romani. The discursive construction of a minority language.* Ph.d.-avhandling. Universitetet i Oslo.

Wold, I. (2019): *Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner.* I: *Språk og skole* 10:77–99. <https://septentrio.uit.no/index.php/malbryting/article/view/4825> (april 2021).

HØGARE UTDANNING



Universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) har eit lovpålagt ansvar

for å utvikle og halde norsk fagspråk ved like. Samstundes er sektoren prega av krav om internasjonali- sering, noko som bidreg til auka bruk av engelsk. Det lovpålagde ansvaret for norsk fagspråk er eit viktig ansvar. Eit velfungerande norsk fagspråk er ein føresetnad for å kunne nå det overordna målet i den nye språklova om at norsk skal vere eit levande bruksspråk på alle samfunnsområde.

Engelsk er dominerande som språk i publisering av forskingsresul- tat. Det er variasjon mellom faga, men det har vore ein nedgang i publisering på norsk i alle fag dei siste åra, og i nokre fag blir det ikkje publisert forskning på norsk i det heile. Då blir det ekstra viktig at norsk blir bruka i andre samanhengar, som i undervisning og pensumlitteratur. Det er ein tendens til aukande bruk av engelsk som undervisningsspråk. Norsk tapar slik terreng på dei fleste område i universitets- og høgskulesektoren.

Dei siste åra har det vore ei aukande satsing på terminologiarbeid i sektoren, mellom anna med arbeidet med å etablere Termportalen ved Universitetet i Bergen. Termportalen skal bli ein nasjonal portal for terminologi og vere ein kanal for publisering av terminologi som blir utvikla i universitetssektoren, tilgjengeleg på éin plass. Det er eit mål å byggje opp eit terminologifagleg miljø rundt Termportalen.

Stoda for terminologifaget er i dag kritisk, noko som òg gjeld andre små fag som er viktige for den norske språksituasjonen. Også fag som leksikografi og onomastikk (namnegransking) manglar under- visningstilbod.

For norsk teiknspråk og kvensk er det òg få tilbod, og det er eit problem at det blir utdanna for få med kompetanse i desse språka, særleg innanfor lærarutdanninga, men også når det gjeld tolking. For romani og romaner finst det ikkje noko tilbod innanfor høgare utdanning i det heile.

Tilhøvet mellom norsk og engelsk

I språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) blir det sektorovergripande prinsippet i språkpolitikken stadfesta og styrkt. Det vil seie at alle departement skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.

Når det gjeld språk i høgare utdanning, er det i universitets- og høgskulelova slått fast at universiteta og høgskulane har «ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk» (§ 1-7). Dette ansvaret er vidareført i framlegget til ny lov om universitet og høgskular (NOU 2020: 3). Samstundes er det lagt sterke føringar på sektoren om at institusjonane skal arbeide for auka internasjonalisering. Det vil mellom anna seie at det blir fleire utanlandske studentar og tilsette på dei norske institusjonane, noko som fører til meir bruk av engelsk. Resultatet er at institusjonane opplever ein motsetnad mellom kravet om meir internasjonalisering og styrkinga av norsk fagspråk. I språklovsproposisjonen blir det slått fast at «forskning og høgare utdanning [er] særst viktige for utviklinga av norsk som eit samfunnsberande språk» (Prop. 108 L (2019–2020):63).

I tildelingsbrev fra Kunnskapsdepartementet til universiteta og høgskulane for både 2019 (Kunnskapsdepartementet 2018) og 2020 (Kunnskapsdepartementet 2019) blir ansvaret deira for norsk fagspråk understreka. Dette er nytt og ei følgje av den styrkte sektorovergripande språkpolitikken. For begge åra heitte det i tildelingsbrev at «[u]niversitetene og høyskolene har et lovpålagt ansvar for norsk som fagspråk, og institusjonene skal utarbeide egne språkstrategier». I 2019 heitte det vidare: «Internasjonaliseringen av forskningen og den økende bruken av engelsk gjør det nødvendig å ha særlig oppmerksomhet om dette arbeidet. Departementet ber om at institusjonene følger utviklingen for norsk som fagspråk og vurderer behovet for å sette inn tiltak.» I 2020 gjorde den auka bruken av engelsk i sektoren det nødvendig å presisere «at institusjonene har en strategisk tilnærming til denne problemstillingen.

Departementet vil i løpet av 2020 ta initiativ til en gjennomgang av institusjonenes språkstrategier».

I språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) blir det i kapittel 8 om språk i forskning og høgare utdanning vist til at val som gjeld språkbruk ved universiteta og høgskulane, omfattar til dømes «val av språk for publisering, undervisning og formidling, kompetansekrav og opplæring i språk og kva system som finst for utvikling av fagspråk og terminologi» (s. 60).

Parallellspråklegheit

Parallellspråklegheit og *parallellspråkbruk* er sentrale omgrep i omtalen av språkbruk i høgare utdanning. Med *parallellspråklegheit* er det meint «samtidig bruk av flere språk innenfor ett eller flere områder. Det ene språket slår ikke ut det andre, men språkene brukes parallelt» (Nordisk ministerråd 2007). Ein litt annan definisjon finn ein i den språkpolitiske plattformen frå Universitets- og høgskulerådet (UHR 2007). Der heiter det at «(i)nstitusjonene bør utarbeide språkstrategier som sikrer parallellspråklighet, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk».

Sjølv om parallellspråklegheit altså er eit sentralt omgrep i denne samanhengen, viser ei undersøking frå 2020 blant tilsette i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) (Respons Analyse og Språkrådet 2020) at berre vel éin av fire kjende til omgrepet. Dette er likevel ein liten framgang frå 2013, då berre vel éin av fem kjende til det.

Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren

Nordisk ministerråd sette i 2014 ned ei nordisk gruppe som skulle kome med tilrådingar til ein parallellspråkleg mønsterpraksis på dei nordiske universiteta. Rapporten deira låg føre i 2017 (Nordisk gruppe for parallellspråklighet 2017). Parallelt med arbeidet i denne gruppa sette Språkrådet våren 2015 i gang eit prosjekt for å skape større medvit om korleis ein kan bruke engelsk og norsk, skriftleg og munnleg, ved sida

av kvarandre utan at det eine språket trengjer bort det andre, altså parallellspråkbruk. Målet med prosjektet var å utarbeide ei praktisk oppskrift, ein mønsterpraksis, for kva ein skal gjere når spørsmålet om å velje norsk eller engelsk oppstår i universitets- og høgskulesektoren (Kristiansen 2020). Resultatet kom i form av *Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren våren 2018* (Språkrådet 2018), og denne vegvisaren vart presentert for eit fleirtal av dei statlege UH-institusjonane på frukostmøte kringom i landet våren 2018 og våren 2019.

I ei undersøking blant tilsette ved dei statlege UH-institusjonane som Respons Analyse gjennomførte for Språkrådet hausten 2020 (Respons Analyse og Språkrådet 2020), viste det seg at om lag halvparten av dei spurde visste at det fanst språkstrategiar for deira institusjon. Då det same spørsmålet vart stilt i 2013, var det berre ein firedel som visste dette. Dette kan tyde på at det er skapa eit større medvit om bruken av engelsk og norsk i universitets- og høgskulesektoren, og medvit om at dette er eit område der institusjonane har politikkdokument som skal styre språkpraksisen.

Språkstrategiar eller språkpolitiske retningslinjer

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) fekk i 2020 i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å gå gjennom språkstrategiane ved universitet og høgskular. Rapporten vart lagd fram våren 2021 (Diku 2021a), og han viser at om lag 95 prosent av universiteta og høgskulane ved årsskiftet 2020/2021 har eller arbeider med språkstrategiar. Dette gjeld både dei statlege og dei private institusjonane sedde under eitt. Ser ein på dei statlege institusjonane for seg, viser det seg at alle no har eigne språkstrategiar. Då Språkrådet undersøkte dei same institusjonane i 2018, var det 6 av 20 som mangla språkstrategiar (Kristiansen 2018). Ingen av dei private høgskulane hadde språkstrategiar då Diku spurde om dette tidleg i kartleggingsarbeidet. Ei oversikt i rapporten (Diku 2021a:12) viser at ein heil del av institusjonane anten har utarbeidd strategiar i 2020 eller er i ferd med å utarbeide dei. Dette viser tydeleg at ei

etterlysing frå Kunnskapsdepartementet, denne gongen gjennom sitt eige underliggjande organ, har effekt.

Dei aller fleste språkstrategiane i sektoren har teke utgangspunkt i den språkpolitiske plattformen til Universitets- og høgskolerådet (UHR 2007) og inneheld punkt om språk i undervisning, forskning, formidling og samfunnskontakt, og gjerne også om administrativt språk. I rapporten (Diku 2021a) ser Diku nærare på korleis universiteta og høgskulane arbeider for å halde ved like og vidareutvikle norsk som fagspråk. Diku har vurdert ulike sider ved språkstrategiane etter kategoriane nedanfor. Tala i parentes viser til kapittel i rapporten:

- Ansvarsplassering i institusjonane (3.2)
- Parallellspråk (3.3)
- Publiseringsspråk for forskning (3.4)
- Språk i lærebøker utgjevne i Noreg (3.5)
- Populærvitskapleg formidling og artiklar i oppslagsverk i Noreg (3.6)
- Termarbeid og anna fagspråksarbeid (3.7)
- Språkopplæring for fagtilsette med internasjonal bakgrunn (3.8)
- Undervisningsspråk (3.9)
- Studielitteratur (pensumlitteratur) (3.10)

Som ein del av kartlegginga av ansvarsplasseringa i institusjonane såg Diku også på om fagspråk er nemnt i dei overordna strategiane til institusjonane, og dei undersøkte dessutan kvar på nettsidene språkstrategiane eventuelt var plasserte. Det kan nemleg vere ein indikator på «kor strategisk viktig fagspråkansvaret er for institusjonane» (Diku 2021a:11). Det er berre fire av dei statlege institusjonane som nemner fagspråk i dei overordna strategiane. Og som Diku skriv, «er det forbausande at ikkje institusjonane sine strategiar reflekterer» det at Kunnskapsdepartementet har vektlagt ansvaret for fagspråk i framlegga til både språkløv og ny universitets- og høgskulelov og i andre dokument som er nemnde ovanfor (s. 11).

Språk i forskningspublisering

Det er vanleg å skilje mellom forskningspublisering og forskningsformidling. Når det gjeld forskningspublisering, har styresmaktene fastsett visse vilkår som må vere oppfylte for at eit fagleg bidrag skal kunne reknast som *vitskapleg* (UHR 2004:25). Bidraget må mellom anna vere tilgjengeleg for dei fleste forskarar som kan ha interesse av det, og det må publiseras i ein kanal med rutinar for fagfellevurdering. Det er elles brei semje om at forskarane sjølve må velje fritt kva språk dei vil publisere på. Det er klart at dei to nemnde krava får følgjer for språkvalet deira, sidan fagmiljøa nesten alltid er internasjonale og engelsk er det språket som når ut til flest på nesten alle forskingsfelt.

Til å måle forskningspublisering brukar styresmaktene ein publiseringsindikator, som er eit system av konkrete publiseringskanalar (forlag og tidsskrift og bokseriar) som er rangerte på to nivå. Bidrag i kanalar på det øvste nivået (nivå 2) gjev mykje høgare uttelling både økonomisk og prestisjemessig enn bidrag på det nedste nivået (nivå 1). Denne indikatoren blir ofte omtala som «teljekantsystemet».

Det er dei store internasjonale publiseringskanalane som dominerer på nivå 2, og derfor dominerer også publisering på engelsk her. I 2020 var det heile 2121 tidsskrift som var rangerte på nivå 2. Av desse var det fem som godtok norsk som publiseringsspråk:

- Tre innanfor rettsvitenskap: Retfærd. Nordisk Juridisk Tidsskrift, Tidsskrift for Rettsvitenskap og NIR: Nordiskt immateriellt rättsskydd
- To innanfor humaniora: Edda. Nordisk tidsskrift for litteraturforskning og Maal og Minne (Diku 2021a)

Når det gjeld Edda, inneheld dette tidsskriftet bidrag frå heile Skandinavia, samstundes som dei også har opna for artiklar på engelsk. Det er likevel dei skandinaviskspråklege artiklane som dominerer, noko som viser at nordiske litteraturforskarar «foretrekker tilsynelatende å uttrykke seg på morsmålet så lenge det finnes relevante kanalar av høy kvalitet» (Warberg, Bruno og Fodstad 2021).

Indikatorrapporten som kjem frå Noregs forskingsråd ein gong i året, inneheld mange opplysningar om mellom anna forskningspublisering. I ein eigen fokusartikkel i 2020-utgåva blir det presentert tal for forskningspublisering på norsk og engelsk for dei seinaste åra (Sivertsen 2020). Tala viser at prosentdelen av norskspråklege publikasjonar som er registrerte i det nasjonale forskningsinformasjonssystemet Cristin, er redusert frå 15 i 2011 til 9 i 2019, men det er store skilnader mellom fagområda:

- I naturvitenskap og teknologi er det nesten ikkje vitskaplege publikasjonar på norsk, og dette har vore tendensen i mange år.
- I medisin og helsefag er 5 prosent av publikasjonane på norsk, i all hovudsak tidsskriftartiklar.
- I humaniora er prosentdelen vitskaplege publikasjonar på norsk redusert frå 42 til 27 i perioden 2011–2019.
- I samfunnsvitenskap er prosentdelen vitskaplege publikasjonar på norsk redusert frå 33 til 24 i perioden 2011–2019.

Dette viser at tendensen går mot meir og meir engelsk også i dei delane av academia som tradisjonelt har hatt mykje publisering på norsk.

Universitets- og høgskulerådet (UHR) står saman med fleire andre organisasjonar bak det såkalla Helsingfors-initiativet (UHR 2019) om fleirspråklegheit i formidlinga av forskning. Her heiter det mellom anna at dei aktuelle institusjonane skal sørge for å spreie forskingsresultat på ein slik måte at samfunnet kan dra full nytte av dei, at dei skal verne om nasjonale infrastruktur for publisering av relevant forskning, og at dei skal sørge for å fremje språkleg mangfald i forskingsvurderingar, evalueringar og finansieringssystem. Diverre er det slik at ingen av UHRs medlemmer så langt har skrive under på Helsingfors-initiativet, og det er lite kjent i sektoren (Diku 2021a:13).

Språk i doktoravhandlingar

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) gjev kvart år ut ei oversikt over

doktoravhandlingar ved norske lærestader. I 2020 inneheldt denne oversikta også ei kartlegging av kva språk avhandlingane var skrivne på (Sarpebakken og Steine 2020). Den språklege kartlegginga dekkjer perioden 2010–2019 og treårsperiodane 2002–2004 og 1991–1993 og tek utgangspunkt i originaltittelen på doktoravhandlingane. Av dei avhandlingane som er kategoriserte som norskspråklege, er om lag 20 prosent artikkelbaserte, der den såkalla kappa er skriven på norsk, medan artiklane kan vere på eit anna språk, hovudsakleg engelsk.

I oversikta frå NIFU kjem det fram at stadig fleire doktoravhandlingar ved norske universitet og høgskular blir skrivne på engelsk, og at andelen på norsk har gått ned frå omkring 15 prosent tidleg i 1990- og 2000-åra til 8 prosent i perioden 2015–2019. I heile denne perioden har andelen for norsk lege på mellom 6 og 10 prosent, med ein svakt avtakande tendens, som enda på 6,4 prosent i 2019 (Noregs forskingsråd 2020:157). Svært få av avhandlingane er skrivne på eit anna språk enn norsk eller engelsk, og svært få av dei norskspråklege avhandlingane er skrivne på nynorsk (Sarpebakken og Steine 2020).

Det er i perioden 2015–2019 stor skilnad mellom dei ulike fagfelte når det gjeld norskspråklege avhandlingar. Det er klart flest norskspråklege avhandlingar innanfor humaniora (31 prosent), og dernest innan samfunnsvitenskap (20 prosent). Innanfor medisin og helsefag var det berre 2 prosent av avhandlingane som vart skrivne på norsk. Innanfor matematikk og naturvitenskap, landbruks- og fiskerifag og veterinærmedisin og teknologi har det ikkje vorte utgjeve avhandlingar på norsk sidan 2015 (Sarpebakken og Steine 2020).

Mykje av utviklinga mot stadig fleire doktoravhandlingar på engelsk skjer som følgje av auka internasjonalisering i doktorutdanninga. Likevel viser kartlegginga frå NIFU at andelen norskspråklege avhandlingar har gått ned også blant norske statsborgarar som tek doktorgraden. I byrjinga av 1990-åra var 17 prosent av desse avhandlingane på norsk, medan

12 prosent var på norsk i perioden 2015–2019. I 2019 var talet heilt nede i 10 prosent (Noregs forskingsråd 2020:157).

Språk i masteroppgåver

Det finst ikkje gode tal for korleis masteroppgåver fordeler seg på engelsk og norsk, eller også andre språk for den del. Grunnen til dette er at det ikkje er krav om å registrere slike oppgåver nokon stad. I rapporten *Å snakke fag på et språk andre forstår* freista Schwach og Elken (2018) å få ei oversikt over språk i mastergradar i utvalde år i perioden 1986–2016, og dei fann ut at norskandelen minka særleg frå 2001, noko som går fram av tabellen under.

SPRÅK	1996	2001	2006	2011	2016
NORSK	75	68	64	59	56
Av dette bokmål	70	64	61	57	54
Av dette nynorsk	4	4	3	2	2
ENGELSK	20	28	33	39	43
Andre språk	6	4	2	2	1
I ALT	100	100	100	100	100

Diku har i rapporten sin (Diku 2021a:14) også freista å få oversikt over korleis masteroppgåvene er fordelte på norsk og engelsk, og har bruka ein litt annan framgangsmåte enn over. Tala kan derfor ikkje samanliknast direkte. Dei skriv likevel at tendensen er tydeleg mot endå meir engelsk, med 52 prosent på norsk i 2019.

Framandspråklege emne 2015–2020, talet på emne og endring det siste året
 (tabell V2.60 frå vedleggsrapporten til Tilstandsrapport for høgere utdanning 2021)

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2019–2020	
							Tal	Prosent
Statlege institusjonar	5043	5448	5885	6349	6758	6808	50	1
Private institusjonar	337	350	446	531	510	621	111	22
Sum	5380	5798	6331	6880	7268	7429	161	2

Merknad: Talet på emne der undervisningsspråket ikkje er norsk. Berre emne der det finst eksamensresultat det aktuelle året. Emne innanfor språkutdanning (NUS-faggruppe 11) og emne med ukjent undervisningsspråk er ikkje med. Emne på nivåa forskarutdanning (FU) og VGS-nivå (VS) er med.

Kjelde: Diku (2021b)

Vitskaplege tidsskrift og open tilgang

Indikatorrapporten 2020 (Noregs forskingsråd 2020) inneheld informasjon om publisering med open tilgang. Her står det at Forskingsrådet vil «stille krav om full og umiddelbar åpen publisering for utlysinger fra og med 2021». Dei opplysningane som er gjevne i rapporten, inneheld ingenting om kva språk publikasjonane ligg føre på. I rapporten om språkstrategiar i høgare utdanning skriv Diku (2021a:14) om ei konsortieordning «for å sikre open tilgang til gode fagtidsskrift på norsk i humaniora og samfunnsvitskap». Det er ønskjeleg at det blir skriva artiklar på norsk i desse tidsskrifta, som også tek inn artiklar på svensk og dansk, og at det etter kvart også vil kome opplysningar om i kva grad norskspråklege artiklar er å finne her. Det same gjeld norskspråklege artiklar også i andre kanalar med open tilgang.

Språk i undervisning

Tidleg på 2000-talet dominerte nasjonalspråka i undervisninga på universitet og høgskular i Noreg, men det var alt den gongen ein ambisjon ved mange lærestader å tilby fleire engelskspråklege studieprogram. Dette målet er no nedfelt i strategiplanar og andre styringsdokument ved universiteta og høgskulane

og ser i praksis ut til å vere viktigare enn dei overordna språkpolitiske retningslinjene frå Universitets- og høgskulerådet, der det mellom anna heiter at «[u]ndervisningsspråket ved universitetene og høyskolene skal normalt være norsk» (UHR 2007). Mykje tyder på at tilboda om undervisning på engelsk aukar i ganske høgt tempo, også på bachelornivået (Diku 2021a:23).

Ein god måte å følgje opp prinsippet om parallellspråklegheit på er å gje begynnarundervisninga til studentane på norsk og så føre inn engelsk etter kvart når den norske terminologien er etablert. Dette mønsteret er truleg vanleg innanfor mange fag og fagområde og er teke inn i mange av dei språkpolitiske retningslinjene ved dei statlege universiteta og høgskulane. Språkrådet veit likevel ikkje om det blir gjennomført i praksis.

Kunnskapsdepartementet har sidan 2008 gjeve ut ein rapport om tilstanden i høgare utdanning, og frå 2019 har Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) fått i oppdrag å utarbeide rapporten for Kunnskapsdepartementet. I *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2021* (Diku

Framandspråklege emne 2011–2020, i prosent av det samla talet på emne
 (tabell V2.61 frå vedleggsrapporten til Tilstandsrapport for høgere utdanning 2021)

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Statlege institusjonar	15,6	16,2	16,5	17,5	19,2	20,8	22,5	24,4	25,8	26,3
Private institusjonar	12,3	12,2	11,2	8,2	10,2	10,2	12,9	14,3	14,6	17,0
Sum	15,3	15,8	15,9	16,5	18,2	19,6	21,4	23,1	24,5	25,1

Merknad: Emne med undervisningsspråk ulikt norsk, som andel av det samla talet på emne. Berre emne der det finst eksamensresultat for det aktuelle året. Emne innanfor språkutdanning (NUS-faggruppe 11) og emne med ukjent undervisningsspråk er ikkje med. Framandspråklege emne på nivåa forskarutdanning (FU) og VGS-nivå (VS) er med.

Kjelde: Diku (2021b)

2021b:41) blir det slått fast at «andelen emner med planlagt undervisningsspråk norsk [går] ned i alle fagområder. [...] Likevel er det gjennomsnittlige antallet studenter høgere på emner med norsk som planlagt undervisningsspråk, enn engelsk».

Vedleggsrapporten til denne tilstandsrapporten (Diku 2021b) inneheld oversikt over emne med eit anna undervisningsspråk enn norsk (det vil seie med engelsk) ved universiteta og høgskulane dei ti siste åra, fordelte på kvar enkelt institusjon, både private og statlege. Oversikta viser ein jamn auke i talet på emne med eit anna undervisningsspråk enn norsk. Språkemna er haldne utanfor, og derfor vil det i praksis seie at undervisningsspråket i desse emna er engelsk, vidare i teksten omtala som både engelsk og framandspråk. Tabellen på førre side viser at endringa i talet på emne det siste året, frå 2019 til 2020, har vore på 2 prosent for heile sektoren. For dei statlege institusjonane er endringa svært lita samanlikna med åra før. Årsaka kan vere den særeigne situasjonen i 2020 med restriksjonar knytte til covid-19. Samstundes har det vore ei mykje større endring for dei private institusjonane samanlikna med åra før. Her vil det vere interessant å sjå korleis utviklinga blir dei komande åra.

Tabellen seier noko om talet på emne på dei statlege universiteta og høgskulane og på dei private høgskulane, men han seier ikkje noko om kor stor del av det samla talet på emne som det blir undervist i på framandspråk. Dei emna som har kome til frå år til år, kan vere heilt nye emne, eller dei kan vere emne som går parallelt på engelsk og norsk. Det vil derfor vere meir interessant å sjå på prosentdelen av emne med eit anna undervisningsspråk enn norsk. Det viser tabellen over, der det er teke med tal for tiårsperioden 2011–2020.

For heile sektoren har det vore ein jamn auke frå 15,3 prosent av det samla talet på emne i 2011 til 25,1 prosent i 2020, som er ein auke på om lag 10 prosentpoeng på ti år. Nokre år tidlegare, i 2007, var prosentdelen 8,9 for heile sektoren, med eit relativt stort hopp på om lag 3 prosentpoeng frå 2007 til 2008. Tabellen seier ikkje noko om kor stor del av studentmassen som tok desse emna, eller korleis emna er fordelte på studienivåa master og bachelor.

I tilstandsrapporten er prosentdelen broten ned på dei enkelte institusjonane, og då kjem det fram at det er arkitektthøgskulane som har mest undervisning på

Planlagt undervisningspråk norsk/framandspråk					
Fagområde og undervisningspråk	2011	2013	2015	2017	2019
Helse-, sosial- og idrettsfag					
Framandspråkleg	3,8	3,5	4,3	4,8	5,8
Norsk	96,2	96,5	95,7	95,2	94,2
Humanistiske og estetiske fag					
Framandspråkleg	6,2	6,4	7,9	9,9	9,9
Norsk	86,6	85,8	83,7	80,9	80,4
Lærerutdanningar og pedagogikk					
Framandspråkleg	1,9	2,1	2,4	3,7	5,0
Norsk	98,1	97,9	97,6	96,3	95,0
Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag					
Framandspråkleg	18,9	20,6	25,4	30,8	34,2
Norsk	81,1	79,4	74,6	69,2	65,8
Samfunnsfag og juridiske fag					
Framandspråkleg	13,3	14,2	15,8	17,0	18,8
Norsk	86,6	85,8	84,2	83,0	81,2
Økonomiske og administrative fag					
Framandspråkleg	10,2	11,8	13,6	16,0	19,4
Norsk	89,8	88,2	86,4	84,0	80,6

Kjelde: Diku (2021a:21)

framandspråk. Bergen Arkitektthøgskole (BAS) er aller øvst med heile 62,5 prosent av emna på framandspråk, følgd av Arkitektur- og designhøgskulen i Oslo (AHO) med 55,4 prosent. Men dei har begge hatt ein prosentvis nedgang frå 2019 til 2020, og også her kan årsaka vere covid-19. Korleis det ligg an på den tredje arkitektutdanninga i Noreg, ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), går ikkje fram her, fordi desse tala ligg inne i dei samla tala for NTNU.

Handelshøgskulane er dei neste på lista. På Noregs handelshøgskule (NHH) var meir enn halvparten av emna (53,8 prosent) på framandspråk i 2020, medan Handelshøgskolen BI ikkje låg så veldig langt etter med halvparten av emna (49,4 prosent) – begge med ein nokolunde jamn auke dei siste åra. Fleire av universiteta ligg ikkje så langt etter BI. Universitetet i Stavanger, Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) og NTNU ligg nærast med om lag 40 prosent

av emna på framandspråk, medan andelen er på om lag ein tredel av emna på Universitetet i Bergen (UiB) og Universitetet i Oslo (UiO). Høgskulen i Molde ligg også i gruppa med ein tredel av emna på framandspråk. Elles ligg dei andre statlege høgskulane som framleis er att, lengst nede på lista. Noregs idretts-høgskule (NIH) og Kunsthøgskulen i Oslo (KHiO) har begge oppgjeve at dei ikkje har nokon emne på framandspråk.

I dei språkpolitiske retningslinjene ved mange av dei statlege universiteta og høgskulane heiter det at det i hovudsak skal undervisast på norsk i bacheloremna, medan det skal vere ein overgang til meir engelsk på masternivå. Rapporten om språkstrategiar i UH-sektoren som Diku har utarbeidd for Kunnskapsdepartementet (Diku 2021a:22), inneheld oversikt over prosentdelen av studentar som er melde opp i emne med planlagt undervisningsspråk norsk eller framandspråk, det vil seie engelsk, fordelte på høgare (master) og lågare (bachelor) nivå. Denne oversikta viser at på høgare nivå har prosentdelen av framandspråklege emne auka frå 38 prosent i 2011 til 43,5 prosent i 2019, medan prosentdelen på lågare nivå har auka frå 4,8 prosent til 11,6 prosent i den same perioden. Dette fortel oss også at hovudtyngda av framandspråklege emne er å finne i masterutdanninga.

Den same rapporten (Diku 2021a:21) inneheld også ei oversikt over prosentdelen av studentar som er melde opp i emne med planlagt undervisningsspråk norsk eller framandspråk, fordelte på fagområde for nokre utvalde år. Sjå tabellen på førre side.

Tabellen viser at det har vore ein jamn auke i talet på framandspråklege emne innanfor alle fagområda. Auken har vore svak innanfor dei fleste av fagområda, medan han har vore ganske markant innanfor fagområda «naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag» og «økonomiske og administrative fag», på høvesvis om lag 15 prosentpoeng og 10 prosentpoeng. Det er også desse fagområda, saman med fagområdet «samfunnsfag og juridiske fag», som har den største prosentdelen av framandspråklege emne.

Språk i pensum

Det har ikkje vore gjort undersøkingar av språk i pensum i høgare utdanning sidan 2013. Då fekk Kopinor og Universitets- og høgskulerådet gjennomført ei undersøking av kva dokumenttypar som var å finne på pensum i ein avgrensa del av alle studietilboda i Noreg, og også kva språk desse dokumenta var på i utvalde fag¹ og emne (Schwach og Mæsel 2013). Undersøkinga viste at 70 prosent av pensum var på norsk, mot 30 prosent på engelsk, og det var nesten ikkje pensum på andre skandinaviske språk. På bachelornivå var 75 prosent på norsk og 25 prosent på engelsk, medan pensum på masternivå var om lag likt fordelt på norsk og engelsk. Denne undersøkinga viste også at det var meir pensum på engelsk i fag som biologi, informatikk og økonomi enn i historie, rettsvitenskap og sjukepleie.

Dei siste åra har institusjonane i høgare utdanning teke i bruk Leganto, eit pensumlistesystem levert av Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit) «som sørger for mer helhetlige pensumlister, enklere opprettelse og vedlikehold av pensumlister og enklere tilgang til dokumentene som inngår i pensumlisten» (Unit 2020). Leganto er organisert i eit samarbeidskonsortium der 22 institusjonar er med, og det er meint å vere eit verktøy for studentar, førelesarar og bibliotekarar.

Diku drøftar i språkstrategirapporten (Diku 2021a:24) i kva grad Leganto-systemet slik det ligg føre no, kan brukast til å få ei oversikt over pensumlitteraturen fordelt på språk. Dei konkluderer med at det er «vanskeleg å få eit fullgodt bilete på nasjonalt nivå». Dei skriv også at Unit, som forvaltar Leganto, arbeider med å tilpasse programmet slik at det skal bli mogleg å få ut «samla data for dei institusjonane i UH-sektoren som nyttar Leganto». Resultatet er dermed at det ikkje finst nyare data om språk i pensum for høgare

¹ Faga var biologi, fysikk, historie, informatikk, rettsvitenskap, sjukepleie og økonomi.

utdanning enn dei dataa som låg føre i 2013, og som er nemnde over.

Den siste store landsdekkjande undersøkinga av pensum (på lågare grad) vart gjennomført for om lag 20 år sidan (Hatlevik og Nordgård 2001). Det har skjedd mykje i universitets- og høgskulesektoren sidan den tid, med ny gradsstruktur og store samanslåingar. Mange av dei tidlegare høgskulane har no anten vorte universitet eller vorte ein del av eit universitet. Tidlegare undersøkingar har vist at det var mykje meir norsk pensum i profesjonsutdanningane ved høgskulane enn i dei tradisjonelle universitetsfaga. Det ville derfor vore svært interessant med ei ny pensumundersøking for å sjå om dei store endringane har gjeve utslag på språk i pensum.

Språkopplæring – parallellspråk i praksis

Rapporten om språkstrategiar ved universitet og høgskular ser også nærare på språkopplæringa for fagtilsette med internasjonal bakgrunn. Han viser til ei tilråding frå Nordisk ministerråd (Nordisk gruppe for parallellspråklighet 2017) som seier at «fagleg tilsette med ikkje-skandinavisk språkbakgrunn må få opplæring i det lokale språket, både som undervisningsspråk og «sosialt» språk» (Diku 2021a:18). Diku har gått gjennom språkstrategiane og sett på i kva grad språkopplæring er nemnd, og om det er sett konkrete språkkrav og mål for kva tid den tilsette skal ha oppfylt desse språkkrava. Gjennomgangen viser stor variasjon når det gjeld desse punkta. Men som Diku skriv, seier ikkje språkstrategiane noko om «kva som eventuelt skjer med tilsetjingsforholdet til fagleg tilsette som ikkje oppfyller språkkravet innan den fastsette tida» (s. 19).

NINJA (Norsk i akademia) er eit prosjekt ved Universitetet i Bergen som er i ferd med å undersøkje kva plass og vilkår det norske språket har mellom internasjonalt tilsette ved norske universitet og høgskular. Funna deira så langt (Gujord ofl. 2020) viser at internasjonalt tilsette opplever lite merksemd om språkopplæring på institusjonane, og også lite tilrettelegging for dette, sjølv om desse tilsette sjølve uttrykkjer eit ønske om å lære norsk.

Som det står i språkløvsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)), opplever ein stor del av dei utanlandske tilsette «at forholda ikkje blir lagde til rette for at dei skal lære seg norsk dei to første åra etter tilsetjing. Om desse tilsette ikkje får god tilgang til språkopplæring og klare insentiv til å lære seg norsk, kan ein sjå føre seg at meir undervisning på engelsk blir resultatet» (63f.). Samstundes blir det understreka at det ikkje ligg føre nok kunnskap til å vite sikkert kva mekanismar som styrer utviklinga.

Fagspråk og terminologi

Språket i høgare utdanning spelar ei nøkkelrolle i utviklinga av norsk fagspråk (sjå til dømes Kristiansen 2020), og eit velfungerande norsk fagspråk er ein føresetnad for å kunne nå det overordna målet i den nye språklova om at norsk skal vere eit levande brukspråk på alle samfunnsområde. Dette målet blir ofte formulert som at norsk skal vere eit *samfunnsberande språk* (jf. språklova § 1 Føremål).

Samstundes er det norske fagspråket ved universitet og høgskular utsett for sterkt press frå engelsk. Blir fagspråket forvalta på ein god måte i denne sektoren, er det eit langt steg mot å sikre at norsk skal kunne brukast på alle samfunnsområde i framtida òg; blir det ikkje forvalta på ein god måte, vil dette vere vanskeleg å få til.

Den viktige rolla som universiteta og høgskulane har i utviklinga av det norske fagspråket, er bakgrunnen for at universiteta og høgskulane har fått eit særleg ansvar for det norske fagspråket, nedfelt i § 1-7 i universitets- og høgskulelova: «Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.»

Terminologiarbeid i sektoren

Terminologi er det ordforrådet som er spesifikt for eit fag (og studiet av dette ordforrådet og omgrepa som ligg bak). Dei einskilde orda og uttrykka i dette ordforrådet blir kalla termar.

Innanfor dei fleste fag i UH-sektoren blir brorparten av dei vitenskaplege publikasjonane skrivne på engelsk. Dersom det skal finnast eit oppdatert norsk fagspråk, må norske termar bli utvikla og gjorde tilgjengelege parallelt med dei engelske. Slikt terminologiarbeid må gjerast av norske fagmiljø. Dersom fagmiljøa lèt denne oppgåva liggje, vil dei engelske termane feste seg og utgjere den gjengse terminologien. Det er det som blir kalla domenetap.

Det var i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* det først vart understreka at universiteta og høgskulane har eit særleg ansvar for utvikling av norsk terminologi:

Eit viktig moment vil elles vera å streka under det ansvaret universitet og høgskular har for at det blir utvikla nye termar på norsk i takt med import av ny, ofte engelskspråkleg terminologi som skjer som ledd i den kontinuerlege kunnskapsutviklinga på dei internasjonale vitenskapsarenaene. I tillegg til dette bør ein også streka under at det innanfor alle fag skal utarbeidast parallelle termlister på norsk og engelsk med særleg tanke på studentane i faget. (St.meld. nr. 35 (2007–2008):123)

I den same meldinga vart det slått fast at arbeidet med å utvikle norsk terminologi låg på etterskot (s. 104). Sidan då har engelsk styrkt posisjonen sin i høgare utdanning ytterlegare, ikkje minst som ei følgje av at institusjonane har krav på seg frå politisk hald om å internasjonalisere utdanningstilbodet sitt. Behovet for systematisk terminologiarbeid er derfor minst like stort i dag som for 15 år sidan.

Det har ikkje vore gjennomført noka heilskapleg kartlegging av terminologiarbeidet i UH-sektoren i seinare år, men Språkrådet veit nok til å kunne slå fast at det i mange fag er behov for meir systematisk arbeid med å utvikle og tilgjengeleggjere terminologi. Nærast kvar veke får Språkrådet spørsmål frå studentar, fagfolk og andre som etterlyser norske termar på ulike fagfelt, og Språkrådet har fått tilbakemeldingar frå folk i sek-

toren som viser at eit systematisk terminologiarbeid er lågt prioritert. Språkrådet ser òg at det er mange fag som ikkje har terminologi publisert i allment tilgjengelege kanalar. Det kan vere at det blir laga nokre termlister lokalt innanfor somme av desse faga, men for at faget skal ha ein velfungerande terminologi, må termane vere kjende for alle som brukar fagspråket (slik at termbruken kan bli konsekvent på tvers av brukargrupper og fagmiljø). Dette er grunnen til initiativet for å etablere ein nasjonal portal for terminologi – Termportalen – ved Universitetet i Bergen.


I nokre fag blir det likevel arbeid systematisk med terminologi. Innanfor kjemi, celle- og molekylærbiologi, astrofysikk, klima og lingvistikk finst det til dømes faggrupper som utviklar norske termar og gjer dei tilgjengelege for allmenta. Desse såkalla termgruppene arbeider under rettleiing frå Språkrådet, og dei publiserer termane i Språkrådets termwiki. Gruppene arbeider etter etablert terminologisk metode, men sjølve den praktiske arbeidsprosessen (med samarbeidsformer, gruppestorleik osv.) byggjer på eit mønsterpraksisprosjekt som vart gjennomført av Språkrådet i 2014 (Språkrådet 2017). Eit tilsvarande prosjekt er under planlegging for faget romfysikk.

I tillegg finst det termprosjekt som blir drivne utan fast medverknad frå Språkrådet. Eit slikt er Matematisk ordliste, som blir utvikla av Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU), Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder. Dessutan finst det ved fleire universitetsbibliotek miljø som forvaltar emneordsbasar til bruk i søk etter faglitteratur. Tre slike emneordsbasar er Humord, Tekord og Realfagstermer.

Meir informasjon om ulike termbasar og termlister finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar».

Det finst særleg to hinder for at fleire fagmiljø skal drive systematisk terminologiarbeid. Det eine er at tilsette har få insentiv til å drive slikt arbeid. Det finst inga nasjonal meritteringsordning for terminologi, og det er ikkje mogleg for tilsette å få avsett ein viss del av stillinga til terminologiarbeid på lik linje med under-

«Termportalen skal bli ein nasjonal portal for terminologi – det vil seie ein nettstad der fagfolk i og utanfor UH-sektoren skal kunne gjere terminologien sin allment tilgjengeleg, og der brukarar skal kunne få tilgang til alle sentrale termbasar i eit felles søkjefelt.»



visning og forskning. Ei nasjonal insentivordning for terminologi har vorte føreslått av Kristiansen (2020), og det er dessutan ei av tilrådingane i rapporten om språkstrategiar i UH-sektoren som Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) har utarbeidd for Kunnskapsdepartementet (Diku 2021a).

Det andre hinderet for meir systematisk terminologi-arbeid i sektoren er mangel på terminologisk kompetanse. Ei handfull termgrupper arbeider under rettleiing frå Språkrådet, men skal mange fleire grupper arbeide på same måten, vil ikkje Språkrådet ha kapasitet til å stå for rettleiinga aleine. Derfor må det finnast eit undervisningstilbod i terminologi. Noreg har vore heilt utan eit slikt tilbod sidan 2016, og sjølv om det frå hausten 2021 blir oppretta to kurs for høvesvis studentar og tilsette ved Universitetet i Agder, trengst det eit meir omfattande utdanningstilbod.

Termportalen

Trass i dei nemnde utfordringane er stoda for norsk terminologi i UH-sektoren meir lovande enn på lenge. Det kjem av at det frå 2021 blir løyvd 4 millionar kroner

årleg til utvikling av Termportalen ved Universitetet i Bergen. Termportalen skal bli ein nasjonal portal for terminologi – det vil seie ein nettstad der fagfolk i og utanfor UH-sektoren skal kunne gjere terminologien sin allment tilgjengeleg, og der brukarar skal kunne få tilgang til alle sentrale termbasar i eit felles søkjefelt. Termportalen kan bli eit verktøy som gjer det mogleg for universiteta og høgskulane å ta ansvar for utvikling av norsk fagspråk i tråd med § 1-7 i universitets- og høgskulelova. Meir informasjon om Termportalen finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar».

Terminologi i språkstrategiane til universiteta og høgskulane

Diku har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gått gjennom språkstrategiane til universitet og høgskular (Diku 2021a) og har mellom anna sett på om strategiane inneheld formuleringar om terminologi. Av dei 30 strategiane som vart gjennomgåtte, inneheldt over halvparten (16) slike formuleringar. Dette talet tyder på at mange av institusjonane i sektoren ser på utvikling av norsk terminologi som eit viktig tiltak.

Mange av formuleringane om terminologi fastslår at institusjonen har eit ansvar for å utvikle terminologi. I dei språkpolitiske retningslinjene² til Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) heiter det at «[f]agmiljøene skal arbeide for å fremme god språkbeheerskelse og utvikle relevant fagterminologi – på norsk og engelsk, eventuelt andre språk» (NMBU 2020). Retningslinjene til Noregs handelshøgskule går lenger ved å forplikte institusjonen også når det gjeld tilgjengeleggjing av termar: «NHH skal sikre at norske og engelske termer for de sentrale begrepene i de obligatoriske kursene i bachelorstudiet gjøres tilgjengelig i en nasjonal termportal» (NHH 2019).

Prosjektet *Fagspråk på 1-2-3*

Ved Noregs handelshøgskule (NHH) vart det vinteren 2021 prøvd ut ein ny metode for å stimulere til terminologiarbeid i sektoren. Prosjektet heitte *Fagspråk på 1-2-3* og var eit samarbeid mellom NHH og Språkrådet. Det gjekk ut på at dei ansvarlege for ti utvalde kurs fordelte på bachelor- og masternivå tok ein nettbasert minileksjon om korleis dei kan lage tospråklege fagordlister til studentane sine. Minileksjonen var utvikla av Språkrådet. I leksjonen vart dei kursansvarlege oppmoda til å lage ei engelsk-norsk fagordliste til eit kurs dei heldt dette semesteret, og til å dele lista med Språkrådet. Det kom inn sju termlister i prosjektet, og planen er at desse skal kvalitetssikrast av folk med terminologisk kompetanse og gjerast tilgjengelege i NHHs base for økonomisk-administrativ terminologi. Denne basen er det mogleg å søkje i via Termportalen.

Vilkår for ulike typar fagspråklege tekstar

Dei sjangrane som er særleg viktige for utviklinga av fagspråket, er dei som er skriftfesta og kvalitetssikra (gjennom fagfellelvurdering og/eller redaksjonell behandling). Dette omfattar lærebøker, fagbøker og diverse andre faglege sjangrar som (ikkje-vitskaplege)

fagartiklar, leksikonartiklar og kronikkar. Termlister kan òg reknast til denne kategorien av tekstar.

Skiljet mellom vitskaplege publikasjonar og andre fagpublikasjonar er særleg viktig i UH-sektoren, fordi dei to kategoriane er ulikt verdsette i det nasjonale finansieringssystemet for universitet og høgskular. I dette systemet inngår det ei meritteringsordning for vitskapleg publisering, medan det ikkje finst ei tilsvarende ordning for forskingsformidling.

I 2016 vurderte NIFU på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet om det burde innførast ei nasjonal meritteringsordning for det departementet kalla «fagfellelvurdert formidling» (Sivertsen ofl. 2016). NIFU enda opp med å rå ifrå ei slik ordning, og grunngevinga gjekk dels på at det ville vere vanskeleg å avgrense kva som skulle reknast med til ordninga, dels på at formidling vart tillagt svært ulik vekt innanfor ulike fag, slik at ordninga ville kunne føre til ei urimeleg skeivfordeling av midlar.

Etter dette er det likevel fleire som har teke til orde for ei meritteringsordning for formidling. I rapporten *Parallellspråk og språkpolitikk i UH-sektoren*, utarbeidd av Marita Kristiansen på oppdrag frå Språkrådet, er ei av tilrådingane å innføre ei meritteringsordning for lærebokskriving og anna formidling, medrekna terminologiarbeid (Kristiansen 2020). I rapporten om språkstrategiar i UH-sektoren som Diku har utarbeidd for Kunnskapsdepartementet, finst ei liknande tilråding: «Det bør opprettast insentivordningar som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og utvikling av læremiddel, skriving av leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. blir premiert og prioritert» (Diku 2021a:5).

Sjølv om det ikkje finst ei nasjonal insentivordning for formidling, har nokre UH-institusjonar (mellom anna Oslomet – storbyuniversitetet (Oslomet) og Høgskulen i Volda) innført lokale ordningar for å premiere formidlingsverksemd. Det trengst meir kunnskap om omfanget av desse ordningane og korleis dei verkar.

² Det varierer om institusjonane omtalar desse dokumenta som språkstrategiar eller som språkpolitiske retningslinjer.

Lærebøker for høgare utdanning				
	2011	2014	2018	2019
Nye titlar	248	324	310	286
Samla tal på titlar (inkl. nye)	3 085	3 511	3 721	3 888
Talet på selde eksemplar	754 978	741 013	694 905	644 678

Kjelde: Forleggerforeningen (2020) og Språkrådet (2017)

Medan engelsk dominerer i vitenskapleg publisering, er norsk det språket som til vanleg blir bruka i forskingsformidlinga. Dette gjer forskingsformidling til ein viktig arena for norsk fagspråk, og det er derfor viktig at det finst gode vilkår for å drive slik formidling.

Nedanfor følgjer ei oversikt over stoda for faglege tekstar som blir rekna som fagleg formidling.

Lærebøker i høgare utdanning

Eit læremiddel er definert som «en forlagsutgitt tekst som kan brukes i undervisningen i høyere utdanning» (Sivertsen ofl. 2016). Fleire rapportar som har analysert språksituasjonen i sektoren, har konkludert med at det trengst ei meritteringsordning for anna fagleg verksemd enn vitenskapleg publisering (Schwach og Elken 2018, Kristiansen 2020, Diku 2021a), ei ordning som mellom anna ville omfatte skiving av lærebøker og andre læremiddel. Slik det er no, må arbeid som dette konkurrere med forskingspublisering om tid og ressursar, og det er opp til den enkelte institusjonen å premiere slikt arbeid.

I det nasjonale forskingsinformasjonssystemet Cristin blir informasjon om norsk forskning samla og gjord tilgjengeleg. Her blir også lærebøker og andre læremiddel registrerte. Diku har i sin rapport (Diku 2021a:15) henta ut informasjon om dette for tidsrommet 2011–2020 og skriv at det kan sjå ut som «delen norske lærebøker held seg nokså jamn». Tala for «lærebøker

med norskandel» i Cristin svingar mellom 163 og 241 i dette tidsrommet, medan tala for lærebøker på engelsk og andre språk ligg på om lag 40–50. Diku skriv også at sidan lærebøker ikkje er del av finansieringsmodellen, har forfattarane «ikkje det same insentivet til å registrere dei i Cristin. Det kan tyde på ei viss underregistrering».

Ei anna kjelde til informasjon om lærebøker for høgare utdanning er bransjestatistikken til Den norske Forleggerforening, *Bokmarkedet 2019* (Forleggerforeningen 2020), som inneheld tal frå medlemmene i foreininga. I tabellen over er ei oversikt over slike lærebøker, både nye titlar og samla tal på titlar, og også kor mange eksemplar som er selde per år, for åra 2018 og 2019. Tabellen inneheld også tal for åra 2011 og 2014, henta frå *Språkstatus 2017* (Språkrådet 2017).

I denne oversikta er det ikkje spesifisert kva språk bøkene er på, og Språkrådet veit heller ikkje i kva grad dei er registrerte i Cristin. Uansett vil desse to oversiktene, frå Cristin og Forleggerforeningen, gje ein viss peikepinn på talet på lærebøker som blir utgjevne i Noreg per år.

Sidan 1984 har Kunnskapsdepartementet finansiert ei støtteordning for publisering av norske og samiske lærebøker i høgare utdanning, den såkalla lærebokordninga. Under denne ordninga kan forlag søkje om tilskot til å produsere norske og samiske lærebøker

«Medan engelsk dominerer i vitenskapleg publisering, er norsk det språket som til vanleg blir bruka i forskingsformidlinga.»

som det i utgangspunktet ikkje er kommersielt grunnlag for å gje ut. Føremålet med ordninga er både å stimulere til produksjon av lærebøker på norsk generelt og å gje støtte til lærebøker på nynorsk og samisk spesielt.

Ordinga blir forvalta av Diku, og søknader blir behandla av eit utval (lærebokutvalet) med representantar frå forlagsbransjen, forfatterforeiningar og UH-institusjonar. I perioden 2004–2020 låg løyvinga til ordninga på mellom 4,5 og 6 millionar kroner, men i 2021 vart ho auka monnaleg frå 5,9 til 10 millionar kroner (Kunnskapsdepartementet 2020:182). I 2020 fekk lærebokutvalet inn 114 søknader, og 82 av dei fekk støtte (Diku 2021c).

I 2016 vart ordninga vurdert av NIFU på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, og konklusjonen var at ordninga fungerte etter føremålet og burde vidareførast (Sivertsen ofl. 2016). I språkløvsproposisjonen varsla likevel regjeringa ein ny gjennomgang av ordninga «i lys av den aktuelle språksituasjonen» (Prop. 108 L (2019–2020):67). I grunngevinga peikar regjeringa både på at domenetapet til engelsk har vorte tydelegare dei aller siste åra, og på at fleire har uttrykt uro over at ordninga ikkje er godt nok innretta for å sikre produksjon av læremiddel på nynorsk og samisk (s. 65). Det siste vart òg nemnt som ei «begrensning» ved ordninga i NIFUs vurdering i 2016 (Sivertsen ofl. 2016:36).

I 2020 fekk Diku i oppdrag å evaluere ordninga slik regjeringa hadde varsla, og i skrivande stund er dei i gang med dette. Rapporten skal etter planen kome i mai eller juni 2021 (Diku 2021d).

Slik Språkrådet oppfattar det, legg språkløvsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) til grunn at lærebokordninga skal vere eit middel for å motverke domenetap til engelsk. Derfor meiner Språkrådet at det vil vere særleg interessant om evalueringa avdekkjer i kva grad ordninga rettar seg særskilt mot fag som er truga av domenetap.

Annan fagleg litteratur

Tilsette ved universitet, høgskular, institutt osv. publiserer mange slags fagspråklege tekstar utover dei tekstane som blir rekna som forskning. I tillegg til lærebøker og andre læremiddel dreier det seg om ein vid restkategori av rapportar (i rapportseriar og elles), ulike typar fagbøker, tidsskriftartiklar, leksikonartiklar osv. Mykje av dette er på norsk. All denne litteraturen kan samlast under paraplyen *annan fagleg litteratur*.

Bransjestatistikken frå Forleggerforeningen, *Bokmarkedet 2019*, inneheld òg tal for sjangeren «fagbøker for profesjonsmarkedet». I 2018 var talet på nye titlar her 114, og i 2019 var det 184 (Forleggerforeningen 2020:12). I åra fram mot 2014 var det tilsvarande talet 100–150 i året (Språkrådet 2017:40). Det samla talet på titlar med registrert sal var kring 1500 både i 2018

og i 2019 (Forleggerforeningen 2020:12). I åra fram mot 2014 låg talet mellom 1000 og 1500 (Språkrådet 2017:40).

Også under *sakprosa* fell det noko akademisk-fagleg litteratur. Tal frå Forleggerforeningen viser at det i 2018 og 2019 kom ut høvesvis 677 og 557 nye titlar i kategorien *sakprosa*, og at det samla talet på titlar med registrert sal låg mellom 5000 og 6000 i både 2018 og 2019 (Forleggerforeningen 2020:19). I perioden 2011–2015 låg talet på nye titlar kring 700, medan det samla talet på titlar med registrert sal låg kring 5000 (Språkrådet 2017).

Leksikonartiklar er ein annan fagspråkleg sjanger som mange tilsette i UH-sektoren skriv i. Store norske leksikon (SNL) har eit stort nettverk av fagansvarlege som skriv og reviderer artiklar for leksikonet. Ved inngangen til 2021 hadde SNL 922 fagansvarlege, og om lag to tredelar av dei var tilsette ved vitskaplege institusjonar (SNL 2021).

Fagspråk ved skrivesenter

Somme universitet og høgskular har eigne senter som tilbyr rettleiing og kurs i akademisk skriving og andre dugleikar som er relevante på tvers av fag. Desse sentera blir ofte kalla skrivesenter, og dei finst mellom anna ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU).

Informasjon på nettsidene til sentera tyder på at dei særleg legg vekt på meistring av ulike akademiske sjangrar. I kva grad dei legg vekt på det norske fagspråket spesielt og/eller på fleirspråkleg kompetanse, er noko Språkrådet manglar kunnskap om. Det ville vere nyttig å få kartlagt grundigare kva desse sentera tilbyr, og korleis dei eventuelt verkar inn på stoda for det norske fagspråket ved institusjonane.

Utdanningar som gjev særleg fagspråkkompetanse

Til utdanningar som gjev særleg fagspråkkompetanse, reknar ein utdanningar innanfor fagspråk, terminologi,

omsetjing og tolking. Det er særleg verdt å nemne at det hausten 2021 startar eit nytt mastergradsprogram i omsetjing og fagspråkleg kommunikasjon ved Universitetet i Agder. Programmet erstattar eit bachelorprogram i omsetjing og interkulturell kommunikasjon, og det kjem til å innehalde ein eigen terminologimodul. Vidare finst det ved Noregs handelshøgskule eit masteremne i juridisk omsetjing frå norsk til høvesvis engelsk, fransk, spansk og tysk og i motsett språkretning. Emnet blir tilbydd annakvart år, og det vart tilbydd seinast hausten 2020. Eit anna mastergradsprogram med ein fagspråkleg profil er programmet *Språk og kommunikasjon i profesjoner ved NTNU*. Ifølgje nettsidene til NTNU gjev dette programmet «dybdekunnskap om muntlig og skriftlig kommunikasjon i ulike faglige sammenhenger» (NTNU 2021).

Ved Oslomet og Høgskulen på Vestlandet finst det utdanningstilbod i tolking. Oslomet tilbyr eit fullt bachelorstudium i tolking til ei rekkje språk, medan studiet ved HVL er eit deltidsstudium med omfang på 30 studiepoeng (som svarar til eit halvt års heiltidsstudium).

Utdanningstilbod i terminologi som fagdisiplin er omtala under «Utdanningstilbod i små fagdisiplinar» i dette kapittelet.

Dikus rapport om språkstrategiar i UH-sektoren

Rapporten om språkstrategiar i UH-sektoren som Diku har laga for Kunnskapsdepartementet (Diku 2021a), inneheld ei rekkje tilrådingar om tiltak for å styrkje norsk fagspråk. Rapporten tek opp i seg prinsippet i språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) om at kvar grein av statsforvaltninga har eit språkpolitisk sektoransvar. I det språkpolitiske sektoransvaret ligg det at kvart departement med underliggjande organ skal ta språkpolitiske omsyn og gjennomføre språkpolitiske tiltak i sektoren det har ansvaret for. Dersom tilrådingane frå Diku blir sette ut i livet, vil universiteta og høgskulane ha eit betre grunnlag for å vareta og vidareutvikle det norske fagspråket på eit systematisk vis, i tråd med universitets-

og høgskulelova. Her følgjer ei samanfating av tilrådingane:

- Dei språklege retningslinjene bør forankrast i strategien til institusjonane, og ansvaret for å følgje opp retningslinjene bør bli lagt til eit bestemt organ (til dømes ein komité eller ei avdeling).
- Institusjonane bør følgje opp språksituasjonen i årlege rapportar, og rapportane bør vere faste oppfølgingspunkt i tildelingsbrev fra departementet til institusjonane.
- Institusjonane bør kartleggje norsk- og engelsk-kunnskapane hos tilsette og tilby dei eigna språkkurs. Også studentar utan norsk som morsmål bør få tilbod om kurs eller opplæring.
- Det bør opprettast ei nasjonal insentivordning som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og skiving av læremiddel, leksikon-artiklar, tidsskriftartiklar og liknande blir premiert og prioritert.
- I det universitetspedagogiske opplærings-tilbodet bør det utviklast ein eigen modul om fagspråks- og terminologiarbeid for at dette skal bli ein naturleg del av undervisninga.
- Det bør setjast opp mål for kva språkleg dugleik studentane bør ha når dei er ferdige med utdanninga. Desse måla bør stå i studieprogrammet, og dei kan med fordel inkluderast i lærings-utbytteomtalen for dei enkelte emna.

Klarspråk

Bachelor i klarspråk

Hausten 2019 etablerte Universitetet i Oslo eit bachelorprogram i klarspråk ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium. Dette er det første bachelorprogrammet i klarspråk i Noreg (UiO 2019). Studiet dreier seg først og fremst om kommunikasjonen mellom det offentlege og innbyggjarane, men mykje av kompetansen studentane tileignar seg, vil òg vere

relevant for det private næringslivet. I tillegg til å få kunnskap om og dugleik i språk lærer studentane om demokrati, rettstryggleik og utøving av makt. Mot slutten av programmet skal studentane ut i praksis og gjere klarspråksarbeid på ein arbeidsplass. Dei første bachelorstudentane blir uteksaminerte våren 2022.

Fleire masterstudentar innanfor nordiske studium har spesialisert seg i klarspråk dei siste åra, og våren 2021 disputerte Noregs første klarspråksdoktor med ei avhandling om klarspråk og retorisk medborgarskap. Sidan det er stort behov for klarspråkskompetanse i samfunnet, trengst det eit eige mastergradsprogram i klarspråk.

Sidan 2017 har Humanistisk fakultet ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet (NTNU) tilbydd vidareutdanningskurset «Skiving på jobb: tekstutvikling, kommunikasjon og klarspråk» (7,5 studiepoeng). Målgruppa er alle som har lesing og skiving som ein del av arbeidet sitt. Målet med kurset er å gje deltakarane betre skrivekompetanse.

Klart juridisk språk

I den nye språklova og i framlegg til ny forvaltningslov er det teke inn krav om bruk av klart språk i offentleg forvaltning. Klarare språk i lover og forskrifter kan hjelpe forvaltningsorgana til å oppfylle desse krava. Eit klart og forståeleg juridisk språk er dessutan med på å styrkje demokratiet og rettstryggleiken. På fagemnet lovgjevingslære får jusstudentane ved Universitetet i Oslo øve seg på å skrive lover og utgreingar. No skal universiteta i Oslo og Bergen samarbeide på feltet klart juridisk språk.

Klart juridisk språk ved Universitetet i Oslo

I 2016 inngjekk Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo (UiO) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ein avtale om å innføre klart juridisk språk som del av undervisninga, forskinga og formidlinga ved fakultetet. Avtalen inneber at fakultetet får 3 millionar kroner frå departementet kvart år fram til 2026. Midlane skal finansiere ei fast stilling som professor eller førsteamanuensis og tre stipen-

diatstillinger. I 2018 vart det tilsett ein førsteamanuensis i lovgjevingslære, og han koordinerer prosjektet *Klarspråk i juridisk forskning og undervisning* ved UiO (UiO 2016), som skal bidra til at lover og andre juridiske tekstar blir meir forstålege. Prosjektet skal vare i ti år. Etter prosjektperioden vil fakultetet føre arbeidet vidare som ein fast del av verksemda.

Ein effekt av prosjektet skal bli at uteksaminerte juristar har lært å skrive klare og forstålege juridiske tekstar. Kunnskap om utforming av klart regelverk (lover og forskrifter) står særleg sentralt. Undervisninga er organisert som ein såkalla lovlab. Lovlab er ei ny undervisningsform, som inngår i tre emne: JUS5502 Lovgivningslære (masternivå) (UiO 2020a), JUR1502 Lovgivningslære (bachelornivå) (UiO 2020b) og JUR1502K Klart lovspråk (bachelornivå) (UiO 2020c). Studentane arbeider tverrfagleg og skriv utgreiingar om lovgjeving. Utgreiingane inngår i serien Jusstudentenes offentlige utredninger (JOU) (UiO 2020d). Oppdragsgjevarane er interesseorganisasjonar og forvaltning, og oppdraga er reelle og aktuelle. Lovlab er altså eit praksisnært og arbeidslivsrelevant undervisningsopplegg innanfor ei tverrfagleg akademisk ramme. I 2019 vart det gjeve ut fire JOU-ar. Våren 2021 kom fem nye JOU-ar.

Det juridiske fakultetet samarbeider om fagemna for lovgjevingslære med andre fagmiljø og institusjonar. Fagemnet blir tilbydd som eit delemne i bachelorstudiet i klarspråk, som Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved UiO har ansvaret for. Hausten 2020 har bachelorstudentane i klarspråk ved ILN samarbeidd med jusstudentane og fungert som klarspråkskonsulentar i JOU-skrivinga. Lovlab vart nominert til Universitetet i Oslos undervisningspris 2020 og utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning 2021, som blir delt ut av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).

Fakultetet evaluerer fagemnet lovgjevingslære fortløpande, og med jamne mellomrom blir studentane bedne om å delta i ei meir omfattande evaluering.

Evalueringsrapportane er svært positive, og studentane gjev gode tilbakemeldingar om læringsutbyttet i emnet.

Hausten 2018 etablerte Det juridiske fakultetet Centre for Experiential Learning (CELL). Eitt av føremåla med dette senteret er å lære studentane å skrive betre gjennom studentaktiviserande læringsformer. Det vil bli lagt vekt på mellom anna traktatar, lover, forskrifter, avtalar, dommar og prosesskriv. Lovlab er ein sentral del av satsinga i CELL. I 2019 fekk CELL status som «senter for fremragende utdanning», ein status som kan bli tildelt miljø som kan vise til framifrå kvalitet og innovativ praksis i utdanninga. Det er Diku som står for tildelinga av slik status.

Det juridiske fakultetet ved UiO samarbeider med Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved UiO og med Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Bergen (UiB).

Klart juridisk språk ved Universitetet i Bergen (UiB)

I 2017–2018 vart prosjektet *Bedre språk, bedre jurister* (UiB 2017) gjennomført ved Det juridiske fakultetet ved UiB. Prosjektet vart finansiert av Noregsuniversitetet (no Diku). Skriveopplæring for førsteårsstudentane i rettsvitenskap var ein sentral del av prosjektet. Prosjektet vart nettopp følgt opp i eit breiare prosjekt som heiter *Bedre læring, bedre jurister*. Det nye prosjektet er sett i gang frå vårsemesteret 2021. Diku har finansiert det med ca. 5 millionar kroner. Frå og med hausten 2021 blir det òg innført ei ny studieordning ved Det juridiske fakultetet. Med denne ordninga kjem skriveundervisning til å få ein endå større plass enn i dag.

I januar 2020 inngjekk UiO og UiB ein avtale om samarbeid på feltet klarspråk for jusstudentar (UiB 2020a), og hausten 2020 arrangerte dei saman eit digitalt klarspråksseminar. I august 2020 tilsette UiB ein postdoktor som skal forske på juridiske tekstar og juridisk skrivedidaktikk. Stillinga er finansiert via klarspråksprosjektet ved UiO og er ein del av samarbeidsavtalen mellom UiB og UiO.

Vidare arbeid

Det er positivt at klarspråk blir vektlagt i jusstudiet ved UiO og UiB. Også andre høgskular og universitet som tilbyr juss og andre rettsvitenskaplege fag, bør vurdere å gje studentane opplæring i klarspråk.

Utdanningstilbod i små fagdisiplinar

I språkløvsproposisjonen skriv regjeringa dette i kapittel 9.1:

Forsking og utdanning innanfor fagfelte leksikografi, namnegransking og terminologi handlar såleis ikkje berre om å sikre norsk språk som kulturobjekt, men om å leggje til rette for effektiv kommunikasjon innanfor alle samfunnsområde, til gode for alle innbyggjarane i Noreg. Faga har med andre ord direkte nytteverdi for det norske språksamfunnet. På same måte som andre infrastrukturtiltak vil språklege infrastrukturtiltak kunne bidra til meir samarbeid, vekst og effektivisering (Prop. 108 L (2019–2020):68).

Terminologi, leksikografi og namnegransking var òg omtala i granskingsrapporten *Særfinansiering av utsatte humaniorafag*, som ei offentleg ekspertgruppe leverte til Kunnskapsdepartementet i 2019 (Regjeringa 2019). Rapporten vart kritisert på fleire punkt i høyringsrunden, og spørsmålet om korleis finansieringa av utsette, men viktige fag skal sikrast, er framleis ikkje løyst.

Terminologi

Stort behov for kompetanse

Faget terminologi tek føre seg omgrepsanalyse, utarbeiding av definisjonar, fastsetjing av fagtermar og oppføring av fagtermene i termbasar eller termlister. Noreg treng folk med kompetanse i terminologifaget til ei rekkje samfunnsoppgåver, som utarbeiding av standardar, digitalisering av statlege tenester og utvikling av språkteknologiske produkt. Ikkje minst trengst det terminologar til å bidra i arbeidet med å utvikle og

tilgjengeleggjere terminologi innanfor faga i universitets- og høgskulesektoren. Universiteta og høgskulane må ta ansvar for terminologiutvikling på sine fagområde for at dei skal kunne etterleve føresegna i § 1-7 i universitets- og høgskulelova om at dei har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk.

Noreg har i dag ikkje nok folk med terminologisk kompetanse til å kunne møte dei behova offentleg og privat sektor har på området. Eit godt utdanningstilbod i terminologi er ein føresetnad for å kunne få det.

Utdanningstilbod i terminologi

Ved inngangen til 2021 fanst det ikkje noko utdanningstilbod i terminologi i Noreg, og slik har det vore sidan 2016. I mesteparten av tiårsperioden før 2016 fanst det derimot to studietilbod. Det eine var eit fellesnordisk kurs i terminologi (TERMDIST) som vart tilbydd ved Noregs handelshøgskule i perioden 2005–2015. Det andre var to terminologiemne under eit bachelorprogram i språk og interkulturell kommunikasjon som Universitetet i Bergen (UiB) og Noregs handelshøgskule (NHH) arrangerte saman. Desse emna var del av studietilbodet i perioden 2007–2015.

Stoda i byrjinga av 2021 er altså at terminologi er avvikla som studiefag og har vore det nokre år. Men frå hausten 2021 kjem det ei endring. Då vil det ved Universitetet i Agder (UiA) bli tilbydd eit emne i terminologi i eit nyoppretta mastergradsprogram i omsetjing. Emnet gjev 30 studiepoeng, men det er ikkje blant dei obligatoriske emna i programmet (UiA 2021a).

I tillegg er det planar om å etablere eit forskings- og undervisningsmiljø i terminologi i tilknytning til Termportalen ved UiB. At eit fagmiljø ved portalen kan sikre eit utdanningstilbod, vart trekt fram i intensjonsavtalen om utvikling av portalen som vart inngått av Språkrådet, NHH og UiB i 2019: «Ved å byggje opp kompetanse knytt til eit større språkfagleg forskingsmiljø kan ein sikre ikkje berre arbeid med den konkrete infrastrukturen (norsk fagspråk), men òg naudsynt kompetanse, forsking og utdanning på

området» (Noregs handelshøgskule, Språkrådet og Universitetet i Bergen 2019).

Ved UiA vil det frå hausten 2021 òg bli tilbydd eit terminologikurs som ein valfri modul i universitetspedagogikkurset som undervisarar må ta for å kunne ha stilling som førsteamanuensis eller professor. Modulen kjem òg til å bli tilbydd til undervisarar ved andre universitet og høgskular, og dersom modulen ikkje blir fylt opp av deltakarar i universitetspedagogikkurset, vil tilbodet gå til andre undervisarar (UiA 2021b).

Undervisning i terminologi som del av eit emne

Sjølv om det dei siste åra ikkje har eksistert eigne studieprogram eller programemne i terminologi, har det vore gjeve undervisning i terminologi som del av eit anna emne. Ved Universitetet i Agder har det vore arrangert eindagskurs i terminologi som del av bachelorstudiet i omsetjing og interkulturell kommunikasjon. Kursa har vorte gjevne av Språkrådet, og vart sist arrangerte vinteren 2021. Ved UiB vart det hausten 2020 dessutan gjeve førelesingar i terminologi som ein del av eit kurs i leksikografi og leksikologi (UiB 2020b). Meir informasjon om dette kurset finst i avsnittet «Utdanningstilbod i leksikografi» i dette kapittelet.

Bruk av e-læringskurs i terminologi i undervisning

På jusstudiet ved Universitetet i Oslo blir Språkrådets e-læringskurs i terminologi *Begrip begrepene!* (Språkrådet og Digitaliseringsdirektoratet 2020) bruka i kursa *klart lovspråk og lovgivningslære* som ein introduksjon til omgrepsarbeid i faget (UiO 2021).

Vidare arbeid

Det norske samfunnet treng meir terminologisk kompetanse, men manglar både terminologar og eit fullverdige utdanningstilbod i terminologi. Det er positivt at Universitetet i Agder skal tilby terminologiemne som del av eit mastergradsprogram og som del av den pedagogiske opplæringa av undervisningspersonell. Likevel trengst det eit meir omfattande utdanningstilbod for å møte etterspurnaden etter terminologisk kompetanse. Det er føremålstenleg at eit slikt tilbod

blir bygd opp i tilknytning til Termportalen ved Universitetet i Bergen, ettersom det der vil vere eit terminologisk fagmiljø og ein terminologisk ressurs (portalen) som utdanninga kan trekkje vekslar på.

Leksikografi

Leksikografi som del av den språklege infrastrukturen

Faget leksikografi tek føre seg utarbeiding av ordbøker og andre leksikalske ressursar og utvikling av teoriar om ordbøker og korleis dei blir laga og fungerer. Leksikografar arbeider dels praktisk med å utvikle og halde ved like ordbøker, dels teoretisk med studium av ord og ordtilfang. Ressursar utvikla av leksikografar utgjer ein sentral, men ofte usynleg del av mange elektroniske hjelpemiddel, til dømes retteprogram. Dei inngår òg ofte som grunnlagsmateriale i utviklinga av språkteknologiske verktøy og hjelpemiddel.

I skulen spelar bruk av ordlister, ordbøker, skrivestøtteprogram, retteprogram og omsetjingsprogram ei viktig rolle i språkopplæringa. Det gjeld opplæring i både morsmål og framandspråk. Språkrådet godkjenner norske ordlister og ordbøker til bruk i skulen med heimel i opplæringslova § 9-4 fjerde ledd.

Ordlister, ordbøker og andre ressursar som gjev informasjon om rett stavemåte og bøyning, er blant dei viktigaste reiskapane styresmaktene har til å spreie kunnskap om dei offisielle rettskrivingsnormene for nynorsk og bokmål.

Store vitenskaplege dokumentasjonsordbøker og historiske ordbøker er resultat av omfattande grunnforskning og fungerer som databasar over språkbruk i ulike tidsperiodar. Desse ordbøkene inneheld ein del av den immaterielle kulturarven vår.

Alt dette er døme på at leksikografiske ressursar er ein viktig del av den språklege infrastrukturen i det norske samfunnet. Dei fleste ressursane av dette slaget blir aldri ferdige – dei må heile tida haldast ved like og oppdaterast for å spegle språket slik det blir bruka. Det er òg behov for utvikling av nye ressursar. For å

«Ordlister, ordbøker og andre ressursar som gjev informasjon om rett stavemåte og bøyning, er blant dei viktigaste reiskapane styresmaktene har til å spreie kunnskap om dei offisielle rettskrivingsnormene for nynorsk og bokmål.»

sikre denne delen av den språklege infrastrukturen trengst det eit jamt tilsig av høgt utdanna og velkvalifiserte leksikografar i Noreg.

Utdanningstilbod i leksikografi

Fram til 2017 vart det undervist i leksikografi ved Universitetet i Oslo (UiO). I 2014 gjorde Institutt for lingvistiske og nordiske studium vedtak om at ein ikkje lenger ville forvalte og drive samlingane som var knytte til leksikografi og namnegransking (ILN 2014a). Dei leksikografiske samlingane og ressursane vart overførte til Universitetet i Bergen (UiB), og 2017 var altså det siste året det var studietilbod i leksikografi ved UiO.

I dag har UiB ansvar for ei rekkje leksikografiske ressursar, mellom anna *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* og *Norsk Ordbok*. Det er knytt eit fåtal faste stillingar til drift og utvikling av ressursane. For perioden 2018–2023 finansierer Kulturdepartementet gjennom ei årleg løyving til Språkrådet eit prosjekt for revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (Revisjonsprosjektet 2021), og til dette er det knytt fleire faste og mellombelse stillingar. Løyvinga til revisjonsprosjektet for 2021 var på 5,8 millionar kroner (Kulturdepartementet 2020). Kulturdepartementet finansierer òg eit prosjekt for revisjon av den eldste delen av *Norsk Ordbok* (UiB 2021b). Meir informasjon om dette emnet finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar».

Hausten 2020 tilbydde UiB for første gong eit emne i leksikografi og ordkunnskap (UiB 2020b). Emnet var på 15 studiepoeng og var del av studietilbodet i nordisk språk og litteratur ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Undervisninga vart gjeven av tilsette med nær tilknytning til det leksikografiske fagmiljøet ved UiB representert ved revisjonsprosjektet for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* og språksamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Emnet hadde 20 påmelde, og ti av dei tok eksamen. Emnet fekk gode skotsmål i studentevalueringar, og studentane nemnde mellom anna at det var ein stor føremonn at undervisninga var kopla til eit aktivt fagmiljø.

UiB har ikkje forplikta seg til å ha eit fast studietilbod i leksikografi, og det er ikkje konkrete planar om å tilby leksikografiemnet igjen. Det er avhengig av at det finst eit fagmiljø, og at enkeltpersonar i miljøet prioriterer å arbeide for å gje eit studietilbod. Det er stadig dragkamp om kva valfrie emne ein skal prioritere å tilby. I eit nasjonalt perspektiv peikar UiB seg klart ut som den institusjonen som er best skikka til å ta hand om behovet for utdanning av leksikografar i Noreg. Det føreset at fagmiljøet ved UiB blir halde oppe og helst styrkt, og det føreset at rammevilkåra i høgare utdanning ikkje blir utforma slik at det blir vanskeleg å tilby undervisning i små fag, som leksikografi er eit døme på.

Namnegransking og stadnamn

Stadnamn – samfunnsbehov

Både oppretting av nye stadnamn (til dømes adresse-
namn som nye vegnamn) og fastsetjing av skrivemå-
ten for eksisterande stadnamn er prosessar som går
føre seg i forvaltninga på heilt regulær, dagleg basis.
Tilsette i Kartverket, i kommunane og i ei rekkje stat-
lege organ er pålagde å følgje stadnamnlova (sist
revidert i 2019). For å vere i stand til å følgje lova og
dei tilhøyrande forskriftene³ er det nødvendig med
fagkunnskap om stadnamn. Kommunane får stadig
nye tilsette som har stadnamn som arbeidsfelt, og dei
må ha opplæring i faget. Det eksisterer såleis eit nasjo-
nalt behov både for forskning på stadnamn og kunn-
skap om stadnamn, om lov og forskrifter og om
forvaltning av lova (saksgang og prosedyrar).

Følgjande årsaker gjer stadnamngransking til eit sen-
tralt fagfelt som krev spesialisert kunnskap:

1. Stadnamn er ein viktig del av den immaterielle
kulturarven vår.
2. Ei rekkje løpande, lovpålagde forvaltnings-
oppgåver fordrar spesialisert og oppdatert
språkvitskapleg kunnskap om stadnamn.
3. Stadnamn er ein viktig komponent i tverrfagleg
kulturvitskapleg arbeid, mellom anna i kombi-
nasjon med kulturminnevern og arkeologi.

Faget namnegransking har over lang tid vorte bygd
kraftig ned ved norske lærestader. Allereie i *Mål og
meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (St.meld.
nr. 35 (2007–2008):161f.) blir det slått fast at det vil
vere eit uerstatteleg tap om delar av dette fagfeltet
går i gløymeboka etter kvart som både informantar
(som kan gje opplysingar til dømes om lokal uttale)
og fagpersonar (som kan analysere desse opplysing-

gane) fell bort. Det særskilde behovet for røkting som
stadnamnfeltet har, ser ut til å ha vore kjent i forvalt-
ninga ei stund. Språkrådet forvaltar som eit resultat
av dette også ei tilskotsordning til innsamling av stad-
namndokumentasjon frå område i landet der risikoen
er særleg stor for at denne viktige kulturdokumenta-
sjonen skal gå tapt. For at dokumentasjonen skal ha
verdi, er det ein føresetnad at han blir forvalta av eit
kompetent fagmiljø. Meir informasjon om stadnamn-
dokumentasjonen finst i kapittelet «Språklege byg-
gjeklossar».

Status for faget

Ved Universitetet i Oslo (UiO) eksisterte det fram til
hausten 2017 eit tilbod om emne i namnegransking
(der stadnamn er ein integrert del) på bachelor- og
masternivå. Alle emna innanfor namnegransking ved
UiO er no nedlagde. Medan det vart undervist i emne
i namnegransking, var dei ein del av studieprogram-
met nordisk, særleg norsk, språkvitskap. Som følgje
av vedtaket frå 2014 om å ikkje lenger forvalte sam-
lingane som var knytte til leksikografi og namnegrans-
king, vart det våren 2019 heilt slutt på all undervisning
ved det tidlegare Stadnamnarkivet ved UiO (den siste
i fast stilling var ein personnamngranskar som pensjo-
nerte seg i 2019).

Allereie i 2016 vart arkivet Norsk stadnamnarkiv over-
ført til Universitetet i Bergen (UiB), der det administra-
tivt høyrer inn under Universitetsbiblioteket, men utan
tilknytte forskarstillingar. Ved UiB har det sporadisk
vore tilbod om undervisning i stadnamngransking. Ein
stipendiat i nordisk språk har tilbydd undervisning
i faget gjennom emnet NOSP316 (UiB 2020c) ved
eitt enkelt høve, i 2019. Undervisninga i stadnamn-
gransking dekte då tema som forskingshistorie, ulike
teoriar, kontaktonomastikk og praktisk nytte av disi-
plinen utanfor akademia og vart svært godt motteken
hos studentane. Likevel er det ikkje midlar til å halde
fram med undervisning i stadnamngransking, i alle fall
ikkje på permanent basis (UiB 2021d).

Dei tilsette ved språksamlingane ved Universitets-
biblioteket i Bergen utfører eit arbeid med digitalise-

³ Revidert versjon av forskriftene til lov om stadnamn vil tre
i kraft i løpet av inneverande år.

ring av stadnamnmateriale. Arbeidet er relevant for høgare utdanning, om enn indirekte, fordi det er dette som ligg føre av oppdatert og oppdaterbart bakgrunnsmateriale på fagfeltet. Digitaliseringa av språksamlingane går dessverre ikkje så veldig raskt, grunna få folk og lite midlar. I praksis er det slik at det som hittil har funnest av folk og midlar, har vorte bruka i arbeidet med ordbøker og terminologi. Sjølv om stadnamn står nemnt som eit hovudfokusområde i overføringsbrevet som følgde med samlingane då dei vart overførte til UiB, har det ikkje vore sett av eigne midlar eller personale til utvikling av stadnamnarbeid sidan overføringa skjedde. Ei oversikt over innhaldet i språksamlingane er å finne i rapporten *Den forsknings- og undervisningsmessige verdien av eit utval samlingsressursar ved ILN* (ILN 2014b). Vidare ligg det, under namnegransking på sidene til Universitetsbiblioteket ved UiB (UiB 2021a), informasjon om dei ressursane som er tilgjengelege. Stadnamnarkivet (den nasjonale stadnamndatabasen) og oppslagsarkivet er overførte frå UiO. Kartarkivet og etymologiregisteret er for hjelpetenester til stadnamndatabasane å rekne. *Norske stedsnavn | Norske stadnamn* er ei teneste utvikla i regi av UiB. Denne basen er framleis under testing, men ser ut til å fungere etter intensjonen. Det samla talet på stadnamnformer i *Norske stedsnavn | Norske stadnamn* er no på 550 000, men det er venta å auke kraftig i næraste framtid – med nye folk og fleire midlar (frå 2021) (UiB 2021c). Meir informasjon om dette emnet finst i kapitlet «Språklege byggjeklossar».

Namnegransking som studiefag ligg no nede. Med unntak av sporadiske tilbod om enkeltemne knytte til enkeltpersonar med namnefaglege interesser er det per i dag ikkje lenger faste emnetilbod i namnegransking ved noko norsk universitet. Det er ikkje kjent at det er konkrete planar om å tilby faste emne i namnegransking med det første. Det einaste tilbodet som finst i dag, er eit e-læringskurs om stadnamnarbeid og stadnamnlova. Kurset er utarbeidd av Språkrådet for kommunetilsette med stadnamnsaker som ansvarsområde. Meir informasjon om kurset finst i kapitlet «Språklege byggjeklossar».

Vidare arbeid

Både praktisk kunnskap om og ferdigheiter i behandling av stadnamn og teoretisk kompetanse i namnegransking (onomastikk) er svært viktig for sentrale samfunnsbehov og samfunnsinteresser innanfor forvaltning og kultur. Sidan basiskunnskap om stadnamn er nødvendig rundt om i dei mange kommunane i Noreg, må det også i framtida finnast folk med grundige kunnskapar om fagfeltet, slik at det skal vere mogleg å halde oppe eit opplæringsprogram som kan bringe basiskunnskapen vidare. Det er derfor ønskeleg at namnegransking igjen blir studie- og forskingsfag ved minst éin høgare utdanningsinstitusjon, og at det blir skjerma mot nedlegging i framtida.

Andre tradisjonsdisiplinar i nordiskfaget

Nordiskfaget står i dag støtt ved dei høgare utdanningsinstitusjonane. Det er likevel ei kjensgjerning at ein del disiplinær som tradisjonelt har vore del av nordiskfaget, er pressa. Det gjeld namnegransking, norrønt, dialektologi og eldre språkhistorie. Ei årsak til at tilbodet i desse emna er redusert, er at nordiskfaget ved universiteta dei siste 10–15 åra har vorte knytt tett til eigne lektorstudieprogram, der studentane frå første stund følgjer eit løp mot undervisningsfaget norsk. Det fører til at emne som er relevante for skulefaget, blir prioriterte, medan andre emne blir nedbygde eller avvikla. Det er problematisk fordi tradisjonsdisiplinane dannar eit viktig grunnlag for mykje av arbeidet med å halde ved like norsk språk som kulturobjekt. Til dømes er kunnskap om namnegransking, målføre og språkhistorie heilt nødvendig for folk som skal byggje opp og røkte norske språksamlingar og utvikle ressursar som byggjer på slike språksamlingar. Innhaldet i språksamlingane har vore viktig for utviklinga av mellom anna *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*, tolvbandsverket over norsk folkemål og nynorsk skriftspråk, *Norsk Ordbok*, og det digitale ordbokverket over bokmål og riksmål, *Det Norske Akademis store ordbok*.

Teiknspråk

Språklovsproposisjonen stadfestar at «[t]eiknspråk-brukarar har rett til å lære, møte og bruke språket sitt» (Prop. 108 L (2019–2020):74). I den nye språklova § 1 c blir det også presisert at det offentlege skal verne og fremje norsk teiknspråk, og i språklovsproposisjonen heiter det at «[t]yngda ligg på å få til strukturelle tiltak for å verne og fremje språka» (Prop. 108 L (2019–2020):7). Barnehagelova § 38 og opplæringslova § 2-6 og § 3-9 gjev rett til opplæring i og på teiknspråk. Dette gjev universitets- og høgskulesektoren eit dobbelt ansvar. Det eine er ansvaret for å levere kunnskap om og kompetanse på og i norsk teiknspråk slik at dei som tek avgjerder etter barnehagelova og opplæringslova, er i stand til å vareta ansvaret for og tilbodet i norsk teiknspråk. Det andre er ansvaret sektoren har for å verne og fremje norsk teiknspråk i studietilboda. Det gjeld både innhaldet i studietilboda, korleis teiknspråk blir framstilt, og det å leggje til rette for at teiknspråk kan vere eit førelesingsspråk. Norsk teiknspråk og tilgrensande fagområde, til dømes teiknspråkundervisning og historie og pedagogikk som vedkjem norsk teiknspråk, må få status som eigne forskingsområde. Det bidreg til auka kunnskap om norsk teiknspråk og kan vere til hjelp i arbeid med teiknordbøker, læremiddel osb. Det vil også bidra til ei statusheving for teiknspråk.

Teiknspråk og tolking

Høgskulen på Vestlandet, Oslomet og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) har alle treårige bachelortilbod i teiknspråk og tolking der det første året kan vere ei årseining. Kunnskap i norsk teiknspråk er opptakskrav til tolkestudia. Det finst ikkje mastertilbod, vidareutdanning og etterutdanning i teiknspråk og tolking. Arbeids- og førelesingsspråket ved seksjonane for teiknspråk og tolking ved NTNU og ved Oslomet er norsk teiknspråk.

Teiknspråklege døve og høyrselshemma har dei siste 20 åra i aukande grad teke høgare utdanning. Med dei forskjellige utdanningane følgjer det ein eigen terminologi og eit eige fagspråk som blir bruka når ein

arbeider innanfor det gjevne fagområdet. Den aukande samfunnsdeltakinga og mobiliteten gjer saman med det auka utdanningsnivået til teiknspråk-brukarane at krava til teiknspråkkompetansen til teiknspråktolkane aukar tilsvarande. Utdanninga sikrar ikkje tilstrekkeleg kompetanse i teiknspråk til at tolkane kan vareta meinings- og ytringsfridommen og sikre den aktive samfunnsdeltakinga til dei døve.

Med utgangspunkt i Meld. St. 25 (2016–2017) *Humaniora i Norge* (humaniorameldinga) inviterte Kunnskapsdepartementet til å føreslå kva for språkfag som var «fjernt fra norsk», «krevende å lære» og «vanskelig», og som burde få utvida bachelorgraden til fire år. Nasjonalt fagorgan for teiknspråk og tolking (NFOTT) melde inn eit framlegg til Universitets- og høgskulerådet om at teiknspråk burde kome med i ordninga (Oslomet 2021a). Kunnskapsdepartementet tok ikkje norsk teiknspråk med som eit av språkfaga som burde få fireårig bachelorutdanning, sjølv om det no er vist at andrespråkinnlærarar med talespråkleg bakgrunn strevar meir med innlæringa av norsk teiknspråk (Ferrara og Nilsson 2017, Jacobs 1996).

Kompetanse for kvalitet (KFK)

Kompetanse for kvalitet (KFK) for norsk teiknspråk er eit samlingsbasert tilbod til lærarar og er vorte gjeve på Oslomet, NTNU og Høgskulen på Vestlandet. Det har vist seg at teiknspråkkompetansen til lærarar som har kome inn på dette tilbodet, har vore minimal eller fråverande. KFK i andre fag (engelsk, matematikk, samisk og norsk) har vore eit vidareutdanningstilbod til lærarar som allereie har kunnskap i sitt fag. KFK for teiknspråk har i realiteten vore eit nybyrjarkurs og ikkje ei vidareutdanning i teiknspråk. Institusjonane i universitets- og høgskulesektoren som har gjeve tilbodet for teiknspråk, har no fått gjennomslag for at vidareutdanninga (KFK) i norsk teiknspråk skal ha same opptakskrav som andre KFK-tilbod. Opptaka våren 2021 har som føresetnad at deltakarane kan norsk teiknspråk. Dermed vil fagtilbodet rette seg inn mot teiknspråkundervisning og visuell pedagogikk, heller enn basisopplæring i norsk teiknspråk. Dette betyr at norsk teiknspråk no blir likestilt med dei andre faga

som går under Kompetanse for kvalitet. KFK er eit prosjekt som går til 2025 (Kunnskapsdepartementet 2015).

Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

Kunnskapsdepartementet har gjennom forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning (Forskrift om rammeplan 2015) opna for PPU for teiknspråktolkar for å bøte på den akutte mangelen på teiknspråklærarar. Opptakskravet i § 6 er «en bachelorgrad i tegnspråk og tolkning (døvetolkutdanning [sic]), med minst 80 studiepoeng i tegnspråk». Oslo-met skriv i eit notat (2020) til Kunnskapsdepartementet at «[p]roblemet med en slik ordning vil være at det legitimerer, og sementerer en sammenblanding av profesjonene 'tolk' og 'lærer', som de facto innskrenker utdanningsrettighetene til tegnspråklige elever». Vidare i det same notatet (Oslo-met 2020) heiter det at «[d]ette betyr at tolkene sjelden kan fungere som gode rolle- eller språkmodeller for tegnspråklige barn. Siden tolkeutdanningene til nå har vært forbeholdt hørende, er det å stille krav om tolkeutdanning på BA-nivå for å ta en PPU i norsk tegnspråk, også diskriminerende mot nettopp den språkgruppen tiltaket er tiltenkt».

Lærerutdanning og andre teiknspråktilbod

Hausten 2020 vart det sett i gang mastergradsutdanning i skuleretta utdanningsvitskap med fordjuping i teiknspråk ved Oslo-met. Dette er eit nytt og fast tilbod i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Det er mogleg å ta grunnskulelærerutdanning (1.-7. steget eller 5.-10. steget) og velje 60 studiepoeng i faget norsk teiknspråk i den første syklusen (1.-3. året) og vidare fordjuping i norsk teiknspråk og teiknspråkdidaktikk i den andre syklusen i lærerutdanninga (4. og 5. året). Tilbodet fordjuping i norsk teiknspråk og teiknspråkdidaktikk kan òg bli passa inn i lærerutdanningane ved andre institusjonar (Oslo-met 2021b). Det er eit akutt behov for lærarar med teiknspråkkompetanse for å oppfylle dei lovfesta rettane teiknspråklege barn og unge har til opplæring på sitt eige språk i barnehage og skule. Kapasiteten i universitets- og høgskulesektoren er underdimensjonert for det behovet


«Hausten 2020 vart det sett i gang mastergradsutdanning i skuleretta utdanningsvitskap med fordjuping i teiknspråk ved Oslo-met.»

som er ute i samfunnet, og det manglar teiknspråkleg førstekompetanse i og på teiknspråk i UH-sektoren.

Det er etablert ein COIL-modul (Collaborative Online International Learning) i teiknspråk og døvestudium ved Oslo-met (Oslo-met 2021c), og det blir arbeid for at dette tilbodet også blir ein del av det faste tilbodet til Oslo-met. Dette varetek det døvekulturelle aspektet at døve er transnasjonale (Breivik 2007). Det vil seie at døve er orienterte mot andre døve i verda og ikkje primært mot nasjonalkulturen. COIL-tilbodet blir gjeve i samarbeid med Gallaudet University, Washington D.C., det einaste universitetet i verda for døve. Det er til saman 34 studentar på fordjuping i norsk teiknspråk og teiknspråkdidaktikk og teiknspråk og døvestudium, der undervisningsspråket er norsk teiknspråk. Oslo-met har òg inngått ein intensjonsavtale med Oslo kommune om å gjere Vetland skule og ressurscenter til ein universitetsskule, det vil seie ein skule som er del av eit samarbeidsprosjekt mellom grunnskulelærerutdanninga ved Oslo-met og utvalde praksisskular.

Det manglar permanente nybyrjartilbod for lærarar, barnehagelærarar og andre fagfolk i jobb som ikkje kan teiknspråk, og det manglar eit tilbod med ei tilfredsstillande løysing for lærarstudentar som allereie er teiknspråklege, og som ønskjer å ha formell kompetanse i teiknspråk som fag i skulen. Det manglar også eigne teiknspråklingvistiske studium som kan bidra til ei systematisk oppbygging av korpus med kvalitets-

«Språklovsproposisjonen stadfestar at det manglar dokumentasjon av norsk teiknspråk, og at det derfor skal setjast ned eit utval som skal skrive ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om norsk teiknspråk.»



sikra ordbøker, terminologiutvikling og dokumentasjonsarbeid.

Audiopedagogiske studium

Universitetet i Oslo (UiO) tilbyr ei fulltidsmasterutdanning med fordjuping i audiopedagogikk, og NTNU tilbyr ei erfaringsbasert deltidsmasterutdanning i audiopedagogikk (NTNU 2020).

Under omtalen av emnet viser UiO (2020e) til at «[d]ette emnet gir deg innsikt i hørselshemming og hørselsrelaterte vansker knyttet til *språk*, tale og kommunikasjon. Kognitiv utvikling i forbindelse med hørselsvansker vil også bli belyst, i tillegg til sosiale og emosjonelle aspekter ved hørselshemming» (Språkrådets kursivering). Ifølgje læringsutbytteomtalen til audiopedagogikkstudiet ved UiO er det likevel ingen krav om kjennskap til eller kunnskapar om norsk teiknspråk. Vonen (2009) seier om dette at «[...] det heilt tydeleg er perspektivet til ein utanforståande på samfunnet, basert på oppfatninga den høyrande har av mangelen på hørsel hos den døve»⁴.

Pensum i NTNUs erfaringsbaserte masterprogram i audiopedagogikk har fleire aspekt knytte til livet til

teiknspråklege døve og hørselsheima, der mellom anna tospråklegheit og fleispråklegheit som fenomen, teiknspråk i samfunnet og opplæring av teiknspråklege barn og unge blir omhandla. NTNU anerkjenner gjennom innhaldet og læringsomtalen det Vonen (2009:267) omtalar som «[...] lingvistisk-kulturelle samfunn som kan samanliknast med andre mindretalssamfunn blant urbefolkningar og innvandrarak som ein finn over heile verda»⁵. Dette er det same som perspektivet i norsk språkpolitikk.

Desse to tilboda er dei einaste som fører fram til ei utdanning som audiopedagog i Noreg, men innhaldet og emneomtalen er svært forskjellige. Audiopedagogane blir sakkunnige i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) eller blir rådgjevarar knytte til § 2-6 og § 3-9 i opplæringslova, som gjennom enkeltvedtak utløyser rett til opplæring i og på teiknspråk. Det er derfor viktig at kunnskap om og i norsk teiknspråk er del av utdanninga.

Det offentlege vil ifølgje språklova § 1 c få plikt til å verne og fremje norsk teiknspråk. Med verne er det meint «å verne språka i seg sjølve og dei språklege identitetane mot negative sanksjonar» (Prop. 108 L

⁴ Språkrådets omsetjing

⁵ Språkrådets omsetjing

(2019–2020):89–90). I språklova betyr formuleringa «å fremje språka» å «gje tilgang til språka utover det som følgjer av særlovgjevinga. Det offentlege skal aktivt styrkje språka» (s. 90). Dersom eit universitet overser eller ikkje aktivt formidlar noko om det nasjonale teiknspråket i Noreg, som er likeverdig med norsk, vil det bryte med den plikta det offentlege får gjennom språklova.

Språkrådet har fått bekymringsmeldingar som seier at det låge kunnskapsgrunnlaget i kommunane når det gjeld norsk teiknspråk og opplæringslova, er i ferd med å bli eit strukturelt problem som gjer det vanskeleg å oppfylle dei teiknspråklege rettane til barn og unge. Slike saker har også hamna hos Sivilombodsmannen (Sivilombodsmannen 2017 og 2018, Språkrådet 2020, Forelder 2019a, 2019b og 2020).

Forskningsprosjekt

NTNU arbeider med prosjektet *Språkbruk i det norske døvemiljøet: et dypdykk i norsk tegnspråkøkologi* og har fått tildelt 7,7 millionar kroner av Noregs forskingsråd (Forskingsrådet). Prosjektet varer frå 2019 til 2023 og har som mål å forske på korleis døve brukar norsk teiknspråk, og korleis språkbruken speglar fysiske, sosiale og historiske tilhøve i eit språkmiljø i endring (NTNU 2019).

Høgskulen på Vestlandet har i 2020 vorte tildelt 12 millionar kroner frå Forskningsrådet under kategorien «Prosjekter for vitenskapelig fornyelse» til prosjektet *Signed Language Depiction as an Engine for Promoting Inclusion, Communication, and Translation (DEPICT)*. Målet med dette prosjektet er tredelt: Korleis ein kan fremje inkludering av døve i det norske samfunnet gjennom ei djupare forståing av korleis avbildande strategiar tillèt grunnleggjande kommunikasjon utan eit felles teiknspråk, korleis avbildande strategiar kan betre den kommunikative effektiviteten innanfor eit teiknspråk, og til slutt korleis dei nemnde strategiane kan gje betre språklege og kulturelle løysingar i tolkesituasjonar. Prosjektperioden vil vare frå 2022 til 2025 (Noregs forskingsråd 2021).

Det går også føre seg kunnskapsinnhenting om tilgangen til teiknspråk i Norden. Prosjektet *Kunnskapsoppsummering om nordiske barn og unges tilganger til tegnspråk* har si hovudforankring på Institutt for internasjonale studier og tolkeutdanning ved Oslomet. Prosjektet er finansiert av Språkrådet, det nordiske nettverket for teiknspråk og Oslomet (Språkrådet 2019).

Språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) stadfestar at det manglar dokumentasjon av norsk teiknspråk, og at det derfor skal setjast ned eit utval som skal skrive ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om norsk teiknspråk. Ein NOU vil vere eit viktig bidrag til å synleggjere den teiknspråklege minoriteten, i tillegg til at han vil gje eit grunnlag for ein god sektorovergripande språkpolitikk på feltet og «eit meir heilskapleg bilete av norsk teiknspråk og behova til språkbrukarane» (Prop. 108 L (2019–2020):77).

Forskning

Dei tre UH-institusjonane som har teiknspråk i sitt tilbod, har sett i gang arbeid med større teiknspråkprosjekt med tilknytte stipendiatar. Totalt i Noreg er det snart åtte ph.d.-stipendiatar knytte til teiknspråk eller teiknspråkrelaterte fag, og det skal lysast ut ei post doc-stilling hausten 2021. Det manglar ei god nasjonal samordning for teiknspråkforskning, teiknspråkformidling og studium i, på og om norsk teiknspråk og dei som brukar teiknspråket.

«På grunn av tidlegare fornorskings- og assimileringsspolitikk har dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes fått svekte språkarenaer, og det har også bidrege til svak rekruttering til høgare utdanning.»

Nasjonale minoritetsspråk

Den einaste norske lærestaden som i dag tilbyr studium i kvensk, er Universitet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT). UiT tilbyr også kvensk som ein del av lærarutdanninga. Språka romanes og romani manglar den institusjonelle forankringa i høgare utdanning.

I den nye språklova blir det slått fast at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg (§ 7), at kvensk, romani og romanes er dei nasjonale minoritetsspråka (§ 6), og at alle desse språka som språklege og kulturelle uttrykk er likeverdige med norsk. I lova står det også at offentlege organ har eit ansvar for å verne og fremje desse språka (§ 1). I språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) heiter det at språk treng «konkret og symbolsk institusjonell støtte for å ha gode levevilkår», og at dette også gjeld dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk (s. 8). Med andre ord blir desse språka ein del av det ansvaret som ligg på universitets- og høgskulesektoren. Skal samfunnet kunne fremje og verne språka og oppfylle kravet om at dei skal vere likeverdige med norsk, må universitets- og høgskulesektoren få ansvaret for forskning og utdanning i desse språka. Det kan vere aktuelt å leggje eit nasjonalt ansvar for fagområda kvensk, romani og romanes på enkeltinstitusjonar, på

lik linje med at Samisk høgskule har «eit spesielt ansvar for det samiske og dei samiskspråklege».

På grunn av tidlegare fornorskings- og assimileringsspolitikk har dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes fått svekte språkarenaer, og det har også bidrege til svak rekruttering til høgare utdanning. Det trengst tiltak for å byggje opp og styrkje fagmiljøa for dei ulike språka, dette gjeld særleg oppbygging av fagmiljø for romani og romanes. For kvensk vil ein òg trenge særskilde tiltak for å få rekruttert studentar til høgare utdanning, særleg for å få fleire inn på kvenskstudiet og kvensk lærarutdanning, men òg på andre studium der det er behov for personar med kvenskkompetanse.

Det er stort behov for å etablere stabile forskings- og utdanningseiningar på fagområde der Noreg har internasjonale plikter og allereie eksisterande forvaltningsoppgåver som krev stabile fagmiljø, og som er viktige for samfunnet, men som institusjonane sjølve ikkje prioriterer. Utan ei strukturell endring på feltet høgare utdanning vil ikkje Noreg klare å løyse utfordringar på andre område i samfunnet og dekkje behovet for kvalifisert arbeidskraft med minoritetsspråkkompetanse i skulen eller i helsetenestene. Meir informasjon om dette emnet finst i kapitla «Arbeidsliv» og «Skule og barnehage».

§ 6

Nasjonale minoritetsspråk

Kvensk, romani og romanes er nasjonale minoritetsspråk i Noreg.

Som språklege og kulturelle uttrykk er kvensk, romani og romanes likeverdige med norsk.

KJELDER

Barnehagelova = Lov om barnehager. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> (mai 2021).

Breivik, J. (2007): *Døv identitet i endring. Lokale liv – globale bevegelser.* Oslo: Universitetsforlaget.

Diku (2021a): *Språkstrategiar i høgare utdanning.* Dikus rapportserie 03/2021. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning. <https://diku.no/rapporter/dikus-rapportserie-03-2021-sprakstrategiar-i-hoegare-utdanning> (mars 2021).

Diku (2021b): *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2021.* Dikus rapportserie 07/2021. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning: <https://diku.no/rapporter/dikus-rapportserie-07-2021-tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2021> (mai 2021).

Diku (2021c): Lærebokutvalget for høyere utdanning. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning. <https://diku.no/programmer/laerebokutvalget-for-hoeyere-utdanning> (mars 2021).

Diku (2021d): E-post frå Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning v/Unni Mjelde 16.3.2021.

Etymologiregisteret – Stadnamarkivet. Universitetet i Bergen. <http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=20&tabid=589> (mars 2021).

Ferrara, L.N og A. Nilsson (2017): Describing spatial layouts as an M2 signed language learner. I: *Sign Language & Linguistics* 20(1):1–26. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2475890> (mai 2021).

Forelder (2019a): E-post frå anonymisert forelder til Språkrådet 14.6.2019.

Forelder (2019b): E-post frå anonymisert forelder til Språkrådet 16.12.2019.

Forelder (2020): E-post frå anonymisert forelder til Språkrådet 18.12.2020.

Forleggerforeningen (2020): *Bokmarkedet 2019. Forleggerforeningens bransjestatistikk.* Den norske Forleggerforening. https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2020/06/Bransjestatistikk_2019_internet-v2.pdf (mars 2021).

Forskrift om rammeplan (2015): *Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning.* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-12-21-1771> (mai 2021).

Gujord, A.H., E.B. Molde, A.K. Olsen og I. Wunderlich (2020): Norsk når du kan, engelsk når du må? I: *Khrono.* <https://khrono.no/norsk-nar-du-kan-engelsk-nar-du-ma/457167> (mars 2021).

Hatlevik, I.K.R. og J.D. Norgård (2001): *Myter og fakta om språk. Pensumlitteratur på grunnnivå i høyere utdanning.* NIFU-rapport 5/2001. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/273973> (mars 2021).

Humord. Norsk tesaurus for humaniora og samfunnsvitenskap med tilgrensande fagområde. Universitetsbiblioteket, Universitetet i Oslo. <https://www.ub.uio.no/bruk/sok-i-hele-biblioteket/emneord/humord/om-indekseringssamarbeidet.html> (mars 2021).

ILN (2014a): *Protokoll fra instituttstyremøte 1 0. juni 2014.* Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. <https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/styret/moter/2013-2016/protokoll-2014/protokoll-10-6-2014.html> (april 2021).

ILN (2014b): *Den forskings- og undervisningsmessige verdien av eit utval samlingsressursar ved ILN. Rapport frå ei arbeidsgruppe nedsett av instituttleiar ved ILN hausten 2014.* Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/d-sak-1-2-samlet_samlingsrapport_0.pdf (mars 2021).

Jacobs, R. (1996): Just How Hard Is It to Learn ASL? The Case for ASL as a Truly Foreign Language. In C. Lucas (red.): *Multicultural Aspects of Sociolinguistics in Deaf Communities.* Washington, D.C.: Gallaudet University Press. 183–226.

Kartarkivet. Universitetet i Bergen. <http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=108&tabid=1619> (mars 2021).

Kristiansen, M. (2018): *Kartlegging av språkstrategiske dokument i bruk ved statlige utdanningsinstitusjoner.* Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2018/kartlegging-av-sprakpolitikk-ved-norske-hoyskoler.pdf> (mars 2021).

Kristiansen, M. (2020): Parallellspråk og språkpolitikk i UH-sektoren. Status og vyer. Språkrådets skrifter nr. 7. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/sprakradets_skrifter_nr7.pdf (mars 2021).

Kulturdepartementet (2020): Statsbudsjettet 2021 – tildelingsbrev til Språkrådet. Kulturdepartementet. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/diverse/tildelingsbrev_2021.pdf (mars 2021).

Kunnskapsdepartementet (2015): Kompetanse for kvalitet. Strategi for videreutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kompetanse-for-kvalitet/id2439181/> (mai 2021).

Kunnskapsdepartementet (2018): Statsbudsjettet for 2019, kap. 260 – Tildelingsbrev for Universitetet i Oslo. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/688a417d0baa4dcb8da2157ac6fd7907/universitetet-i-oslo-11499452.pdf> (mai 2021).

Kunnskapsdepartementet (2019): Tildelingsbrev 2020 for Universitetet i Oslo (UiO). Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/7ee6c83853d94c7eb8a86d9270245ca0/tildelingsbrev-2020-for-universitetet-i-oslo-1681791.pdf> (mai 2021).

Kunnskapsdepartementet (2020): Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20202021/id2768541/> (mars 2021).

Matematisk ordliste. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder. <https://matematikkradet.no/ordliste/> (mai 2021).

Meld. St. 25 (2016–2017): Humaniora i Norge. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-25-20162017/id2545646/> (mai 2021).

NHH (2019): Språkpolitiske retningslinjer. Noregs handelshøgskule. <https://www.nhh.no/om-nhh/sprakpolitiske-retningslinjer/> (mai 2021).

NMBU (2020): Språkpolitiske retningslinjer ved NMBU. Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet. Upublisert.

Nordisk gruppe for parallellspråklighet (2017): More parallel, please! Sprogbrug i internationaliseringsprocesser. Nordisk Gruppe for Parallelsproglighet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/sprakarbeid/forskning-og-hogare-utdanning/more-parallel-please-.pdf> (mars 2021).

Nordisk ministerråd (2007): Deklaration om nordisk språkpolitikk. Nordiska ministerrådet. <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:700895/FULLTEXT01.pdf> (mars 2021).

Noregs forskingsråd (2020): Indikatorrapporten. Det norske forsknings- og innovasjonssystemet. Statistikk og indikatorer 2020. Noregs forskingsråd. <https://www.forskningsradet.no/contentassets/f6b95e99d7734631acaafb41dfa5e5b8/indikatorrapporten-2020.pdf> (mars 2021).

Noregs forskingsråd (2021): Signed Language Depiction as an Engine for Promoting Inclusion, Communication, and Translation (DEPICT). Noregs forskingsråd. <https://prosjektbanken.forskningsradet.no/project/FORISS/315864> (mai 2021).

Noregs handelshøgskule, Språkrådet og Universitetet i Bergen (2019): Intensjonsavtale om samarbeid for å etablere ein nasjonal termportal som del av Språksamlingane i Bergen. Upublisert.

NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler. Utgreiing levert til Kunnskapsdepartementet 13. februar 2020. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-3/id2690294/> (mars 2021).

NTNU (2019): Språkbruk i det norske døvemiljøet: et dypdykk i norsk tegnspråkøkologi. Forskningsprosjekt. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. <https://www.ntnu.no/is/norsk-teiknsprakokologi> (april 2021).

NTNU (2020): Erfaringsbasert masterprogram i spesialpedagogikk. Audiopedagogikk. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. <https://www.ntnu.no/studier/mprsped/audiopedagogikk/> (mars 2021).

NTNU (2021): Språk og kommunikasjon i profesjoner – om studiet. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. <https://www.ntnu.no/studier/mskip/om> (mars 2021).

Opplæringslova = Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (mars 2021).

Oppslagsarkivet. Universitetet i Bergen. <http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1382> (mars 2021).

Oslomet (2020): *Innspill om tegnspråk og tolking i forbindelse med PPU og Tolkeloven fra OsloMet.* Notat til Kunnskapsdepartementet. Upublisert.

Oslomet (2021a): E-post frå Oslomet v/Arnfinn Muruvik Vonen 17.3.2021.

Oslomet (2021b): *Vil du ta masterfordypning i norsk tegnspråk og tegnsprådidaktikk?* Oslomet – storbyuniversitetet. <https://www.oslomet.no/om/nyheiter/masterfordypning-norsk-teiknspraak-og-teiknsprakdidaktikk> (mai 2021).

Oslomet (2021c): *COIL-modul i tegnspråk og døvestudier.* Oslomet – storbyuniversitetet. <https://www.oslomet.no/forskning/forskningsprosjekter/coil-modul-tegnspreek-dovestudier> (april 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = *Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak).* Lov om språk (språklova). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mars 2021).

Realfagstermer. Søk i realfagslitteraturen til universitetsbiblioteka i Oslo og Bergen. Realfagsbiblioteket, Universitetet i Oslo. <https://app.uio.no/ub/emnesok/realvagstermer/search> (mars 2021).

Regjeringa (2019): *Særfinansiering av utsatte humaniorafag. Rapport fra ekspertgruppe.* <https://www.regjeringen.no/contentassets/35082c00870a458caa4d9db56c72dae4/rapport-om-sarfinansiering-av-ut-satte-humaniorafag.pdf> (mars 2021).

Respons Analyse og Språkrådet (2020): *Språk i høyere utdanning.* https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/sprakradet_sprak-i-hoyere-utdanning_rapport_210129_mi.pdf (mars 2020).

Revisjonsprosjektet (2021): *Revisjonsprosjektet.* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/11e/121561/revisjonsprosjektet-bokm%C3%A5sordboka-og-nynorskordboka> (mars 2021).

Sarpebakken, B. og F.S. Steine (2020): *Statistikk fra Doktorgradsregisteret: Doktorgrader i tall.* NIFU Innsikt 12. <https://hdl.handle.net/11250/2689647> (mai 2021).

Schwach, V. og E.S. Mæsel (2013): *Pensum i høyere utdanning – hvilke læremidler brukes? Kartlegging av praksis i utvalgte fag.* NIFU-rapport 29/2013. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/280447/NIFUrapport2013-29.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (mars 2021).

Schwach, V. og M. Elken (2018). *Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv.* NIFU-rapport 20/2018. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/nifu_rapport_2018.pdf (mars 2021).

Sivertsen, G. (2020): *Språk og vitenskapelig publisering.* Fokusartikkel i *Indikatorrapporten 2020.* Noregs forskingsråd. Sjå òg Noregs forskingsråd (2020). <https://www.forskningsradet.no/indikatorrapporten/les-mer/sprak-og-vitenskapelig-publisering/> (mars 2021).

Sivertsen, G., N. Løver, E.S. Mæsel og C. Tømte (2016): *Læremidler og formidling i høyere utdanning. En evaluering av tilskuddsordningen og en vurdering av insentivene.* NIFU-rapport 18/2016. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2394382> (mars 2021).

Sivilombodsmannen (2017): *Fylkesmannens behandling i sak om opplæring i og på tegnspråk.* 15.11.2017. <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/fylkesmannens-behandling-sak-om-opplering-og-pa-tegnspreek/> (april 2021).

Sivilombodsmannen (2018): *Gjennomføring av opplæring i og på tegnspråk og retten til et godt skolemiljø.* 8.3.2018. <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/gjennomforing-av-opplering-i-og-pa-tegnspreek-og-retten-til-et-godt-skolemiljo/> (april 2021).

SNL (2021): *Store norske leksikon. Årsmelding for 2020.* <https://lillenorske.no/arsmelding/2020.pdf> (mars 2021).

Språklova. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkløvsproposisjonen. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet (2017): *Språkstatus 2017. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf>. (mars 2021).

Språkrådet (2018): *Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren.* <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Forskning-og-hogre-utdanning/vegvisar-for-sprakval-i-universitets-og-hogskulesektoren/> (mars 2021).

Språkrådet (2019): Kontrakt med Oslomet om prosjektet «Kunnskapsoppsummering om nordiske barn og unges tilganger til tegnspråk». Upublisert.

Språkrådet (2020): *Opptak fra Språkdagen 2020 på Det Norske Teatret 3. november 2020.* <https://www.youtube.com/watch?v=UGCA7SoCDtc> (mai 2021).

Språkrådet og Digitaliseringsdirektoratet (2020): *Begrip begrepene! – et innføringskurs i terminologi og begrepsarbeid.* <https://laeringsplattformen.difi.no/kurs/971527404/begrip-begrepene-et-innforingskurs-i-terminologi-og-begrepsarbeid> (mars 2021).

Språkrådets termwiki. <http://www.termwiki.sprakradet.no/> (mars 2021).

Stadnamnarkivet. Universitetet i Bergen. <http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383> (mars 2021).

Stadnamnlova = Lov om stadnamn. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11> (mars 2021).

St.meld. nr. 35 (2007–2008): *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008/id519923/> (mars 2021).

Tekord. Emnesøk i den tekniske litteraturen til NTNU. Realfagsbiblioteket, Universitetet i Oslo. <https://app.uio.no/ub/emnesok/tekord/search> (mars 2021).

Termportalen. Språksamlingane, Universitetet i Bergen. <https://term.uib.no/> (mai 2021).

UHR (2004): *Vekt på forskning. Nytt system for dokumentasjon av vitenskapelig publisering. Innstilling fra faglig og teknisk utvalg til UHR.* Universitets- og høgskulerådet. https://npi.nsd.no/dok/Vekt_pa_forskning_2004.pdf (mai 2021).

UHR (2007): *Overordnede språkpolitiske retningslinjer.* Universitets- og høgskulerådet. https://www.uhr.no/_f/p/ib79b8f30-20e6-4042-8341-52274fc83ea3/spraakpolitisk_plattform-19022007.pdf (mars 2021).

UHR (2019): *Helsinki-initiativet om flerspråklighet i formidling av forskning.* Universitets- og høgskulerådet m.fl. <https://www.helsinki-initiative.org/no> (mars 2021).

UiA (2021a): *Oversetting og interkulturell kommunikasjon – engelsk.* Universitetet i Agder. <https://www.uia.no/studier/oversetting-og-interkulturell-kommunikasjon-engelsk> (april 2021).

UiA (2021b): Videomøte med John Olav Bjørnstad, Universitetet i Agder 5.3.2021.

UiB (2017): *Skal forbedre jusstudentenes språk.* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/jur/104949/skal-forbedre-jusstudentenes-spr%C3%A5k> (februar 2021).

UiB (2020a): *UiB og UiO: Saman om klarspråkarbeid.* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/jur/132663/uib-og-uio-saman-om-klarspr%C3%A5karbeid> (februar 2021).

UiB (2020b): *Ordkunnskap og norsk ordboksarbeid.* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/emne/LEX200> (mars 2021).

UiB (2020c): *Nordisk: Språkleg masteremne D.* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/emne/NOSP316?sem=2021v#block-uib-study-study-exam-info> (mars 2021).

UiB (2021a): *Namnegransking.* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/ub/114701/namnegransking> (mars 2021).

UiB (2021b): *Norsk Ordbok a-h (NO-AH).* Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/ile/138863/norsk-ordbok-h-no-ah> (mars 2021).

UiB (2021c): E-postkorrespondanse med Universitetet i Bergen v/Peder Gammeltoft 21.1.2021.

UiB (2021d): E-postkorrespondanse med Universitetet i Bergen v/Krister Vasshus 15.3.2021.

UiO (2016): *Klarspråk i juridisk forskning og undervisning.* Universitetet i Oslo. <https://www.jus.uio.no/forskning/prosjekter/klarsprak/> (februar 2021).

UiO (2019): *UiO starter landets første bachelor-program i klart språk.* <https://www.hf.uio.no/studier/aktuelt/aktuelle-saker/2019/uio-starter-norges-forste-bachelorprogram-i-klarsp.html> (mai 2021).

UiO (2020a): *JUS5502 – Lovgivningslære.* Universitetet i Oslo. <https://www.uio.no/studier/emner/jus/jus/JUS5502/> (februar 2021).

UiO (2020b): *JUR1502 – Lovgivningslære.* Universitetet i Oslo. <https://www.uio.no/studier/emner/jus/jus/JUR1502/> (mai 2021).

UiO (2020c): *JUR1502K – Klart lovspråk.* Universitetet i Oslo. <https://www.uio.no/studier/emner/jus/jus/JUR1502K/> (mai 2021).

UiO (2020d): *Jusstudentenes offentlige utredninger (JOU).* Universitetet i Oslo. <https://www.uio.no/studier/emner/jus/jus/JUS5502/JOU-jus5502/> (februar 2021).

UiO (2020e): *SPED4100 – Audiopedagogikk – Hørsel, språk og kommunikasjon.* Universitetet i Oslo. <https://www.uio.no/studier/emner/uv/isp/SPED4100/> (mai 2021).

UiO (2021): Universitetet i Oslo: E-post frå Universitetet i Oslo v/Jon Christian Fløysvik Nordrum 18.3.2021.

Unit (2020): *Leganto pensumlistesystem.* Unit – Direktoratet for IKT og fellestjenester i høgare utdanning og forskning. <https://www.unit.no/tjenester/leganto-pensumlistesystem> (mars 2021).

Universitets- og høgskulelova = Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15> (mars 2021).

Vonen, A.M. (2009): *Sign Languages and Linguistic Imperialism. I: B. Brock-Utne og G. Garbo (red.): Language and Power: The Implications of Language for Peace and Development.* Dar es Salaam: Mkuki na Nyota Publishers. 267–273.

Warberg, S.H., J. Brumo og L.A. Fodstad (2021): *Fra redaksjonen. I: Edda 1:5–7.* https://www.idunn.no/edda/2021/01/fra_redaksjonen (mars 2021).

§1

Føremål

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg.

(§ 1 første leddet første punktum)

ARE YOU READY
TO ORDER?



ARBEIDSLIV



I den nye språklova heiter det i føremålsparagrafen at det overordna målet med lova er å «styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg». I paragraf 4 er det slått fast at norsk er det «nasjonale hovudspråket i Noreg», og at bokmål og nynorsk er «likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet».

Språklova inneheld plikter for offentleg sektor, men «alle delar av samfunnslivet i Noreg» omfattar også det private næringslivet. Dermed gjeld lova norsk arbeidsliv generelt. Sjølv om privat sektor ikkje vil bli direkte regulert av språklova, spelar språk ei viktig rolle også i denne sektoren.

I arbeidslivet som språkarena ser Språkrådet fleire ulike problemstillingar. Dei fleste private verksemdar har norsk som arbeidsspråk og kommuniserer med kundar og brukarar på norsk, men i delar av næringslivet blir engelsk mykje bruka. Det kjem fleire og fleire med ein annan språkbakgrunn inn i arbeidslivet i Noreg, og det fleirspråklege arbeidslivet har utfordringar som varierer mellom dei ulike sektorane og med kor arbeidstakarane kjem frå. Innvandrarar frå EØS-området har ikkje den same retten og den same plikta til norskopplæring som innvandrarar frå andre delar av verda. Ei tredje relevant problemstilling ser Språkrådet i arbeidet med å sikre at digitale verktøy og språkteknologiske løysingar for arbeidslivet skal vere tilgjengelege på både bokmål og nynorsk. Dette arbeidet må òg styrkjast for dei nasjonale minoritetsspråka, for samisk og for norsk teiknspråk.

Tilhøvet mellom norsk og engelsk

I merknadene til føremålsparagrafen i språklova (Prop. 108 L (2019–2020):149) heiter det at «[d]et einaste språket som gjer at norsk språk er i ein utsett posisjon som samfunnsberande språk, er engelsk». Derfor er det naturleg å sjå på tilhøvet mellom engelsk og norsk også i det norske arbeids- og næringslivet. Tidlegare undersøkingar har vist at bruken av engelsk i denne delen av samfunnet var mindre enn ein venta. Arbeidsspråket i norsk arbeidsliv er først og fremst norsk, og næringslivet følgjer i stor grad språkplakaten *Språkvett* for næringslivet (Språkrådet og NHO) om å bruke norsk når du kan, og engelsk når du må. Spørsmålet er jo då om dette framleis stemmer.

Språkrådet får e-postar frå publikum om bruken av engelsk i ulike samanhengar i arbeids- og næringslivet. Temaa for desse e-postane kan gje oss ein peikepinn på kva folk er opptekne av, og kva det kan vere interessant å få vite noko om når det gjeld språkbruk i arbeids- og næringslivet. E-postane kan delast inn i tre grupper etter det meir spesifikke temaet:

Reklame og marknadsføring. Døme på dette er skilt og tekst på engelsk i vindaugsutstillingar og bruk av engelsk i annonsar og anna marknadsføring.

Kundekontakt. Her er det fleire døme:

- All kundeservice (skriftleg og munnleg) skjer på engelsk sjølv om verksemdene har kontor i Noreg og kundane i all hovudsak er norske
- Munnlege meldingar berre på engelsk på innanriks eller skandinaviske flyruter
- Butikkar og restaurantar der beteninga ikkje snakkar norsk, og der kommunikasjonen må gå på engelsk
- Taxiselskap som berre svarar på engelsk på telefonen
- Menyar som er berre på engelsk, på kafear og restaurantar

Arbeidsspråket er engelsk. Her er det også fleire døme:

- Større norske (private) verksemdar som går over til engelsk som arbeidsspråk
- Restaurantar der all kommunikasjon skal skje på engelsk, sjølv mellom norsktalande tilsette og kundar, fordi engelsk skal vere bedriftsspråket
- Innkalling til generalforsamling på engelsk i eit norsk eller nordisk selskap

For alle desse tilfella gjeld det same: Sidan dette dreier seg om private verksemdar, er det ikkje noko i lovverket som hindrar dei i å gjere som dei vil når det gjeld kva språk dei vil bruke. Likevel kan det vere ting verksemdene bør tenkje over i samband med slike val. Det kan gjelde bedriftsdemokrati, arbeidsmiljø, omdømme, haldningar til språkbruk hos kundane og anna.


Resultat frå undersøkingar om bruk av engelsk i arbeids- og næringslivet

Reklame og marknadsføring

Språkrådet undersøkte haldningar til bruk av engelsk i reklame og marknadsføring i fleire rundar i perioden 2008–2016 (Simonsen 2011, Respons Analyse og Språkrådet 2016a, Respons Analyse og Språkrådet 2016b). Spørsmåla gjekk kvar gong til både næringslivsleiarar og eit representativt utval av befolkninga i to ulike undersøkingar. Meininga er å gjennomføre slike undersøkingar med jamne mellomrom for å kunne følgje med på utviklinga når det gjeld haldningar til bruk av engelsk i reklame og marknadsføring. I mangel av meir omfattande undersøkingar stilte Språkrådet spørsmålet «Er du positiv eller negativ til reklame/marknadsføring på engelsk i Noreg?» i ei meir generell undersøking i 2019 (Opinion og Språkrådet 2019). Dette spørsmålet vart også stilt i dei føregåande undersøkingane, og svara på spørsmålet kan derfor samanliknast over tid. Sjå tabellen på neste side.

Det interessante her er at tala frå 2016 avvik frå tala både før og etter. Tala frå 2019 kan tyde på at fleire er

Er du positiv
eller negativ
til reklame/
marknadsføring
på engelsk
i Noreg?



«Bedriftsleiarundersøkinga i 2015 viste at 55 prosent av bedriftene hadde norsk som offisielt arbeidsspråk, medan 5 prosent hadde engelsk. Hos 37 prosent av bedriftene var det ikkje fastsett noko offisielt arbeidsspråk.»

vortne negative og færre positive til reklame og marknadsføring på engelsk, medan dei som er likegyldige, ligg fast på kring ein tredel av dei spurde.

Undersøkinga frå 2019 inneheld også ei fordeling på ulike aldersgrupper, og her var det ikkje uventa i dei eldre aldersgruppene det var flest som var negative til reklame og marknadsføring på engelsk. For dei over 50 år var det heile 65 prosent som var negative, medan svara i aldersgruppa under 30 år fordelte seg nokså jamt på 30 prosent kvar på dei som var positive, og dei som var negative.

Nye omfattande undersøkingar med spørsmål til både næringslivsleiarar og befolkninga elles, etter mønster frå dei som vart gjennomførte i 2016, vil kunne gje oss svar på om det lèt seg gjere å sjå ei jamn utvikling i den eine eller den andre retninga, eller om tendensen heller er svingingar frå gong til gong. Det kan også vere interessant å undersøkje kvifor det er så mykje innslag av engelsk i reklame og marknadsføring, og kvar avgjerda om å bruke engelsk blir teken, særleg sidan tala frå undersøkingane i 2016 og 2010 kan tyde på at både leiarane i næringslivet og befolkninga elles er skeptiske til dette.

Kundekontakt

I den same undersøkinga frå 2019 (Opinion og Språkrådet 2019) hadde Språkrådet tre spørsmål som

gjaldt bruk av engelsk i serviceyrke i Noreg, og kva ein som innbyggjar kan støyte på i kvardagssituasjonar:

1. På spørsmål om ein det siste året hadde opplevd at beteninga på utestader (til dømes kafear og restaurantar) berre snakka engelsk, svara om lag halvparten (48 prosent) at det hadde dei. Mellom 12 og 14 prosent hadde opplevd det same på transportmiddel (til dømes buss og drosje), medan 46 prosent ikkje hadde opplevd noko slikt. Langt dei fleste som hadde opplevd at beteninga berre snakka engelsk, hadde opplevd det i Oslo, medan færrest hadde opplevd det på Sørlandet.
2. På spørsmål om ein føretrekte at beteninga snakka norsk framfor engelsk i Noreg, var det heile åtte av ti som føretrekte dette, og berre éin av tjue som føretrekte det motsette. Prosentdelen fell noko med høgare utdanning, men sjølv mellom dei som har høgare utdanning utover fem år, er det heile 75 prosent som føretrekkjer norsk-talande betening.
3. På spørsmål om ein det siste året hadde opplevd at ein ikkje fekk ordna og/eller bestilt det ein skulle, på grunn av engelskspråkleg betening i Noreg, var det berre 7 prosent som hadde opplevd dette. Nærare ni av ti hadde ikkje opplevd noko slikt.

Dette viser at ein stor del av befolkninga, heile 80 prosent, føretrekkjer å bli snakka til på norsk som kundar i Noreg. Så kan ein lure på kva som ligg til grunn for at verksemdene ikkje alltid legg vekt på ferdigheiter i norsk hos sine tilsette. Er det ein tanke om at alle kan engelsk? Har ikkje dei tilsette høve til å lære norsk? Eller er det fordi det gjev ein viss status å ha engelsktalande betening? Uansett verkar det som dei kanskje ikkje har tenkt på at det kan vere framandgjerande for mange å bli møtt med eit anna språk enn sitt eige i eige land når ein skal utføre heilt vanlege, daglegdagse gjeremål.

Arbeidsspråk, også omtala som konsernspråk eller organisasjonsspråk

Språkrådet har tidlegare gjennomført undersøkingar for å prøve å få ei oversikt over kor utbreidd det er med engelsk som arbeidsspråk i norske verksemdar. Dei siste gongene dette skjedde, var i to undersøkingar i 2015 og 2016:

- Undersøkinga i 2015 gjekk til leiarar i private bedrifter med fleire enn ti tilsette innanfor industri, varehandel og tenesteyting (TNS Gallup og Språkrådet 2015).
- Undersøkinga i 2016 gjekk til tillitsvalde frå LO-forbunda Fellesforbundet og Industri Energi, og målet var å sjå om verda såg annleis ut frå arbeidstakarane si side (TNS Gallup og Språkrådet 2016).

Bedriftsleiarundersøkinga i 2015 viste at 55 prosent av bedriftene hadde norsk som offisielt arbeidsspråk, medan 5 prosent hadde engelsk. Hos 37 prosent av bedriftene var det ikkje fastsett noko offisielt arbeidsspråk. I undersøkinga blant dei tillitsvalde i 2016 var tala om lag dei same når det gjaldt kor mange bedrifter som har norsk som arbeidsspråk, samstundes som dei tillitsvalde i industribedriftene rapporterte at det var heile 20 prosent som hadde fastsett engelsk som arbeidsspråk. Her var det først og fremst dei største bedriftene, med meir enn 100 tilsette, og bedrifter med søster- eller dotterbedrifter i utlandet som hadde fastsett engelsk som offisielt arbeidsspråk. Om lag ein tredel av bedriftene hadde ikkje fastsett noko offisielt

arbeidsspråk, og dette stemmer godt overeins med tala frå bedriftsleiarane.

NHOs kompetansebarometer undersøker kvart år kompetansebehovet hos NHOs medlemsbedrifter. I 2018 (Rørstad ofl. 2018) var kompetanse i norsk og framandspråk eitt av temaa. På spørsmål om kva føremål framandspråk blir knytte til i bedrifta, var det 13 prosent som svara at framandspråket var arbeidsspråk i bedrifta. Dette er eit mykje høgare tal enn det undersøkingane til Språkrådet frå 2015 og 2016 viser.

Språkrådet har planar om å gjenta undersøkingane frå 2015 og 2016 til høvesvis bedriftsleiarar og tillitsvalde for å kunne følgje med på om tilhøvet mellom norsk og engelsk som arbeidsspråk endrar seg over tid. Det ville også vere bra om andre instansar fann det interessant å undersøkje dette. Då kunne ein til dømes sjå på i kva sektorar av næringslivet dette skjer, om det skjer i store eller små verksemdar, kva argument som blir bruka for å endre arbeidsspråk frå norsk til engelsk, og liknande.

Kva behov har arbeids- og næringslivet for kompetanse i engelsk og norsk?

Ei undersøking gjennomført av Språkrådet og TNS Gallup blant bedriftsleiarar i 2015 (TNS Gallup og Språkrådet 2015) viser at det er norsk som er mest bruka i bedrifter i Noreg. Likevel brukar sju av ti bedrifter også engelsk, men det er store variasjonar frå bransje til bransje. Det viser seg òg at det er praktiske behov som styrer valet av språk:

- Dess fleire tilsette det er i bedrifta, dess meir blir engelsk bruka.
- Dess fleire nasjonalitetar som arbeider i bedrifta, dess meir blir engelsk bruka.
- Bedrifter med utanlandske kundar og leverandørar brukar meir engelsk enn dei med norske kundar og leverandørar.

I tillitsvaldundersøkinga (TNS Gallup og Språkrådet 2016) viser svara at behovet for effektiv ekstern kommunikasjon er den viktigaste grunnen til at bedriftene

brukar engelsk, men også behovet for effektiv *intern* kommunikasjon blir oppgjeven som grunn. Ein tredje viktig grunn er behov innanfor reklame og marknadsføring.

NHOs kompetansebarometer 2018 (Rørstad ofl. 2018) såg på kva betydning norsk og framandspråk har for NHOs medlemsbedrifter. For om lag åtte av ti bedrifter var skriftleg og munnleg formidlingsevne på norsk viktige ferdigheiter hos dei tilsette. Berre om lag fem av ti bedrifter meinte at framandspråk var mellom dei viktige ferdigheitene. Rørstad ofl. (2018) konstaterte at dette viser at «god skriftlig og muntlig kommunikasjon på norsk er helt nødvendig for å klare seg i de aller fleste yrker som inngår i utvalget» (s. 52).

Kompetansebarometeret skilde også mellom ulike framandspråk, og her toppa engelsk lista. Nærare halvparten av bedriftene opplyste at dette språket var viktig for dei tilsette. På dei neste plassane kom tysk med 13 prosent og deretter polsk med 7 prosent.

NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) gjennomførte i 2017 ei spørjeundersøking blant 5178 verksemdar som hadde tilsett ein nyutdanna master, bachelor, lærar eller fagskulekandidat etter 1. januar 2014 (Støren ofl. 2019). Verksemdene representerte alle næringar, fylke og verksemdsstorleikar, men verksemdene måtte ha minst ti tilsette, og dei måtte ha tilsett nokon med dei aktuelle utdanningane. Dei representerte altså ikkje heile arbeidslivet. NIFU rangerte nokre ferdigheiter som spesifikke og andre som høg fagleg kunnskap. Uansett fagfelt vart dei ferdigheitene som NIFU rangerte som spesifikke, mellom anna «forståelse av statistikk» og «evne til å kommunisere på et fremmedspråk», vurderte lågare enn ferdigheitene som var rangerte som høg fagleg kunnskap. Likevel var dei spesifikke ferdigheitene viktigare i nokre næringar i privat sektor enn dei generelt var i offentlig sektor. Av ferdigheiter som vart rangerte som høg fagleg kunnskap, kan ein nemne «god til å operasjonalisere fagkunnskapen sin» og «gode evner til å formidle fagkunnskapen sin». Desse ferdigheitene vart vur-

derte som viktigare enn dei spesifikke. Ferdigheita «evne til å kommunisere på et fremmedspråk» vart med andre ord ikkje vurdert som særleg viktig.

Engelsk som arbeidsspråk

Ifølgje NHOs kompetansebarometer 2018 (Rørstad ofl. 2018) er det om lag 13 prosent av medlemsbedriftene i NHO som har engelsk som arbeidsspråk, andre stader også omtala som konsernspråk eller organisasjonsspråk. Det manglar nærare tal når det gjeld heile det norske næringslivet, og det manglar undersøkingar som viser kva følgjer valet av engelsk som arbeidsspråk har for verksemda. Ei undersøking i ei bedrift som har gått over til engelsk som arbeidsspråk, vil kunne gje meir inngående kunnskap om det siste.

I 2015 gjennomførte dei to forskarane A.K. Bjørge og S. Whittaker ved Noregs handelshøgskule ei undersøking i ei norsk kunnskapsbedrift med norsk som arbeidsspråk og med internasjonale medarbeidarar frå om lag 70 nasjonar (Bjørge og Whittaker 2015). Dei som deltok i undersøkinga, kunne velje mellom spørjeskjema på norsk og engelsk. I undersøkinga vart det sett på ulike sider ved situasjonen for både bedrifta og dei tilsette, og sjølv om dette gjeld tilsette som ikkje meistarar norsk til fulle, i ei norsk bedrift, er det ikkje så vanskeleg å tenkje seg at somme av poenga også kan gjelde norske tilsette som ikkje meistarar engelsk til fulle, i ei bedrift med engelsk som arbeidsspråk i Noreg. Somme av funna frå undersøkinga blir derfor presenterte her. Funna vart delte inn i fire kategoriar: val av norsk er ideologisk og pragmatisk motivert, språk og sosial identitet, internasjonalt perspektiv og profesjonell identitet (norsk perspektiv).

1) Val av norsk (som organisasjonsspråk) er ideologisk og pragmatisk motivert

Bedrifta ligg i Noreg, og norskkunnskap er nøkkelen til integrering av utanlandske medarbeidarar. Bruk av norsk er viktig for at dei norske medarbeidarane skal trivast, og for å vareta kontakten med lokale kundar. Undersøkinga viste også varierende støtte til val av norsk som organisasjonsspråk blant både norske og utanlandske medarbeidarar.

2) Språk og sosial identitet

Fleire utanlandske medarbeidarar kjende seg ekskluderte og ute av stand til å uttrykkje personlegdommen sin når det vart bruka norsk. Somme valde å unngå lunsjpausen og heldt seg på kontoret, sjølv om lunsjpausen var ein viktig sosial arena for alle gruppene.

3) Internasjonalt perspektiv

I bedrifta var det forventningar til dei tilsette om å yte maksimalt, men det var avgrensa forståing for at svake norskkunnskarar kunne påverke ytinga. Om lag halvparten av dei som valde spørjeskjema på engelsk, var svært samde eller samde i at dei hadde gått glipp av viktig informasjon fordi dei mangla norskkunnskap. Manglande norskkunnskap førte også til at somme opplevde å nå eit karrieremessig glastak viss dei ønskte å få leiaroppgåver.

4) Profesjonell identitet: norsk perspektiv

Dei utanlandske medarbeidarane representerte «eliten», uttrykt ved «vi rekrutterer dei beste». Internasjonale medarbeidarar var mindre aktive i møte når møta gjekk føre seg på norsk. Det var dessutan alltid akseptert å bruke engelsk for å unngå misforståingar.

Ei liknande undersøking i ei norsk bedrift med engelsk som arbeidsspråk ville vore interessant for å sjå i kor stor grad resultata ville avvike frå dei som kjem fram i undersøkinga til Bjørge og Whittaker. Andre aktuelle spørsmål i ei slik undersøking ville mellom anna vere: Kva vil engelsk som arbeidsspråk ha å seie for bedriftsdemokratiet? Vil alle tilsette vere i stand til å forstå informasjon på engelsk eller i det heile orke å lese informasjon på engelsk, til og med e-postar? Kva vil engelsk som arbeidsspråk ha å seie for arbeidsmiljøet, ikkje minst viss det også skal vere krav om munnleg bruk av engelsk? Og sjølv sagt spørsmålet om alle har nok kompetanse i engelsk til å kunne handtere alle typar kommunikasjon på engelsk, både skriftleg og munnleg?

Arbeid med klarspråk og terminologi

Klarspråk

Arbeid med klart språk i offentleg sektor har gått føre seg i mange år og var i utgangspunktet eit samarbeid mellom Språkrådet og det som då heitte Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Etter kvart som fleire og fleire fekk kjennskap til dette arbeidet, vart det også interesse for å drive med det i privat sektor. Språkrådet innleidde eit samarbeid med Finans Norge om eit omfattande klarspråksprosjekt i 2015. Målet var mellom anna å lage ein verktøykasse for privat sektor slik at ein også der skulle kunne gjere seg nytte av den kunnskapen Språkrådet hadde tileigna seg i arbeidet med klart språk i offentleg sektor. Som ei følgje av dette utarbeidde Språkrådet ei verktøykasse for klarspråksarbeid i næringslivet (Språkrådet).

Terminologi

Finans Norge-prosjektet omfatta også arbeid med terminologi, altså fagord, på pensjonsområdet. Arbeidet førte til ei nettbasert ordliste med definisjonar av ei rekkje av dei mest bruka omgrepa innanfor livs- og pensjonsforsikring. Lista vart lansert saman med at Finans Norge lanserte ein språkstandard for forsikringsbransjen i 2016, medan terminologiarbeidet vart vidareført i ei eiga arbeidsgruppe. Gruppen har drøfta fleire omgrep og termar, og ordlista har auka frå 140 termpostar då ho vart lansert i 2016, til 189 ved utgangen av 2020 (Finans Norge 2021). I tillegg har ordlista fått engelske omsetjingar av termane. Lista inneheld diverre ikkje nynorsktermar.

Det har vore eitt anna terminologiprojekt i privat sektor dei siste åra som Språkrådet kjenner til. Det var i regi av DigitalNorway, som arbeider med digitaliseringa av norsk næringsliv. Dei tok initiativ til eit prosjekt der dei laga *Norsk ordliste for digitalisering* (DigitalNorway). Ordlista inneheld 14 termpostar med definisjonar og termar på bokmål, nynorsk og engelsk. Språkrådet deltok med rådgjeving. Prosjektet gjekk frå 2018 til 2020.

Standardar frå Standard Norge og tal på termpostar i termbasen SNORRE 2017–2020

	2017	2018	2019	2020
Samla tal på fastsette Norsk Standard	1111	1032	1309	1521
Tal på Norsk Standard omsette frå engelsk til norsk	25 (2,3 %)	21 (2,1 %)	36 (2,8 %)	33 (2,2 %)
Tal på nasjonale Norsk Standard	25	26	18	23
Tal på termpostar i termbasen SNORRE	56 940	59 700	60 951	62 763

Kjelder: Standard Norge 2018, 2019, 2020, 2021

Tabellen tek ikkje omsyn til kor omfattande kvar einiskild standard er i sidetal. Meir informasjon om termbasen SNORRE finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar».

Språkrådet kjenner ikkje til andre terminologiprojekt i det private næringslivet. Det blir arbeidd med nye nemningar på nye produkt og tenester, men det kan sjå ut til at dette arbeidet er adhocarbeid og ikkje eit strukturert og langsiktig arbeid. Språkrådet får berre kunnskap om slike arbeid når enkeltpersonar eller verksemder tek kontakt med spørsmål til enkeltemar eller ønske om rettleiing eller samarbeid. Det manglar ei oversikt over og kunnskap om anna mogleg terminologiarbeid som skjer i privat sektor, anten som prosjekt eller som meir langsiktig arbeid.

Standardiseringsarbeid i Noreg

Standardiseringsarbeidet i Noreg skjer i dei tre institusjonane Standard Norge (SN), Norsk Elektroteknisk Komité (NEK) og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

Ein standard er eit dokument som skildrar og regulerer viktige sider ved eit produkt, ei teneste eller ein arbeidsprosess. Det er frivillig å bruke standardar, men føremålet er å oppnå likare konkurransetilhøve, produkttryggleik og felles løysingar nasjonalt og internasjonalt. Standardar effektiviserer og forenkler. På det elektrotekniske området blir standardane omtala som *normer*.

Standardar inneheld ofte mykje ny terminologi på både tekniske og andre fagområde. Dette er terminologi som blir fastlagd gjennom standardane, og bruken av standardane gjer at terminologien blir kjend og blir teken i bruk. For det norske samfunnet er det viktig at standardane er tilgjengelege i eit språk som brukarane kan forstå. I tillegg til å vere effektivt er dette òg viktig for tryggleik på arbeidsplassar, god kvalitet på produkt og tenester og god kommunikasjon mellom fagfolk på ulike ekspertområde.

Norske standardar kan vere utarbeidde på norsk her heime. Dei fleste standardar er europeiske eller internasjonale tekstar som anten er omsette til norsk (som hovudregel frå engelsk), eller som ikkje er omsette, men som blir gjevne ut med engelsk tekst og norsk tittel.

Standard Norge

Standard Norge er den norske medlemmen i den europeiske standardiseringsorganisasjonen CEN og den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO.

Talet på omsette standardar har vore stabilt lågt i fleire år, sjå tabellen over. Standard Norge og Språkrådet

Normer frå Norsk Elektroteknisk Komité				
	2017	2018	2019	2020
Tal på fastsette NEK-normer	1196	1046	1229	1260
Tal på fastsette NEK-normer med norsk tekst*	5 (0,4 %)	5 (0,5 %)	6 (0,5 %)	14 (1,11)

Kjelder: Norsk Elektroteknisk Komité 2018, 2019, 2020, 2021

*Tala omfattar både normer som er omsette til norsk, og normer som er utarbeidde på norsk.

vart i 2016 samde om ein femårig felles handlingsplan for å auke talet på omsette standardar og styrkje arbeidet med terminologi til termbasen SNORRE. Sidan standardar inneheld terminologi på fleire ulike fagområde, er det eit viktig språkpolitisk mål å få opp mengda av omsette standardar og omsett terminologi frå standardar. I 2021 har Språkrådet og Standard Norge oppdatert og forlenget den felles handlingsplanen, og i den nye planen blir det lagt større vekt på omsetjing av terminologi enn av heile standardar. I 2021 fekk Standard Norge ei auka løyving på 2 millionar kroner frå Kulturdepartementet, og denne løyvinga er øyremerkt arbeidet med å omsetje standardar og terminologi til norsk.

I 2020 vart arbeidet i den norske standardiseringskomiteen SN/K 144 Språk og terminologi vekt til live igjen. Komiteen speglar arbeidet i tre internasjonale komitear, og særleg den internasjonale komiteen ISO/TC 37 Language and terminology.

ISO/TC 37 Language and terminology arbeider no mellom anna med å revidere og oppdatere standarden NS-ISO 704:2009 Terminology work – Principles and methods. Det er ein av dei grunnleggjande standardane for terminologiarbeid, som ligg til grunn for

både den terminologiske metoden og prinsippa som blir bruka i arbeidet med omgrepsanalyse, definisjonskriving og fastsetjing av termar. SN/K 144 Språk og terminologi gav innspel til eit utkast til standarden i desember 2020. ISO/TC 37 Language and terminology er også komiteen som er ansvarleg for arbeidet med den internasjonale standarden for klarspråk, ISO/WD 24495-1 Plain language, som blir omtala i kapitlet «Noreg og verda».

Norsk Elektroteknisk Komité (NEK)

Norsk Elektroteknisk Komité er den norske medlemmen i den europeiske standardiseringsorganisasjonen CENELEC og den globale standardiseringsorganisasjonen IEC.

Sjå tabellen over for ei oversikt over omsette NEK-normer. NEK har ingen eigen termbase, men terminologi på feltet blir gjort tilgjengeleg i Electropedia, den internasjonale termbasen til den globale elektrotekniske standardiseringsorganisasjonen IEC. Arbeidet med å omsetje terminologi skjer prosjektbasert hos NEK, og arbeidet er avhengig av ekstern finansiering. Ved utgangen av 2020 var det 3073 termpostar i Electropedia som hadde norsk term, både nynorsk og bokmål. I slutten av 2019 løyvde Språkrådet midlar til

«Språkteknologi er ein føresetnad for at eit språk skal kunne overleve som bruksspråk i eit moderne samfunn.»



omsetjing av 550 termar til bokmål og nynorsk, og desse termene kjem inn i Electropedia i 2021.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom)

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har ansvar for å forvalte standardar på post- og teleområdet i Noreg og er nasjonalt standardiseringsorgan for den europeiske standardiseringsorganisasjonen ETSI. Det er om lag 4850 ETSI-standardar som er transponerte til Norsk Standard på området, det vil seie at dei er godkjende som nasjonale standardar. Nkom omset vanlegvis ikkje standardane til norsk, men omset no likevel ETSI-standarden EN 301 549 til norsk. Det er eit samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet, og omsetjingsprosjektet vart sett i gang etter at Digitaliseringsdirektoratet bad om at standarden skulle bli omsett. Omsetjinga var på høyring våren 2021. Denne standarden er den einaste av standardane frå Nkom som er vorten omsett til norsk, så vidt Språkrådet kjenner til (Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit 2021).

Digitalisering og språkteknologi

I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* (s. 126–127) blir det vist til korleis språkpolitikk i aukande grad blir relevant for arbeidslivet, sidan arbeidslivet blir meir språkbasert – og særleg tekstbasert – enn det har vore

tidlegare. Denne utviklinga heng i stor grad saman med aukande bruk av IKT-løysingar i arbeidet. Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge* (s. 114) slår fast at språkteknologi er ein føresetnad for at eit språk skal kunne overleve som bruksspråk i eit moderne samfunn, og språkløvsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020):41) seier at det er ein føresetnad at norsk blir bruka i digitale produkt og tenester om det skal vere eit samfunnsberande språk i åra som kjem.

Det er ei demokratisk utfordring at det ikkje blir utvikla og bestilt IKT-løysingar som støttar begge dei norske skriftspråka, dialektane og dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg. Det er like viktig anten det gjeld tenester som behandlar språk automatisk, til dømes opplesing av tekst eller automatisk omsetjing, eller tekst på nettsider, portalar eller i dataprogram. At ei løysing **støttar** eit språk, vil seie at løysinga har funksjonalitet for det språket, til dømes at det finst ein stavekontroll for språket, eller at taleattkjenningssystem kan kjenne att språket. Manglande støtte inneber det motsette, altså at det **ikkje** finst funksjonalitet for det språket.

Språkløvsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020):41–42) peikar på kor viktig det er med språkteknologi som er tilgjengeleg på språket til brukaren, av omsyn til

likestilling, inkludering og samfunnsdeltaking. Eit utval nedsett av Språkrådet peikar i *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* (Språkrådet 2018:29) på korleis mellom anna taleteknologien kan gje nye grupper tilgang til samfunnsdeltaking, men at det er ein føresetnad at ein skal kunne bruke sitt eige språk og sin eigen dialekt. Dei fleste løysingar er tilgjengelege på bokmål, men støtta for nynorsk er vesentleg dårlegare, og det finst lite støtte for kvensk og samiske språk. For dei som er avhengige av universelt utforma løysingar og velferdsteknologi, står det endå verre til. Mange løysingar for universell utforming er avhengige av språkteknologi, til dømes kan ikkje automatisk teksting av norsk tale fungere utan at taleattkjenninga støttar norsk. Universelt utforma IKT-løysingar og velferdsteknologi støttar som hovudregel ikkje nynorsk, og det er lita eller inga støtte for kvensk og samiske språk.

Språkstøtte i operativsystem og program

Tilsette i både offentleg og privat sektor har bruk for tilgang til teknologiske løysingar på både nynorsk og bokmål og på kvensk og samiske språk på arbeidsstaden. Gode IKT-verktøy særleg på nynorsk og dei samiske språka er ikkje alltid tilgjengelege, noko som bidreg til at det er vanskelegare å bruke minoritetspråka som arbeidsspråk.

Microsofts og Apples operativsystem for datamaskiner og handhaldne digitale einingar har støtte for nynorsk og bokmål, med enkelte funksjonar som berre støttar bokmål. Ingen av operativsystema støttar samiske språk. Det er ikkje alltid gode innebygde moglegheiter for å ta i bruk verktøy og programvare utvikla av tredjepartar, som til dømes Divvun, som utviklar språkteknologiske verktøy for samiske språk ved Universitetet i Tromsø (UiT). Moshagen ofl. (2019) viser til at ein stavekontroll for nordsamisk som dei har utvikla ved UiT, ikkje kan integrerast i løysingar som Chrome OS, Google Docs og Office 365.

Språkrådet har i dag lite informasjon om språkstøtta i interne portalar og digitale opplæringsverktøy som blir bruka i norske verksemdar.

Universell utforming

Universell utforming byggjer på tanken om at tenester skal vere tilgjengelege for alle brukarar, uavhengig av alder, funksjonsevne og utdanningsnivå. Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge* (s. 117) slår fast at målsetjinga med universell utforming av IKT skal vere at flest mogleg skal bruke dei same digitale løysingane i staden for at det blir utvikla spesialløysingar. Digitale tenester som inneheld tekst, teiknspråk eller tale, må derfor bli utvikla slik at dei sikrar at alle språkbrukarar i samfunnet kan ha nytte av dei.

Språkteknologi er eit viktig element i utviklinga av universelt utforma digitale løysingar. Det blir stadig strengare krav til universell utforming av slike løysingar, og dermed aukar òg behovet for språkteknologi til dette føremålet. Meir tekstbasert kommunikasjon krev løysingar for brukarar med skrive-, syns- eller lesevanskar, til dømes dikteringstenester og verktøy til skrivehjelp. Strøyming av lyd og video skjer ofte i sanntid og krev løysingar for automatisk teksting for brukarar med høyrsvanskar.

Forskrift om universell utforming av IKT-løysningar er ei forskrift til lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne. Forskrifta spesifiserer kva for krav til og standardar for universell utforming som gjeld i Noreg, og når det gjeld nettløysingar, viser forskrifta til standarden for tilgjengeleg nettinnehald (Web Content Accessibility Guidelines). Minimumskravet i forskrifta kjem til å bli endra i løpet av 2021 når EUs webdirektiv om universell utforming av offentlege nettstader og mobilapplikasjonar blir ein del av norsk lov, og vil omfatte både offentlege og private nettstader. Dei nye krava til universelt utforma nettløysingar inneber mellom anna krav om teksting av strøymde lyd- og videoopptak. Automatisk teksting som tek i bruk taleattkjenning, vil få mykje å seie for ressursbruken når tekstinga skal innførast. Førebels finst det gode taleattkjenningsløysingar berre for bokmål, og løysingane kjenner best att standard austlandsk talemål. Det inneber at det no ikkje er mogleg å både støtte krava til universell utforming og sikre alle innbyggjarane dei rettane dei har etter mållova.

I åra etter at Polen og Litauen og åtte andre land vart medlemmer av EU i 2007, voks arbeidsinnvandringa frå Polen og Litauen kraftig. Over 30 000 arbeidstakarar i byggje- og anleggsbransjen er statsborgarar frå land som vart med i EU i 2004. I industrien er det over 17 000 arbeidstakarar frå desse landa.

Det blir arbeid for at ressursar som er nødvendige for utvikling av løysingar for fleire dialektar og nynorsk, skal leggjast ut i språkbanken. Meir informasjon om språkbanken finst i kapitlet «Språklege byggjeklossar».

Velferdsteknologi

For fleire brukargrupper er velfungerande velferdsteknologiske løysingar ein føresetnad for deltaking i arbeidslivet. Velferdsteknologi kan overlappe med, men er ikkje det same som universelt utforma teknologiske produkt. I *Innovasjon i omsorg* (NOU 2011: 11) definerer Helse- og omsorgsdepartementet velferdsteknologi som teknologi som bidreg til auka tryggleik, sosial deltaking, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og som styrkjer evna til kvar enkelt til å klare seg sjølv i kvardagen trass i sjukdom og sosialt, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som støtte for pårørande. Velferdsteknologiske hjelpemiddel kan vere produkt som er spesialutvikla for spesifikke brukargrupper, og som Nav gjer tilgjengelege, til dømes dikterings- og talestyringsløysinga Tuva. Tuva støttar bokmål, men ikkje nynorsk. Støtta for nynorsk er lita i desse løysingane, og få løysingar er tilgjengelege for kvensk og samiske språk.

Det er bruka fleire typar språkteknologi i velferdsteknologiske hjelpemiddel som Nav tilbyr. Til dømes er taleattkjening og naturleg språkforståing bruka i talestyring av datamaskiner og mobile einingar og i dikteringsverktøy. Talesyntese er bruka i tekst-til-tale-produkt og skjermlesarar, og naturleg språkforståing, naturleg språkgenerering og talesyntese er bruka i skrive- og lesestøtte for personar med dysleksi eller andre lese- og skrivevanskar. Nokre løysingar lèt brukarar diktere og styre einingar med språkstøtte for engelsk og bokmål, til dømes Dragon Naturally Speaking frå Nuance Communications International og Tuva frå Max Manus. Nynorskbrukarar har per i dag inga slik løysing til disposisjon. Tekst-til-tale-løysingar for opplesing av tekst og skjerminnhald støttar standard austlandsk uttale, og det finst løysingar som støttar begge dei norske skriftspråka. Verktøy til lese- og skrivehjelp frå Vitec og Lingit støttar både nynorsk og bokmål. For kvensk og samisk finst det svært få velferdsteknologiske løysingar.

I tillegg vil språkstøtte vere ein faktor i andre velferdsteknologiske løysingar der brukaren har å gjere med digital tekst. Det er ønskeleg med betre kjennskap til kor godt språkteknologiske løysingar i velferdsteknologien fungerer for brukarane, og om brukarar har høve til å bruke sitt eige språk, både talespråk og skriftspråk, i løysingane.

Fleirspråklegheit i arbeidslivet

Innvandring i Noreg

Det bur om lag 800 000 menneske i Noreg som er definerte som innvandrarak av Statistisk sentralbyrå (SSB). Innvandrarak frå Polen er den klart største gruppa, med over 100 000 personar. Litauen og Svevige er på andre og tredje plass, med høvesvis om lag 40 000 og 35 000 innvandrarak frå desse landa (Statistisk sentralbyrå 2021).

Somme innvandrarak har etter integreringslova *rett og plikt* til gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Blant desse gruppene er asylsøkkarak og flyktningar. Arbeidsinnvandrarak frå land utanfor EØS har plikt, men ikkje rett til opplæring. Det vil seie at denne gruppa ikkje har rett til gratis opplæring. Arbeidsinnvandrarak frå EØS-området har verken rett eller plikt til slik opplæring.

Den nye integreringslova tok til å gjelde 1. januar 2021 og erstatta den eldre introduksjonslova. Lova omfattar dei gruppene som har *rett og plikt* eller berre *plikt* til opplæring, altså dei fleste innvandrargrupper utanom EØS-innvandrarak. Lova legg opp til at ein skal oppnå eit minimumsnivå i norsk, avhengig av kva utdanningsbakgrunn innvandraren har frå før. Nivåa er fastsette i ei eiga forskrift til lova. Alle er venta å oppnå eit nivå på minimum B1 i munnleg kommunikasjon etter *Det felles europeiske rammeverket for språk* (Integreringsforskrifta). I forskrifta er nivå B1 definert slik: «På nivå B1 kan personen forstå klare og relativt enkle framstillingar relatert til kjente emner fra arbeid, skole, hjem og fritid og uttrykke seg enkelt og sammenhengende om kjente emner og emner av personlig interesse. Personen kan delta uforberedt i samtaler i de fleste situasjonar en møter i dagliglivet, når samtalepartneren snakker tydelig.»

Strengare krav til statsborgarskap

Samstundes med den nye integreringslova vart det føreslått endringar i statsborgarskapslova. Her vart kravet om kompetanse i norsk heva frå A2-nivå til B1-nivå i munnleg kommunikasjon, som svarar til krava

i integreringslova. Endringane er vedtekne av Stortinget, men var per medio februar 2021 enno ikkje tredde i kraft.

I høringsrunden til framlegget om endringar i statsborgarskapslova kom det svært mange motsegner. Både Kompetanse Noreg, Utdanningsforbundet og Språkrådet var skeptiske til å setje såpass strenge språkkrav til ein søknad om statsborgarskap (Kunnskapsdepartementet 2019). Språkrådet meinte at eit så strengt krav kunne føre til ekskludering, og ikkje til integrering i samfunns- og arbeidsliv, slik departementet skildra føremålet med endringane.


Innvandrarak utan rett og plikt til norskopplæring

Dei to største innvandrargruppene i Noreg er personar frå Polen og Litauen. Som EØS-borgarak er dei ikkje omfatta av integreringslova og har verken rett eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Innvandrarak frå desse landa må altså sjølve sørge for opplæring i norsk, dersom ikkje arbeidsgjevaren legg til rette for det. EØS-avtalen er òg til hinder for å stille generelle språkkrav til EØS-innvandrarak, sidan dette bryt med prinsippa for fri flyt av arbeidskraft i det økonomiske samarbeidsområdet.

I åra etter at Polen og Litauen og åtte andre land vart medlemmer av EU i 2007, voks arbeidsinnvandringa frå Polen og Litauen kraftig. Over 30 000 arbeidstakarar i byggje- og anleggsbransjen er statsborgarak frå land som vart med i EU i 2004. I industrien er det over 17 000 arbeidstakarar frå desse landa (Ødegård og Andersen 2020).

I NHOs kompetansebarometer frå 2018 (Rørstad ofl. 2018) kom det fram at 80 prosent av verksemdene i Byggenæringens Landsforening og 83 prosent i Norsk Industri meinte at munnleg kommunikasjon på norsk hadde stor eller ei viss betydning for verksemda. I den same undersøkinga blir det spurt kva for framandspråk verksemda har behov for. Her seier 7 prosent av NHO-bedriftene at dei har behov for polsk språk, og over 30 prosent av verksemdene som treng polsk, seier at føremålet er kommunikasjon med eigne til-

«Trass i at polske innvandrarak har høg sysselsetjingsgrad samanlikna med andre innvandrargrupper, ser ikkje dette ut til å ha positiv innverknad på kunnskapane i norsk. Faktisk er det berre 31 prosent av dei polske innvandrarakane som opplyser at dei generelt har gode eller nokså gode kunnskapar i norsk.»



sette. Det viser at det er mange polske tilsette i NHO-verksemdene, men det kan òg seie noko om at mange polske tilsette ikkje meistarar norsk.

Ein studie frå hotellbransjen i 2011 viste at det var avdelingar på norske hotell som ikkje lenger hadde norsk som arbeidsspråk (Ødegård og Andersen 2011). I ei anna undersøking frå 2017 melde arbeidsgjevarar i tre ulike bransjar om til dels store språkproblem ved bruk av arbeidskraft frå nye EU-land: 71 prosent av arbeidsgjevarane i bygge- og anleggsbransjen var heilt eller delvis samde i at arbeidstakarar frå aust-europeiske EU-land førte til språkproblem på arbeidsplassen. For industrien var dette talet 60 prosent (Andersen og Ødegård 2017).

Samstundes kan ein ikkje sjå språk isolert frå kulturelle skilnader. Begge delar spelar inn på kommunikasjonen på arbeidsplassen, tilhøvet til arbeidsgjevar og samarbeidsmåtar, dette viser ei anna undersøking frå 2017 (Kilskar ofl. 2017). Barrierar som manglande språkkunnskapar, manglande kjennskap til kulturelle kodar og særnasjonale sertifiseringsordningar kan gjere det vanskeleg å få utteljing for utdanning, kompetanse og erfaring som ein har med seg til i eit nytt land (Friberg 2016).

Jon Horgen Friberg peikar i oppsummeringa si av ti år med forskning på arbeidsinnvandring frå Aust-Europa på at staten la opp til få eller ingen integreringstiltak for arbeidstakarane som kom frå nye EU-land (Friberg 2016). Arbeidsmarknaden var drivkrafta og inngangsporten for migrasjonen, og arbeidslivet var også den sentrale arenaen for integrering av arbeidstakarane. At deltaking i arbeidslivet automatisk fører til integrasjon og språklæring, er derimot ei sanning med modifikasjonar. I SSBs levekårsundersøking frå 2016 skil innvandrarakar frå Polen seg negativt ut når det gjeld språkkunnskapar (Vrålstad og Wiggen 2017). Trass i at polske innvandrarak har høg sysselsetjingsgrad samanlikna med andre innvandrargrupper, ser ikkje dette ut til å ha positiv innverknad på kunnskapane i norsk. Faktisk er det berre 31 prosent av dei polske innvandrarakane som opplyser at dei generelt har gode eller nokså gode kunnskapar i norsk. Til samanlikning opplyser 64 prosent av innvandrarakar frå Afghanistan at dei har gode eller nokså gode kunnskapar i norsk.

I tillegg opplyser 17 prosent av polakkane i undersøkinga at dei aldri snakkar norsk på jobben. Andelen blant dei elleve andre landa i undersøkinga ligg på mellom 0 og 5 prosent. Samanlikna med menn frå andre innvandrargrupper er det svært få polske menn

som brukar norsk heile eller delar av arbeidsdagen. Under 30 prosent av polske mannlege arbeidstakarar gjer dette, samanlikna med over 80 prosent av mannlege arbeidstakarar frå Bosnia-Hercegovina. Det er grunn til å sjå dette i samanheng med at mange polske menn jobbar i bygge- og anleggsnæringa, der polske arbeidstakarar kan utgjere majoriteten av arbeidstakarane på mange arbeidsplassar.

Den same undersøkinga peikar også på at lang butid i Noreg ikkje nødvendigvis heng saman med betre kompetanse i norsk. Ei undersøking som forskingsinstituttet Fafo gjorde for Språkrådet i 2020, peikar på nokre faktorar som er viktige for motivasjonen og moglegheita til å lære norsk (Ødegård og Andersen 2020). Blant dei er tilknytninga arbeidstakarane har til arbeidslivet (fast eller mellombels tilsett), bustad, etterspurnad etter arbeidskraft og opplevd nytteverdi av språkopplæring og -praktisering. Rapporten undersøkte tre arbeidsplassar i byggebransjen, i helsesektoren og i akademia. Rapporten slår fast at det er store skilnader mellom arbeidsplassane, men at det òg finst fellestrekk på tvers. Arbeidsplassen i universitetssektoren skil seg ut ved at arbeidsinnvandringa her i stor grad blir sedd på som positiv også av dei norske tilsette. På arbeidsplassane i helse og bygg var dei norske tilsette meir skeptiske til den store andelen arbeidsinnvandrarakar på arbeidsplassen.

I rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* (Språkrådet 2018) blir temaet norskopplæring for EØS-innvandrarakar trekt fram som ei av dei store utfordringane i norsk språkpolitikk i åra framover. Utvalet som skreiv rapporten, meiner det trengst ei styrking av norskopplæringstilbodet for EØS-innvandrarakar, og at dette temaet bør inn i trepartssamarbeidet i staten. Det vil seie at arbeidstakarorganisasjonar, arbeidsgjevarorganisasjonar og styresmakter går saman om å finne løysingar. Utvalet meiner dette er naturleg, sidan alle paratar har interesse av at arbeidstakarane meistrar norsk.

Utvalet peikar òg på at eksisterande språklege hierarki spelar inn på korleis ulike arbeidsinnvandrargrupper

blir behandla, og åtvarar om at strenge språkkrav kan føre til forskjellsbehandling av somme innvandrargrupper.

Koronapandemien og konsekvensar for framandspråklege

Etter at utbrotet av det nye koronaviruset spreidde seg over heile verda våren 2020, auka arbeidsløysa i Noreg bratt. Mange bransjar vart råka av strenge smitteverntiltak, og tilgangen til utanlandsk arbeidskraft vart svekt på grunn av strengare grensekontroll og innreiserestriksjonar. Auka arbeidsløysa rår særleg flyktningar og nykomne innvandrarakar, sidan desse ofte har lita arbeidserfaring og låg formell kompetanse. Regjeringa kom derfor i juni 2020 med ei krisepakke på 456 millionar kroner som skulle gje deltakarakar i introduksjonsprogrammet rett til utvida programtid i inntil seks månader. I tillegg skulle dei som deltok i norskopplæring, og som hadde rett og plikt til slik opplæring, få utvida opplæringstida med inntil seks månader (Imdi 2020). I januar 2021 kom ei ny krisepakke, der desse tiltaka vart forlengde på nytt, og der det i tillegg kom eigne tilskot til mellom anna norskopplæring i regi av frivillige organisasjonar, til nettbasert norskopplæring og til informasjonstiltak retta mot innvandrarakbefolkninga for å stagge virus-spreiinga (Kunnskapsdepartementet 2021).

Kunnskapsdepartementet bestilte i 2020 ei kartlegging av tilbod om språkopplæring og språktrening for vaksne innvandrarakar i Noreg og i dei nordiske landa (Rambøll 2021). I Sverige og Danmark har også arbeidsinnvandrarakar frå EØS-land rett til å delta i den offentlege språkopplæringa, på same måten som flyktningar og asylsøkjarakar. I Noreg har ein derimot valt ein modell der språkopplæringa for arbeidsinnvandrarakar skjer gjennom arbeidsgjevaren, mellom anna gjennom ordninga Kompetanse pluss, der arbeidsgjevaren kan søkje tilskot frå staten til norskopplæring for dei tilsette. Den eksterne kartlegginga peikar på at det at EØS-borgarakar må oppsøkje og betale for norskopplæring sjølve, kan vere ein barriere for mange for å gjennomføre norskopplæring. Dette bidreg òg til at det er usikkert kva for kvalitet denne

Det er viktig å sørge for at innvandrergrupper i Noreg kan lære og kan bruke norsk språk. Å få til eit rammeverk som sikrar dette for dei store gruppene av EØS-borgarar, vil vere ei viktig språkpolitisk oppgåve i åra som kjem.

gruppa får på ei eventuell norskopplæring, sidan dei ikkje er nøyddde til å bruke kommunal vaksenopplæring eller tilbod godkjende av Kompetanse Noreg. Kartlegginga konkluderer slik: «All den tid norskopplæring fremheves som et av de fremste virkemidlene for å oppnå sentrale mål for integreringsarbeidet i Norge, kan det dermed stilles spørsmålstegn [sic] ved om begrensningen som ligger i dagens lovverk hvor arbeidsinnvandrere er unntatt retten på gratis språkopplæring, er hensiktsmessig på sikt.»

Det er viktig å sørge for at innvandrergrupper i Noreg kan lære og kan bruke norsk språk. Å få til eit rammeverk som sikrar dette for dei store gruppene av EØS-borgarar, vil vere ei viktig språkpolitisk oppgåve i åra som kjem.

Minoritetsspråk

I arbeidslivet er det etterspurnad etter personar som meistrar kvensk, romaner eller romani. Språkrådet manglar oversikt over behovet i alle sektorar, men veit at det er særleg stor mangel på minoritetsspråkleg arbeidskraft i utdanningssektoren. Dette gjeld heile utdanningsløpet frå barnehage til høgare utdanning, men i litt ulik grad på dei ulike nivåa. Retten til kvenskopplæring er forankra i opplæringslova, men

det er i dag mangel på lærarar i kvensk. Problemet vil bli forverra i åra som kjem, når mange lærarar med kompetanse i kvensk går av med pensjon, fordi det er få søkjarar til lærarutdanninga (NRK 2020, Ruijan Kaiku 2020).

Det er også behov for romanesspråkleg kompetanse i skulen og for romanesspråklege tolkar og omsetjarar. Meir informasjon om dette finst i kapitlet «Skule og barnehage».

Ei utfordring på dette feltet er at det kan vere vanskelig å finne arbeidskraft som har både (formell eller uformell) språkkompetanse og pedagogisk eller annan fagleg kompetanse.

§4

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk.

KJELDER

Andersen, R.K. og A.M. Ødegård (2017): *Norske bedrifters bruk av og erfaringer med østeuropeisk arbeidskraft*. Fafo-notat 2017:10. <https://www.fafo.no/images/pub/2017/10260.pdf> (mai 2021).

Bjørge, A.K. og S. Whittaker (2015): Language Management in a Multinational Workforce: The Knowledge Worker Perspective. I: *HERMES – Journal of Language and Communication in Business* 2015 (54):137–160. https://pdfs.semanticscholar.org/6fe2/c5d9c8e35b9aad477d54df8fbfeae2154e84.pdf?_ga=2.178773796.105618636.1607674640-451842776.1607674640 (februar 2021).

DigitalNorway = Norsk ordliste for digitalisering. DigitalNorway – Toppindustrisenteret AS. <https://digitalnorway.com/norsk-ordliste-for-digitalisering/> (april 2021).

Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven = Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne. Barne- og likestillingsdepartementet. <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2008-06-20-42> (juni 2008).

Finans Norge (2021): E-post 7.1.2021.

Forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løsninger. Fornyings- og administrasjonsdepartementet. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2013-06-21-732> (juni 2013).

Friberg, J.H. (2016): *Arbeidsmigrasjon. Hva vet vi om konsekvensene for norsk arbeidsliv, samfunn og økonomi?* Fafo-rapport 2016:02. <https://www.fafo.no/images/pub/2016/20564.pdf> (mai 2021).

IEC = International Electrotechnical Commission. <https://www.electropedia.org/> (mai 2021).

Imdi (2020): *Ny tiltakspakke skal avhjelpe negative konsekvenser av koronakrisen*. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. <https://www.imdi.no/om-imdi/aktuelt-na/ny-tiltakspakke-skal-avhjelpe-negative-konsekvenser-av-koronakrisen/> (mars 2021).

Integreringsforskrifta = Forskrift til integreringsloven. Kunnskapsdepartementet. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-12-15-2912?q=forskrift%20til%20integreringsloven> (januar 2021).

Kilskar, S.S., K. Wasilkiewicz, B. Nygaard og A. Øren (2017): *Flerkulturelle arbeidsplasser i byggenæringen. Kartlegging av muligheter og utfordringer*. Sintef teknologi og samfunn. file:///C:/Users/DagfinnR/Downloads/flerkulturelle-arbeidsplasser-i-byggenaringen-2017.pdf (mai 2021).

Kunnskapsdepartementet (2019): *Høring forslag til lov om integrering (integreringsloven) og forslag til endringer i lov om norsk statsborgerskap (statsborgersloven)*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-lov-om-integrering-integreringsloven-og-forslag-til-endringer-i-lov-om-norsk-statsborgerskap-statsborgersloven/id2663114/?expand=horingssvar> (februar 2021).

Kunnskapsdepartementet (2021): *Ny krisepakke på 323 millioner kroner rettet mot flyktninger og nyankomne innvandrere*. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-krisepakke-pa-323-millioner-kroner-rettet-mot-flyktninger-og-nyankomne-innvandrere/id2830643/> (februar 2021).

Meld. St. 27 (2015–2016): *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/fe3e34b866034b-82b9c623c5cec39823/no/pdfs/stm201520160027000ddd-pdfs.pdf> (mai 2021).

Moshagen, S.N., T. Trosterud og L. Antonsen (2019): *Language Technology for Indigenous Languages: Achievements and Challenges*. I *Proceedings of the Language Technologies for All (LT4All)*, s. 219–222. <https://lt4all.elra.info/proceedings/lt4all2019/> (mai 2021).

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (2021): E-post 12.3.2021.

Norsk Elektroteknisk Komité (2018): *Årsrapport 2017*. <https://www.nek.no/wp-content/uploads/2018/05/NEK-Aarsrapport-2017.pdf> (mars 2021).

Norsk Elektroteknisk Komité (2019): *Årsrapport 2018*. <https://www.nek.no/nek-arsrapport-2018/> (mars 2021).

Norsk Elektroteknisk Komité (2020): *Årsrapport 2019*. <https://www.nek.no/nek-arsrapport-2019/> (mars 2021).

Norsk Elektroteknisk Komité (2021): E-post 12.3.2021.

NOU 2011: 11: *Innovasjon i omsorg.* Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/5fd24706b4474177bec0938582e3964a/no/pdfs/nou201120110011000dddpdfs.pdf> (mai 2021).

NRK (2020): *Todd Nolen fra Alaska kom som en reddende engel.* <https://www.nrk.no/kvensk/stor-laerermangel-i-kenesk-todd-fra-alaska-blei-redning-1.14854940> (mars 2020).

Opinion og Språkrådet (2019): *Befolkningsundersøkelse (omnibus) juni 2019.* Internt dokument.

Prop. 108 L (2019–2020) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). *Lov om språk (språkløva).* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (januar 2021).

Rambøll (2021): *Kartlegging av tilbud om språk-opplæring og språktrening for voksne innvandrere i Norge og øvrige nordiske land.* Rapport 2021. <https://no.ramboll.com/-/media/files/rno/rmc/kartlegging-av-tilbud-om-sprakopplring-og-spraktillbud-til-voksne-innvandrere-ramboll-management-consulti.pdf?la=no> (mai 2021).

Respons Analyse og Språkrådet (2016a): *Bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring. Befolkningsundersøkelse.* https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/bruk-av-engelsk-i-reklame_rapport-befolkning-2016.pdf (mai 2021).

Respons Analyse og Språkrådet (2016b): *Bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring. Undersøkelse blant næringslivsledere.* https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/bruk-av-engelsk-i-reklame_rapport-naringslivsledere-2016.pdf (mai 2021).

Ruijan Kaiku (2020): *Mener skoleeiere må ta mer ansvar for kvenskundervisninga.* <https://www.ruijan-kaiku.no/mener-skoleeierne-ma-ta-mer-ansvar-for-keneskundervisninga/> (april 2021).

Rørstad, K., P. Børing, E. Solberg og T.C. Carlsten (2018): *NHOs kompetansebarometer 2018. Resultater fra en undersøkelse om kompetansebehov blant NHOs medlemsbedrifter i 2018.* NIFU-rapport 2018:23. <https://www.nho.no/contentassets/cc929ba-7222141e49d8f9ed85a7da36c/nifurapport2018-23.pdf> (februar 2021).

Simonsen, D.F. (2011): *Motviljen mot engelsk i reklame og markedsføring øker kraftig. I: Språknytt 1/2011.* <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2011/Spraknytt-12011/Motviljen-mot-engelsk-i-reklame-og-markedsforing-oket-kraftig/> (februar 2021).

Språkløva. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet: *Slik set de i gang eit klarspråksprosjekt.* <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Naringslivet/klarspraksprosjektet-nynorsk/> (april 2021).

Språkrådet (2018): *Språk i Norge – kultur og infrastruktur.* Rapport frå Språkrådets framtidsutval. https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge_web.pdf (mai 2021).

Språkrådet og NHO: *Språkvett for næringslivet.* <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Naringslivet/Sprakplakaten-sprakvett-for-naringslivet/> (april 2021).

Standard Norge (2018): *Årsrapport 2017.* <https://www.standard.no/Global/PDF/Standard%20Norge/%c3%85rsrapport%202017%20web.pdf> (mars 2021).

Standard Norge (2019): *Årsrapport 2018.* <https://www.standard.no/Global/PDF/Standard%20Norge/Rapport%202018%20web.pdf> (mars 2021).

Standard Norge (2020): *Årsrapport 2019.* <https://www.standard.no/Global/PDF/Standard%20Norge/Rapport%202019%20-%20endelig.pdf> (mars 2021).

Standard Norge (2021): E-post 8.3.2021.

Statistisk sentralbyrå (2021): *Fakta om innvandring. Landbakgrunn for innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre i Norge. 2021.* <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/faktaside/innvandring> (mars 2021).

St.meld. nr. 35 (2007–2008): Mål og mening.

Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Kultur- og kyrkje-departementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (mai 2021).

Kortversjon: http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (mai 2021).

Støren, L.A., R.B. Reiling, S-E. Skjelbred, M.E. Ulvestad, T.C. Carlsten og D.S. Olsen (2019):

Utdanning for arbeidslivet. Arbeidsgivers forventninger til og erfaringer med nyutdannede fra universiteter, høyskoler og fagskoler. NIFU-rapport 2019:3. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2589732/NIFUrapport2019-3.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (februar 2021).

TNS Gallup og Språkrådet (2015): *Bruk av engelsk i norske bedrifter.* <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/bruk-av-engelsk-i-norske-bedrifter--tns-gallup-23.11.15.pdf> (februar 2021).

TNS Gallup og Språkrådet (2016):

Bruk av engelsk i industri og bygge- og anleggsvirksomhet. <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-av-engelsk-industri-bygg-og-anlegg.pdf> (februar 2021).

Vrålstad, S. og K.S. Wiggen (red.) (2017): *Levekår blant innvandrere i Norge 2016.* Statistisk sentralbyrå, rapporter 2017/13. https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/_attachment/309211 (mai 2021).

Ødegård, A.M og R.K. Andersen (2011): *Østeuropeisk arbeidskraft i hotell, verft, fiskeindustri og kjøttindustri.* Fafo-notat 2011:21. https://www.fafo.no/media/com_netsukii/10142.pdf (mai 2021).

Ødegård, A.M og R.K. Andersen (2020): *Norsk-kompetanse blant arbeidstakere født i utlandet.* 2. utgave. Fafo-rapport 2020:27. <https://www.fafo.no/images/pub/2020/20762.pdf> (mai 2021).

§ 9

Klart språk

Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.

STAT OG KOMMUNE

§ Arvelova

Barna til arvelataren arvar likt dersom ikkje anna går fram av særskilde lovreglar.

OPPDATERT

§ Arveloven

Arven deles likt mellom arvelaterens barn, om ikkje noe annet følger av særskilte lovregler.

Nynorsk og bokmål er jamstilte skriftspråk i Noreg, og begge språka skal brukast og vere synlege i det offentlege rommet. Etter gjeldande lovverk skal sentrale statsorgan veksle mellom målformene slik at ingen av dei er representerte med mindre enn 25 prosent.

Språkrådet fører tilsyn med reglane i mållova og ser at svært få av dei statlege verksemdene faktisk oppfyller dette kravet. Nynorsk-kompetansen i offentleg sektor er mange stader låg. Negative språkhaldningar fører òg til dårleg måloppnåing. For å oppfylle lovkrava må språkarbeidet i forvaltninga vere både godt forankra og høgt prioritert.

Kommunane i landet har høve til å velje kva skriftspråk dei vil at statlege organ skal nytte i kommunikasjonen med dei. Privatpersonar har rett til å få svar frå statlege organ på sitt eige skriftspråk. Språklova vidarefører desse rettane og gjev dessutan nynorsken, som det minst bruka av dei to språka, eit særskilt vern. Det står likevel mykje arbeid att før målet om reell jamstilling er nådd.

Språklova slår fast at det norske forvaltningsspråket skal vere klart og lett å forstå for innbyggjarane. Med det er klart språk i det offentlege lovfesta for første gong. Klarspråk i lovverk og andre sentrale tekstar frå forvaltninga bidreg til å skape tillit til styresmaktene. Slik fremjar klarspråket rettstryggleiken i landet. Klarspråk er òg sentralt i arbeidet med digitaliseringa av offentleg sektor. Det er behov for å prioritere det nynorske skriftspråket særskilt i dette arbeidet.

«Dårleg måloppnåing i overordna departement har ein negativ smitteeffekt til underliggjande etatar, og tal frå Språkrådet viser at bruken av nynorsk på statlege nettsider har gått ned dei siste åra.»

Målbruk i forvaltninga

Målbruk i statleg forvaltning

Skal innbyggjarane i Noreg få oppfylt dei språklege rettane sine, må statsorgan og departement følgje mållova. Begge dei to skriftspråka skal vere synlege i sentral informasjon frå staten, og privatpersonar har rett til å få svar frå statlege organ i si eiga målform. Det er demokrati i praksis. Likeverdet mellom nynorsk og bokmål er stadfesta i føremålsparagrafen i mållova, og innhaldet i paragrafen blir vidareført i den nye språklova. Det nye lovverket vil i tillegg gje nynorsken som det minst bruka av dei to språka eit særskilt vern.

På oppdrag frå Kulturdepartementet fører Språkrådet tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og departement. Gjennom det systematiske tilsynsarbeidet gjev Språkrådet individuell tilbakemelding til alle statsorgan og departement. Det er avgjerande for å halde målvekslinga oppe i statleg teksttilfang.

Mållova med forskrifter slår fast at alle sentrale statsorgan og departement skal veksle mellom målformene slik at ingen av dei er representerte med mindre enn 25 prosent i teksttilfanget som verksemdene lagar for det eksterne publikumet sitt. Språkrådet ser at mange av dei statlege verksemdene gjer for lite for å oppfylle dette kravet. Dårleg måloppnåing i overordna departement har ein negativ smitteeffekt til underliggjande etatar, og tal frå Språkrådet viser at bruken av nynorsk på statlege nettsider har gått ned

dei siste åra. I 2019 låg nynorskprosenten i snitt på 14,5. I trykte tekstar varierer bruken av nynorsk rett mykje, men til liks med sosiale medium låg nynorskprosenten godt under tjuefemtalet i snitt også i denne kategorien i 2019.

Tala for målbruken på statlege nettsider kan tyde på manglande rutinar i statsforvaltninga. Mange statstilsette kjenner ikkje regelverket godt nok til å kunne gjere det lova krev av dei. Ei undersøking om bruken av bokmål og nynorsk blant statstilsette og språkbrukarar generelt som Språkrådet gjennomførte i 2015 (Språkrådet 2015), viste at mange nynorskbrukarar vel å endre skriftspråk frå nynorsk til bokmål i jobbsamanheng, medan bokmålsbrukarar så godt som aldri gjer eit liknande skifte. Resultata frå undersøkinga og tala frå tilsynsarbeidet til Språkrådet viser at statstilsette ikkje blir tydeleg nok oppmoda av leiarane sine til å bruke nynorsk i arbeidet. Det er derfor avgjerande at statlege leiarar prioriterer arbeid med språk i verksemda dei representerer, og forankrar det betre gjennom tett oppfølging og god opplæring.

Det er viktig å påpeike at tala Språkrådet samlar inn frå statlege verksemdar, ikkje alltid eignar seg for samanlikning og statistikk. Målbruken i statsorgan og departement varierer mykje frå år til år. Somme organ leverer ikkje målbruksrapport i det heile. I mange verksemdar er målbruksarbeidet sårbar og avhengig av nokre få eldsjeler. Tilsynsdialogen mellom Språkrådet og statsorgana legg til rette for at dei statlege verk-

semdene i aukande grad skal bli medvitne om ansvaret dei har for språkleg jamstilling i eigen sektor. Det bør vere ei høgt prioritert oppgåve òg når språklova tek til å gjelde, og det er dessutan i tråd med intensjonane om å styrkje sektoransvaret for den norske språkpolitikken. Mange språkbrukarar opplever framleis at dei blir møtte med for dårleg språkkompetanse frå statstilsette og for låg vilje til å følgje lovverket.

Alle privatpersonar har rett til å få svar frå statlege verksemder i si eiga målform, jf. § 6 i mållova. Likeins skal offentlege universitet og høgskular gje studentane sine høve til å melde frå om kva målform dei ønskjer å nytte på eksamen, jf. § 2 i forskrift om målform i eksamensoppgåver. Universitets- og høgskulelovutvalet har i framlegg til ny universitets- og høgskulelov (NOU 2020: 3) føreslått at denne retten blir teken inn i lova, og at retten blir utvida til òg å gjelde studentar ved private høgskular (side 126).

Mållova gjev publikum rett til å klage om dei ikkje får oppfylt rettane sine. Òg slik saksbehandling er med på å minne dei statlege verksemdene om kva reglar som gjeld for målbruken i staten. Språkrådet er ikkje klageorgan i slike saker, men får kopi av klagesakene gjennom rolla som tilsynsorgan. I 2019 fekk Språkrådet i underkant av 90 slike klagar. Året før låg talet på 53 saker. Kvart år dreier rundt 30 saker av totalen seg om feil skriftspråk på eksamen ved universiteta og høgskulane i landet. Talet på slike eksamensklagar er jamt, sjølv om det samla talet på klagesaker varierer rett mykje frå år til år (Språkrådet 2020). Språkrådet meiner likevel at talet på mållovsbrot er nokså stabilt. Det er talet på innmelde klagar som skiftar. Mørketala er med andre ord store. Statsorgana har sjølv plikt til å halde seg informerte om gjeldande rett og sjå til at dei tilsette har den nødvendige kompetansen til å kunne følgje reglane.

Det er grunn til å meine at både klageretten til publikum og tilsynsdialogen med Språkrådet skjerpar medvitet i staten om både plikter og rettar. I den nye språklova er Språkrådets oppgåver og ansvar knytt til rådgjeving, rettleiing og tilsyn lovfesta. Det er likevel

grunn til å minne om at språkarbeid er eit sektorovergripande ansvar.

Målbruk i kommunal og fylkeskommunal forvaltning

Etter føresegna i § 5 i mållova har eit kommunestyre rett til å vedta kva målform staten skal bruke i skriv til kommunen. Eventuelt kan kommunestyret vedta at staten i slike høve står fritt til å velje målform. Kommunen blir med det definert som språkleg nøytral i høve til staten. Tilsvarande vedtak kan fylkestinget gjere på vegner av fylkeskommunen. Kommunale og fylkeskommunale målvedtak skal etter lova meldast til Kulturdepartementet, som syter for at vedtaka blir gjorde kjende i statstenesta. For dette føremålet har departementet fastsett ei eiga forskrift med oversikt over gjeldande målvedtak i alle kommunar og fylkeskommunar (Forskrift om målvedtak). I 2016 vart ansvaret for oppfølging av § 8 første og andre ledd i forskrift om målbruk i offentleg teneste delegert til Språkrådet. Retten kommunane og fylkeskommunane har til å krevje nynorsk eller bokmål i skriv frå staten, er viktig for lokaldemokratiet og avgjerande for å sikre posisjonen til nynorsk som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg.

Språklege omsyn i kommunale og fylkeskommunale samanslåingsprosessar

5. april 2017 la regjeringa fram eit forslag om ny kommunestruktur (Prop. 96 S (2016–2017)), og 8. juni 2017 vedtok Stortinget ei rekkje kommunesamanslåingar, alle frå 1. januar 2020. Stortinget vedtok samstundes desse samanslåingane av fylka i Noreg, alle frå 1. januar 2020:

- Troms og Finnmark (Troms og Finnmark)
- Vest-Agder og Aust-Agder (Agder)
- Hordaland og Sogn og Fjordane (Vestland)
- Akershus, Østfold og Buskerud (Viken)
- Vestfold og Telemark (Vestfold og Telemark)

Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag vart slått saman til Trøndelag fylke frå 1. januar 2018.

I rundskriv F/8 N/81 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet (upublisert) er det teke stilling til kva som skjer med målvedtak i samband med endringar i kommunestrukturen:

Kommunar som er regulerte på ein slik måte at to eller fleire kommunar er slått saman, må gjere nytt vedtak med krav om målform endå om alle dei samanslåtte kommunane har vedtak om den same målforma. Elles blir kommunen rekna for å vere språkleg nøytral.

Språkrådet sende 30. oktober 2017 ut eit informasjonsskriv til kommunar og fylkeskommunar som var involverte i samanslåingsprosessar. I skrivet vart kommunane og fylkeskommunane oppmoda om å ta språkpolitiske omsyn i samanslåingsprosessen, og dei vart påminne om denne fleirtalsmerknaden i innstillinga frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomité om løyvingar på statsbudsjettet for 2015: «Flertallet legger vekt på at hensynet til nynorsk språk skal ivaretas i arbeidet med kommunereformen.» (Innst. 16 S (2014–2015)). Dette omsynet vart teke opp att i dei to påfølgjande budsjettinnstillingane frå same komiteen.

Mellom 2015 og 2019 vart 71 kommunar slått saman. Av desse var det 24 nynorskkommunar som gjekk saman med andre og inn i større kommunar (Grepstad 2020). Mange av dei nye storkommunane gjekk over til å bli språkneutrale kommunar. Nokre nye kommunar, mellom anna Ålesund og Midt-Telemark, gjorde vedtak om å krevje nynorsk i skriv frå staten.

I 2015 var det i alt 113 nynorskkommunar, 158 bokmålskommunar og 157 språkneutrale kommunar i Noreg. I 2020 var det 90 nynorskkommunar, 118 bokmålskommunar og 148 språkneutrale kommunar. Kommunane med nynorsk målvedtak var i 2020 fordelte på sju fylke. Før regionsreforma var det 3 fylkeskommunar med nynorskvedtak, 2 fylkeskommunar med bokmålsvedtak og 14 språkneutrale fylkeskommunar i Noreg. Etter reforma var det 2 fylkeskommunar med nynorskvedtak, ingen fylkeskommunar med bok-

målsvedtak og 9 språkneutrale fylkeskommunar. Per 1. mars 2021 var tala uendra (Forskrift om målvedtak).

Språklova erstattar mållova og gjev fylkeskommunane nye plikter

Den nye språklova vart vedteken av Stortinget våren 2021 og inneheld nye retningslinjer for målbruken i fylkeskommunane. Etter § 15 i lova må òg fylkeskommunane svare private rettssubjekt på det skriftspråket som det private rettssubjektet ønskjer. Fylkeskommunane skal òg etter den same paragrafen rette seg etter målvedtaka i kommunane og fylkeskommunane. Desse pliktene er likevel mindre omfattande enn krava som gjeld for staten.

Verken mållova eller språklova stiller krav til kva skriftspråk kommunar og fylkeskommunar sjølve skal bruke i sin eigen administrasjon. Det finst per i dag inga offisiell oversikt over i kva grad kommunar og fylkeskommunar har gjort vedtak om eige administrasjonsmål.

Ved årsskiftet 2010/2011 gjennomførte Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorsk kultursentrum ei undersøking for å kartleggje korleis det stod til med bruken av nynorsk i kommunesektoren (Språkrådet 2011). Kommunane vart mellom anna spurde om kva samsvar det var mellom målvedtak og administrasjonsspråk. Dei fleste nynorskkommunane såg ut til å ha nynorsk som administrasjonsspråk og som det dominerande skulemålet i grunnskulen. Eit meir nedslåande resultat av undersøkinga var at nynorskkommunane melde at dei sjeldan eller aldri fekk skriv frå (sentrale) statsorgan på nynorsk (Språkrådet 2011). Det kan tyde på dårleg kunnskap om retten kommunane har til å få skriv på det skriftspråket dei ønskjer.

Det er ikkje gjort noka ny undersøking i ettertid. Fram til 2015 viste Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjennom den årlege kommuneproposisjonen til den fastsette offentlege språkpolitikken og understreka at kommunal og fylkeskommunal forvaltning er eit viktig domene for å styrkje nynorsken på «brei basis», men i Prop. 105 S (2019–2020) Kom-

muneproposisjonen 2021 (KMD 2019–2020) er verken språkpolitikken eller bruken av nynorsk i kommunane omtala. Etter kommunesamanslåingane og det utvida fylkeskommunale ansvaret som ligg i reglane i språklova, trengst det ei ny kartlegging av bruken av nynorsk i kommunesektoren.

Prisen «Årets nynorskkommune»

I 2009 etablerte det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet prisen «Årets nynorskkommune». Føremålet med prisen var å stimulere til god nynorskbruk i kommunane. Kulturdepartementet tok over ansvaret for prisen i 2015. I eit oppdragsbrev dagsett 15. august 2015 bad Kulturdepartementet Språkrådet om å administrere arbeidet med prisen og leie juryarbeidet. Prisen går til ein kommune eller fylkeskommune som legg godt til rette for nynorsken, og vinnaren får 100 000 kroner. Tidlegare vinnarar er Stord (2009), Seljord (2010), Fjell (2011), Sogn og Fjordane fylkeskommune (2012), Ørsta (2013), Radøy (2014), Førde (2015), Time (2016), Sveio (2017), Vinje (2018) og nye Ålesund kommune (2019). I 2020 vann Voss herad prisen.

«Klarspråk bidreg til å skape tillit til styresmaktene. Styresmaktene skal vere eit godt føredøme, også språkleg.»

Klarspråk

Klarspråk fremjar demokratiet og rettstryggleiken. Styresmaktene gjev informasjon om mellom anna rettar og plikter. Derfor bør forvaltningspråket vere klart og lettfatteleg. Klarspråk bidreg til å skape tillit til styresmaktene. Styresmaktene skal vere eit godt føredøme, også språkleg.

I språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) blir ansvaret til det offentlege framheva. Her heiter det mellom anna at det offentlege «skal føre eit språk som gjer at innbyggjarane kjenner rettane og pliktene sine og kan ta gode og informerte val», og at kravet om god språkleg kvalitet også gjeld for digitale tenester. I språklova og den nye forvaltningslova (NOU 2019: 5) er det teke inn eigne føresegner om klarspråk. Klarspråk er dessutan nemnt i fleire sentrale styringsdokument, til dømes digitaliseringsstrategien til regjeringa (KMD 2019) og digitaliseringsrundskrivna frå KMD, og mange statlege og kommunale verksemder har laga eigne språkprofilar (språklege retningslinjer).

Utviklinga på klarspråksfeltet

Interessa for språkarbeid i offentlig sektor har auka jamt dei siste femten åra. Språkrådet har arbeidd systematisk med klarspråk i offentlig sektor sidan 2006, i tett samarbeid med dåverande Direktoratet for forvaltning og IKT – Difi (no Digitaliseringsdirektoratet – Digdir) og etter kvart KS og Universitetet i Oslo (UiO). Fagfeltet er i stadig utvikling, og Noreg markerer seg i det internasjonale klarspråksmiljøet.

Ei rekkje statsorgan har sett i gang tiltak for å betre språket i publikumsretta tekstar. Mange av desse tiltaka vart gjennomførte innanfor rammene av prosjektet «Klart språk i staten» (2008–2012), som er omtala i Språkstatus 2017 (Språkrådet 2017). Etter at prosjektet vart avslutta, er klarspraksarbeidet ført vidare som del av den ordinære drifta i Språkrådet.

Prosjektet «Klart språk i staten» vart evaluert i 2013. Sluttevalueringa (Dahle og Ryssevik 2013) viser at prosjektet har hatt god verknad, men at det er van-

Definisjonar av klarspråk

————— **2006** ————— **2009** ————— **2015** —————>

Med *klarspråk* meiner vi her korrekt, klart og brukartilpassa språk i tekstar frå det offentlege.

Ein tekst er skriven i klarspråk dersom mottakarane

- finn det dei treng
- forstår det dei finn
- kan bruke det dei finn, til å gjere det dei skal

(Definisjon inspirert av Ginny Redish)

Klarspråk er kommunikasjon med så tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming at lesarane i målgruppa finn den informasjonen dei treng, forstår han og kan bruke han.

skeleg å integrere språkarbeidet i den daglege drifta når eit prosjekt er avslutta. Kjennskapen til klarspråk i offentleg sektor har auka, og haldningane til klarspråk er vortne meir positive dei seinaste to–tre åra. Det finst mange konkrete døme på at tekstar og tenester i det offentlege har vorte betre. Samstundes er det mange som har vanskar med å omsetje klarspråksprinsippa i praksis. Det er ofte krevjande å halde fram med klarspråksarbeid når eit internt prosjekt eller kurs er gjennomført.

Sidan 2015 har også kommunesektoren satsa på klarspråksarbeid. KS leier dette arbeidet. Interesse for klart språk i helsesektoren har auka jamt sidan 2016, og meir informasjon om det finst i kapittelet «Helse».

Undersøkingar i offentleg sektor

I innbyggjarundersøkinga 2019 (Difi 2019) svara 47 prosent av respondentane at brev, brosjyrar og

liknande frå det offentlege er enkle å forstå, mot 42 prosent i ei tilsvarande undersøking i 2017 (Difi 2017a).

I Språkrådets befolkningsundersøking 2020 (Opinion 2020) svarte 47 prosent av respondentane at skriftleg informasjon frå det offentlege ofte er vanskeleg å forstå. Tala tyder på at det framleis trengst ein innsats for å gjere språket i offentleg sektor betre og meir forståeleg.

Det manglar kunnskap om kva for statlege og kommunale verksemder som driv med systematisk språkarbeid, korleis dei arbeider, og kva verknad arbeidet har hatt. Derfor planlegg Språkrådet ei ny undersøking om klarspråksarbeid i stat og kommune i 2021.

Definisjonen av klarspråk

Med tida har definisjonen av klarspråk vorte vidare. Tidlegare vart det lagt mest vekt på reint tekstlege

trekk. No blir det lagt meir vekt på mottakarorientering, kontekst og føremål. I 2015 vart det utarbeidd ein internasjonal definisjon av klarspråk: «Klarspråk er kommunikasjon med så tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming at lesarane i målgruppa finn den informasjonen dei treng, forstår han og kan bruke han.» Kommunikasjon skal femne om alle typar innhald og kan vere både ein tekst, ein video og ei digital teneste. Struktur og visuell utforming har kome inn, og mottakarane er snevra inn til lesarane i målgruppa.

Med den nye internasjonale definisjonen blir klarspråk meir relevant for fleire andre fagfelt, til dømes digitalisering, informasjonsdesign, universell utforming og UX (frå engelsk User eXperience, «brukaroppleving»).

Klarspråksprisane

Klarspråksprisane går til statsorgan og kommunar som gjer eit langsiktig og systematisk klarspråksarbeid. I tillegg blir det delt ut ei utmerking til ei eldsjel. Prisane er forvaltningsprisar og blir delte ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Språkrådet, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) (no Digitaliseringsdirektoratet (Digdir)) og KS har til no samarbeidd om utdelinga av prisane. Ein uavhengig jury oppnemnd av departementet vurderer dei nominerte.

Klarspråksprisen for staten har vore delt ut sidan 2009 (med unntak av 2019). Klarspråksprisen for kommunar og fylkeskommunar kom til i 2016. Klarspråksprisane inspirerer og motiverer til systematisk språkarbeid. Prisane heng høgt, og nivået på kandidatane blir høgare for kvart år. For dei som arbeider overordna med klarspråk, gjev informasjon om arbeidet til pris-kandidatane nyttig kunnskap om språkarbeid i offentleg sektor.

Nettstaden klarspråk.no

Nettstaden klarspråk.no vart etablert i 2009 som ein del av prosjektet «Klart språk i staten». Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) (no Digitaliseringsdirektoratet (Digdir)) dreiv nettstaden saman. Då prosjektet vart avslutta i 2012, overtok Språkrådet drifta. Sidan er nettstaden lagd om fleire gonger. Nett-

staden er fellesportalen for klarspråk i offentleg sektor i Noreg og skal først og fremst vere ei verktøykasse for offentleg tilsette som vil forbetre språket sitt eller setje i gang eit klarspråksprosjekt. I 2020 vart alt innhald på nettstaden revidert, og strukturen og utsjånaden vart endra. Nye verktøy og nytt innhald (mellom anna råd om språk i lover og forskrifter) kom til. Den nye versjonen av klarspråk.no vart lansert hausten 2020.

Klarspråkskurs for offentleg tilsette

E-læringskurset «Den gylne pennen», som vart laga av Språkrådet og dåverande Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i 2016, gjev ei innføring i klarspråksprinsipp og -teknikkar. I 2020 var det på Læringsplattforma (felles digital læringsplattform i staten) og Verksemdsplattforma (kompetansestyringsverktøy for statlege verksemdar) til saman 2856 brukarar som starta kurset, medan til saman 1653 brukarar fullførte det. Klarspråkskurset er eit av dei mest bruka e-læringskursane på læringsplattforma i staten.

Føremålet med e-læringskurset er å gje inspirasjon og grunnleggjande kunnskap om klarspråk. Men eit e-læringskurs er ikkje nok. Både Språkrådet og private aktørar tilbyr ordinære klarspråkskurs med kurshaldar. Etterspurnaden etter tilpassa klarspråkskurs i offentleg sektor har vore jamn frå 2017 til 2019, men har gått ned i 2020. Ei årsak til nedgangen ser ut til å vere at statlege og kommunale organ ikkje har hatt høve til å prioritere språkarbeid under pandemien; dei har hatt meir enn nok med andre gjeremål. Ei anna årsak kan vere at kurstilbodet i 2020 er lagt om. Dei fleste klarspråkskursane i 2020 har vore digitale. Fleire oppdrags-gjevarar i offentleg sektor har sagt at dei vil utsetje planlagde klarspråkskurs til kursane igjen kan haldast på vanleg vis (ikkje digitalt). Private aktørar melder om at digitale kurs kan supplere, men ikkje erstatte ordinære klasseromskurs.

Behovet for klarspråkskurs, støtte og rettleiing vil venteleg auke når språklova tek til å gjelde.

«Dei siste åra har over 200 kommunar arbeidd med å forbetre språket i tekstane sine og berre i 2020 delte KS ut 1,1 millionar kroner til språkarbeid i kommunane.»



Lovfesting av plikt til å bruke klarspråk

Den viktigaste hendinga på klarspråksfeltet i Noreg i seinare tid er to framlegg om lovfesting av plikta til å bruke klarspråk i det offentlege. I 2019 vart det presentert eit framlegg til ny forvaltningslov (NOU 2019: 5). Lovframlegget inneheld ein eigen paragraf om forvaltningspråket (§ 8). I andre ledd blir det slått fast at «[f]orvaltningsorganet skal bruke et språk som er klart, presist og så vidt mulig tilpasset mottakeren». Også i sjølve utgreiinga blir det lagt vekt på klarspråk. Det er eit viktig signal at plikta til å skrive klart og forståeleg er nedfelt nett i framlegget til forvaltningslov, som er ei heilt sentral lov for offentlig sektor. Språklova, som vart vedteken våren 2021, inneheld dessutan ein eigen klarspråksparagraf (§ 9): «Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.»

Ei lovfesta plikt til å bruke klarspråk vil truleg utløyse behov for rettleiing og hjelp i forvaltninga. Språkrådet vil truleg få fleire førespurnader og klagar frå innbyggjarane. Ifølgje språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) skal det utarbeidast ein rettleiar som skal hjelpe departement og relevante statlege verksemder med å lage planar og rutinar for korleis reglane i språklova skal etterlevast. Når språklova tek til å

gjelde, trengst det verktøy for å kartleggje korleis verksemdene følgjer opp klarspråksparagrafen i praksis, på same måten som det trengst tilsvarende verktøy for å overvake lovetterlevinga for dei andre lovparagrafane.

Klarspråk og digitalisering

Digitale tenester er no ein viktig del av kvardagen for dei fleste. Skal ei digital teneste fungere effektivt, må språket vere klart og forståeleg for brukarane av tenesta. I Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda* heiter det at det er heilt avgjerande at arbeid med klarspråk blir ein del av utviklinga av dei digitale løysingane. Sidan 2017 har klarspråk vore tematisert i digitaliseringsrundskriva frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). I desse rundskriva står det no at eit klart og brukartilpassa språk er ein viktig føresetnad for at digitale tenester blir tekne i bruk, og for at brukarane forstår kva for rettar og plikter dei har. Vidare står det at verksemdene skal bruke eit klart og godt språk i all tenesteutvikling, brukarretta informasjon og kommunikasjon. I rundskriva blir det vist til skriveråda på nettstaden klarspråk.no.

Det er viktig å sjå språket i nye digitale løysingar i samanheng med andre tekstar som vedtak, brev og

rettlearar. Ein innbyggjar må ofte bruke alle desse tekstane for å gjere det han eller ho skal, og då er det viktig at språket er einskapleg på tvers av sjangrar og format.

Det å organisere elementa i ei teneste kallar ein no gjerne for tenestedesign. I digitaliseringsstrategien (KMD 2019) heiter det at «det offentliges kommunikasjon og samhandling med brukerne skal skje på et klart og godt språk» (side 17), og at dette kravet også gjeld når samanhengande tenester skal utviklast. I digitale tenester må tekstane vere tydelege og klare, og språket må henge godt saman med dei visuelle elementa.

Det tidlegare Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) arbeidde med klarspråk på fleire felt. Klarspraksarbeidet i etterfølgjaren til Difi, Digitaliseringsdirektoratet (Digdir), er avgrensa til å gjelde digitaliseringsvenleg regelverk og klarspråk i digitale tenester. I digitaliseringsstrategien (KMD 2019) heiter det at det er nødvendig å definere prinsipp og kjenneteikn for eit digitaliseringsvenleg regelverk, og at dette arbeidet må sjåast i samheng med arbeidet for klart lovspråk og innovasjon i offentlig sektor. Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) har fått i oppdrag å lage ei rettleiing for digitaliseringsvenleg regelverk. KS, Universitetet i Oslo og Språkrådet gjev råd i arbeidet.

Arbeid med språk i lover og forskrifter

Dei siste åra har interessa for språket i lover og forskrifter auka. Krav om klart språk og ryddig struktur inngår i mandatet til fleire lovutval. Lovutval og departement har fått språkfagleg bistand frå Språkrådet i arbeidet med revidering eller skriving av viktige lover. Den tverrfaglege skriveverkstadmetoden er mykje bruka i dette arbeidet. Språkrådet har laga ei rettleiing om godt språk i regelverk (Språkrådet 2021). Meir informasjon om arbeid med språk i lover og forskrifter finst i delkapitlet om språk i lover og forskrifter.

Klarspråk i kommunesektoren

KS, interesseorganisasjonen til kommunane, har sidan 2014 fått støtte frå Kommunal- og moderniserings-

departementet (KMD) til eit program for klart språk i kommunesektoren. Dei siste åra har over 200 kommunar arbeidde med å forbetre språket i tekstane sine (Wieland 2020), og berre i 2020 delte KS ut 1,1 millionar kroner til språkarbeid i kommunane. Programmet vart avslutta i 2020, men KS ønskjer å halde fram med arbeidet.

Mange kommunar gjorde mykje godt klarspraksarbeid i programperioden. Hamar kommune arbeidde systematisk med skrivekurs og skriveverkstader. Kommunen rekna òg ut kor mykje han kan spare på å skrive tekstar som innbyggjarane forstår (KS 2018). I 2018 undersøkte Stavanger kommune avgjerdstekstane i kommunen, det vil seie strategidokument, overordna planar og politiske saksdokument. Undersøkinga viste mellom anna at uklart språk kan føre til at dei som skal ta avgjerder, ikkje forstår kva dei skal ta stilling til. Uklart språk gjer det òg vanskelegare for innbyggjarane å ta del i samfunnet og forstå sentrale prosessar i kommunen (Stavanger kommune 2018). Hå kommune har arbeidde systematisk med klarspråk sidan 2016. Kommunen starta med å endre malar og standardtekstar for barnevern, helsestasjon, arealplan, oppmåling og barnehage. Fleire av tekstane i barnevernstenesta vart brukartesta, og ei gruppe med innbyggjarar kom med verdifulle innspel (Hå kommune 2016). Dette arbeidet la grunnlaget for at Hå kommune vann klarspraksprisen for kommunar og fylkeskommunar for 2018. I tillegg til det viktige tekstarbeidet mellom anna i barnevernstenesta sjarmerte kommunen juryen med prosjektet «HÆ?», der målet var at det skulle bli mindre «hæ» i Hå.

Hovudmålet med programmet har vore å auke medvitet om klart språk og leggje til rette for at kommunar og fylkeskommunar betrar kommunikasjonen med innbyggjarane. Arbeidet har i stor grad dreidd seg om å bygge lokal kompetanse gjennom kurs og utvikling av verktøy. KS har gjennom programsatsinga gjort det lettare for mange kommunar å prioritere klarspraksarbeid. Arbeidet har truleg spara kommunar og innbyggjarar for unødig tidsbruk, styrkt omdømmet til kommunane, betra rettane til innbyggjarane og lagt

«I tida framover blir det viktig å spreie kunnskap om at det offentlege får plikt til å føre eit klart språk, og kva denne plikta inneber.»

til rette for betre lokaldemokrati. Desse effektane har stor samfunnsøkonomisk verdi (Oslo Economics 2021, upublisert).

Det er likevel vanskeleg å vise til direkte økonomiske gevinstar på kort sikt. Mangelen på direkte økonomiske gevinstar gjer det vanskeleg for kommunane å prioritere klarspråksarbeidet. Utan ein sentralt koordinert innsats vil klarspråksarbeidet i kommunane truleg bli mindre omfattande enn det har vore i programperioden. KS er i ferd med å gjennomføre ei effektmåling av konkrete tekstar, og resultatane blir truleg klare sommaren 2021.

I 2019 lanserte KS rettleiinga «Klart språk i digitale løysningar» (KS 2019). Rettleiinga inneheld råd om skrivning, struktur og tekniske element og er eit godt praktisk verktøy i utvikling av digitale løysingar.

Nettseminar og kursverksemd i og for kommunane

KS held både kurs og samlingar for dei som har lyst til å setje i gang med klarspråksarbeid i kommunen eller fylkeskommunen dei arbeider i. Kursane høver både for leiarar, kommunikasjonsmedarbeidarar og fagpersonar. KS utviklar for tida ein såkalla dialogduk, som er ein metode for å diskutere utvalde tema i små grupper. KS har òg starta ein nettseminarserie med digitale klarspråkstreff. Treffane blir arrangerte om lag ein gong i månaden og inneheld føredrag og diskusjonar om aktuelle tema i klarspråksverda. Treffane er populære blant tilsette i kommunane og i staten. Våren 2021

samarbeider Språkrådet og Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) med KS om dei digitale klarspråkstreffa.

Klarspråk i akademia

Hausten 2019 etablerte Universitetet i Oslo eit bachelorprogram i klarspråk ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium. Dette er det første bachelorprogrammet i klarspråk i Noreg (Universitetet i Oslo 2019). Studiet dreier seg først og fremst om kommunikasjonen mellom det offentlege og innbyggjarane, men mykje av kompetansen studentane tileignar seg, vil òg vere relevant for det private næringslivet. I tillegg til å få kunnskap om og dugleik i språk lærer studentane om demokrati, rettstryggleik og utøving av makt. Mot slutten av programmet skal studentane ut i praksis og gjere klarspråksarbeid på ein arbeidsplass. Dei første bachelorstudentane blir uteksaminerte våren 2022.

Fleire masterstudentar innanfor nordiske studium har spesialisert seg i klarspråk dei siste åra, og våren 2021 disputerte Noregs første klarspråksdoktor med ei avhandling om klarspråk og retorisk medborgarskap. Sidan det er stort behov for klarspråkskompetanse i samfunnet, trengst det eit eige mastergradsprogram i klarspråk.

Sidan 2017 har Humanistisk fakultet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) tilbydd vidareutdanningskurset «Skriving på jobb: tekstutvikling, kommunikasjon og klarspråk» (7,5 studiepoeng). Målgruppa er alle som har lesing og skrivning som ein del av arbeidet sitt. Målet med kurset er å gje deltakarane betre skrivekompetanse.

Klarspråk er teke inn i undervisninga, forskinga og formidlinga ved dei juridiske fakulteta ved universiteta i Oslo og Bergen. Meir informasjon om klart juridisk språk ved Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen finst i kapittelet «Høgare utdanning».

Internasjonalt klarspråksarbeid

Sidan Noreg er eit lite land med ei relativt kort klarspråks historie, er det viktig å delta aktivt i det inter-

nasjonale klarspråksarbeidet og dra nytte av kunnskapen som finst på klarspråksfeltet. I nordisk samanheng har Sverige lenge stått i ei særstilling når det gjeld klarspråksarbeid, og mykje av det norske klarspråksarbeidet er gjort etter mønster frå Sverige.

Hausten 2019 var Noreg vertskap for den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN. Språkrådet arrangerte konferansen saman med dåverande Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og klarspråksorganisasjonen PLAIN. Over 400 deltakarar frå 32 land besøkte konferansen i Oslo. Temaet for konferansen var «klar kommunikasjon – klare resultat». Blant dei 100 føredragshaldarane var mange titals norske verksemder som fekk synt fram klarspråksarbeidet sitt og fekk nye impulsar frå det internasjonale miljøet.

Noko av det viktigaste som skjer i det internasjonale klarspråksarbeidet i 2021, er lanseringa av ein internasjonal standard for klarspråk, ISO/WD 24495-1 Plain language i engelsk utgåve (ISO-standarden 2021). ISO-standarden kan bli eit viktig verktøy i klarspråksarbeidet og inneheld generelle prinsipp og retningslinjer som skal gjelde uavhengig av språk. Meir informasjon om internasjonalt klarspråksarbeid finst i kapittelet «Noreg og verda».

Vidare arbeid

Det er ingen tvil om at klarspråksarbeidet i Noreg har kome langt på kort tid. Omgrepet klarspråk var relativt ukjent for femten år sidan, men det vart etablert og anerkjent i forvaltninga etter at «Prosjektet for klart språk i staten» tok til i 2009. Behovet for klarspråksarbeid har vorte framheva i ei rekkje viktige styringsdokument. No går arbeidet inn i ein ny fase: Plikta til å bruke klarspråk blir lovfesta, og det kjem ein ISO-standard for klarspråk.

Med ein klarspråksparagraf i språklova er det meir aktuelt enn nokon gong å kartleggje klarspråksarbeidet i staten systematisk. Ei slik kartlegging kan vise korleis språkpolitikken fungerer i praksis, og ho kan vise kva for målretta tiltak som bør setjast i verk. Sverige har hatt ei språklov med klarspråksparagraf sidan


2009. Det svenske Språkrådet sender kvart år ut eit spørreskjema til offentlege organ for å kartleggje stoda for klarspråksarbeidet. Det kan vere aktuelt å gjennomføre liknande undersøkingar i Noreg.

Det finst lite samla kunnskap om korleis offentlege organ arbeider med språk i digitale tenester. Det siste året har digitaliseringa skote fart i Noreg, og det er vanskeleg å seie noko om kva språklege omsyn som er tekne i denne prosessen.

I tida framover blir det viktig å spreie kunnskap om at det offentlege får plikt til å føre eit klart språk, og kva denne plikta inneber. Innhaldet i klarspråksparagrafen må formidlast til offentlege organ, som no får ei plikt til å bruke klarspråk, og til innbyggjarane, som indirekte får ein rett til klarspråkleg informasjon. Språkrådet vil lage rettleiingsmaterieill og vere klar til å gje råd og hjelp til offentlege organ.

Eit viktig prinsipp i språkpolitikken er at han er sektorovergripande. Det betyr at alle sektorar må ta eit sjølvstendig språkansvar når dei utformar politikk på sitt område. Dersom klarspråksparagrafen skal verke slik han er meint, må alle departement engasjere seg på sine sektorområde. Det som blir prioritert av toppleiinga i eit departement, må prioriterast av underliggjande etatar òg. Eit verkemiddel kan vere at departementa i tildelingsbreva gjer underliggjande etatar merksame på det nye lovkravet og orienterer om at dei underliggjande etatane skal bruke klarspråk i all publikumsretta informasjon.

Det er ønskeleg at bachelorprogrammet for klarspråk ved Universitetet i Oslo blir utvida til eit masterprogram. Klarspråkskompetanse er etterspurd i arbeidslivet, og etterspurnaden vil truleg auke når språklova tek til å gjelde. Det vil venteleg kome fleire førespurnader om kurs og tekstforbetring, og truleg er det ein marknad for fleire tilbydarar av slike tenester.



«Klarare språk i regelverket kan føre til klarare forvaltningsspråk på dei områda der reglane gjeld, slik at ein slepp mistydingar og oppklaringsrundar som kostar forvaltninga tid og pengar.»

Språk i lover og forskrifter

Lover og forskrifter påverkar avgjerder på alle nivå i samfunnet, og dei set standard for mange andre tekstar. Dersom språket i regelverket er komplisert og omstendeleg, kan det føre til at rettar og plikter ikkje blir klart nok framstilte, og det er eit demokratisk problem. Uklart formulerte reglar er vanskelegare å handheve, så uklart språk i regelverk kan gjere forvaltninga mindre effektiv. Klarare språk i regelverket kan føre til klarare forvaltningsspråk på dei områda der reglane gjeld, slik at ein slepp mistydingar og oppklaringsrundar som kostar forvaltninga tid og pengar. Klart formulerte reglar er dessutan enklare å digitalisere. Det er ikkje noko mål at absolutt alle skal kunne forstå alle lovtekstar, men viktige lover som gjeld mange, bør få ei språkleg utforming som gjer at dei er nokolunde lette å forstå.

Sentrale føringar om utforming av regelverk

Det finst styringsdokument som seier noko allment om utforming av regelverk, til dømes utgreiingsinstruksjonen (Finansdepartementet 2016) og rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse (JD 2000). I utgreiingsinstruksjonen står det ikkje noko særskilt om språkleg utforming av regelverk; instruksjonen inneheld berre denne tilvisinga: «Lover og forskrifter skal utformes med utgangspunkt i Justis- og beredskapsdepartementets veileder Lovteknikk og lovforberedelse.»

Rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse dreier seg primært om det lovtekniske, men ho inneheld nokre generelle tilrådingar om språkføring. Rettleiinga om forskriftsarbeid for kommunane (JD 2002) inneheld dei same formuleringane om språkføring som Lovteknikk og lovforberedelse.

Framlegget til ny forvaltningslov (NOU 2019: 5) inneheld reglar om nokre spørsmål som den gjeldande forvaltningslova ikkje regulerer, til dømes forvaltningsspråket. Forvaltningslovutvalet føreslår mellom anna å lovfeste at språket i forvaltninga er norsk (§ 8 første ledd), og at forvaltningsorganet skal kommunisere på eit klart og presist språk (§ 8 andre ledd): «Forvaltningsorganet skal bruke et språk som er klart, presist og så vidt mulig tilpasset mottakeren.» Det er naturleg å tolke føresegna slik at ho òg omfattar språk i regelverk, jf. desse formuleringane frå NOU-en: «Det overordnede kravet er i alle tilfeller at forvaltningen skal bruke korrekt, klart og moderne språk, og det bør også være et mål å formulere seg så enkelt og lettfattelig som mulig. Disse språklige kravene har gyldighet både når forvaltningen yter veiledning, driver utredning, treffer og begrunner enkeltvedtak, utformer forskrifter og annet regelverk og i forvaltningens virksomhet ellers.»

I punkt 4.3.1 «Særskilt om lovspråk» i språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) heiter det mellom

anna at viktige lovtekstar som gjeld mange, bør ha ei språkleg form som gjer at dei er lette å forstå, og at eit klart og forståeleg juridisk språk er med på å styrkje demokratiet og rettstryggleiken. Dermed er det naturleg å tolke klarspråksparagrafen slik at han omfattar språk i regelverk òg.

I 2019 vart digitaliseringsstrategien (KMD 2019) lansert. Strategien inneheld eit eige kapittel om klart og digitaliseringsvenleg regelverk. Her står det mellom anna: «Regelverket bør være klart og forståelig, uten unødvendige skjønnsbestemmelser og med harmoniserte begreper. [...] Det er behov for å definere prinsipper og kjennetegn for et digitaliseringsvennlig regelverk. Dette arbeidet må også ses i sammenheng med arbeidet for klart lovspråk og innovasjon i offentlig sektor» (side 27).

Utviklinga på området

Interessa for språket i lover og forskrifter har auka dei siste åra. Krav om klart språk og ryddig struktur inngår i mandatet til fleire utval som skal skrive nye eller revidere eksisterande lover, til dømes opplæringslovutvalet, barnelovutvalet, hamne- og farvasslovutvalet, forvaltningslovutvalet, straffeprosesslovutvalet og universitets- og høgskulelovutvalet. Fleire lovutval og departement har fått språkfagleg stønad i arbeidet med revidering eller skriving av viktige lover.

I 2011 etablerte Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) prosjektet «Klart lovspråk». Prosjektet er omtala i Språkstatus 2017 (Språkrådet 2017). Prosjektet «Klart lovspråk» vart avslutta i 2019, men arbeidet med klart språk i lover og forskrifter blir ført vidare innanfor andre rammer. Arbeidsmetoden som vart utvikla i prosjektet (skriveverkstad, sjå omtalen nedanfor), har sidan vore mykje nytta.

I ei undersøking som det dåverande Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gjennomførte blant regel-skrivarar og leiarar i departementa i 2017 (Difi 2017b), svarte respondentane at lover og forskrifter bør vere forståelege for innbyggjarane. Over halvparten av respondentane meinte at dei trong meir kunnskap om

klart lovspråk. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) støt Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo med 3 millionar kroner årleg i perioden 2016–2026 for at fakultetet skal utvikle klart juridisk språk som eige fagfelt. Fakultetet har sett i gang prosjektet «Klarspråk i juridisk forskning og undervisning» (Universitetet i Oslo 2016), som skal medverke til at lover og andre juridiske tekstar blir lettare å forstå. På dette området samarbeider fakultetet med Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Bergen.

Lovkonferansen 2019 vart arrangert av Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo, Språkrådet og dåverande Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Målgruppa for konferansen var juristar, samfunnsvitarar, språkvitarar, teknologar, informatikarar og andre som arbeider med regelverksforvaltning og -utvikling i forvaltninga eller i akademien. Føremålet med konferansen var å skape ein stor møteplass for praktikarar og akademikarar som arbeider med regelutvikling og forvaltning. Konferansen skulle dessutan løfte fram satsinga på digitalisering og forskinga på digitale endringsprosessar innanfor jussen. Denne satsinga heng saman med klarspråk og lovgjevingslære.

Både Språkrådet og private aktørar held kurs om godt språk i regelverk og arbeider med lovspråk på tekstnivå (ved å gje språkfagleg stønad til departement og lovutval som skriv eller reviderer lovtekstar). I dette arbeidet blir det nytta ein tverrfagleg metode, den såkalla skriveverkstadmetoden. Metoden går ut på at juristar, filologar og andre fagpersonar samarbeider om tekstutkast og diskuterer seg fram til løysingar som sikrar både juridisk presisjon og språkleg kvalitet.

Skriveverkstadmetoden ser ut til å fungere godt, og tilbakemeldingane frå dei som får språkfagleg hjelp, er jamt over gode. Lovtekstane blir språkleg klarare og meir forståelege. Skriveverkstadmetoden gjev ei form for brukartesting på kjøpet: Filologar er også lekfolk og potensielle brukarar av lovteksten, og dei gjev tilbakemelding på det grunnlaget i tillegg til dei språkfaglege vurderingane. Departement og lovutval

«I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* stod det at det er eit mål at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd skal vere på nynorsk. Dette målet er ikkje nådd.»

som får hjelp med språkleg kvalitetssikring av lovteksten, kan såleis lære noko om korleis ikkje-ekspertar oppfattar teksten, og ta lærdommen med seg vidare i lovarbeidet. I perioden 2014–2020 er det gjennomført i alt 95 skriveverkstader med Språkrådet. Private aktørar har i perioden 2017–2021 gjennomført meir enn 50 skriveverkstader i ulike statsorgan (tilsyn, direktorat m.m.) og gjennomgått forskrifter, lover og delar av lover for fire departement.

I perioden 2009–2020 har lovutval og departement fått hjelp av Språkrådet til å kvalitetssikre språket i til saman 24 lover (heile tekstar eller utdrag) og 5 forskrifter. 14 av lovene var på bokmål, 10 var på nynorsk. 4 av forskriftene var på bokmål, 1 var på nynorsk.

Det er ikkje gjennomført nye undersøkingar som seier noko om verknaden av arbeidet med språk i lover og forskrifter dei siste åra. Det finst lite kunnskap om korleis lovtekstar som har vore gjennom språkleg kvalitetssikring, verkar i praksis. På grunn av stramme tidsfristar er slike undersøkingar vanskelege å kombinere med lovarbeidet undervegs, og metodevanskane er ofte store, sidan ein gjerne manglar relevant samanlikningsgrunnlag. Overføringsverdien frå arbeidet med éi lov til ei anna er såleis ofte liten. Uansett er det ingen grunn til å rekne med noko anna enn at behovet for tradisjonelt språkleg kvalitetssikringsarbeid er like stort som før, om ikkje større.

Lovtekstar blir i liten grad brukartesta, truleg fordi brukartesting er tid- og kostnadskrevjande. Ein må ta

stilling til når i prosessen brukartestinga skal gjennomførast, og korleis resultata skal brukast. Dersom brukarane meiner at eit utkast ikkje er godt nok, er det slett ikkje sikkert at det blir tid til å lage eit nytt som kan testast og samanliknast med dei førre.

Verktøy og hjelpemiddel i arbeidet med språk i lover og forskrifter

Det finst ein god del materiell som gjeld språk i regelverk, men det meste finst berre på papir og er ikkje oppdatert.

På grunnlag av erfaring frå kurs og praktisk arbeid med lovtekstar har Språkrådet laga rettleiinga *Godt språk i regelverk* (Språkrådet 2021). Rettleiinga inneheld både reglar og sjangertilpassa skriveråd med autentiske døme. Ein kortversjon av rettleiinga ligg på nettstaden klarspråk.no, fellesportalen for klart språk i offentleg sektor.

I digitaliseringsstrategien (KMD 2019) heiter det at regjeringa vil utarbeide ei rettleiing for digitaliseringsvenleg regelverk og klart lovspråk. Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) har fått i oppdrag å lage denne rettleiinga.

Særleg om nynorsk i lover og forskrifter

Regelverket er eit viktig domene for nynorsken. I lover og forskrifter er det overvekt av bokmål. Nynorskprosenten i nye lover varierer mykje frå år til år, men er jamt over låg. Det er lite som tyder på at det blir gjort ein innsats for å auke talet på lover på nynorsk, trass i

at dette over tid har vore eit eksplisitt formulert mål i den norske språkpolitikken.

Dei aller fleste nye lovene som er komne dei seinaste åra, er på bokmål. Unntaket er våpenlova, som skal avløyse våpenloven (1961, bokmål).

Oversikt over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i nye lover			
ÅR	Bokmål	Nynorsk	Totalt
2017	33	2	35
2018	23	2	25
2019	26	1	27
2020	67	1	68*

*21 av lovene er direkte knytte til pandemisituasjonen i 2020.

Når lover på nynorsk skal reviderast, hender det at dei blir skrivne om til bokmål. Døme på det er arkivlova, arvelova og lov om trdomssamfunn. Den gjeldande arkivlova (1992) er på nynorsk. Framlegget til ny arkivlov vart presentert i 2019 i to parallelle språkversjonar, bokmål og nynorsk, men den nynorske versjonen er ikkje gjennomgått av lovutvalet. Framlegget til ny forvaltningslov er presentert i to parallelle språkversjonar, bokmål og nynorsk, men heller ikkje denne nynorske versjonen, ei omsetjing frå bokmål, er gjennomgått av lovutvalet. Arvelova frå 1972 var på nynorsk. Den nye arvelova, som tek til å gjelde i 2021, er på bokmål. Lov om trdomssamfunn og ymist anna (1969) og lov om tilskott til livssynssamfunn (1981) blir oppheva når ny lov om tros- og livssynssamfunn (bokmål) tek til å gjelde.

Det finst ikkje klare sentrale retningslinjer om fordeling mellom nynorsk og bokmål i regelverk. Mållova frå 1980 fastslår at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk, men ver-

ken mållova eller andre lover har uttrykkjelege reglar om val av skriftspråk i lover. I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* stod det at det er eit mål at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd skal vere på nynorsk. Dette målet er ikkje nådd.

I rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse (JD 2000) står det at framlagde endringar i lover skal ha same målform som den lova som skal endrast, og det blir vist til ei fråsegn frå Kulturdepartementet om at målforma i forskriftene bør følgje målforma i lova. I Lovteknikk og lovforberedelse står det ikkje noko om val av målform i sjølve lova. I rettleiinga om forskriftsarbeid for kommunane (JD 2002) heiter det at kommunen sjølv kan avgjere om ei kommunal forskrift skal skrivast på bokmål eller nynorsk.

Formelt er det Stortinget som avgjer om ei lov skal vere på bokmål eller nynorsk. I praksis er det ofte fagdepartementet som tek avgjerda. Éin grunn til at så få departement vel nynorsk i lover, kan vere at skribentane ikkje kjenner seg kompetente nok til å bruke nynorsk. Ein annan grunn kan vere generell motvilje mot å bruke nynorsk i regelverk. Frå tid til anna og frå ulike hald kjem det uformelle signal om at nynorsk gjer lovtekstar vanskelege å forstå. Det er nærliggjande å tru at eit skifte frå nynorsk til bokmål av mange blir oppfatta som ein «klarspråksgevinst». Det er viktig at klarspråksomsyn og brukartilpassing ikkje blir nytta som brekkstong for å endre ei gjeldande lov frå nynorsk til bokmål, og at «omsynet til brukarane» ikkje blir nytta som argument for å velje bort nynorsk eller for å velje bokmålsnære former i nynorske tekstar, slik lovutval og departement ofte gjer. Ei unyansert lesing av krava om brukartilpassing i den nye språklova kan auke risikoen for bortval av nynorsk og utholing av den offisielle språkpolitikken på området. I Innst. 253 L (2020–2021) presiserer kulturkomiteen på Stortinget dette: «Komiteen er opptekne av at klart språk ikkje må brukast som eit argument imot nynorsk i forskjellige tekstar» (punkt 2.15).

Erfaringar frå arbeid med språk i lover og forskrifter

I rapporten frå Difi-undersøkinga blant regelskrivarar og leiarar i departementa (Difi 2017b) kjem det fram at praktisk arbeid med og diskusjonar om konkrete tekstar gjev den beste læringseffekten. Blant dei faktorane som fremjar klart språk i lover og forskrifter, nemner respondentane tverrfagleg samarbeid, konkrete prosjekt og krav om klart språk som ein del av utgreiingsinstruksar og bestillingar. Blant faktorane som hindrar klart språk i lover og forskrifter, nemner dei tidspress og mangel på gode rutinar.

Språkrådet har registrert at den kompetansen som blir bygd opp gjennom det praktiske arbeidet med lover og forskrifter, i liten grad blir ført vidare i departementa. Dermed vil det framleis vere behov for språkleg eksperthjelp. Kompetansen bør delast, og departementa må ta ansvar for å setje kompetansedelinga i system. Ein annan observasjon Språkrådet har gjort, er at gjennomarbeidde språklege endringar i lovtekstar stundom blir reverserte i siste fase. I det heile kan tidspress føre til at den siste kvalitetssikringa av lovteksten blir ufullstendig, eller at ho ikkje blir gjennomført.

Internasjonale organisasjonar som arbeider med språk i regelverk

Organisasjonen Clarity International arbeider for klart språk i juridiske tekstar. Clarity arrangerer internasjonale konferansar annakvart år. Sidan 2005 er det halde sju Clarity-konferansar. Konferansen i 2020 vart skipa til i samarbeid med organisasjonen Plain Language Association International (PLAIN). Språkrådet er medlem av begge organisasjonane.

Vidare arbeid

Lover og forskrifter er tekstar som skal leve lenge. Dei bør ha oversiktleg struktur og godt språk. Som nemnt blir krav om klart språk teke inn i mandatet til stadig fleire lovutval, men språklege krav i mandat er ingen garanti for språkleg kvalitetssikring i praksis. Det trengst i tillegg sentrale retningslinjer om val av skriftspråk i lover. Det bør vere eit minstekrav at lover på

nynorsk ikkje blir skrivne om til bokmål når dei blir reviderte. Skal vi på lengre sikt nå det språkpolitiske målet om at 25 prosent av lovtekst er på nynorsk, må det snarare til ein auke i talet på lovarbeid på dette skriftspråket. Departement og lovutval har no tilgang til gode verktøy som kan hjelpe dei i skrivearbeidet, og dei kan få språklegleg eksperthjelp når dei treng det. Men det er frivillig å bruke verktøy og å følgje språkleglege råd, og det hender at lovutval og departement som får tilbod om språklegleg hjelp, takkar nei.

Krav om språkleg kvalitetssikring av viktige lover som gjeld mange, bør takast inn i sentrale styringsdokument, først og fremst utgreiingsinstruksjonen. Dersom eit slikt krav blir teke inn, må statsforvaltninga setjast i stand til å oppfylle kravet. Det trengst ei fast og formalisert ordning for obligatorisk kvalitetssikring av viktige lovtekstar. Ordninga må omfatte kvalitetssikring av både struktur og språk, og ho bør byggje på den etter kvart velprøvde tverrfaglege skriveverkstadenmetoden. Føresetnaden for å etablere ei fast kvalitetssikringsordning er eit stabilt fagmiljø som har nok ressursar til å dekkje behovet.

I Prop. 1 S (2020–2021) (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2020) heiter det: «Regjeringa arbeider med å stille mer tydelige krav til forvaltninga og med å sette arbeidet med klart lovspråk i system» (side 16). Alle sektorar må ta ansvar for å auke talet på lover på nynorsk, jf. det særlege ansvaret staten har for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket (jf. språkløva § 1). Men førebels er det ikkje sett av eigne budsjettmidlar til arbeidet med klart språk i lover og forskrifter.

Digitaliseringa av offentleg sektor

Språkteknologi

Dei seinaste offentlege utgreiingane om språk, digitalisering og kunstig intelligens nemner alle språkteknologi som ein føresetnad for at digitaliseringa skal fungere, og for at Noreg skal kunne utnytte kunstig intelligens. Det er òg eit krav at slik språkteknologi må

kunne brukast på norsk. Den norske offentlege sektoren baserer seg etter kvart i stor grad på digital kommunikasjon med innbyggjarane. Det gjer at språkteknologi på norsk blir ein føresetnad for oppfyljing av demokratiske rettar.

I digitaliseringsstrategien (KMD 2019) heiter det at «[s]pråkteknologiske produkter og tjenester på norsk er en grunnleggende komponent i digitaliseringen av det offentlige» (kapittel 3). Språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) trekkjer fram same prinsipp: «Frå eit demokrati- og innbyggjarperspektiv er det rimeleg å hevde at språkteknologiske produkt ikkje er allment tilgjengelege i Noreg før dei blir tekne i bruk på norsk. Spesielt viktig er dette for det offentlege, som forvaltar rettar og plikter for innbyggjarane og fellesskapen sine ressursar» (side 41).

Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet* slår fast at digitale tenester skal sikre likeverdig samfunnsdeltaking for alle borgarane i samfunnet. Det inneber eit godt og forståeleg bokmål og nynorsk i digitale kommunikasjonskanalar, men viktig i denne samanhengen er òg universell utforming: «Språkteknologi kan betre tilgangen til informasjon, varer og tenester for personar med funksjonsnedsetjingar. [...] Digitalisering av tenester må derfor skje etter standardar for universell utforming. Språkteknologi på norsk er eit vilkår for at dette kan skje.» (Prop. 108 L (2019–2020):41–42). Meir informasjon om digitalisering og universell utforming finst i kapittelet «Språk i arbeidslivet».

Skal språkteknologien verke på norsk, må norsk tale-attkjenning (som gjer naturleg tale om til maskinlesbar tekst), norsk talesyntese (som gjer maskinlesbar tekst om til (kunstig) tale), automatisk omsetjing, retteprogram, norske praterobotar og søkjemotorar – på bokmål og nynorsk og av ein kvalitet som ikkje hindrar god kommunikasjon – først vere tilgjengeleg.

Digitaliseringa av offentleg sektor har ført til ein auke i bruken av norsk språkteknologi så vel som ein auke

i kunnskapen om kva språkteknologi er, og kva han kan brukast til. Språkteknologi er ikkje lenger berre å rekne som eit hjelpemiddel til skrivearbeid, det er ein føresetnad for at digitaliseringa skal fungere. Informasjonsarbeidet som Språkrådet har retta mot viktige organ som Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) og Skatnettverket (det strategiske samarbeids- og rådgjevingnettverket til Digdir), kan òg ha medverka til å auke kunnskapen om kor viktig språk er i digitaliseringa.

Bruken av språkteknologi i stat og kommune

Ei undersøking om bruken av språkteknologi i offentlege verksemdar (Ipsos 2020) viste at det offentlege Noreg tek i bruk stadig meir språkteknologi i digitale løysingar:

- 9 av 10 offentlege verksemdar brukar språkteknologiske løysingar i dag.
- Dei vanlegaste løysingane er søkjeverktøy og automatisk omsetjing.
- 41 prosent av dei kommunale/fylkeskommunale verksemdene og 18 prosent av statleg sektor brukar tekst-til-tale-system.
- Om lag 7 av 10 verksemdar seier at dei treng meir språkteknologi.
- Praterobotar, tekst-til-tale-system og automatisk omsetjing er dei verktøya som oftast blir vurderte.
- Dei fleste verksemdene seier at føremålet med å ta i bruk språkteknologi er effektivisering og betre tenester til innbyggjarane.
- Dess meir kunnskap leiarane i offentlege verksemdar har om språkteknologi, dess meir språkteknologi blir teken i bruk.
- Berre 5 prosent av offentlege verksemdar har teke kontakt med Språkrådet for råd om anskaffing og bruk av språkteknologiske løysingar.

Når det gjeld dei to siste punkta i resultatata over har Språkrådet i Prop. 108 L (2019–2020) vorte peikt ut som eit organ med «særleg ansvar for å følgje opp

«For å gjere teknologien betre og styrkje likestillinga mellom bokmål og nynorsk trengst språkdata av høg kvalitet. Her har alle delar av offentleg sektor eit særleg stort ansvar for å utvikle og dele relevante data.»

dialogen med offentleg sektor om innkjøp og bruk av språkteknologi i den sektoren» (side 46). Språkrådet arbeider derfor med ein rettleiar for språk i praterobotar. Målet med rettleiaren er å informere om kva språklege omsyn som må takast når offentlege verksemder gjer bruk av praterobotar i publikumstenestene sine.

Eit døme på eit utviklingsprosjekt som tek nasjonalt språkleg ansvar, er utviklinga av taleattkjenning for referentseksjonen i Stortinget. Allereie i starten av prosjektet vart det teke høgde for den norske språksituasjonen med stor grad av dialektbruk og to skriftspråk. Språkrådet og språkbanken ved Nasjonalbiblioteket vart kontakta i oppstartsfasen, og alle dataa frå prosjektet skal leverast inn til språkbanken til gjenbruk. Nokre av dei er allereie tilgjengelege.

Kvaliteten på norsk språkteknologi – på bokmål og nynorsk

Så vel digitaliseringsstrategien (KMD 2019) som strategien for kunstig intelligens (KI-strategien 2020) set behova for språkteknologi i samheng med grunnleggjande ressursar til utvikling av norsk språkteknologi. Språkteknologien har fått auka merksemd og status, men målet er ikkje nådd med det. Teknologien er ikkje like bra på norsk som på engelsk, og kvaliteten er dårlegare på nynorsk enn på bokmål.

Språklova stiller krav til målbruk i offentleg sektor. Men det har ikkje vore systematisk undersøkt i kva grad interaktive løysingar som praterobotar, søkjemotorar og annan språkteknologi folk brukar når dei kommuniserer med det offentlege, verkar jamgodt på dei to skriftspråka. Språkrådet finn likevel følgjande:

- Søkjemotorar er ikkje alltid laga slik at dei gjev treff på nynorske dokument når ein søker på bokmål – og omvendt.
- Praterobotar kan ofte ikkje svare på nynorsk.
- Taleattkjenningsverktøya – særleg dei som set om frå tale til tekst – forstår ikkje dialekt og produserer tekst berre på bokmål.
- Direkte automatisk omsetjing til og frå engelsk finst berre for bokmål.

Desse forskingsfunna gjev grunn til sterk uro, for dei viser ei svekking av nynorsk bruksspråk på flater som når svært mange. For å gjere teknologien betre og styrkje likestillinga mellom bokmål og nynorsk trengst språkdata av høg kvalitet. Her har alle delar av offentleg sektor eit særleg stort ansvar for å utvikle og dele relevante data. Meir informasjon om slike språkdata finst i kapitlet «Språklege byggjeklossar».

Språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) peikar på at det offentlege sjølv er ei viktig kjelde til data som kan nyttast i språkteknologi. Det gjeld så vel tekst- som taledata. Det er òg nemnt i proposisjonen at det er «grunn til å tru at det er behov for å auke merksemda og kunnskapen i det offentlege om språkdata, kva språkdata er, kva nytte og verdi språkdata har, og kvar og korleis det offentlege kan levere språkdata på ein trygg måte» (side 46).

For å møte dette behovet har Digitaliseringsdirektoratet, Språkrådet og Nasjonalbiblioteket gått saman om ein rettleiar for innlevering av språkdata, «Språk-

data, korleis kan vi hauste og dele?» (Digitaliseringsdirektoratet 2021). Rettleiaren forklarar kva typar språkdata som finst, og kva verksemdene skal gjere med dei.


Staten er den største norske innkjøparen av språkteknologi. Derfor må staten ta i bruk innkjøpsmakta si og krevje at alle digitale løysingar han kjøper inn, kan brukast på både nynorsk og bokmål. Mållova seier at statsorgan skal svare på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrivet. Språklovspro-

posisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) spesifiserer at sjølvbeteningstenester som statsorgan tek i bruk, skal vere tilgjengelege på både bokmål og nynorsk samtidig (§ 14). Språklovsproposisjonen spesifiserer på same vis at ein statleg praterobot må fungere på både nynorsk og bokmål. Likevel finst det praterobotar som forstår berre bokmål, og praterobotar som forstår nynorsk, men som kan svare berre på bokmål.

Dette vil ikkje seie at det ikkje finst nynorske praterobotar. Nokre slike er tekne i bruk i kommunesektoren:



Nav sin praterobot Frida er ein av mange som ikkje kan svare på nynorsk.



Kommune-Kari svarar på både bokmål og nynorsk.

Den aukande digitaliseringa av offentleg sektor har skapt eit større behov for systematisk terminologiarbeid i fleire statlege verksemdar.

Det er altså ikkje språkteknologien som er problemet i dette høvet. Praterrobotar er laga slik at svara er skrivne inn på førehand. Statlege organ som planlegg å lage eller ta i bruk ein praterrobot, må anten skrive svara på bokmål og nynorsk samstundes, eller dei må bygge inn ei automatisk omsetjing mellom nynorsk og bokmål i praterroboten. Det siste alternativet blir prøvd i praterroboten som skatteetaten planlegg.

Terminologi- og omgrepsarbeid

Den aukande digitaliseringa av offentleg sektor har skapt eit større behov for systematisk terminologiarbeid i fleire statlege verksemdar. Eit overordna mål for digitaliseringa av staten er at innbyggjarane ikkje skal måtte gje same informasjon til staten fleire gonger. For å nå det målet må dei ulike verksemdene dele dataa dei samlar inn frå innbyggjarane. Datasetta må vere skildra og merkte på ein slik måte at òg andre statlege verksemdar kan gjenkjenne og gjenbruke dei. Omgrepa som blir nytta når ein beskriv dataa, må såleis ha ein klar definisjon. For å lukkast med slik kategorisering treng ein god norsk terminologi og målretta samarbeid på tvers av ulike statlege sektorar.

Orden i eige hus

Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) har utarbeidd ein rettleiar for samordninga av omgrepsarbeidet i staten. Ein viktig del av samordningsarbeidet blir kalla «orden i eige hus». Ved å skaffe seg «orden i eige hus» vil dei offentlege verksemdene få betre oversikt over dataa dei har henta inn frå publikum, og over anna sentralt

språktilfang som er viktig i arbeidet med digitaliseringa av statleg sektor. Omgreps- og terminologiarbeid er ein naturleg del av dette arbeidet, og fleire verksemdar har dei seinare åra arbeidd spesifikt med termar og definisjonar av omgrep som er sentrale i nett deira sektor.

Felles datakatalog

Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) er ansvarleg for drifta og utviklinga av Felles datakatalog, som ligg på nettstaden data.norge.no. Denne felles datakatalogen samlar beskrivingar av datasett, omgrep, api-ar (forkorting for det engelske omgrepet Application Programming Interface) og informasjonsmodellar frå verksemdene. Verksemdene kan sjølve leggje inn omgrepsbeskrivingar og definisjonar i katalogen, men nokre av dei større verksemdene, som skatteetaten og Nav, har eigne omgrepskatalogar lokalt som seinare blir hausta inn til datakatalogen.

Den delen av Felles datakatalog som gjeld omgrep og definisjonar av dei, inneheldt 4718 termpostar ved utgangen av 2020 (Digitaliseringsdirektoratet 2021a), men berre 29 av termpostane opplyste om nynorsk term i samanhengen. Det er eit problem at svært lite av innhaldet i omgrepsdelen blir registrert på nynorsk. Nynorsktermene er i tillegg lite synlege i strukturen slik Felles datakatalog er organisert i dag.

Forvaltningsstandardar for omgrepsarbeid

Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) utarbeider og forvaltar ein referanse katalog for IT-standardar. Referanse katalogen inneheld fire gjeldande forvaltningsstandardar for omgrepsanalyse og definisjonsarbeid (Digitaliseringsdirektoratet 2021b):

- Termlosen – kort innføring i omgrepsanalyse og terminologiarbeid
- forvaltningsstandard for omgrepsbeskrivingar
- forvaltningsstandardar for maskinell tilgjengeleggjing av omgrepsbeskrivingar
- forvaltningsstandard for omgrepsharmonisering og omgrepsdifferensiering

Det kan vere at to verksemder brukar same term, men legg ulikt innhald i termen, eller at to verksemder brukar to ulike termar når dei egentleg viser til det same innhaldet. I slike tilfelle er det nødvendig å harmonisere (bli samde om definisjon eller term) eller differensiere (gjere skilnadene mellom omgrepa tydelegare).

Desse forvaltningsstandardane legg til rette for at dei ulike statlege verksemdene kan bruke same metodar og format når dei skal dele og skildre data og omgrep.

Omgrepsharmonisering og omgrepsdifferensiering

Arbeidet med digitalisering av offentleg sektor har ført til større merksemd rundt omgrepsbruken i dei ulike statlege verksemdene, og særleg i høve der fleire verksemder treng å klargjere innhaldet i omgrep som blir bruka på tvers av sektorar eller verksemder. Det kan vere at to verksemder brukar same term, men legg ulikt innhald i termen, eller at to verksemder brukar to ulike termar når dei egentleg viser til det same innhaldet. I slike tilfelle er det nødvendig å harmonisere (bli samde om definisjon eller term) eller differensiere (gjere skilnadene mellom omgrepa tydelegare). Forvaltningsstandard for omgrepsharmonisering og omgrepsdifferensiering kom i ny utgåve i 2020 og skildrar prosessen for dette arbeidet.

Det har vist seg å vere eit behov for at fleire verksemder gjer slikt harmoniserings- eller differensieringsarbeid. I arbeidet med digitaliseringsvenleg regelverk er det til dømes viktig å harmonisere eller differensiere omgrep som blir bruka i ulike lover og forskrifter. Språkrådet kjenner til at omgrepsharmonisering blir drøfta i Digitaliseringsdirektoratets arbeidsgruppe

som lagar rettleiar for digitaliseringsvenleg regelverk. Språkrådet gjev råd i dette arbeidet.

Fellesoffentlege omgrep

For å kunne gjenbruke data er det behov for definisjonar av nokre fellesoffentlege omgrep. Fellesoffentlege omgrep er generelle omgrep som er sentrale for fleire offentlege verksemder, og som blir bruka på tvers av ulike fagområde og bruksområde. Dei ligg høgt i det ein kan kalle eit omgrepshierarki, og blir såleis i stor grad bruka som overomgrep i definisjonar av andre og meir fagspesifikke omgrep.

Ei gruppe med medlemmer frå Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) og Språkrådet har laga forslag til omgrepsmodellar og definisjonar for sju slike sentrale fellesoffentlege omgrep, og forslaga frå arbeidsgruppa vart sende på høyring i 2020. Det er første gongen eit slikt arbeid med fellesoffentlege omgrep er gjort i Noreg. Dei endelege termene og definisjonane vil bli publiserte i omgrepsdelen av Felles data-katalog.

E-læringskurs i terminologi- og omgrepsarbeid

Som eit svar på behovet for opplæring i terminologi- og omgrepsarbeid både i samband med digitaliseringsarbeidet i offentleg sektor og i samband med terminologiarbeid i universitets- og høgskulesektoren

«Manglande nynorsk terminologi påverkar igjen utviklinga av ny språkteknologi. Utan nynorsk grunnlagsmateriale vil til dømes praterobotar vanskeleg fungere optimalt på nynorsk.»

har Språkrådet i samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) laga e-læringskurset «Begrip begrepe! – et innføringskurs i terminologi- og begrepsarbeid». Kurset vart lansert i mai 2020 på læringsplattforma til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Dei primære målgruppene for kurset er tilsette i offentleg sektor som arbeider med omgrepsbeskrivingar, og tilsette i universitets- og høgskulesektoren som treng å setje om og utvikle terminologi til undervisninga. Kurset gjev ei praktisk innføring i terminologisk metode.

Vidare arbeid

Språkrådet samlar inn data om bruk av bokmål og nynorsk på offentlege nettstader. Men det finst ingen statistikk over bruken av og fordelinga mellom skriftspråka i programvare og språkteknologiske løysingar. Det ligg heller ikkje føre noka oversikt over i kva grad norsk og norske dialektar blir forstått av taleattkjennarar, samanlikna med til dømes engelsk.

Nynorsk terminologi blir ikkje utvikla samtidig som tilsvarande terminologi på bokmål. Det er problema-

tisk av fleire grunnar: Staten har plikt til å svare innbyggjarane på det skriftspråket dei sjølve ønskjer å nytte. Når fastsett terminologi manglar på nynorsk, blir den nynorske terminologien adhocprega og ulik frå gong til gong. Ei systematisk oversikt over kva tilfang offentlege verksemder har samla inn, og korleis dei eventuelt har ordna eigne data til språkteknologisk bruk, er ikkje tilgjengeleg. Manglande nynorsk terminologi påverkar igjen utviklinga av ny språkteknologi. Utan nynorsk grunnlagsmateriale vil til dømes praterobotar vanskeleg fungere optimalt på nynorsk.

Det finst òg lite informasjon om kva dei nye reglane om universell utforming vil ha å seie for i kva grad offentlege etatar tek i bruk ny språkteknologi, og i kva grad teiknspråk er tenkt inkludert i dei framtidige språkteknologiske løysingane. Teiknspråkteknologien er førebels ikkje god nok til automatisk attkjening på noko språk, men kan bli det i framtida. Det er derfor avgjerande å vere tidleg ute med å planleggje for nye teknologiske løysingar også på dette feltet.

§ 19

Språkrådet

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk.

§ 19 første leddet

KJELDER

Dahle, M. og J. Ryssevik (2013): Klart vi kan! – en evaluering av effektene av prosjektet «Klart språk i staten». *Ideas2evidence, rapport 11/2013*. <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/informasjonspolitikk/klarsprakevaluering.pdf?id=2195163> (mai 2021).

Difi 2017a = Innbyggerundersøkelsen 2017. Hva mener innbyggerne? *Difi-rapport 2017:6*. https://dfo.no/filer/Fagomr%C3%A5der/Rapporter/Rapporter-Difi/difi-rapport_2017_6_innbyggerundersokelsen_2017_hva_mener_innbyggerne.pdf (mai 2021).

Difi 2017b = Opinion for Difi (2017): Lovspråksundersøkelse i departementene. https://www.sprakradet.no/globalassets/klarsprak/dokumenter-og-presentasjoner/undersokelser/rapport_difi_klart-lovsprak_kvalitativ-del-0022.pdf (mai 2021).

Difi 2019 = Innbyggerundersøkelsen 2019. Hva mener innbyggerne? *Difi-rapport 2019:8*. <https://dfo.no/rapporter-og-statistikk/undersokelser/innbyggerundersokelsen-2019> (juni 2021).

Digitaliseringsdirektoratet (2021a): E-post 15.1.2021.

Digitaliseringsdirektoratet (2021b): Referanse-katalogen for IT-standardar. <https://www.digdir.no/digitalisering-og-samordning/referanse-katalogen-it-standardar/1480> (mai 2021).

Digitaliseringsdirektoratet (2021): Språkdata – korleis kan vi hauste og dele? <https://www.digdir.no/digitale-felleslosninger/sprakdata-korleis-kan-vi-hauste-og-dele/2367> (mai 2021).

Digitaliseringsrundskriva = Digitaliseringsrundskrivet 2018, 2019 og 2021.

Digitaliseringsrundskrivet 2018. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/andre-dokumenter/kmd/2017/digitaliseringsrundskrivet/id2569983/> (mai 2021).

Digitaliseringsrundskrivet 2019. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/andre-dokumenter/kmd/2018/digitaliseringsrundskrivet/id2623277/> (mai 2021).

Digitaliseringsrundskrivet 2021. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/no/dokumenter/digitaliseringsrundskrivet/id2826781/> (mai 2021).

Digitaliseringsstrategien 2019–2025. Sjå KMD (2019).

Finansdepartementet (2016): Utredningsinstruksen. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/instruks-om-utredning-av-statlige-tiltak-utredningsinstruksen/id2476518/> (mai 2021).

Forskrift om målbruk i offentlig teneste = Forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentlig teneste. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1980-12-05-4938> (januar 1981).

Forskrift om målform i eksamensoppgåver. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1987-07-07-4148?q=forskrift%20om%20m%C3%A5lform%20i%20eksamensoppg%C3%A5ver> (august 1987).

Forskrift om målvedtak = Forskrift 4. februar 2020 nr. 103 om endring i forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2020-02-04-103> (februar 2020).

Grepstad, O. (2020): Språkfakta 2020. Volda: Grepstad skriveri.

Innst. 16 S (2014–2015) = Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 2015 vedrørende kapitlet under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet (rammeområda 1, 6 og 18). Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2014-2015/Inns-201415-016/> (desember 2014).

Innst. 253 L (2020–2021) = Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Lov om språk (språkløva) (midlertidig). Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2020-2021/inns-202021-253/?all=true> (mai 2021).

Ipsos (2020): *Bruk av og behov for språkteknologiske løsninger i offentlige virksomheter.* Undersøking gjort av Ipsos for Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT februar 2020. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2020_bruk-av-og-behov-for-sprakteknologiske-losninger-i-offentlige-virksomheter.pdf (mars 2021).

ISO-standarden (2021): ISO/WD 24495-1 Plain language. <https://www.iso.org/standard/78907.html> (mai 2021).

JD 2000 = Justis- og beredskapsdepartementet (2000): *Lovteknikk og lovforberedelse. Veiledning om lov- og forskriftsarbeid.* <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/jd/bro/2000/0003/ddd/pdfv/108138-lovteknikkboka.pdf> (mai 2021).

JD 2002 = Justis- og beredskapsdepartementet (2002): *Forskriftsarbeid for kommuner.* <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/forskriftsarbeid-for-kommuner/id278722/> (mai 2021).

KI-strategien (2020): *Nasjonal strategi for kunstig intelligens.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/1febbb-b2c4fd4b7d92c67ddd353b6ae8/no/pdfs/ki-strategi> (mai 2021).

KMD (2019): *Én digital offentlig sektor. Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. https://www.regjeringen.no/contentassets/db9bf2bf10594ab88a470db40da0d10f/no/pdfs/digitaliseringsstrategi_for_offentlig_sektor_rettet.pdf (mai 2021).

KMD 2019–2020 = Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prop. 105 S (2019–2020) *Kommuneproposisjonen 2021.* <https://www.regjeringen.no/contentassets/b22c03dc383640169f396bd2fddca846/no/pdfs/prp201920200105000dddpdfs.pdf> (mai 2021).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2020): Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/257c8bf71f0146c0801f39e4f559826b/no/pdfs/prp202020210001kmdddpdfs.pdf> (mai 2021).

KS (2018): *Hamar sparer tid og penger med klart språk.* <https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/utviklingsprosjekter/klart-sprak-i-kommunesektoren/nyheter-om-klart-sprak/hamar-sparer-tid-og-penger-med-klart-sprak/> (mai 2021).

KS (2019): *Klart språk i digitale løsninger.* <https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/klart-sprak-i-digitale-selvbetjeningslosninger/> (mai 2021).

KS (2020): *Stadig flere kommuner satser på klart språk.* <https://www.ks.no/pressemeldinger/stadig-flere-kommuner-satser-pa-klart-sprak/> (mai 2021).

Lov om målbruk i offentlig teneste. Sjå Mållova.

Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/?q=klart%20spr%c3%a5k&ch=2#match_0 (mars 2021).

Mållova = Lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5> (januar 1981).

NOU 2019: 5 *Ny forvaltningslov – Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven).* Justis- og beredskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-5/id2632006/> (mai 2021).

Opinion (2020): *Befolkningsundersøkelse for Språkrådet 2020. Rapport 7. oktober 2020.* https://www.sprakradet.no/globalassets/intranett/fagstoff/undersokelser/20201007_sprakradet_befolkningsundersokelse-2020.pdf (mai 2021).

Oslo Economics (2021): *Evaluering av Program f or klart språk i kommunesektoren: OE-rapport.* (Upublisert)

Prop. 96 S (2016–2017) *Endringer i kommunestrukturen.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-96-s-20162017/id2548145/> (april 2017).

Prop. 108 L (2019–2020) = *Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språklova).* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mai 2020).

Rundskriv F/8 N/81 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. (Upublisert)

Språklova. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet (2011): *Undersøking om målbruken i nynorskkommunar – rapport.* Språkrådet, Landsmanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk kultursentrum. <http://www.sprakradet.no/upload/Rapport%20fr%a5%20kommuneunders%c3%b8kinga.pdf> (mai 2021).

Språkrådet (2015): *Undersøkelse av bruken av bokmål og nynorsk – rapport til KUD.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-av-bruken-av-bokmal-og-nynorsk-rapport-til-kud-2015.pdf> (mai 2021).

Språkrådet (2017): *Språkstatus 2017. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf> (mai 2021).

Språkrådet (2020): *Målbruksstatistikk.* <https://www.sprakradet.no/Spraklige-rettigheter/Spraklege-rettar-som-gjeld-bruken-av-norsk/Maallova/Statistikk/> (mai 2021).

Språkrådet (2021): *Godt språk i regelverk. Veiledning for skribenter.* <https://www.sprakradet.no/klarsprak/om-skriving/sprak-i-lover-og-forskrifter/> (februar 2021).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. *Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkje-departementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (mai 2021).

Kortversjon: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kkd/kultur/sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (mai 2021).

Universitetet i Oslo (2016): *Klarspråk i juridisk forskning og undervisning.* <https://www.jus.uio.no/forskning/prosjekter/klarsprak/> (februar 2021).

Universitetet i Oslo (2019): *UiO starter landets første bachelorprogram i klart språk.* <https://www.hf.uio.no/studier/aktuelt/aktuelle-saker/2019/uio-starter-norges-forste-bachelorprogram-i-klarsp.html> (mai 2021).

Wieland, K.W. (2020): *Alle vil bli forstått.* Kommunal Rapport. <https://www.kommunal-rapport.no/debatt/alle-vil-bli-forstatt/110352/> (mai 2021).

§7

Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg.

Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

HELSE



I språklovsproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020)) blir det peika på helsesektoren som eit særleg viktig område for at norsk skal vere eit fullverdig og samfunnsberande språk. Sektorar med stor betydning for offentleg tenesteyting til innbyggjarane har eit særleg viktig ansvar for å følgje opp språkpolitikken på sine felt: «Det offentlege har eit særleg ansvar for å nytte eit godt språk i møte med borgarane. Helsevesenet må snakke med pasienten på eit språk pasienten forstår, både i personlege møte og når innbyggjarane sjølve kan 'administrere' eiga helse på nett. Viss ikkje kan helsa stå på spel» (Prop. 108 L (2019–2020):20).

Det er mange språklege omsyn å ta i helsesektoren. I botnen ligg retten pasientar og brukarar har til å få informasjon dei forstår, om sin eigen helsetilstand. For språkarbeidet i sektoren inneber det arbeid med fleirspråklegheit, klarspråk, terminologi, digitalisering og kodeverk¹.

Det er ei stor satsing på språkarbeid i helsesektoren, særleg arbeid med klarspråk og med terminologi og kodeverk i samband med digitalisering. Dei store satsingane på feltet er i regi av Helse- og omsorgsdepartementet, og dei går primært føre seg i dei regionale helseføretaka og i dei to direktorata i sektoren, Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse. I tillegg arbeider også kommunane med til dømes klarspråk på helsefeltet.

Teiknspråkbrukarar må bli møtte med haldningar baserte på kunnskap når dei er i kontakt med helsevesenet. Særleg er det behov for kunnskap om at norsk teiknspråk er eit fullverdig språk. Ein må òg arbeide for å skape eit fullverdig helsetilbod til personar med høyrselshemming. Helsesektoren er ein sektor med mange tilsette som har ein annan språkbakgrunn enn norsk, og krav til språkkompetanse hos tilsette blir stadig drøfta.

¹ Eit kodeverk i helsesektoren er eit system for kategorisering av helsefaglege omgrep til bruk i statistikk og verksemdregistrering (kjelde: Administrativ terminologi for pleie- og omsorgstjenesten).

«Språkrettar er ein reiskap som kan brukast til å få oppfylt andre rettar, som helserettar. Ein overordna helserett og ein overordna språkrett kan verke saman og bli til ein meir konkret rett i ein konkret situasjon.»

Språklege rettar

Kvar og ein av oss har lovfesta språkrettar på helsefeltet. Helsepørsmåla kan vere vanskelege og viktige, og språkrettane er til hjelp når innbyggjarane møter helsevesenet som pasientar.

I nokre tilfelle manglar helsepersonellet og pasienten eit felles språk, utan at språkproblema i seg sjølve heng direkte saman med helsebehova. Det kan vere at pasienten er minoritetspråkbrukar og heilt eller delvis manglar fellesspråket som helsepersonellet brukar. Det kan òg tenkjast at ein framandspråkleg helsearbeidar er rekruttert på grunn av spesialkompetansen sin, utan at språkkompetansen er god nok til at han eller ho kan kommunisere med pasientane på deira eige språk. I andre tilfelle kan ein pasient ha språkvanskar som er ein del av eller ein konsekvens av sjukdommen eller skaden. Høyrselsskadar, demens og hjerneslag er døme på sjukdommar og skadar som, sjølv om dei skil seg frå kvarandre, har til felles at dei kan føre med seg kommunikasjonsvanskar mellom pasienten og helsepersonellet.

Språkrettar er ein reiskap som kan brukast til å få oppfylt andre rettar, som helserettar. Ein overordna helserett og ein overordna språkrett kan verke saman og bli til ein meir konkret rett i ein konkret situasjon. Etter FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kultu-

relle rettar har alle rett til «den høyst oppnåelige helsestandard både fysisk og psykisk» (FN ØSK 1966: artikkel 12). Føresegna i konvensjonen konkretiserer denne retten gjennom å forplikte staten til mellom anna å førebyggje og behandle sjukdommar. Etter FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (FN SP 1966: artikkel 27) har språklege minoritetar rett til å bruke sitt eige språk.

Begge desse konvensjonane er tekne inn i norsk lovgeving gjennom menneskerettslova. Dei inneheld dei overordna helse- og språkrettane. I pasient- og brukarrettslova er det ein meir konkret rett som kombinerer dei to overordna rettane. Pasienten har rett til å få «den informasjon som er nødvendig for å få innsikt i sin helsetilstand og innholdet i helsehjelpen» (pasient- og brukarrettslova § 3-2) i ei form som er «tilpasset mottakerens individuelle forutsetninger, som [...] kultur- og språkbakgrunn» (§ 3-5 første ledd). Helsepersonellet «skal så langt som mulig sikre seg at mottakeren har forstått innholdet og betydningen av informasjonen» (§ 3-5 andre ledd). Samla og konkretisert i endå større grad betyr dette at til dømes ein samiskspråkleg sjukehuspasient har rett til å få informasjon om sine eigne diagnosar og prognosar på samisk. For sjukehuset inneber rettane til pasienten ei plikt til anten å la pasienten få informasjonen frå helsepersonell som snakkar det same samiske språket som pasienten, eller å bruke tolk. Den fagpersonen som skal gje informasjonen, må vurdere kva individu-

elle føresetnadar pasienten har for å kunne ta imot informasjonen. Gjeld spørsmålet bruk av teiknspråk-tolk, er det viktig at den som gjer vurderinga, hugsar at teiknspråk er eit fullverdig språk, og at brukarane av språket er ein av dei språklege minoritetane i samfunnet (Ot.prp. nr. 12 (1998–99) kapittel 12, Innst. O. nr. 91 (1998–99):9, Nav 1997).

Når språkrettar og helserettar møtest og smeltar saman som her, fyller språkrettane to ulike føremål samtidig. Dels skal dei sikre at individet – borgaren, pasienten, brukaren – får helserettane sine realisert. Språkrettane blir ein integrert del av helserettane. Språket skal sikre helsa. Dels står språkrettane på eigne bein – i helsevesenet, på sjukehuset, på helse-sjukepleiarkontoret, i sjukejournalen – og gjeld på desse arenaene i livet på same viset som på andre arenaer. Språkrettane bremsar og vil vonleg òg reversere den språklege assimileringa som brukarane av dei norske minoritetsspråka tidlegare har opplevd. Dei bidreg til at også minoritetsspråka tek plass og gjer seg likeverdige med det norske fellesspråket. Slike rettार kan ein sjå eit tydeleg omriss av i den nye språklova (Prop. 108 L (2019–2020)).

Teiknspråk

FN-konvensjonen om rettार til menneske med nedsett funksjonsevne (FN CRPD) byggjer på at funksjonshemming ikkje primært er noko som gjeld helsa, men legg til grunn ei sosiokulturell forståing. Det vil seie at funksjonshemming er eit resultat av samhandlinga mellom menneske med nedsett funksjonsevne og haldningsbestemte barrierar som hindrar dei i å delta fullt ut i samfunnet på lik linje med andre. CRPD forpliktar statane gjennom artikkel 21e til «å anerkjenne og fremme bruken av tegnspråk[ene]». Dette er samanfallande med formuleringane i språklovsproposisjonen som seier at «[s]pråklege omsyn skal vere med i politikktutforminga på ei lang rekkje område, som i utdanningssektoren, mediesektoren, helsesektoren, IKT-politikken og rettsstellet. Språklege omsyn må òg ha forrang framfor kortsiktige økonomiske og

praktiske omsyn der det er naudsynt» (Prop. 108 L (2019–2020):9). Vidare stadfestar den same proposisjonen at «[e]it sentralt språkpolitisk mål må derfor vere å gje så mange som mogleg tilgang til norsk teiknspråk. Det er ikkje ei ulempe for døve og høyr-selshemma barn å lære teiknspråk» (s. 89).

Sjukehus og høyrresentralar

Tegnspråkbarnas utvalg (2021) dokumenterer at foreldre til døve og høyrselshemma barn opplever at fleirspråklegheit og teiknspråklegheit både direkte og indirekte blir frårådd av dei fagpersonane dei møter ved sjukehusa kringom i landet. Foreldra uttrykkjer at dei får lite eller ingenting av kunnskap frå sjukehuset om norsk teiknspråk, og at det i verste fall blir gjeve eit bilete av at teiknspråk er «siste utveg», av helsepersonellet dei møter, altså at teiknspråk berre er eit alternativ dersom barna ikkje lukkast i å tileigne seg norsk. Teiknspråklege høyrselshemma foreldre opplever ein strukturell audisme, altså diskriminering på grunn av høyrselshemminga, i møta der temaet er høyreapparat og kokleaimplantat for barnet (Tegnspråkbarnas utvalg 2021). Dei nemner vidare at dei opplever det som trugslar, diskriminering og på grensa til overvaking. Felles for høyrande og høyrselshemma foreldre er opplevinga av at sjukehusa ikkje har eller vil dele erfaringar og forskning som underbyggjer fleirspråklegheit, og at ein i stor grad blir anbefalt å ikkje bruke teiknspråk tidleg i livet til barna (Tegnspråkbarnas utvalg 2021). Williams og medarbeidarar (Williams, Falkum og Martinsen 2015) har studert frykta høyrselshemma har for å bli negativt vurderte, og dei samanlikna den spesielle situasjonen som høyrselshemma er i, med personar med sosial angst. I studien fann dei at frykta for å bli negativt vurdert av andre og bruk av unnvikande kommunikasjonsstrategiar hadde samanheng med psykiske plager blant høyrselshemma. Ifølgje Tegnspråkbarnas utvalg er det eit akutt behov for tilsette i helseføretaka som veit korleis det er å vekse opp for døve og høyrselshemma barn språkleg og psykososialt sett.

Nye foreldre med høyrselshemma barn får tidleg melding om høyrselen til barnet er «godkjent» eller «ikkje

godkjent» ved screening. Taleutviklinga til barnet blir målt og kategorisert etter «høyrealder». Dette fagspråket kan bidra til å føre vidare negative språkhaldningar og til å setje norsk teiknspråk under press. Foreldre kan få ei forståing av at dei må velje anten norsk eller norsk teiknspråk. Døve og høyrseleshemma barn blir ikkje normalthøyrande med høyrsesteknologi, og mange har forseinka språkutvikling (Haukedal 2020, NBHP 2020) og er språkdepriverte (manglar språk) (Glickman og Hall 2019) fordi dei mellom anna ikkje har god nok tilgang til naturleg og uanstrengt språk frå fødselen av. Meir informasjon om dette emnet finst i kapittelet «Skule og barnehage».

Nasjonal behandlingsteneste for høyrsel og psykisk helse (NBHP)

Nasjonal behandlingsteneste for høyrsel og psykisk helse er eit landsdekkjande behandlingstilbod for personar med ein kombinasjon av nedsett høyrsel og psykisk lidning. Målet med tenesta er å sikre høyrseleshemma, døve og døvblinde eit like godt tilbod innanfor psykisk helsevern som resten av befolkninga. Tenesta består av ei barne- og ungdomseining, ei vakseneining og ei kompetanseining som driv med forskning og fagutvikling. Denne tenesta er den einaste som gjev eit behandlingstilbod direkte på norsk teiknspråk dersom ein ønskjer det. Det er teiknspråklege tilsette som bidreg til å utvikle og halde oppe eit godt fagspråk på norsk teiknspråk. Det er i 2021 sett i gang eit arbeid der NBHP ønskjer å sjå på sitt eige fagspråk knytt til teiknspråklege døve og høyrseleshemma.

Helse og omsorg på norsk teiknspråk

Signo er den største teiknspråklege arbeidsplassen i Noreg med 1221 tilsette, fordelt på 813 årsverk. Føremålet med Stiftelsen Signo er å gje tilbod til døve og døvblinde og til høyrseleshemma som har behov for tilrettelagde tenester i eit teiknspråkleg miljø. Signo har arbeidsmarknadstilbod, sjukeavdeling og rehabiliteringsavdeling. Tilboda er tilgjengelege på dei største stadene i Noreg. Det offentlege kjøper tilboda til sine brukarar etter avtale. Signo har starta eit språkpolitisk arbeid for å styrkje norsk teiknspråk og tek også tak i problemet med institusjonell audisme.

Eldre døve og høyrseleshemma bur spreidd i Noreg. Norges Døveforbund rapporterer at det er ein aukande prosentdel av eldre døve som opplever å bli isolerte på diverse sjuke- og omsorgsheimar som eit resultat av at personalet ikkje kan kommunisere med dei på deira eige naturlege språk, som då er teiknspråk (Norges Døveforbund 2021). Mange pårørande skjønner heller ikkje kor einsamt det kan bli for døve som blir plasserte i språkmiljø der all kommunikasjon går over hovudet på dei. Det finst svært få omsorgs- og sjukeheimstilbod med teiknspråk i Noreg. Eldre teiknspråkbrukarar har også rett til å bruke og møte sitt språk, jf. Prop. 108 L (2019–2020). Skjermtolk og kontakt med andre døve over skjerm på omsorgssenter og sjukeheimar kompensere ikkje for direkte menneskeleg kommunikasjon.

Folkehelseinstituttet og helseinformasjon

Folkehelseinstituttet har under koronapandemien hatt teiknspråktolkar på sine pressekonferansar. I ei generell undersøking i befolkninga som Helsedirektoratet (2021a) har initiert, svarar kvar tredje person at dei har problem med å forstå det som blir sagt om helse. Dette er ekstra bekymringsfullt for døve og høyrseleshemma, fordi dei på toppen av dette får det som blir sagt, formidla teiknspråkleg med teiknspråktolk. Det er ikkje det same som å få (helse)informasjon direkte på teiknspråk. De Meulder og Hualand (2019) viser til at det at ein tolk er til stades, ikkje må bli forstått som at kommunikasjonen i tospråklege situasjonar er «handtert», men bør oppfattast som eit signal til fagpersonar om at dei må ta omsyn til lingvistiske og kommunikative utfordringar og smotthøl i den aktuelle situasjonen. Det er heller ingen formelle kvalitetssikringskriterium til dei som tolkar på pressekonferansane.

Teiknspråktolkning

Tolketenestene under Navs hjelpemiddelsentralar har ikkje døgnteneste. Det er mangelfull tilgang til teiknspråktolk på legevakter, akuttmottak og sjukehus. Navs tolketenester har varierende kapasitet og kvalitet og tilgjengelegheit på tvers av kommunar og fylke. Døve og høyrseleshemma opplever ofte at dei må

«Frå 2017 er det innført språkkrav til helsepersonell med utdanning frå land utanfor EØS-området. For å få autorisasjon i Noreg må slikt helsepersonell dokumentere kompetanse i norsk på minimum nivå B2 på Europarådets nivåskala for språk.»

vente i mange timar før teiknspråktolken er på plass, om det i det heile er ein tolk tilgjengeleg. Ansvar for tilbodet om teiknspråktolkar ved sjukehus er ein del av sektoransvarsprinsippet, det vil seie at sjukehusa har ansvaret og betalar, ikkje Nav. I praksis viser det seg at tilgangen til tolk og samhandlinga med lege og sjukepleiarar og medpasientar blir avgrensa, og den teiknspråklege blir isolert i ein sårbar situasjon.

Fleispråklegheit

I helsevesenet er det svært mange arbeidstakarar som er fødde i eit anna land enn Noreg: Ved utgangen av 2019 var det litt over 93 000 slike tilsette i helsevesenet. Av dei kjem om lag 82 000 frå land utanfor EØS-området (Ødegård og Andersen 2020).

Frå 2017 er det innført språkkrav til helsepersonell med utdanning frå land utanfor EØS-området. For å få autorisasjon i Noreg må slikt helsepersonell dokumentere kompetanse i norsk på minimum nivå B2 på Europarådets nivåskala for språk. Kravet gjeld ikkje for dei som tok utdanning før 1. januar 2017, og det gjeld ikkje for ufaglærte vikarar (Helsedirektoratet 2020).

Helsepersonell med utdanning frå EØS-området skal ifølgje *forskrift om helsepersonell frå EØS-land og Sveits* (HOD 2008) ha nødvendige språkkunnskapar slik at dei kan utøve yrket sitt på ein forsvarleg måte.

Det er ikkje knytt noko nivåkrav til EØS-arbeidstakarane, derimot er det opp til arbeidsgjeveren å sjå til at dei tilsette har god nok kompetanse i språk. Norsk språk er ikkje eksplisitt nemnt i forskrifta, og Språkrådet veit ikkje om dette vil seie at kompetanse i engelsk i somme tilfelle kan bli vurdert som tilstrekkeleg språkkunnskap.

Det er vorte teke til orde for å stille nasjonale språkkrav til alt helsepersonell med pasientkontakt, også ufaglærte. Det inneber eit framlegg om at helsepersonell må få eit visst resultat på ein språkstest for å få lov til å halde fram i arbeidet. Det blir vist til dei nasjonale språkkrava til tilsette i barnehagar, og det blir sagt at eit liknande krav må innførast i helsevesenet (NRK 2021).

I dei store byane har mange av arbeidstakarane i helsevesenet utanlandsk opphav. Samtidig er det mange brukarar med eit anna fødeland enn Noreg. I sykeheimsetaten i Oslo har fleire enn 40 prosent av dei tilsette eit anna morsmål enn norsk. Etaten sjølv trekjer dette fram som ein ressurs, sidan det etter kvart blir fleire eldre som er fødde i andre land enn Noreg, som flyttar inn på sjukeheimane. Samtidig har samansetjinga av bebuarar endra seg på andre måtar. No er målet at flest mogleg skal bu heime så lenge som råd, og dermed er det dei eldste og sjukaste som hamnar på heimar. Det krev igjen meir av dei tilsette, også av kunnskap i norsk (Ødegård og Andersen 2020).

Definisjonen av klarspråk er at mottakarane finn det dei treng, forstår det dei finn, og kan bruke det dei finn, til å gjere det dei skal. Klarspråk handlar dermed om meir enn at ein tekst skal vere lett å forstå.

I ei undersøking som Fafo gjennomførte for Språkrådet i 2020, undersøkte forskarane ein sjukeheim i Oslo der 75 prosent av arbeidsstokken var utanlandsk og 90 prosent av bebuarane norskfødde. I den kvalitative undersøkinga var dei tilsette positive til strenge språkkrav og skeptiske til å senke språkkrava til helsepersonell. Dette gjaldt både tilsette fødde i Noreg og tilsette fødde i utlandet (Ødegård og Andersen 2020).

Forsking frå andre land har vist at pasientar som opplever språkbarrierar i kontakt med helsepersonell, har større risiko for å bli feilmedisinerte. Samtidig er det vanleg praksis å bruke pårørende som tolk, i staden for å bruke profesjonell tolk. Mange pasientar vil ikkje vere til bry for helsevesenet og ber derfor ikkje om tolk sjølv om dei har krav på det. Det er uheldig, sidan bruk av tolk har vist seg å vere den beste måten å sikre god kvalitet i pasientbehandlinga på (Sommerfeld og Rosenberg 2019).

I takt med eit aukande mangfald i samfunnet er det òg stadig fleire med minoritetsspråkleg bakgrunn som tek helseutdanning i Noreg. Det er store skilnader mellom studentane sin kompetanse i og kjennskap til norsk når dei startar på utdanninga. Forskarane Kari Mari Jonsmoen og Marit Greek ved Oslomet har der-

for teke til orde for å lage ulike løp og modellar i sjukepleiarutdanninga, med mål om å sikre at utdanna sjukepleiarar er språkleg rusta til arbeidet (Jonsmoen og Greek 2018a). Dei same forskarane har i ein studie vist at mange sjukepleiarstudentar med norsk som andrespråk ikkje har god nok kompetanse i norsk. Studentane i studien hadde lita forståing av faget, dei misforstod instruksjonar og blanda saman fagterminologi (Jonsmoen og Greek 2018b).

I denne samanhengen er det òg grunn til å vise til Språkrådets artikkelsamling *Sykehuset, samfunnet og språket* (Språkrådet 2016). Artikkelsamlinga tek mellom anna opp tema som pasientkontakt med minoritetsspråklege, tolking og autorisasjonskrav.

Klart helsespråk

Alle er i kontakt med helsevesenet i løpet av livet, både som pasientar og som pårørende. Som pasient kan ein ofte vere i ein situasjon der ein er ekstra sårbar. Ein pasient kan både vere redd og forvirra og ha det vondt. I nokre tilfelle står det om livet. Då er det ekstra viktig med klar og tydeleg informasjon.

Saman med KS og Digitaliseringsdirektoratet har Språkrådet drive klarspråksarbeid i statsforvaltninga sidan 2008 og i kommunane sidan 2011. I desse åra er det samla kunnskap og erfaring frå over hundre prosjekt i offentleg sektor. Dette arbeidet har vist at nokre område treng særleg innsats, til dømes språket i helsesektoren. Dei siste åra har helsesektoren derfor vore eit prioritert område for klarspråksarbeidet i Språkrådet.

Språkrådet ser at det er stor semje om at klarspråk er viktig, men at det likevel kan vere vanskeleg å prioritere eit langsiktig og systematisk arbeid med klarspråk. Klarspråksparagrafen i den nye språklova kan såleis verke som ei drivkraft for klarspråksarbeidet i det offentlege. Alle pasientar kan, med den nye lova i handa, krevje at det offentlege kommuniserer på ein måte som pasientane forstår.

Klarspråk i styringsdokument

I 2014 la helse- og omsorgsminister Bent Høie fram dei samla politiske måla og forventningane til helsevesenet i Noreg, der han ønskjer å skape pasientens helseteneste. Pasienten skal setjast i sentrum, mellom anna gjennom ei satsing på kommunikasjon, forenkla kontakt med helsetenesta og enklare tilgang til eigne helseopplysningar. I den nasjonale helse- og sjukehusplanen for perioden 2020 til 2023 (HOD 2019) er det fleire tiltak som støttar opp om måla for pasientens helseteneste:

Regjeringa [vil] styrke befolkningens helsekompetanse og pasientens mulighet til å være en aktiv deltaker i egen helse og utvikling av tjenestene. Regjeringa vil øke bruk av skjermtolk i spesialisthelsetjenesten, arbeide for klart språk og mer samvalg. Lærings- og mestrings-tjenestene skal revideres for å gi bedre pasient- og pårørendeopplæring.

Regjeringa har sett av pengar til ei storstilt satsing på e-helse. Eit av måla er at alle skal ha enkel tilgang til eigne helseopplysningar, og at dialogen mellom helsevesen og pasient i stor grad skal vere digital. I statsbudsjettet for 2021 har regjeringa sett av 317 millionar kroner til digitalisering i helse- og omsorgstenesta. Pengane skal mellom anna gå til å investere i nasjonale samhandlingsløyser og til å realisere eit felles journalsystem i kommunane. Det skal altså bli lettare å dele informasjon og kommunisere i ulike delar av helsevesenet.

Definisjonen av klarspråk er at mottakarane finn det dei treng, forstår det dei finn, og kan bruke det dei finn, til å gjere det dei skal. Klarspråk handlar dermed om meir enn at ein tekst skal vere lett å forstå. Noko av hovudpoenget med klarspråk er å setje mottakaren i sentrum – nett det same som regjeringa ønskjer med pasientens helseteneste.

Ulike klarspråksprosjekt i helsesektoren

Det går føre seg mykje godt språkarbeid i helsesektoren, og det er sett i gang mange prosjekt både i staten og kommunane dei siste åra. Det er vanskeleg

å gje eit heilskapleg bilete av arbeidet, men her er ei omtale av nokre av prosjekta som Språkrådet meiner har hatt ein god effekt.

Eit banebrytande prosjekt som vart skrive inn i *Nasjonale helse- og sykehusplan* (HOD 2019), er arbeidet som Helgelandssjukehuset og Helse Nord har gjort med nye pasientbrev. Ei kartlegging ved Helgelandssjukehuset i 2017 viste at 10–20 prosent av visse pasientgrupper ikkje hadde førebudd seg til spesialisttimen dei skulle til (HOD 2019:23). Sjukehuset kunne derfor berre gjennomføre delar av prosedyren, eller dei måtte gje pasientane ein ny time. For at fleire pasientar skulle møte førebudde, vart det utvikla nye pasientbrev med klart språk og grafikk som gjer det lettare for pasientane å forstå korleis dei skal førebude seg.

Kommunikasjonssjef Tore Bratt ved Helgelandssjukehuset seier det slik (Bratt 2021):

Klarspråk er et verktøy for å flytte makt fra behandler til pasient. En pasient som forstår egen lidelse og behandling, er i større grad i stand til å ta et selvstendig ansvar både for lidelsen og behandlingen. En pasient i samarbeid med en spesialisthelsetjeneste som anvender klarspråk bevisst som et verktøy, vil redusere avstanden mellom pasient og behandler.

Arbeidet ved Helgelandssjukehuset har ført til at prosjektet med nye innkallingsbrev er vorte nasjonalt. Helse sør-aust ved prosjektet *Digitale innbyggjartenester* fekk oppdraget med å ta klarspråkarbeidet og arbeidet med nye innkallingsbrev vidare på vegner av heile spesialisthelsetenesta. Digitale innbyggjartenester skal føre til at pasientane får betre tilgang til sin eigen helseinformasjon og betre høve til å samhandle med helsetenesta. Helse sør-aust involverte grupper av folk med ulik bakgrunn: Både fagfolk, kommunikasjonsfolk og brukarrepresentantar kom med innspel til både innhald og ordlyd. Resultatet vart tekstar som var mykje lettare å forstå.

Dette prosjektet har teke lang tid og vore komplisert å gjennomføre, og det er fleire moment som har bidrege til det. Det eine er teknologien: Systema i helsevesenet er ikkje gode nok til å kunne hente ut den nødvendige informasjonen, den som skal til for å lage gode brev. Det andre er eigarskap og involvering: For å endre dei nasjonale malane måtte ein involvere både Helsedirektoratet, Direktoratet for e-helse, alle helseregionane, juristar, fagfolk og pasientar. «Berre det å avgjera om ein skal skrive 'Velkomen til sjukehuset', har vore ein stor diskusjon», sa prosjektleiari Vibeke Herikstad på Språkdagen 2020.

Lekfolk kan få hjelp til å forstå medisinsk terminologi mellom anna i Store medisinske leksikon, som tilbyr gratis og ope tilgjengeleg helsestoff. Leksikonet har som uttala strategi å velje ord som ligg tett opp til det som blir bruka i daglegtale og i media, og å forklare termar i et klart språk. Leksikonet skal bygge bru mellom epikrisa og pasienten og vere ei sikker kjelde til oppdatert medisinsk kunnskap i ei enkel og klar språkdrakt med norske fagord.

Mange kommunar jobbar systematisk med å betre helsespråket. Fredrikstad kommune har gjort ein god jobb med å forenkle språket i vedtak og på nettsidene til helsetenestene (Fredrikstad kommune 2021). Bergen kommune, som vann klarspråkspriisen for kommunar og fylkeskommunar for 2020, har drive eit systematisk klarspråksarbeid i fleire år, noko som vert spegla i innbyggjarundersøkingane. I 2020 svara 83 prosent av dei spurde at den generelle informasjonen frå kommunen er lett å forstå. Meiningsmålarane som har utført denne undersøkinga for kommunen, meiner dette er eit svært høgt nivå, og at informasjonen frå kommunen i samband med koronapandemien truleg har hatt ein positiv innverknad på resultatane i undersøkinga.

Klarspråk og korona

Koronapandemien har endra kvardagen til folk, og han har kanskje også endra måten styresmaktene kommuniserer med befolkninga på. Då pandemien råka Noreg våren 2020, måtte styresmaktene på kort

tid informere befolkninga om dei svært inngripande tiltaka dei innførte. Det har vore endå viktigare enn før å formidle helsefaglege råd til befolkninga. Regjeringa og helsestyresmaktene måtte vere tilgjengelege, dei måtte svare forståeleg på alt folk lurte på, og dei måtte få alle til å følge tiltaka.

Klarspråksforskar Ida Seljeseth meiner at styresmaktene i stor grad lukkast med å kommunisere klart og forståeleg då pandemien braut ut: «Noko av det viktigaste i ein slik situasjon er å prøve å skape ei felles forståing av situasjonen. Me må vere samde om kva problemet er, og om kva me prøver å oppnå. Deretter er det viktig med tydelege meldingar, i eit språk som fungerer» (Språkrådet 2020).

Ifølgje Opinions koronamonitor, som fortløpande publiserer tal for korleis nordmenn handterer pandemien, er tilliten til styresmaktene høg, trass i at det er kaotiske tider. I den krevjande situasjonen mot slutten av januar 2021, då 25 kommunar på Austlandet fekk innført svært strenge koronarestriksjonar, svara sju av ti nordmenn at dei hadde tillit til informasjonen frå regjeringa (Opinion 2021).

Sjølv om styresmaktene har fått ros for koronakommunikasjonen, er det òg retta kritikk mot dei språklege sidene ved handteringa, særleg utforminga av covid-19-forskrifta. Folkehelseinstituttet (FHI) meiner at ein kompleks struktur og mange unntak i forskrifta gjer reglane vanskelege å forstå sjølv for lesarar med gode norskkunnskapar (Helsedirektoratet 2021b).

FHI er bekymra for at reglane er så utilgjengelege at dei «vil svekke befolkningens evne og vilje til å følge [...] smitteverntiltak» og medføre «risiko for at karantene eller testing ikkje blir gjennomført» (Helsedirektoratet 2021b). FHI er òg bekymra for at språkproblem i koronahandteringa særleg rammar dei to gruppene «selvstendig næringsdrivende i lavinntektsyrker og personer som av ulike grunner ikkje er omfattet av nasjonale velferdsordningar» (Helsedirektoratet 2021b).

Språkrådet ser òg at representantar for kommunane synest det er utfordrande å kommunisere dei ulike tiltaka til innbyggjarane. I eit webinar om klarspråksforskning som vart arrangert av KS, skriv ein kommunetilsett som har arbeidd med krisekommunikasjon om korona, dette i chatten:

En av mange utfordringer er hele tiden å motta stadig nye forskrifter, påbud, forbud og anbefalinger fra sentralt hold som også må eventuelt forsterkes lokalt ut fra en smittesituasjon som endrer seg. Bare i min by har vi måttet forholde oss til 77 endringer fra nasjonalt hold (som alle kommuner må), og i tillegg har vi hatt lokale forskrifter som er endret 7 ganger. Det blir totalt 84 endringer å holde styr på for innbyggerne. Jeg har forståelse for at det går trill rundt for de fleste med trafikklys, ringer, bokstaver, påbud, forbud, forskrifter og anbefalinger. Klarspråk er livsviktig i alle kriser, særlig i denne.

Samtidig ser Språkrådet at mange har jobba meir aktivt med klarspråk på grunn av koronaen. Til dømes har helsestyresmaktene samordna seg for å formidle koronainformasjon på helsenorge.no. Både Folkehelseinstituttet og Direktoratet for e-helse fekk heiderleg omtale frå juryen for klarspråksprisane 2020, og fleire kommunelegar var nominerte til utmerkinga «årets trekkhund». Dette viser at koronapandemien har gjort klarspråksarbeidet i helsevesenet ekstra aktuelt, og at klarspråk har vore eit viktig verktøy for å behandle pandemien.

Har befolkninga god nok helsekompetanse?

I januar 2021 vart det lagt fram ei kartlegging av helsekompetansen i befolkninga. Det er Helsedirektoratet, i samarbeid med Høgskolen i Innlandet og Oslomet, som har utført kartlegginga på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (Helsedirektoratet 2021a). Kartlegginga viser at ein stor del av innbyggjarane har problem både med å finne den informasjonen dei treng, med å forstå informasjonen godt nok og med å bruke informasjonen til å gjere viktige val om eiga helse.

Kartlegginga viser at kvar tredje person i Noreg manglar sentral kunnskap om helse. Nesten halvparten har problem med å vurdere ulike behandlingalternativ, og over halvparten kan for lite om å finne fram i helsevesenet. Resultata viser òg at mange av dei som brukar helsetenestene oftast, også er dei som har lågast digital kompetanse.

Desse resultata gjev ein god peikepinn på kva utfordringar helsevesenet står overfor i tida framover. Pasientar i Noreg har aldri hatt betre tilgang til opplysningar om seg sjølve, og pasientane får i større grad enn tidlegare høve til å gjere val om eiga helse. Men pasientane er nøydde til å forstå sin eigen helseinformasjon betre, slik at dei best mogleg kan vurdere ulike val og behandlingar. I motsett tilfelle kan helsa stå på spel.

Vidare arbeid

Som ein ser i avsnitta over, er det krav om klarspråk frå toppen i helsevesenet, og det er vilje til å arbeide med klarspråk nedover i systemet. «Helsesektoren har tradisjonelt hatt en hierarkisk struktur med lite kommunikasjon over faggrensene. Nå er holdningene i ferd med å endre seg. Flere ser hvor viktig det er å formidle faget sitt godt», seier Vibeke Herikstad, som er prosjektleiar for innkallingsbrevprosjektet (Botheim 2020).

Samtidig viser undersøkinga om helsekompetanse i befolkninga at det er ein lang veg å gå. Mange prosjekt er svært omfattande, dei tek lang tid, og dei involverer mange. Språkarbeidet i helsesektoren kan vere krevjande, fordi så mange ulike fagfelt har eigarskap til ulike delar av ein tekst, noko erfaringane frå innkallingsbrevprosjektet viser.

I 2016 utførte Forbrukarrådet ei stor pasientundersøking der dei mellom anna oppsummerte med at det var behov for ein enklare og meir forståeleg kommunikasjon mellom pasient og helsevesen, og at det var behov for å ta tak i fleire typar informasjon som pasienten mottek (Forbrukarrådet 2016). Forbrukarrådet nemner både innkallingar, svar på undersøkingar og

«I 2020 vart helsesektoren tildelt 101 millionar kroner til arbeidet med betre pasienttryggleik og samhandling med standardisert språk. Det inkluderte ein auke på 84 millionar kroner til terminologiutvikling i regi av Direktoratet for e-helse.»

prøver, time for vidare behandling, utskrivingsamtalar, oppfølgingsrutinar og konklusjonar i epikriser.

Forbrukarrådet peikar òg på at det er behov for betre informasjonsflyt internt i helsevesenet, og at ulike legar, avdelingar og sjukehus må overføre relevant informasjon om pasienten i større grad enn før. Pasientar må ofte sjølv sørge for at den behandlande eininga alltid har riktig pasientjournal og historikk om tidlegare behandling. Undersøkinga er frå 2016, men mykje av det som det vart peika på, er like aktuelt i dag, og det er framleis behov for å forbetre både intern og ekstern informasjon.

Helsevesenet er stort, og organiseringa kan verke komplisert for mange. Ulike system og aktørar skal fungere saman, noko som gjer arbeidet samansett og sårbart. Det er derfor stort behov for koordinering og samordning i sektoren, og alt arbeidet treng tydeleg forankring, skriv kommunikasjonssjef ved Helgelandssjukehuset Tore Bratt (2021). Vidare meiner han at målet må vere at klarspråk blir institusjonalisert i heile helsetenesta:

Det betyr at klarspråk blir en naturlig del av det vi gjør hver dag i arbeidet med pasienter når vi informerer og kommuniserer. De som arbeider med pasientkommunikasjon og informasjon, må gis verktøy og kompetanse. De menneskelige ressursene er der allerede – de trenger hjelp, støtte og oppmerksomhet fra ledelse og støttefunksjoner. Det koster ikke mye, men gevinstene er store.

Det som er viktig for leiinga, blir viktig for resten av ein organisasjon. Dette er generell lærdom og absolutt gyldig også for helsesektoren. Derfor er det nødvendig at Helse- og omsorgsdepartementet set språket på dagsordenen når dei kommuniserer med dei underliggjande etatane sine. Departementet må leggje til rette for at heile sektoren skal følge språklova, og dei bør ha med språklege krav i tildelingsbrev og oppdragsbrev. Eit godt døme er oppdraget om tiltak for klart språk som vart gjeve til dei regionale helseføretaka, Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse i tillegget til oppdragsbrev i 2019.

Terminologi og digitalisering

Helsesektoren er peika ut som eit område som er språkpolitisk særleg viktig for at norsk skal vere eit fullverdig og samfunnsberande språk, og utvikling av terminologi på norsk er eit særskilt viktig bidrag til det. Meld. St. 9 (2012–2013) *Én innbygger – én journal* set måla for IKT-utviklinga i helse- og omsorgssektoren og peikar på at felles terminologi og felles omgrepsapparat i liten grad er tilgjengeleg i pasientjournalane. Ein einsarta terminologi skal bidra til at registrering av informasjon i IKT-system skjer i ei standardisert form, slik at informasjonen kan brukast igjen.

I 2020 vart helsesektoren tildelt 101 millionar kroner til arbeidet med betre pasienttryggleik og samhandling med standardisert språk. Det inkluderte ein auke på 84 millionar kroner til terminologiutvikling i regi av

Direktoratet for e-helse. I 2021 er det sett av liknande beløp, og det er eit mål at eit felles og standardisert språk på lengre sikt skal innførast i journalsystema til verksemdene og i dei nasjonale e-helseløysingane.

Satsinga Felles språk

Satsinga Felles språk (Direktoratet for e-helse 2019) er eit program for kodeverk (system for kategorisering av omgrep) og terminologi under Direktoratet for e-helse som skal føre fram til eit standardisert felles språk i dei digitale løysingane i helse- og omsorgstenesta. Programmet vart finansiert med midlar frå Helse- og omsorgsdepartementet i 2019 for ein programperiode som dekkjer åra 2020–2023. Satsinga skal syte for eit «økosystem» for helsefagleg terminologi og kodeverk og leggje til rette for utveksling av data i helse- og omsorgssektoren. Direktoratet for e-helse leier arbeidet med å etablere eit felles og ein-skapleg språk i dei digitale løysingane i sektoren, og i 2019 vart Norsk senter for helsefaglig terminologi etablert i direktoratet.

SNOMED CT

I satsinga Felles språk har ein valt den internasjonale standardiserte terminologien SNOMED CT, som er utarbeidd for helsefagleg dokumentasjon, som omgrepsapparat. SNOMED CT skal fungere som eit slags nav, eller ein normerande referanseterminologi, som skal kople dei ulike systema saman. I dag er helseopplysningar i stor grad lagra i ulike system som ikkje kan utveksle opplysningane og gjere dei tilgjengelege for helsepersonell og innbyggjarar. Å utvikle system for deling slik at gjenbruk og vidarebruk av data blir mogleg, vil betre effektiviteten. I framtida vil legar, sjukepleiarar og anna helsepersonell ta i bruk dei omsette termene i mellom anna elektroniske pasientjournalar, og pasientar og pårørande vil møte termene i sine eigne journalar og i e-helseløysingar som til dømes helsenorge.no.

SNOMED CT inneheld 350 000 omgrep, men ikkje alle blir omsette til norsk – ein vel ut dei ein treng, og det er i tillegg mogleg å leggje til særnorske omgrep. Per 1. januar 2021 er det registrert 2324 termpostar,

og dei er omsette berre til bokmål og ikkje nynorsk (Direktoratet for e-helse 2021a).

Andre kodeverk og ressursar

Det finst ein del omsette kodeverk som helsepersonell møter i arbeidskvardagen, til dømes ICPC, som blir bruka av fastlegane. Desse kodeverka er med på å forme norsk helseterminologi og er ein del av dei autoritative referanseressursane som blir bruka i omsetjinga av SNOMED CT. Ordlista til Tidsskrift for Den norske legeforening har òg autoritativ status som referanseressurs i arbeidet med SNOMED CT, saman med mellom anna *Medisinsk ordbok* frå Kunnskapsforlaget. Direktoratet for e-helse er no òg i ferd med å etablere eit nasjonalt redaksjonsutval som skal vere rådgjevande organ for omsetjing og forvaltning av norsk helsefagleg terminologi i SNOMED CT. Språkrådet skal bidra i utvalet, som skal utgjere ei tverrfagleg gruppe med bakgrunn i medisin, sjukepleie, helseinformatikk, terminologi, omsetjing, kommunikasjon og språkteknologi.

Kodeverket ICNP, som er den internasjonale referanseterminologien for sjukepleiarpraksis, blir i Noreg forvalta av Norsk Sykepleierforbund og inneheld fleirspråkleg helseterminologi. Per 1. januar 2021 inneheld ICNP 5150 termpostar (Norsk Sykepleierforbund 2021), og dei skal no inn i SNOMED CT – eit arbeid som allereie er i gang.

MeSH er ein emneordskatalog for helsevesenet som Folkehelseinstituttet har omsett til norsk. Prosjektet starta i 2009 og vart avslutta i 2018. Basen inneheld 21 675 termar på norsk, og 7460 av termene har òg omgrepsforklaringar på bokmål eller nynorsk (Folkehelseinstituttet 2021). MeSH inneheld mykje terminologi som overlappar med SNOMED CT, og Direktoratet for e-helse har teke med 12 000–13 000 norske MeSH-termar i omsetjinga av SNOMED CT.

Direktoratet for e-helse har òg ansvaret for Volven, som er ein nasjonal database som inneheld felles metadata (data om data) for helsetenesta, mellom anna termar og definisjonar. Basen inneheld 1100–

«I ein så stor sektor som helsesektoren, og med så mange ulike aktørar både på sentralt, regionalt og lokalt nivå, kan det vere ei utfordring at det språklege landskapet blir fragmentert og til dels uoversiktleg.»

1200 termar, men har ikkje vorte oppdatert dei siste åra (Direktoratet for e-helse 2021b).

Vidare arbeid

Terminologi er ein av dei viktigaste byggjesteinane i digitaliseringa av samfunnet og utviklinga av språkteknologi. At helsesektoren har sett i gang prosjekt for å få til eins terminologi på feltet, er derfor i tråd med dei overordna måla i språkpolitikken. Terminologi- og omgrepsarbeid vil leggje eit godt grunnlag for å utvikle språkteknologiske tenester og produkt, og innsatsen vil heve kvaliteten på digitaliseringsprosessane.

Det er eit problem at det meste av terminologiarbeidet berre skjer på bokmål, og at det ikkje blir utvikla like mykje terminologi på nynorsk. Dette gjer at nynorskbrukarar ikkje vil få oppfylt kravet om å få informasjon frå helsesektoren på sitt eige språk. Når terminologi ikkje blir utvikla på nynorsk, manglar sjølve grunnlaget for å lage e-helseløysingar på nynorsk.

Dette er eit hinder for digitalisering på nynorsk og er i strid med dei overordna måla i språkpolitikken.

Det er dessutan viktig at aktørane deler terminologien og gjer han tilgjengeleg, slik at han kan gjenbrukast, både internt og av andre. Deling internt vil bidra til einsarta og konsekvent terminologibruk. Når terminologien blir delt og gjord tilgjengeleg for andre aktørar, kan han brukast i arbeidet med ulike digitale og språkteknologiske løysingar som i neste omgang vil kome helsevesenet sjølv til gode.

I ein så stor sektor som helsesektoren, og med så mange ulike aktørar både på sentralt, regionalt og lokalt nivå, kan det vere ei utfordring at det språklege landskapet blir fragmentert og til dels uoversiktleg. Språkarbeidet må koordinerast og samordnast. Her har dei sentrale helsestyresmaktene eit ansvar for å samordne arbeidet i sektoren og gje tydelege mandat og bestillingar til dei ulike aktørane.

§5

Samiske språk

Samiske språk er urfolksspråk i Noreg.

Samiske språk og norsk er likeverdige språk. Dei er jamstilte språk etter sameloven kapittel 3.

KJELDER

Botheim, S.S. (2020): Gode prognoser for helse-språket. I: *Statsspråk 2* <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Statssprak/statssprak-2020/gode-prognoser-for-helsespraket/> (april 2021).

Bratt, T. (2021): Klarspråk i Helgelandssykehuset – hvordan holde ut arbeidet? I: *Tidsskriftet Michael* Supplement 26.

De Meulder, M. og H. Hauland (2019): Sign language interpreting services. A quick fix for inclusion? I: *Translation and Interpreting Studies*. <https://doi.org/10.1075/tis.18008.dem> (april 2021).

Direktoratet for e-helse (2019): På vei mot enighet om Felles språk i helse- og omsorgssektoren. <https://ehelse.no/aktuelt/pa-vei-mot-enighet-om-felles-sprak-i-helse-og-omsorgssektoren> (mars 2021).

Direktoratet for e-helse (2021a): E-post 15.1.2021.

Direktoratet for e-helse (2021b): E-post 18.1.2021.

FN CRPD = FN-konvensjonen om rett til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). <https://www.regjeringen.no/no/tema/likestilling-og-inkludering/likestilling-og-inkludering/konvensjoner/fn-konvensjonen-om-rettar-til-menneske-med-nedsett-funksjonsevne-crpd/> (april 2021).

FN SP = FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (ICCPR). 1966. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/iccpr/id88149/> (april 2021).

FN ØSK = Internasjonal konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter. 1966. <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/konvensjon-om-oekonomiske-sosiale-og-kulturelle-rettigheter> (april 2021).

Folkhelseinstituttet (2021): E-post 17.1.2021.

Forbrukerrådet (2016): Forbrukerrådets pasientundersøkelse – En kvalitativ studie av pasientopplevelser. <https://fil.forbrukerradet.no/wp-content/uploads/2016/12/pasientundersokelse-web.pdf> (april 2021).

Fredrikstad kommune (2021): Helse, sosial og omsorg. <https://www.fredrikstad.kommune.no/tjenester/helseomsorgogvelferd/> (mars 2021).

Glickman, N.S og W.C. Hall (2019): *Language Deprivation and Deaf Mental Health*. New York: Routledge.

Haukedal, C.L. (2020): *Quality of Life in Children with Hearing Loss*. Ph.D.-avhandling. Universitetet i Oslo. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/79495> (april 2021).

Helsedirektoratet (2020): Nye krav til autorisasjon for helsepersonell med utdanning fra utenfor EU/EØS. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/nye-krav-til-autorisasjon-for-helsepersonell-med-utdanning-fra-utenfor-eu-eos> (mars 2021).

Helsedirektoratet (2021a): *Befolkningens helsekompetanse, del I*. Helsedirektoratet, Høgskolen i Innlandet og Oslomet. <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/befolkningens-helsekompetanse> (april 2021).

Helsedirektoratet (2021b): Brev frå Helsedirektoratet til Helse- og omsorgsdepartementet 20.1.2021. <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/faglig-grunnlag-til-helse-og-omsorgsdepartementet-covid-19/Revidert%20svar%20p%C3%A5%20covid-19%20oppdrag%20fra%20HOD%20264%20-%20Om%20iltaksvurdering%20januar%202021.pdf> (april 2021).

HOD (2008): Forskrift om autorisasjon, lisens og spesialistgodkjenning for helsepersonell med yrkeskvalifikasjoner fra andre EØS-land eller fra Sveits. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-10-08-1130> (april 2021).

HOD (2019): Nasjonal helse- og sykehusplan 2020–2023. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-helse-og-sykehusplan-2020-2023/id2679013/> (april 2021).

Innst. O. nr. 91 (1998–99) Innstilling fra sosialkomiteen om lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven). Sosialkomiteen. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Odelstinget/1998-1999/inno-199899-091/> (april 2021).

Jonsmoen, K.M. og M. Greek (2018a): Hvordan kan språkopplæring passes inn i utdanning av sykepleiere? I: *Khrono*. <https://khrono.no/kari-mari-jonsmoen-marit-greek-sprak/hvordan-kan-sprakopplaering-passes-inn-i-utdanning-av-sykepleiere/248996> (mars 2021).

Jonsmoen, K.M. og M. Greek (2018b): Studenter med norsk som andrespråk mangler nødvendige ferdigheter. I: *Sykepleien* 106. <https://doi.org/10.4220/Sykepleiens.2018.72471> (mars 2021).

Meld. St. 9 (2012–2013) *Én innbygger – én journal. Digitale tjenester i helse- og omsorgssektoren.* Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-9-20122013/id708609/> (mars 2021).

Menneskerettslova = *Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett.* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30> (april 2021).

Nav (1997): *Rundskriv til ftrl § 10-7 første ledd bokstav f: Tolkehjelp for hørselshemmede.* Nav. <https://lovdata.no/nav/rundskriv/r10-07f#ref/lov/1997-02-28-19/%C2%A710-7> (mars 2021).

NBHP (2020): *Hørselshemmede barn får lite språkoppfølging.* Nasjonal behandlingstjeneste for hørsel og psykisk helse. <https://nbhp.no/2020/09/horselshemmede-barn-far-lite-sprakoppfolging/> (mars 2021).

Norges døveforbund (2021): *Eldre døve i Norge – et informasjonsdokument.* Norges døveforbund og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Norsk Sykepleierforbund (2021): E-post 17.1.2021.

NRK (2021): *Frp vil ha nasjonale krav til norskkunnskap i helsevesenet.* NRK. <https://www.nrk.no/norge/frp-vil-ha-nasjonale-krav-til-norskkunnskap-i-helsevesenet-1.15418472> (april 2021).

Opinion (2021): *Tillit til myndighetene, tross kaotiske tider.* Opinion. <https://opinion.no/2021/01/tillit-til-myndighetene-tross-kaotiske-tider/> (april 2021).

Ot.prp. nr. 12 (1998–99): *Lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven).* Sosial- og helsedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-12-1998-99-/id159415/> (mars 2021).

Pasient- og brukarrettslova = *Lov om pasient- og brukerrettigheter.* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63> (april 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = *Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språkløva).* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (april 2021).

Sommerfeld, K. og A. Rosenberg (2019): *Hvordan unngå at språkvansker fører til feilbehandling? I: Sykepleien* 107. <https://doi.org/10.4220/Sykepleiens.2019.74962> (mars 2021).

Språkløva. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet (2016): *Sykehuset, samfunnet og språket.* Språkrådets skrifter nr. 6. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/sykehuset-samfunnet-og-spraket-web.pdf> (april 2021).

Språkrådet (2020): *Språkleg unntakstilstand? I: Språknytt* 2. <https://www.sprakradet.no/vi-og-vart/publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-2020/sprakleg-unntakstilstand/> (april 2021).

Tegnspråkbarnas utvalg (2021): E-post fra Tegnspråkbarnas utvalg i Norges døveforbund til Språkrådet 29.4.2021.

Volven. «Kodeverk». Oppføring i termbasen Volven. Direktoratet for e-helse. <https://volven.no/begrep.asp?id=1229&catID=12> (mai 2021).

Williams, K.C., E. Falkum og E.W. Martinsen (2015): *Fear of negative evaluation, avoidance and mental distress among hearing-impaired employees. I: Rehabilitation Psychology* 60(1):51–58. <https://doi.org/10.1037/rep0000028> (april 2021).

Ødegård, A.M. og R.K. Andersen (2020): *Norskkompetanse blant arbeidstakere født i utlandet. 2. utgave. Fafo-rapport 2020:27.* <https://fafo.no/images/pub/2020/20762.pdf> (mars 2021).

TILBAKE TIL INNHOLD



MEDIUM OG KULTUR

Framveksten og utbreiinga av lynraskt internett har endra vilkåra i mediesektoren. Nye nettbaserte medie- og kulturprodukt utfordrar i aukande grad etablerte aktørar. Særleg blant barn og unge har strøyming av video og dataspel vorte ein stor del av kvardagen, men bruken av digitale medie- og kulturprodukt omfattar alle aldersgrupper.

Dei språklege konsekvensane av desse endringane er store. Engelskspråkleg underhaldning og populærkultur har hatt ei viktig rolle i Noreg i mange tiår, men det nye er at det veks fram populære kanalar og medieflater der engelskspråkleg innhald dominerer heilt. På YouTube og i dataspel møter norske barn og unge mykje meir innhald på engelsk enn på norsk.

Dersom kultur- og språkpolitikken skal fungere, må han henge med på dei raske endringane og tilpasse verkemidla etter realitetane i samfunnet. Medan det er knytt velfungerande verkemiddel til tradisjonelle kultur- og medieprodukt, finst det på framveksande flater i mindre grad ordningar som sikrar språkleg mangfald. Eit godt døme på det er litteraturen: Det finst strukturar og verkemiddel som bidreg til eit rikt tilbod av litteratur på begge dei norske skriftspråka. For dataspel er det annleis: Den offentlege støtta til dataspel er ein brøkdel av støtta til film, og norske spel slit med å få gjennomslag. Tilbodet på bokmål er lite bruka, medan det knapt finst noko tilbod på nynorsk i det heile.





Språkrådets framtidsutval peika i rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* (Språkrådet 2018) på at konsekvensane for norsk språk alltid må vurderast når det blir utvikla ny politikk på medie-feltet. I språklovsproposisjonen frå 2021 varslar regjeringa at ein vil sjå etter kva som hindrar bruk, utvikling og produksjon av kultur-uttrykk på norsk i lovgjeving, støtteordningar og andre politiske verkemiddel. Regjeringa varslar òg eit høringsframlegg om at norske og utanlandske strøymetenester må forplikte seg til å investere ein viss del av omsetninga i norskspråklege audiovisuelle produksjonar.

Digitaliseringa er det som i størst grad driv dei språklege endringane i medie- og kultursektoren. Det vil ikkje seie at digitaliseringa i seg sjølv er eit trugsmål mot språkleg mangfald. På mange område kan digitaliseringa vere eit gode: Eit døme er ei språkfil i eit dataspel som raskt kan bytast ut med ei anna, slik at ein kan få spelet på fleire ulike språk. I motsetnad til ei analog bok må ikkje eit slikt digitalt produkt trykkjast på nytt for kvart nytt språk det blir omsett til. Kombinert med dei store framstega som ligg i automatisk omsetjing, er det eitt døme på at digitaliseringa kan vere eit gode for det språklege mangfaldet i Noreg og for norsk språk.

Men det skjer ikkje av seg sjølv. Ein aktiv kultur- og språkpolitikk må leggje til rette for at moglegheitene blir gripne. Det må innebere å stille krav til internasjonale aktørar som opererer i Noreg, for å sikre det språklege mangfaldet i Noreg og verda. Som samfunn må vi vere medvitne om verdien av språka våre og aktivt gå inn for å bevare dei, utvikle dei og sørge for at dei er synlege og fungerer på digitale flater.

89 %

NRK når 89 prosent av folk over 12 år med innhaldet sitt dagleg.



Allmennkringkasting

Dei norske allmennkringkastarane skal vere ein nasjonal fellesarena for informasjon og debatt og tilby innhald til ulike samfunnsgrupper. Dei har eit særskilt ansvar for å fremje norsk språk og kultur. Stortingsmeldinga *Open og opplyst. Allmennkringkasting og mediemangfald* slår fast at vilkåra for norsk medieinnhald er endra:

Globaliseringa av mediemarknaden inneber at norsk innhald er utsett for langt større konkurranse enn tidlegare. Allmennkringkastinga blir difor viktigare for å fremje norsk innhald, kultur og språk. (Meld. St. 38 (2014–2015):8)

NRK

NRK er frå 1. januar 2020 finansiert over statsbudsjettet og ikkje lenger gjennom kringkastingsavgift (lisens). Med full offentleg finansiering er det òg knytt strengare krav til verksemda til NRK enn det er til dei andre allmennkringkastarane.

NRK når 89 prosent av folk over 12 år med innhaldet sitt dagleg. Blant dei mellom 12 og 29 år er dette talet 80 prosent. Blant innvandrarakar over 12 år er det 76 prosent som brukar tilbodet til NRK (NRK 2019a).

Blant norske barn mellom 3 og 11 år er det 41 prosent som brukar strøymetenesta til NRK Super dagleg. Berre YouTube har større gjennomslag i denne aldersgruppa. Sameleis er lineærkanalen NRK Super den mest bruka tradisjonelle TV-kanalen blant norske barn (Kantar 2020). NRK spelar ei svært viktig rolle som leverandør av attraktivt norskspråkleg innhald til barn og unge og er ein av dei viktigaste språkpolitiske aktørane i landet.

Vedtektene til NRK slår fast at programtilbodet i hovudsak skal vere på norsk, og at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. 2019 var første året at NRK stetta nynorskkravet på radio og fjernsyn (M24 2020). I praksis er det likevel slik at ein stor andel tale på dialekt er inkludert i desse tala. I målingane av nynorskprosent i NRK blir tala dialekt i radio og fjernsyn delt i to: 50 prosent blir rekna som bokmål, og 50 prosent blir rekna som nynorsk. Med ein auke i bruken av tala dialekt i til dømes radio vil ein då òg få ein auke i nynorskprosenten (Framtida 2020). Meir interessant er derfor bruken av skriftleg nynorsk på nrk.no. I 2019 var 18 prosent av innhaldet på nynorsk, men i 2020 var dette gått ned til 17 prosent (NRK 2021). NRK måler ikkje kor mykje nynorsk som blir bruka i NRK-innhald i appar og på sosiale medium som Facebook, Instagram og YouTube.

Nynorsk i NRK				
	2014	2016	2018	2019
NRK1	21	21	29	24
NRK2	27	28	26	27
NRK3	22	24	22	26
NRK Super	19	25	26	26
NRK P1	26	28	30	30
NRK P2	16	18	18	19
NRK P3	23	24	24	29
NRK.no	16	17	16	18

Kjelder: Språkrådet (2017) og Medietilsynet (2020a)

Medietilsynet har ansvar for å kontrollere i kva grad NRK stettar krava som er sette til allmennkringkastaren. I *Allmennkringkastingsrapporten 2019* slår tilsynet fast at NRK stettar kravet om at tilbodet i hovudsak skal vere på norsk, men tilsynet trekkjer fram at andelen nynorsk på nett er for låg (Medietilsynet 2020a). Medietilsynet slår òg fast at nynorskkravet gjeld isolert på radio, TV og nett, det vil seie at det skal vere minst 25 prosent nynorsk på kvar av desse flatene. Rapporten seier ikkje noko om NRKs språkbruk i andre kanalar, slik som publisering på YouTube, i sosiale medium og i appar.

I 2019 publiserte NRK 24 norskspråklege dramaproduksjonar for vaksne og barn, 15 av desse var nyproduksjonar, medan 9 var nye sesongar av eksisterande seriar. Til saman er produksjonane på om lag 80 timar.

For norskspråkleg musikk i NRK, sjå eige underkapittel om musikk i dette kapitlet.

TV 2

I 2018 inngjekk TV 2 ein femårig avtale med Kulturdepartementet om å bli kommersiell allmennkringkastar. Avtalen stiller visse språklege krav til innhaldet i TV 2:

- 50 prosent av programinnhaldet skal vere på norsk
- Det skal vere eit tilbod av norskspråkleg barne-TV (72 timar per år) og program for unge (20 timar per år)
- TV 2 skal i løpet av avtaleperioden bruke minimum 250 millionar kroner på førstegongsvisningar av norsk film og fjernsynsdrama
- Begge dei norske målformene skal brukast i programinnhaldet

Medietilsynet vurderte at alle desse krava vart oppfylte i 2019. Det er verdtt å merke seg at kravet om veksling mellom nynorsk og bokmål ikkje er knytt til

ein viss prosent, slik det er i NRK. Medietilsynet viser til at TV 2 har profilerte nyheitsanker og programleiarar som brukar nynorsk, men det er ikkje gjort ein grundig gjennomgang av språk i det samla programinnhaldet. Krava om veksling mellom nynorsk og bokmål er knytt til programinnhaldet, og TV 2 har derfor i lang tid ikkje godteke nynorsk på redaksjonell plass på TV2.no. TV 2 endra denne praksisen i 2021, etter press frå språkorganisasjonar (Framtida 2021).

Strøymetenester

Dei siste åra har strøymetenester teke over ein stadig større del av tida som publikum før bruka på lineært fjernsyn. I denne samanhengen har 2020 vore eit unntaksår: Med koronapandemien har folk hatt mykje tid heime, og all sjåing av levande bilete i Noreg har teke seg opp: Lineær-TV har stige med 25 prosent, medan bruken av strøymetenestene til dei tradisjonelle kringkastarane (slik som NRK TV og TV 2 Sumo) har auka med så mykje som 99 prosent jamført med 2019. Strøymetenesta Netflix har auka bruk på 68 prosent, og YouTube har auka med 105 prosent jamført med 2019 (Kantar 2021).

Bortsett frå strøymetenestene til allmennkringkastarane NRK og TV 2 er mange av dei mest populære strøymetenestene i Noreg utanlandske selskap. Amerikanske Netflix er i ei særstilling blant dei: 20 prosent av befolkninga brukar Netflix dagleg. Det er berre NRK si strøymeteneste NRK TV som har større gjennomslag med 25 prosent av befolkninga innom dagleg (Ipsos 2021). Medan ein gjennomsnittsperson i Noreg bruka 25 minutt totalt på strøymetenester i 2014, hadde dette talet stige til 50 minutt i 2018. Våren i koronaåret 2020 bruka ein gjennomsnittsnordmann i snitt 92 minutt totalt på strøymetenester i løpet av ein dag. Det er grunn til å tru at dette talet vil gå ned og stabilisere seg dersom og når ein lukkast med å få kontroll på covid-19-pandemien.

Medan allmennkringkastarane NRK og TV 2 har særskilde språkkrav til innhaldet i sendingane, gjeld det

ikkje for internasjonale strøymetenester som Netflix, HBO og Disney+. Den europeiske unionen avslutta i 2018 arbeidet med eit direktiv som set som krav til strøymetenester at 30 prosent av innhaldet skal vere av europeisk opphav. EU-landa hadde frist fram til september 2020 med å implementere direktivet i nasjonal lovgjeving (EU-kommisjonen 2018). Den norske regjeringa varsla i 2019 at dei vil innføre eit liknande krav om norsk innhald på strøymetenester som rettar seg mot eit norsk publikum (NRK 2019b). Før endringane kan ta til å gjelde, må kringkastingslova ut på høyring, og det har så vidt Språkrådet veit, enno ikkje skjedd (mai 2021).

Barn og unge brukar strøymetenester i endå større grad enn det vaksne gjer. I Medietilsynets undersøking «Barn og medier 2020» (Medietilsynet 2020b) er barn og unge mellom 9 og 18 år spurde om kva for språk dei møter når dei ser på film, seriar eller TV-program. I den eldste aldersgruppa (15–18 år) seier om lag tre av fire at dei ser mest engelskspråkleg innhald. Andelen veks med alderen, sjå tabellen under.

Prosentdel gutar og jenter som seier det blir brukt mest engelsk når dei ser på film, serie eller TV-program

	Gutar	Jenter
9–10 år	32	23
11–12 år	61	42
13–14 år	66	68
15–16 år	82	74
17–18 år	75	75

Kjelde: Medietilsynet 2020b

Noregs Mållag og Norsk Målungdom har tidlegare fremja krav om at strøymetenester som Netflix og HBO òg må tekste noko av innhaldet sitt på nynorsk. I dag er det berre allmennkringkastaren NRK som har krav til teksting på nynorsk. Krava frå språkorganisasjonane har førebels ikkje fått praktiske konsekvensar for strøymetenestene.

Vidare arbeid – kunnskapsbehov og utfordringar

Den massive auken i bruk av utanlandske strøymetenester med hovudsakleg engelsk innhald har utan tvil store språklege konsekvensar. Det norskspråklege innhaldet må konkurrere om merksemda med eit jamstøtt veksande utval av engelskspråkleg innhald. Ei av dei viktigaste oppgåvene i kultur- og språkpolitikken dei neste åra blir derfor å sikre gode distribusjonsplattformer for norskspråkleg innhald. Det må innebere at dei internasjonale strøymetenestene bidreg økonomisk til produksjonen av slikt innhald. Det ligg òg eit potensial i auka nordisk samarbeid på feltet, både ved at nordisk innhald blir gjort meir tilgjengeleg over landegrensene, og ved at ein sikrar at det nordiske innhaldet blir synleg i strøymetenestene. Ei felles nordisk tilnærming til desse spørsmåla vil òg kunne skape eit samla tilbod som i noko større grad kan konkurrere med engelskspråkleg innhald i volum.

Dataspel

Bruken av dataspel har hatt sterk vekst over heile kloden etter utbrotet av covid-19-pandemien i 2020. Den samla tidsbruken på spelplattforma Steam gjekk opp med 50 prosent samanlikna med 2019 (Steam 2021).

Eit stort fleirtal av barn og unge i Noreg spelar digitale spel på mobil, PC, nettbrett eller ulike konsollar: 76 prosent av jentene og 96 prosent av gutane mellom 9 og 18 år. Alle dei mest populære spela blant norske barn og unge er utanlandske produksjonar (Medietilsynet 2020b). Generelt er dataspelindustrien prega av store spel med suksess på tvers av språklege og nasjonale grenser. Då Medietilsynet i 2020 undersøkte kva for språk barn og unge møter på ulike

medieflater, var dataspel ei av medieflatene der dei unge møter minst norsk: 17 prosent sa det vart bruka mest norsk i spela dei spela, medan 63 prosent sa det vart bruka mest engelsk. 14 prosent sa det vart bruka om lag like mykje engelsk som norsk. På dette feltet, som for barn og unge sjølve er blant dei viktigaste i heile kultur- og medietilbodet, har ein hittil ikkje lukkast med å skape eit norskspråkleg tilbod med gjennomslagskraft. Hausten 2019 la Kulturdepartementet fram *Spillerom*, regjeringa sin dataspelstrategi for åra 2020–2022 (Kulturdepartementet 2019a). Strategien set desse måla for dataspelpolitikken i Noreg:

- Det skal vere eit variert tilbod av norske dataspel av høg kvalitet
- Det skal vere ein profesjonell og mangfaldig dataspelbransje
- Norske dataspel skal ha gjennomslagskraft
- Dataspelkulturen skal vere inkluderande og tilgjengeleg

Strategien seier dette om spel på norsk:

Det er viktig at det lages dataspill i Norge, basert på norsk kultur, samfunn og språk. Tilbudet av norske spill skal være variert, for eksempel når det gjelder sjanger, format, plattform, målgruppe og tematikk. (Kulturdepartementet 2019a:10)

Det er behov for et rikt og lett tilgjengelig norsk-språklig kulturtilbud med gode språklige forbilder. Befolkningen bør ha anledning til å spille dataspill på norsk og med elementer av norsk kultur og historie. Det er derfor ønskelig å stimulere til bred produksjon og bruk av norske dataspill. (Kulturdepartementet 2019a:11)

Strategien varsla ein auke i løyvingane til Norsk filminstitutt, som forvaltar tilskot til dataspel, og at det ville kome ei eiga dataspelforskrift. Denne forskrifta gjeld frå 1. mars 2021, og slår fast at spel som får lanseringstilskot, skal gjerast tilgjengelege med norsk tekst i Noreg. Strategien slår òg fast at spel på norsk til barn og unge skal prioriterast i fordelinga av tilskotsmidlar.

Etter innspel frå Språkrådet blir både nynorsk og bokmål spesifisert i forskrifta:

Dataspill som mottar lanseringstilskudd etter dette kapittel skal gjerast tilgjengeleg med tekst på norsk (bokmål og/eller nynorsk) eller samisk i Norge. Tilskuddsforvalter kan i særlege tilfeller gjøere unntak fra kravet om teksting. (Forskrift 2021 § 3-6)

Å gjere nynorsk synleg i forskrifta kan, saman med andre tiltak, vonleg bidra til ein auke i nynorskpråklege dataspelproduksjonar på lengre sikt. Til no har det vore svært få dataspelproduksjonar som har kome i nynorsk versjon. I denne samanhengen er det verdt å peike på den nye stortingsmeldinga om barne- og ungdomskultur, som slår fast at statsstøtte i kulturlivet føreset språkleg innsats frå institusjonane som får pengar:

Regjeringa vil at institusjonar og organisasjonar som får tilskott frå staten til å produsere, gjere tilgjengeleg og formidle kunst- og kulturuttrykk, skal arbeide aktivt for å fremje alle dei offisielle språka, inkludert samisk. (Meld. St 18 2020–2021:109)

Dataspel og små språk

Den digitale teknologien legg i mange tilfelle til rette for at omsetjing kan gjerast rimelegare enn på tradisjonelle flater, slik som i trykte bøker. Dei aller fleste dataspel blir omsette til engelsk, og mange til andre store verdsspråk. Det er derfor ikkje tekniske hindringar som fører til at tilbodet på nynorsk og andre mindre bruka språk er så lite. Skal ein få til ein auke i talet på dataspel på nynorsk og andre mindre bruka språk dei komande åra, vil det i stor grad avhenge av politisk vilje til å få til ei slik styrking. Medan andre medieflater og kulturprodukt har støtteordningar og insentiv som sikrar innhald på nynorsk, manglar dette framleis på dataspelfeltet.

Dataspel i bibliotek og skule

Norsk filminstitutt kjøper inn dataspel til bruk i norske bibliotek gjennom ei eiga innkjøpsordning for dataspel. Ordninga omfattar norske spel, og skal bidra til

å gje publikum betre tilgang til slike spel. Ordninga har hatt ujamn suksess i biblioteka. Spela som blir kjøpte inn, er på ulike plattformer som PC, mobil eller konsollar, og mange bibliotek har ikkje hatt midlar til å skaffe maskinvara som trengst for å gjere spela tilgjengelege. Det har òg vore vanskeleg å få på plass gode avtalar for utlån av spel.

Bibliotek og skule er område der norsk språk tradisjonelt har hatt ein svært sterk posisjon. Dersom spel skal få større plass i skule og bibliotek, er det viktig at det skjer ved at ein byggjer ut det norskspråklege tilbodet, både på bokmål og nynorsk.

Sosiale medium

Dei fleste sosiale medium¹ blir bruka i mange ulike land og er eigde av store internasjonale selskap. Dermed fell dei ikkje inn under norsk lovverk og språklege reguleringar på same måten som nasjonale medium gjer det. Dei siste femten åra har sosiale medium vakse fram til å bli seriøse utfordrarar til etablerte mediehus.

Facebook har lenge vore det mest bruka sosiale mediet i Noreg. I slutten av 2020 bruka 67 prosent av alle over 18 år i Noreg Facebook dagleg. Over 3,5 millionar nordmenn har profil på nettstaden (Ipsos 2021). På Facebook-plattformen på PC og Mac er det mogleg å få bokmål eller nynorsk som menypråk. Nynorskversjonen har vorte til ved at brukarane sjølv har omsett i fellesskap (NRK 2008). På Facebook på mobil er nynorsk derimot ikkje tilgjengeleg som menypråk. Facebook si meldingsteneste på mobil, Messenger, er i bruk av 47 prosent av nordmenn over 18 år dagleg. Messenger ser ut til å bruke ordlistene som operativsystema iOS og Android har innebygd, til å føreslå mellom anna autoutfylling av ord når brukarane skriv meldingar.

¹ Store norske leksikon (SNL) definerer sosiale medium som «nettsider og apper som tilrettelegger for å skape og dele innhald, og å delta i sosiale nettverk».

**Kva språk blir bruka mest når du gjer ulike aktivitetar?
Prosentdel, 9–18 år. Jenter og gutar.**

	Norsk	Engelsk	Om lag like mykje engelsk som norsk	Anna språk / anna blanding av språk / veit ikkje
Les, ser eller høyrer nyheiter (n=2763)	21	21	29	24
Brukar sosiale medium (n=2707)	27	28	26	27
Spelar spel (til dømes på PC, PlayStation, mobil eller nettbrett) (n=2518)	22	24	22	26
Ser på film, serie eller TV-program (n=3008)	19	25	26	26
Ser på YouTube (n=2900)	14	64	15	7

Kjelde: Medietilsynet 2020b

Blant barn og unge er det andre sosiale medium som er dei mest populære. I 2020 tok Medietilsynet for første gong med spørsmål om språk i undersøkinga «Barn og medier», som kjem annakvart år. I sosiale medium blir det bruka nokså mykje norsk når ein jamfører med andre kanalarkanal, sjå tabellen over.

Litt overraskande er det kan hende at så mange av dei yngste barna seier at engelsk er språket som blir bruka mest når dei brukar sosiale medium, sjå tabellen «Kva språk blir bruka mest når du brukar sosiale medium?» på neste side.

Spørsmåla er utforma slik at det skal vere mogleg å rekne med både tekst som barna sjølv skriv i sosiale medium, og tekst som dei les i sosiale medium. Sidan sosiale medium i stor grad er prega av interaktivitet og deltaking frå brukarane sjølv, er det naturleg at norskandelen er høgare her enn i medieflater som er

mindre interaktive. Trass i dette ser ein at engelsk i stor grad er til stades og i bruk når norske barn og unge brukar sosiale medium.

Nesten alle barn og unge mellom 9 og 18 år brukar YouTube (95 prosent), deretter følgjer Snapchat (80 prosent), TikTok og Instagram (begge 60 prosent) (Medietilsynet 2020b). I Kantar si undersøking «Mediebarn 2020» er barn mellom 6 og 11 år spurde om kor ofte dei brukar sosiale medium. Her oppgav 50 prosent at dei bruka YouTube i går, 16 prosent Snapchat og 20 prosent TikTok. TikTok er ei kinesisk videodelingsteneste, som på få år har vakse fram til å bli svært populær blant norske barn og unge. Medan norske barn og unge følgjer mange norske kanalar og norske påverkarar på YouTube, er det få norske namn å finne blant dei mest populære tiktokarane (Kantar 2020).

**Kva språk blir bruka mest når du brukar sosiale medium?
Prosentdel.**

	NORSK		ENGELSK	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
9-10 år	31	27	41	41
11-12 år	43	43	37	32
13-14 år	58	54	24	22
15-16 år	48	46	30	25
17-18 år	39	36	39	32

Kjelde: Medietilsynet 2020b

Kva språk blir bruka mest når du ser på YouTube? Prosentdel.

	NORSK		ENGELSK	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
9-10 år	19	24	58	44
11-12 år	11	23	71	46
13-14 år	13	23	66	49
15-16 år	6	18	82	56
17-18 år	3	10	85	74

Kjelde: Medietilsynet 2020b

Videodelingstenesta YouTube kan kallast ein hybrid mellom strøymeteneste og sosialt medium. 50 prosent av barn mellom 6 og 11 år seier at dei brukar tenesta kvar dag, og det gjer YouTube meir populært enn alle andre sosiale medium, TV-kanalar og strøymetenester i denne aldersgruppa (Kantar 2020). I ei undersøking frå 2018 oppgav meir enn 30 prosent av spurde barn mellom 9 og 18 år at dei såg på YouTube meir enn to timar om dagen (Medietilsynet 2018).

Samstundes som YouTube står i ei særstilling i popularitet blant norske barn og unge, er det òg plattformar der barn møter aller minst norsk. Berre 14 prosent av dei mellom 9 og 18 år seier det blir bruka mest norsk når dei ser på YouTube (Medietilsynet 2020b). Det er lågare enn i alle dei andre kategoriane Medietilsynet har undersøktundersøkt, sjå tabellen «Kva språk bli bruka mest når du ser på YouTube?» over.

Aviser

Stortingsmeldinga *Mangfald og armlengds avstand. Mediepolitikk for ei ny tid* (Meld. St. 17 2018–2019) drøftar i varierende grad språklege spørsmål. Medan samiske spørsmål gledelegvis blir godt behandla, drøftar ikkje meldinga betydninga av avissektoren for nynorsk språk og konsekvensar av mediepolitikken for nynorsk. Den offentlege utgreiinga til mediemangfaldsutvalet frå 2017 (NOU 2017: 7) drøftar òg i liten grad omsyn til nynorsk språk. Det er derfor grunn til å arbeide for auka medvit i mediesektoren og blant dei som utviklar mediepolitikken, om kor viktig mediesektoren er for kåra til fleire språk i Noreg. Ein må derfor diskutere omsyna til mellom anna nynorsk spesielt når mediepolitikken blir utforma.

Opplag og talet på aviser

Dei siste åra har stadig fleire aviser kome med nettløysingar med betalingsinnhald, og mange satsar på å ha ein stor del av innhaldet bak betalingsmur. Samstundes har mange avishus valt å kutte i kor ofte papirutgåva kjem ut. Overgangen til nettbaserte løysingar er noko av grunnen til at talet på reine papiraviser har gått litt ned dei siste åra, sjå tabellen «Tal på aviser og opplag» på neste side.

Etter ein topp i det samla opplaget (papir- og netttutgåver) rundt tusenårsskiftet har dette minka jamt, men dei siste fem åra har det igjen styrkt seg i nokon grad. Sidan 1996 har avisforskarer Sigurd Høst samla inn statistikk over netttutgåvene til trykte aviser i Noreg (Medienorge). Statistikken viser at talet på betalte netttutgåver har skote i vêret, sjå tabellen «Tal på netttutgåver» på neste side.

Aviser på nynorsk

Mange lokalaviser, særleg på Vestlandet, publiserer alt redaksjonelt innhald på nynorsk. Det finst òg nokre regionaviser som utelukkande publiserer på nynorsk, og fleire som publiserer både på nynorsk og bokmål. Dei siste åra har ein òg sett ei oppmjuking av språkpolitikken i dei store riksavisene. Både VG og Aftenposten tillèt i nokon grad nynorsk i spaltene.

Samanlikna med innhaldet på bokmål er likevel innhaldet på nynorsk marginalt i desse avisene (Klassekampen 2017). Det ser ut til at det blir vanskelegare for mediehusa å halde på eksplisitte nynorskforbod med tida. Sist var det TV 2, som i mars 2021 oppheva eit gammalt forbod om bruk av nynorsk som redaksjonelt språk på nettsidene sine (Framtida 2021).

Lokalaviser

Landslaget for lokalaviser (LLA) organiserer små og mellomstore lokalaviser (opplag under 10 000 eksemplar). LLA har eit register over kva for skriftspråk medlemsavisene deira blir redigerte på. Desse opplysningane kjem frå medlemsavisene sjølve (LLA 2020), sjå tabellen «Redigeringspråk i lokalaviser» på neste side.

Denne oversikta fortel ikkje kor mykje av det totale redaksjonelle stoffet til avisene som er på nynorsk og bokmål. Det er òg uklart korleis kvar enkelt avis definerer termen «redigert på».

Ei fullgod oversikt over språkpraksisen til norske aviser manglar. Her hadde det vore verdifullt med undersøkingar av

- fordelinga mellom nynorsk og bokmål over tid i enkeltaviser
- språkpolitikkar i avisene. Kva retningslinjer og reglar gjeld?
- haldningar til bruk av nynorsk og bokmål hos redaktørar

Produksjonstilskot og språk

Det er ikkje språkpolitiske føringar knytte til produksjonstilskotet for aviser, populært kalla pressestøtta. Likevel har pressestøtta sikra eit stort mangfald av aviser over heile landet, og med det også sørgt for ein flora av nynorskaviser, særleg på Vestlandet. Produksjonstøtta skal vege opp for marknadssvikt for mindre aviser og for dei såkalla nummer-to-avisene. Dette er mellomstore aviser som oftast kjem ut i dei store byane, men som har eit regionalt eller nasjonalt nedslagsfelt.

Tal på aviser og opplag					
	2000	2010	2015	2017	2019
Talet på aviser	218	226	228	223	228
Samla opplag	3 103 000	2 572 000	2 041 000	2 141 000	2 317 000

Tal på nettutgåver				
	2010	2015	2017	2019
Talet på nettutgåver	218	222	218	214
Nettutgåver med betalingsordning	2	125	175	190

Kjelde for tabellane: Medienorge

Redigeringspråk i lokalaviser	
Medlemsaviser Landslaget for lokalaviser (LLA) – redigeringspråk	TAL PÅ AVISER (2020)
Nynorsk	44
Bokmål	55
Nynorsk og bokmål	12

I 2020 fordelte Medietilsynet 358 millionar kroner i produksjonstilskot til avisene. Blant dei ti avisene som fekk mest støtte, var det éi rein nynorskavis, i tillegg til fire aviser som brukar både nynorsk og bokmål i redaksjonelt innhald (Medietilsynet 2020c). Utan produksjonstilskotet er det lite sannsynleg at desse avisene kunne ha kome ut med same frekvens og stoffmengd som i dag. Tilskotet er derfor eit viktig bidrag til å halde ved lag nynorsk som mediespråk.

Nynorskroboten

Nynorsk Pressekontor (NPK) og Norsk Telegrambyrå (NTB) har med støtte frå Kulturdepartementet utvikla ein automatisk omsetjar frå bokmål til nynorsk. Omsetjaren er basert på ein base med parallelle nyheitsmeldingar som NPK har bygd opp gjennom mange år med manuell omsetjing av nyheitsmeldingar frå bokmål til nynorsk. Omsetjaren har fått namnet *nynorskroboten* og har allereie gjort det mogleg for NPK å mangedoble produksjonen av artiklar. Det har vorte

mogleg ved at nyheitsbyrået no brukar mindre tid på manuell omsetjing av tekst. NPK kan dermed distribuere mykje meir stoff på nynorsk til kundane sine, som er lokal- og regionalaviser over heile landet. Nynorskroboten er såleis eit viktig bidrag til å styrkje medietilbodet på nynorsk. Omsetjaren er òg i bruk av institusjonar og organisasjonar utanfor media, slik som statsorgan som må bruke ein viss del nynorsk i skriv. Omsetjaren er framleis i utvikling, og feilprosenten går stadig nedover. Det er derfor grunn til å tru at nynorskroboten vil bli endå viktigare i tida som kjem.

Litteratur

Hovudmåla for litteraturpolitikken i Noreg er kvalitet, breidde og tilgang. I språklovsproposisjonen blir det trekt fram at språklege omsyn veg tungt i litteratur- og bibliotekpolitikken:

Produksjon, utgjeving og formidling av norsk litteratur er avgjerande for å oppretthalde og utvikle eit fullverdig norsk språk og ein fullverdig norsk skriftkultur. Litteraturpolitiske verkemiddel for å sikre tilgang til norskspråkleg studielitteratur er viktige i ein sårbar marknad. (Prop. 108 L (2019–2020):34)

Ifølgje språklovsproposisjonen er litteraturen grunnleggjande både for at ein skal kunne ytre seg på sitt eige språk, og for at norsk skal halde fram med å vere eit samfunnsberande språk. Skal eit språk vere levande, må språkbrukarane kunne møte og bruke språket sitt. Litteratur er grunnleggjande for å lære å lese og skrive, og grunnleggjande for å sikre ytringsfridom og demokrati.

Norskspråkleg litteratur er nødvendig for å hindre domenetap til engelsk. Litteraturen er òg viktig for å verne og styrkje mindretalsspråka i Noreg, særleg språka som er i ein revitaliseringsprosess. Å sikre litteratur på nynorsk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka må derfor seiast å vere både eit språkpolitisk og eit kulturpolitisk mål.

Bokavtalen, boklov og andre politiske verkemiddel

Fordi Noreg er eit lite land og eit lite språkområde, har staten sett behov for politiske verkemiddel i bokbransjen (Meld. St. 8 2018–2019). Staten støttar bransjen med tilpassingar i avgifts- og konkurranselovgjevinga. Det vil seie at forlaga sjølve kan fastsetje utsalsprisen på nye utgjevingar, og forhandlarane kan ikkje senke prisane før etter ei viss tid (Bokavtalen 2017).

Staten støttar òg bransjen med momsfratak for papirbøker og ved innkjøpsordningane under Norsk kulturråd. Innkjøpsordningane sikrar at ein stor del av nye utgjevingar blir kjøpte inn til alle biblioteka i landet. Kulturrådet har òg ulike støtteordningar for forfattarar og litterære institusjonar. Desse ordningane skal sikre eit breitt tilbod av nye bøker og god formidling av norsk litteratur.

Dei marknadsregulerande verkemidla var først nedfelte i ein bransjeavtale. Fordi ein såg at desse verkemidla hadde ein positiv effekt, ønskte både bransjen og Kulturdepartementet å lovfeste dei. I 2013 vedtok Stortinget ei boklov. I føremålsparagrafen i lova stod det mellom anna at «loven skal bidra til å fremme kultur- og kunnskapsformidling, og styrke skriftkultur og norsk språk i begge målformer» (Prop. 144 L (2012–2013)).

Lova, som vart lagd fram av dåverande kulturminister Hadia Tajik (Ap), skulle vege kulturomsyn og konkurranseomsyn mot kvarandre. Sentrale punkt i lova gjaldt reglar for fastpris, rabattar og normalkontraktar for forfattarar. Boklova hadde brei støtte i bransjeforeiningane, medan Konkurransetilsynet og enkelte forlag stilte seg kritiske.

Stortinget var splitta i synet på lova, og etter regjeringsskiftet hausten 2013 ønskte den nye regjeringa å reversere boklova. Boklova er derfor aldri sett i verk. I staden vart den tidlegare bransjeavtalen vidareført til ein ny bokavtale. Bokavtalen er ein frivillig avtale mellom Forleggerforeningen og Bokhandlerforeningen. Andre aktørar i bransjen er ikkje bundne av

reglane i avtalen, så det er tillate for andre aktørar å fastsetje pris på eigne bøker.

Digitalt tilgjengeleg litteratur

Nasjonalbiblioteket har avtale med Kopinor om å gjere bøker tilgjengelege på nettet. Tenesta heiter Nettbiblioteket, tidlegare vart ho kalla Bokhylla. Gjennom denne Bokhylla-avtalen har Nasjonalbiblioteket og Kopinor digitalisert og gjort tilgjengeleg over 270 000 bøker på nettet. Bøkene er utgjevne fram til år 2000. Nettbiblioteket er gratis tilgjengeleg for alle med norsk IP-adresse. Dei to aktørane har òg avtale om digital kopiering og formidling i bibliotek (Nasjonalbiblioteket 2021).

Bøker og strøyming

Den norske Forleggerforening utarbeider årleg ein bransjestatistikk over bokmarknaden i Noreg (Forleggerforeningen 2020). Tala byggjer på opplysningar frå medlemsforlaga og eventuelt forlag som ikkje er medlemmer, men som likevel rapporterer til Forleggerforeningen. Det var 83 medlemsforlag i foreininga ved utgangen av 2019. I 2015 og 2016 har forlaget Vigmostad & Bjørke rapportert tal til statistikken, men ikkje åra etter. Tala er derfor ikkje eigna til samanlikning frå år til år, men dei viser dei grove utviklings-trekka over tid. Sjå tabellane under.

Sakprosa. Nye titlar							
	2014	2015*	2016*	2017	2018	2019	2020
Norsk sakprosa for vaksne	685	756	649	596	677	557	
Omsett sakprosa for vaksne	287	291	279	263	261	219	
Norsk sakprosa for barn	52	49	77	59	58	60	
Omsett sakprosa for barn	101	111	110	163	81	74	
Samla	1125	1207	1115	1081	1077	910	

*For 2015 og 2016 er Vigmostad & Bjørke inkludert i tala.

Skjønnlitteratur. Nye titlar							
	2014	2015*	2016*	2017	2018	2019	2020
Norsk skjønnlitteratur for vaksne	325	330	324	310	349	323	
Omsett skjønnlitteratur for vaksne	325	317	326	315	297	250	
Norsk skjønnlitteratur for barn	312	287	314	238	223	226	
Omsett skjønnlitteratur for barn	396	393	385	299	279	205	
Samla	1358	1327	1349	1162	1148	1004	

*For 2015 og 2016 er Vigmostad & Bjørke inkludert i tala.

Språklovsproposisjonen trekkjer fram at barn som har samisk eller nynorsk som hovudmål, har svært lite tilbod om nye utgjevingar på eige skriftspråk.

Ifølgje styreleiar i Den norske Forleggerforening Edmund Austigard gjev tala frå bransjestatistikken ingen grunn til å tru at etterspurnaden etter litteratur kjem til å gå ned:

Vi ser til dømes at salet av norsk skjønnlitteratur på papir er høgare i 2019 enn i 2015, og samstundes veks e-bok og strøyming med rekordfart. Bransjestatistikken røper truleg at ny teknologi, kontinuerleg innovasjon og nye forbruksvanar har gjeve litteratur innpass i nye brukssituasjonar. Den utviklinga vil halde fram. (Forleggerforeningen 2020:3)

Lesing

Sidan først på 2000-talet har boklesing på papir auka i popularitet ifølgje Statistisk sentralbyrå. I mediebarometeret for 2020 kjem det fram at 23 prosent av befolkninga les bøker på ein gjennomsnittsdag. Delen av befolkninga som les papirbøker, har halde seg stabil mellom 23 og 25 prosent sidan 2021 (SSB 2021).

Tala viser at langt fleire kvinner enn menn les bøker, og skilnaden er størst blant unge vaksne. Romanar og noveller er den mest populære boktypen blant både kjønn. Nesten to tredelar av dei som les papirbøker, les denne typen skjønnlitteratur. Menn vel i større grad sakprosa enn det kvinner gjer.

Det finst ulike tal over kor mange bøker nordmenn les årleg. Rapporten *Bokforbruk, bibliotek og lesing i digitale tider* kjem fram til andre tal enn Forleggerforeningen:

I snitt har befolkningen lest 8,5 papir- eller e-bøker de siste 12 månedene og lyttet til 2,4 bøker via digitale strømmetjenester eller tradisjonelle lyd-bøker. Til sammenligning målte Forleggerforeningens og Bokhandlerforeningens leserundersøkelse (2018) at befolkningen i snitt leste 15,5 bøker, med andre ord langt flere bøker enn resultatene i vår undersøkelse. (BI 2019a:11)

I desember 2019 sende ein samla bokbransje eit notat om ein ny lesepolitikk (NFFO 2020) til dåverande kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande, kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner og forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø. Eitt av punkta i notatet gjeld statusheving av norsk. Bokbransjen viser til tal frå Leserundersøkelsen om at 15–24-åringar les like mykje på framandspråk som på norsk. På lengre sikt kan det medføre eit fattigare språk og domenetap, heiter det i notatet. «Virkemidlene i en ny lesepolitikk må bygge opp under språkpolitikken. Å lese på norsk er språkbevarende og språkutviklende», står det vidare.

Litteratur på kvensk

Kvenske organisasjonar har etterspurt meir litteratur på kvensk. Mellom anna uttalar Norske kveners forbund – Ruijan kvääniliitto at det må bli enklare å gje ut bøker på kvensk (Meld. St. 12 (2020–2021):16). Statistikk frå Norsk barnebokinstitutt (NBI) over utgjevne barne- og ungdomsbøker (NBI 2020) viser at det ikkje vart gjeve ut nokon bøker på kvensk i det heile i 2018, men det vart gjeve ut to parallellspråklege bøker på norsk og kvensk.

Norsk kulturfond forvaltar tilskotsordninga for språket og kulturen til nasjonale minoritetar. I statsbudsjettet for 2020 vart ordninga styrkt med 0,5 millionar kroner.

Litteratur på dei samiske språka

Med statsbudsjettet for 2019 vart det etablert ei ny ordning under Norsk kulturfond for å omsetje samisk litteratur til norsk og for å auke formidlinga av samisk litteratur. Samisk litteratur som er omsett til norsk, kan òg bli vurdert for Kulturrådets innkjøpsordningar

(Prop. 108 L (2019–2020):35). NBIs statistikk over utgjevne barne- og ungdomsbøker viser at det var gjeve ut 17 bøker til saman på anten nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk i 2018. Det er to bøker færre enn i 2017 og 16 færre enn i 2016.

Litteratur på nynorsk

Forlaget Det Norske Samlaget gjev ut litteratur på nynorsk. Dei gjev ut om lag 100 titlar kvart år av norsk og omsett skjønnlitteratur og sakprosa (Samlaget 2021). Dei siste åra har Kulturdepartementet auka tilskota til Det Norske Samlaget for å støtte satsinga på nynorsk litteratur for barn og unge.

NBIs statistikk viser at skeivfordelinga mellom bokmål og nynorsk i barne- og ungdomslitteraturen er markant. I 2018 vart det totalt gjeve ut 1193 bøker for denne aldersgruppa. 85 av desse bøkene var på nynorsk. Det utgjer 7,1 prosent. Dette er ei lita betring samanlikna med åra før. I 2017 var talet 5,1 prosent, og i 2016 var 6,6 prosent av barne- og ungdomsbøkene på nynorsk.

Språklovsproposisjonen trekkjer fram at barn som har samisk eller nynorsk som hovudmål, har svært lite

tilbod om nye utgjevingar på eige skriftspråk. Likeins har bokmålsbrukarar liten tilgang til litteratur på sidemålet sitt.

Bibliotek

Dei siste åra har utlånet av skjønnlitterær barne- og ungdomslitteratur i biblioteka auka mykje, samstundes som utlånet av skjønn- og faglitteratur for vaksne har gått ned.

I same periode har bruken av biblioteka auka. Kvar innbyggjar hadde i snitt 4,8 besøk til eit av dei 665 folkebiblioteka i landet, opp frå 4,7 i 2018 (SSB 2019:165).

Kulturrådet administrerer åtte innkjøpsordningar for litteratur til biblioteka. Titlane som blir kjøpte inn, blir fordelte til bibliotek over heile landet. For året 2020 er det i ordninga for innkjøp av nyskriven skjønnlitteratur for vaksne på norsk kjøpt inn 129 titlar på bokmål og 25 på nynorsk. I nokre av dei andre ordningane ser den språklege stoda slik ut, sjå tabellen under.

Innkjøp av litteratur fordelt på skriftspråk		
2020	BOKMÅL	NYNORSK
Norsk skjønnlitteratur for vaksne	129	25
Norsk skjønnlitteratur for barn og unge	46	12
Omsett skjønnlitteratur for vaksne	16	8
Omsett skjønnlitteratur for barn og unge	11	1
Norsk sakprosa for vaksne	100	12
Norsk sakprosa for barn og unge	24	4

Kjelde: Biblioteksentralen

NRKs vedtekter slår fast at allmennkringkastaren skal sende minimum 40 prosent norsk musikk på radiokanalane P1, P2 og P3, med vekt på norsk-språkleg eller norskkomponert musikk.

I *Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023* (Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet 2019) peikar regjeringa ut retninga for biblioteka i åra som kjem. Her blir det trekt fram at ei satsing på biblioteka òg vil bidra til å styrkje norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar. Strategien trekkjer elles fram biblioteket som ein viktig arena for læring av språk, medan den språkpolitiske betydninga til biblioteksektoren blir diskutert i mindre grad. Hausten 2020 fekk Fredrik Hope stipend frå Språkrådet for å skrive masteroppgåva *Dei norske folkebiblioteka – språkpolitiske aktørar? Ei gransking av språkpolitisk praksis i folkebiblioteka, med vekt på nynorsk*. Masteroppgåva skal leverast i 2022 og vil kunne gje eit innblikk i kva grad biblioteka ser på seg sjølve som språkpolitiske aktørar.

Gratisprinsippet i biblioteka gjer at dei kan brukast av ulike grupper på tvers av sosioøkonomiske skiljeliner. Mange bibliotek har tilbod som språkkafé og språktrening for framandspråklege. Slike uformelle språklæringstilbod er eit viktig supplement til den organiserte språkopplæringa i kommunane og i språkskular, og skjer ofte i samarbeid med frivillige organisasjonar. I januar 2021 løyvde regjeringa omfram 10 millionar til norsktraining i regi av frivillige organisasjonar, som del av ei koronakrisepakke retta mot innvandrarbefolkninga (Kunnskapsdepartementet 2021).

Fram til 2020 var det berre mogleg å låne ut lydbøker på CD i biblioteka, på grunn av manglande avtalar mellom forlaga og bibliotek. Frå 2020 kom det på plass ein generell avtale mellom Forleggerforeningen og Nasjonalbiblioteket, men fleire forlag har valt å ikkje seie ja til denne avtalen. Dermed er framleis tilbodet av digitale lydbøker avgrensa i biblioteka (Aftenposten 2021).

Teiknspråk

Nasjonalbiblioteket har gjennom det faglege utvalet for digital barnelitteratur på teiknspråk årleg fram til 2017 gjeve tilskot eller fordelt 1 million kroner etter konkurranse. Det har vore ei omlegging frå tradisjonelt filma videobøker på teiknspråk til teiknspråklitteratur på nye digitale plattformer. Med dette tilskotet produserte og utvikla Statped teikneserien Valhall på teiknspråk, ved hjelp av auka røynd-teknologi (AR). Produktet vart ferdigstilt i 2019. Tilskotsutbetalinga med konkurranse tok slutt i 2018. Frå og med 2019 har Supervisuell fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til å drive tegn.tv. Supervisuell fokuserer spesielt på barn og ungdom og på å utvikle videobøker for barn på teiknspråk.

Nasjonalbiblioteket har sett i gang eit arbeid med å få oversikt over private arkiv knytte til norsk teiknspråk og dei som brukar teiknspråk.

Musikk

I 2019 var dei mest spela låtane på radio av norske artistar hovudsakleg engelskspråklege. Først på 11. plass på denne lista finst det ein norskspråkleg låt: Sondre Justads «Fontena på Youngstorget». Blant dei 50 låtane med mest speletid er det sju låtar med norskspråkleg tittel (Gramo 2021).

NRKs vedtekter slår fast at allmennkringkastaren skal sende minimum 40 prosent norsk musikk på radiokanalane P1, P2 og P3, med vekt på norskspråkleg eller norskkomponert musikk. Det kvantitative kravet er altså ikkje knytt til språkinnhald, men til nasjonaliteten til dei som har laga musikken. For musikk på fjernsyn er det ikkje spesifiserte krav til norskandel eller språkinnhald for NRK. I 2019 var det 32 prosent norskspråkleg musikk i NRK P1, 12 prosent i NRK P2 og 18 prosent i NRK P3 (NRK 2019a).

Dei siste åra har strøymetenester for musikk vorte svært populære og ei hovudkjelde for lytting av musikk i Noreg. Strøyminga har i stor grad erstatta sal av musikk i fysisk format, på same måten som strøyming av film og seriar har erstatta DVD-salet. Over 60 prosent av alle i Noreg har tilgang på musikkstrøymetenesta Spotify (forskning.no 2020). Spotify deler ikkje statistikk om språkinnhald i musikken, men har jamleg delt lister over dei artistane som norske brukarar strøymmer mest. I 2020 var tre norske artistar med på lista over dei ti mest strøymde blant norske brukarar: Astrid S, Kygo og TIX. Blant desse er det berre TIX som gjev ut songar med norskspråkleg innhald. På topp ti-lista over mest strøymde låtar var Herman Flesvigs norskspråklege «Haugenstua» på 5. plass (Musikknyheter.no 2020).

Ei undersøking som Handelshøyskolen BI har gjort på oppdrag frå Kulturdepartementet, viser at veksten til strøymetenestene har ført til at andelen musikk produsert i Noreg har gått ned (BI 2019b). For å auke inntektene i den norske musikkbransjen føreslår forfattarane å gjeninnføre krav til norskandel på kommersielle radiokanalar. For nokre kommersielle

radiokanalar fanst det eit slikt krav tidlegare, men det vart fjerna ved overgangen frå FM-nett til DAB.

Interesseorganisasjonen GramArt undersøkte i samarbeid med Språkrådet i 2009 kva haldningar norske artistar har til musikk på engelsk og norsk (GramArt og Språkrådet 2009). Samtidig vart det gjort ei undersøking om publikum sine haldningar til musikk på engelsk og norsk. Ei ny liknande undersøking kan gje oppdatert kunnskap om emnet og vise eventuelle endringar som har skjedd dei siste tolv åra.

Film

Det er ei målsetjing i norsk filmpolitikk å styrkje språka i Noreg, mellom anna gjennom målet om at norsk film skal ha ein marknadsdel på 25 prosent (St.meld. nr. 22 (2006–2007) del 3.2.3). I 2019 såg rundt 2,1 millionar personar norsk film på kino. I 2020 var det på grunn av koronapandemien og stengde kinoar langt færre som gjekk på kino (totalt publikum i 2019: 11,3 millionar, i 2020: 4,9 millionar; jf. Kantar 2021). Norsk film-institutt (NFI) skriv i årsrapporten for 2019:

Mens 2018 var et rekordår for norsk film på kino med en markedsandel på over 25 prosent, endte norskandelen på 18,4 prosent i 2019. Dette er nesten på nivå med snittbesøket for 2000-tallet. Kinobesøket holder seg med andre ord stabilt over tid, til tross for stadig større konkurranse fra andre plattformer (NFI 2020:6).

Utviklinga i marknadsdelen på strøymetenester for film og seriar (VOD-tenester) har jamt over vore positiv for norske seriar dei siste tre åra. Norsk drama hadde eit godt år i strøymemarknaden i 2019 med suksessar som seriane «Beforeigners» og «Hjem til jul», som hadde høge sjåartal. Det same gjeld strøyminga av dokumentarkortfilm, som hadde ein norskandel på 39,7 prosent i 2019. Talet for lengre dokumentarfilm var 9,4 prosent, for spelefilm 6,9 prosent og for dramaseriar 16,7 prosent (jf. NFI 2020:6).

Teater Manu vart etablert som teiknspråketeater i 2001 og er eit profesjonelt turnéteater for alle aldersgrupper. Teateret styrkjer norsk teiknspråk og utviklar eit fagspråk for kulturområdet.

NFI krev teksting av alle audiovisuelle verk som får produksjons-, lanserings- og/eller etterhandstilskot. Dersom verket skal distribuerast på kino i Noreg, krev NFI at verket blir distribuert med teksting og synstolkning. NFI gjev dessutan tilskot til versjonering av barnefilm til norsk og samisk (Prop. 108 L (2019–2020) kapittel 5.2.4).

Finansiering av film

Norsk filminstitutt (NFI) er den største kjelda til finansiering av film, som er eit av dei mest bruka kulturuttrykka i Noreg. NFI gav i 2019 om lag 450 millionar kroner i tilskot til den produserande filmbransjen.

Statlege tilskot til film blir regulerte i ei forskrift om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk (Forskrift 2016), med ein føremålsparagraf om språkpolitiske føremål: «Tilskudd som er hjemlet i denne forskriften, skal bidra til å styrke norsk og samisk språk, identitet og kultur, og oppfylle gjeldende mål på det audiovisuelle området.»

Språkdimensjonen i tilskotsordningane går òg fram av budsjettproposisjonen til Kulturdepartementet:

For å styrke norsk språk, identitet og kultur er det [...] et mål å legge til rette for at det produseres og formidles audiovisuelt innhold på norsk og samisk språk av høy kvalitet, og at dette er tilgjengelig for et bredt publikum. Bevilgningene skal videre stimulere til et tilbud av audiovisuelt innhold som styrker befolkningens grunnlag for dannelse og kritisk refleksjon, gjennom å vekke engasjement og tilrettelegge for meningsbryting og et mangfold av ytringer. (Kulturdepartementet 2019b:110)

Film for barn og unge

Barn og unge er ei viktig målgruppe for norsk film. Dei er særleg aktive gjennom strøymetenester, sosiale medium og andre digitale plattformer. Norsk film-institutt skriv:

Norsk film og filmkultur må møte barn og unges behov og interesser med utgangspunkt i deres egen språk, identitet og kultur, og være tilgjengelig for den oppvoksende generasjon på de plattformer og arenaer som de oppsøker. (NFI 2020:88)

Film på dei samiske språka

Internasjonalt Samisk Filminstitutt (ISFI) gjev tilskot til samiske filmproduksjonar og bidreg slik til å formidle samiske forteljingar og kulturuttrykk i ei samisk språkdrakt til eit breitt publikum. Kulturdepartementet løyvde 8,4 millionar kroner til ISFI i 2020, ein auke på 2,7 millionar kroner frå 2019. I tillegg får ISFI tilskot frå Sametinget (jf. Prop. 108 L (2019–2020) kapittel 5.2.4).

Eit av resultatmåla til Norsk filminstitutt gjeld dei samiske språka:

NFIs distribusjonstilskudd skal bidra til at et mangfold av utenlandsk film av høy kunstnerisk og kulturell verdi er tilgjengelig. En betydelig andel skal være for barn, og på samisk språk. (NFI 2020:37)

Film som fellesnordisk prosjekt

Kunst, kultur og medium medverkar sterkt til at innbyggjarane blir eksponerte for og gjensidig forstår dei skandinaviske språka. I Granavollerklæringa varsla regjeringa at ho ville sikre fellesnordisk språkforståing

ved å arbeide for at film og fjernsyn blir sende i teksta versjon, ikkje dubba, når programma er statleg finansierte eller støtta.

Noreg deltek aktivt i det kulturpolitiske samarbeidet i Nordisk ministerråd, som forvaltar nordiske støtteordningar som Nordisk kultur- og kunstprogram, Nordisk kulturfond og Nordisk film- og tv-fond. Norske kunst- og kulturaktørar deltek aktivt og får god utteljing i desse ordningane (Prop. 108 L (2019–2020) kapittel 5.1.2).

Regjeringa har varsla at ho vil kome med eit høyringsframlegg om at norske og utanlandske tilbydarar av strøymetenester skal forplikte seg til å investere ein viss del av omsetninga si i norskspråklege audiovisuelle produksjonar. Tiltaket kan føre til at fleire kjelder bidreg til finansieringa av norskspråklege filmar og seriar (Prop. 108 L (2019–2020) kapittel 5.5).

Teater

Nasjonal- og regionteatera

Teatera har vore ein viktig arena for norsk språkutvikling frå kampen om norsk eller dansk scenespråk på 1800-talet til den aukande bruken av dialektar fram til i dag. For teatera er språket framleis eit mål i seg sjølv og ein reiskap for det kunstnarlege arbeidet.

Dei største teaterscenene i Noreg (Nationaltheatret, Den Nationale Scene og Det Norske Teatret) får tilskot som nasjonale institusjonar. Tretten institusjonar over heile landet får tilskot som regional- og landsdelsteater. Regionteatera har medverka til at lokalt og regionalt talemål har fått større prestisje. I dag er det breiare aksept for å bruke dialektar i teatera, som grunnlag for kunstnarlege behov og val, men òg for at teatera skal få lokal tilhøyrse (jf. Prop. 108 L (2019–2020) kapittel 5.3.2).

Det Norske Teatret er den største nynorskinstitusjonen i Noreg, og teateret gjer mykje for å styrkje posisjonen til nynorsk i samfunnet. Det Vestnorske

Teateret og Teater Vestland har til liks med Det Norske Teatret som mål å verne og fremje nynorsk.

Teiknspråkteateret

Teiknspråkleg innhald i kulturtilbodet må gjerast synleg. Det er med på å skape positive haldningar til språket, både for språkbrukarane sjølve og for andre (Prop. 108 L (2019–2020) kapittel 10.2).

Teater Manu vart etablert som teiknspråkteater i 2001 og er eit profesjonelt turnéteater for alle aldersgrupper. Teateret styrkjer norsk teiknspråk og utviklar eit fagspråk for kulturområdet. Teateret gjer norsk teiknspråk meir synleg i samfunnet og bidreg til at teiknspråklege døve og høyrselshemma blir meir sjølvsikre og språkbevisste. Teater Manu motiverer dessutan andre land til å etablere nasjonale teiknspråkteater. I alle framsyningane brukar teateret stemmeskodespelarar for det høyrande publikumet.

Som ledd i språkstyrkinga vart tilskotet til Teater Manu auka med 1 million kroner for 2020. Det er no tilsett ein høyrande ikkje-teiknspråkleg teatersjef, som ønskjer å nå ut til fleire høyrande, «på to språk samtidig». Det har skapa sterke reaksjonar i teiknspråkmiljøet, som tviler på at teateret då klarer å ta vare på det teiknspråklege scenespråket. Teiknspråkbrukarane er bekymra for at det kan skje eit språkskifte frå teiknspråk til norsk både i administrasjonen og i framsyningane. Det er nemleg mangel på norske teiknspråklege skodespelarar og teiknspråkleg sceneutdanning.

Dei største døveforeiningane (lokalforeiningane til Norges Døveforbund) har grupper med amatørteater som har framsyningar under dei årlege Døves kulturdager. Kulturdagane har vorte feira frå by til by i over 50 år. Dei siste åra har det vist seg at det berre er dei store døveforeiningane som har ressursar nok til å kunne arrangere desse dagane. Det gjer at teiknspråkbrukarane ikkje får møte sitt eige språk på mindre stader i Noreg.

«I 2020 vart det delt ut 36,6 millionar kroner til fem ulike aviser, med stoff på nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og bokmål.»

Dei samiske teatera

Beaivváš Sámi Našunálateáhter (Det Samiske Nasjonalteatret Beaivváš) i Kautokeino har samisk som utøvar- og scenespråk, og Áarjelhsaemien Teatere (Sydsamisk teater) i Mo i Rana blandar sørsamisk og norsk som scenespråk. Dei to turnéteatera utviklar og betrar posisjonen for samiske språk i Noreg og styrkjer språkmiljøa i samiske busetjingsområde.

Kvensk teater

I 2019 var språk ein av dimensjonane som Kulturrådet la vekt på i vurderinga av søknader, og det vart mellom anna løyvd midlar til kvensk teater.

Nasjonale minoritetsspråk

Minoritetsspråkmedia utgjør ein svært liten del av mediebiletet i Noreg. Med minoritetsspråkmedium er det her meint både norskspråklege og minoritetsspråklege (kvensk, romanes og romani) medium som skriv om saker som vedkjem nasjonale minoritetar (kvener/norskfinnar, romar, romanifolk/taterar, jødar og skogfinnar), og medium som brukar minoritetsspråka kvensk, romani eller romanes. Media kan normalisere og «modernisere» språk og har ein positiv effekt på språkhaldningar og dermed indirekte også på den praktiske språkbruken. Media kan såleis ha ei stor rolle i revitaliseringa av eit språk. Det er derfor viktig at minoritetsspråka kan sjåast og høyrast i media. Den positive effekten av å møte eit minoritetsspråk i media er kanskje særleg størst for andrespråksbrukarar eller personar som har eit ønske om å ta språket sitt attende (til dømes etter å ha vore utsette for fornorskingspolitikk).

Media kan òg spele ei viktig rolle i det å gje språkbrukarane jamleg tilgang til eit spesifikt minoritetsspråk. Dette er særleg viktig når mange naturlege språkbbruksarenaer fell bort.

Kvensk språk og kultur har ein marginal plass i mediebiletet i Noreg i dag. Avisa Ruijan Kaiku kjem ut med ti utgåver årleg og har publisert stoff på kvensk, finsk og norsk sidan 1995. Ruijan Kaiku har produsert aktuelle tekstar på kvensk og dermed bidrege til det kvenske skriftspråket. Liisa Koivulehto fekk i 2019 Språkrådets kvenske språkpris for innsatsen sin for det kvenske språket i avisa i mange år.

Ruijan Kaiku har som mål å oppnå 40 prosent tekstmengde på kvensk, 20 prosent på finsk og 40 prosent på norsk. Av den samla tekstmengda i avisa var for nokre år sidan om lag 20 prosent på kvensk, 5 prosent på finsk og 75 prosent på norsk. Ruijan Kaiku har eit stykke å gå for å nå målet sitt. Dessverre kan det sjå ut til at tekstmengda på kvensk og finsk har gått ned den siste tida. Delen av nettartiklar generelt har derimot auka monnleg dei siste åra. I 2020 har Ruijan Kaiku hatt ei omlegging frå avisformat til magasinformat. Ruijan Kaiku har hatt ei satsing på radio «Ruijan Radio» i podkastform, som er tilgjengeleg på fleire flater. I 2019 vart det sendt 16 podkastepisodar, og i 2020 hadde talet auka til 33. Om lag 3,5 minutt av kvar episode er kvenskspråklege.

Det romske kultur- og ressursenteret Romano kher har ein såkalla TV-kanal på Facebook, *Nevimos Norvego*. Der blir det produsert sendingar primært på romanes. Talet på visingar av dei ulike videoane viser at det er behov for ein romanesspråkleg kanal. Nokre

videoar har svært høge visingstal (over 300 000 visingar), noko som tyder på at dei også blir sedde av eit internasjonalt publikum. Kanalen har i koronatida hatt fleire informasjonsvideoar om korona og ulike smitteverntiltak. For mange menneske er det å få informasjon på sitt eige språk den beste måten å få sikker informasjon om smittevern og tiltak på. Nettopp koronaepidemien har også for fleire andre minoritetsspråk vist kor viktig det er med informasjon på eige språk.

Aviser på samiske språk

Det finst eit eige produksjonstilskot for aviser som har det samiske folket som hovudmålgruppe. Denne ordninga har òg eit språkpolitisk føremål: Ho skal styrkje språkutviklinga i det samiske samfunnet. I 2020 vart det delt ut 36,6 millionar kroner til fem ulike aviser, med stoff på nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og bokmål (Medietilsynet 2020d).

Teiknspråk i medium og kultur

NRK

NRK sender Tegnspråknytt fem dagar i veka og formidlar ikkje nyheiter frå døvesamfunnet, men hovudpunkta i nyheitene, til forskjell frå nyheiter på samisk. Prop. 108 L (2019–2020) stadfestar at «[t]eiknspråkbrukarar har rett til å lære, møte og bruke språket sitt» (s. 74), i tillegg til at norsk teiknspråk ifølgje § 1 c i språklova skal vernast og fremjast.

Ifølgje NRK-plakaten (NRK 2015 § 13) har NRK eit ansvar for å «ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne» og «til å fremme den offentlige samtalen, og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser». I § 16 står det at «NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter». Teiknspråklege er ein nasjonal minoritet med eit fullstendig språk som er likeverdig med norsk (språklova § 7). Utover Tegnspråknytt er det ingen program for teiknspråklege.

I 2019 vart det gjort endringar i forskrifta om kringkasting (Forskrift 1997). Endringane gjeld frå 2020 og skjerpar inn krava til teiknspråk i NRK og i kommersielle kanalar. I § 2-5 «[t]ilrettelegging for personer med funksjonsnedsettelse i NRKs programmer» er det no krav til daglege sendingar på norsk teiknspråk, og i § 2-6b «[t]ilrettelegging for personer med funksjonsnedsettelse i kommersielle kanaler» er det eit nytt krav til teiknspråktolka program kvar veke dersom det er mogleg. NRK Tegnspråk er ein eigen tolkekanal. Målet med denne kanalen er å gjere tilgjengelege program som blir sende på andre NRK-kanalar. Med unntak av eitt tolketeam er teiknspråktolkane ikkje fast tilsette, men frilansarar. Å følgje teiknspråktolka TV-program gjev ikkje den same opplevinga og tilgangen til informasjon som det som blir sendt direkte på eige språk (Neves 2007). Det manglar kvalifikasjonskriterium for å teiknspråktolke i NRK. Vinteren 2021 blir det også sendt tolka program frå TV 2 på NRK Tegnspråk i tråd med § 2-6 i forskrifta om kringkasting (Forskrift 1997). Teiknspråkkanalen sender av og til teiknspråkprogram dei har kjøpt inn. Dette tilbodet er viktig for den teiknspråklege minoriteten.

Kulturmeldinga *Kulturens kraft* viser til at «[f]or minoritetar kan kunst og kultur vere til hjelp for å etablere eigne offentlegheiter der dei kan utvikle sine eigne kollektive identitetar. Det kan òg gi minoritetar ein sjanse til å bli høyrde i det større samfunnet og kommunisere med det» (Meld. St. 8 (2018–2019):16). Kulturpolitikk er både ytringsfridomspolitik og språkpolitikk. Teiknspråklege døve og hørselsheima er lite representerte i den offentlege samtalen. Det manglar teiknspråklege journalistiske medium som kan bidra til at den teiknspråklege minoriteten får tilgang til å ytre seg og danne seg meiningar for å kunne delta i samfunnet og danne kollektive identitetar.

Døves Media

Døves Media er stifta av Norges Døveforbund og har som føremål å produsere teiknspråkleg innhald for barn, unge og vaksne. Dei leverer eit landsdekkjande teiknspråkleg tilbod på NRK, DMTV (strøymekanal deira) og sosiale medium. Meldinga *Kulturens kraft*

«I dag har Døvekirken kring 60 prosent teiknspråklege døve og høyrselshemma tilsette på alle nivå. Norsk teiknspråk er arbeidsspråket. Det er no ei større moglegheit enn tidlegare for at teiknspråklege står fritt til å utøve si kristne tru på teiknspråk.»

stadfestar «at kulturlivet, frivilligheita og medieoffentlegheita er sjølvstendige byggjesteinar i samfunnet. Dei skal kunne utvikle seg mest mogleg på eigne premissar utan statleg overstyring. Det offentlege skal leggje til rette for utvikling og eit mangfald av private og offentlege finansieringskjelder. Det er ei viktig oppgåve å verne om kulturarven vår. Kulturlivet skal vere relevant og representativt for heile befolkninga og medverke til at enkeltmenneska får fridom og høve til å uttrykkje seg» (Meld. St. 8 (2018–2019):7). Døves Media arbeider for tida for å bli eit journalistisk teiknspråkleg nyheitsmedium for å kunne vareta ytringsfridommen og meiningsfridommen til den teiknspråklege minoriteten. Døves Media fekk i 2020 kr 6 750 000 i tilskot frå Kulturdepartementet gjennom Nasjonalbiblioteket. Under koronakrisa har Døves Media gjeve ut informasjon om pandemi og smittevern i samarbeid med Folkehelseinstituttet.

Teiknspråk på museum

Det har vore ei sporadisk synleggjering av norsk teiknspråk på musea. Det er eit større prosjekt i Oslo kommune for å kunne få møte norsk teiknspråk ved det nye Munchmuseet. Hermetikkmuseet i Stavanger har utarbeidd ein teiknspråkleg versjon av ein vanleg gaida tur i museet. På grunn av stenging har dei gjort dette tilgjengeleg på nettstaden sin.

Norsk Døvemuseum er eit nasjonalt museum for kulturen, språket og historia til dei døve og høyrselshemma. Det er ei avdeling av Musea i Trøndelag. Hovudoppgåva til Norsk Døvemuseum er å ta vare på

og formidle historia til dei høyrselshemma frå heile Noreg og gjennom dette synleggjere ei minoritetsgruppe i det norske samfunnet. Museet er ein kulturell møtestad mellom høyrande og døve med vekt på kommunikasjon og forståing.

Religionsutøving på teiknspråk

Døvekirken har ein spesiell posisjon i kulturen og historia til dei døve i Noreg. Døvekirken høyrer til Oslo bispedøme og er ei nasjonal kyrkje med fleire teiknspråklege kyrkjelydar og er heimla i *forskrift om ordning for døvemenigheter og døvepresttjenesten* (Forskrift 2015). Døvekyrkjene i Noreg ved prostene og Oslo bispedøme vidarefører det språkpolitiske arbeidet sitt på fleire område. Gudstenestereforma i Døvekirken har gjennom omsetjing og tilpassing til teiknspråk og til kulturen til dei døve fått på plass teiknspråklege liturgiar. Døvekirken har hatt trusopp-læring for døpte døve og høyrselshemma barn og unge frå 0 til 18 år og er såleis ein viktig arena for språkoverføring. I dag har Døvekirken kring 60 prosent teiknspråklege døve og høyrselshemma tilsette på alle nivå. Norsk teiknspråk er arbeidsspråket. Det er no ei større moglegheit enn tidlegare for at teiknspråklege står fritt til å utøve si kristne tru på teiknspråk. Bibelen er enno ikkje omsett til norsk teiknspråk. Teiknspråklege med andre religionar står mindre fritt til å utøve sin eigen religion på teiknspråk.

Det er elles private forsøk på å utvikle islamske teikntermar.

KJELDER

Aftenposten (2021): Bibliotekene ber kulturministeren gripe inn mot forleggenes e-lydboknekt. Aftenposten. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/Eo1593/bibliotekene-ber-kulturministeren-gripe-inn-mot-forleggenes-e-lydbokn> (april 2021).

BI (2019a): Bokforbruk, bibliotek og lesing i digitale tider. DnD-rapport nr. 4. BI Centre for Creative Industries. <https://www.bi.no/globalassets/forskning/centre-for-creative-industries/publications/bokforbruk-bibliotek-og-lesing-i-digitale-tider-dnd.pdf> (mai 2021).

BI (2019b): Hva nå. Digitaliseringens innvirkning på norsk musikkbransje. BI Centre for Creative Industries. <https://www.regjeringen.no/contentassets/94e99440dd-604be1836c4543fdb92cb6/musikkutredning-hva-na-digitaliseringens-innvirkning-pa-norsk-musikkbransje-bi-2019.pdf> (mars 2021).

Biblioteksentralen = Norsk kulturråds innkjøpsordninger for litteratur. 2020. <https://www.bibsent.no/kulturfond/groups/grid#2020> (mars 2021).

Bokavtalen (2017) = Bokavtalen 2017. Forleggerforeningen og Bokhandlerforeningen. <https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2020/02/Bokavtalen-2017-forlenget.pdf> (mai 2021).

EU-kommisjonen (2018): European Parliament approves revised rules for audiovisual media across Europe. European Commission. <https://ec.europa.eu/digital-single-market/en/news/european-parliament-approves-revised-rules-audiovisual-media-across-europe> (mars 2021).

Forleggerforeningen (2020): Bokmarkedet 2019. Forleggerforeningens bransjestatistikk. Den norske Forleggerforening. https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2020/06/Bransjestatistikk_2019_inter-net-v2.pdf (mai 2021).

Forskning.no (2020): Spotifys makt vokser i takt med nye lyttevener. Forskning.no. <https://forskning.no/forbruk-musikk-partner/spotify-makt-vokser-i-takt-med-nye-lyttevener/1656488> (mars 2021).

Forskrift (1997): Forskrift om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-02-28-153> (mai 2021).

Forskrift (2015): Forskrift om ordning for døve-menigheter og døvepresttjenesten. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-04-15-1442> (mai 2021).

Forskrift (2016): Forskrift om tilskudd til produksjon og formidling av audiovisuelle verk. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-10-07-1196> (mai 2021).

Forskrift (2021): Forskrift om tilskudd til utvikling, lansering og formidling av dataspill. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-02-23-557/> (mars 2021).

Framtida (2020): Er dialekt nynorsk, NRK? Framtida.no. <https://framtida.no/2020/01/10/er-dialekt-nynorsk-nrk> (januar 2021).

Framtida (2021): TV 2 opnar for nynorsk på nett: – Skulle berre mangle. Framtida.no. <https://framtida.no/2021/03/17/tv-2-snur-opnar-for-nynorsk-pa-nett> (april 2021).

GramArt og Språkrådet (2009): Kartlegging av bruk og omdømme av norsk språk i dagens musikk-Norge. Gjennomført av Synovate april 2009. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/rapport_musikk-norge_synovate2009.pdf (mai 2021).

Gramo (2021): Gramo-statistikken 2019. Gramo. http://static.gramo.no/files/docs/gramo-statistikken-2019.pdf?_ga=2.243374662.21313182.1615457968-102573690.1615367787 (mars 2021).

Ipsos (2021): Ipsos SoMe-tracker Q4'20. Ipsos. <https://www.ipsos.com/nb-no/ipsos-some-tracker-q420> (mars 2021).

Kantar (2020): Mediebarn 2020. En undersøkelse om medievanene til 3–11-åringene. Kantar. <https://kantar.no/kantar-tns-innsikt/mediebarn-2020-okt-nyhetsinteresse-strommevekst-og-tiktok-feber/> (mai 2021).

Kantar (2021): Rikets medietilstand. Føredrag under arrangementet Medietrender 2021.

Klassekampen (2017): Bryter nynorskbarriere. Klassekampen. <https://arkiv.klassekampen.no/article/20170726/ARTICLE/170729914> (januar 2021).

Kulturdepartementet (2019a): *Spillerom. Dataspillstrategi 2020–2022.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/42a-c0925a3124828a2012ccb.3f9e80c9/spillerom-dataspillstrategi-2020-2022.pdf> (mars 2021).

Kulturdepartementet (2019b): *Prop. 1 S (2019–2020). For budsjettåret 2020 under Kulturdepartementet.* <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop-1-s-20192020/id2671450/> (mai 2021).

Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet (2019): *Rom for demokrati og dannelse. Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023.* Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/18da5840678046c1ba74fe565f72be3d/nasjonal-biblioteksstrategi-endelig-uu.pdf> (mars 2021).

Kunnskapsdepartementet (2021): *Ny krisepakke på 323 millioner kroner rettet mot flyktninger og nyankomne innvandrere.* Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-krisepakke-pa-323-millioner-kroner-rettet-mot-flyktninger-og-nyankomne-innvandrere/id2830643/> (mars 2021).

LLA (2020): E-post frå Landslaget for lokalaviser v/generalsekretær Rune Hetland 4.12.2020.

M24 (2020): *For første gang har NRK innfridd nynorskkravet: – Flaut at vi ikke har fått det til før nå.* M24. <https://m24.no/ingvild-bryn-nrk-nynorsk/for-forste-gang-har-nrk-innfridd-nynorskkravet-flaut-at-vi-ikke-har-fatt-det-til-for-na/243445> (januar 2021).

Medienorge = Medienorge. *Fakta om norske medier.* <https://medienorge.uib.no/statistikk/medium/avis/361> (januar 2021).

Medietilsynet (2018): *Barn og medier-undersøkelsen 2018. 9–18-åringer om medievaner og opplevelser.* Medietilsynet. <https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/barn-og-medier-2018-oppdatert-versjon-oktober-2019.pdf> (januar 2021).

Medietilsynet (2020a): *Allmennkringkastingsrapporten 2019.* Medietilsynet. https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/allmennkringkasting/2019_allmennkringkastingsrapporten_tv-2-og-nrk.pdf (januar 2021).

Medietilsynet (2020b): *Barn og medier 2020. En kartlegging av 9–18-åringers digitale medievaner.* Medietilsynet. <https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/2020/201015-barn-og-medier-2020-hovedrapport-med-engelsk-summary.pdf> (mars 2021).

Medietilsynet (2020c): *Medietilsynet har fordelt årets produksjonstilskudd til avisene: Klassekampen får mest mediestøtte, størst økning for Fiskeribladet.* Medietilsynet. <https://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/medietilsynet-har-fordelt-arets-produksjonstilskudd-til-avisene-klassekampen-far-mest-mediestotte-te-storst-okning-for-fiskeribladet/> (januar 2021).

Medietilsynet (2020d): *Medietilsynet har fordelt nær 37 millioner i støtte til samiske aviser.* Medietilsynet. <https://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/medietilsynet-har-fordelt-nar-37-millioner-i-stotte-til-samiske-aviser/> (januar 2021).

Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for fremtida.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/> (mars 2021).

Meld. St. 12 (2020–2021) *Nasjonale minoriteter i Norge. En helhetlig politikk.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-12-20202021/id2814676/> (mars 2021).

Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfold og armlengds avstand. Mediepolitikk for ei ny tid.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-17-20182019/id2638833/> (mars 2021).

Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/> (april 2021).

Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst. Allmennkringkasting og mediemangfold.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-38-20142015/id2423789/> (januar 2021).

Musikknyheter.no (2020): *Dette har nordmenn hørt på i 2020. Spotify oppsummerer musikk- og podkast-året.* Musikknyheter.no. <https://www.musikknyheter.no/nyheter/21085/Dette-har-nordmenn-h%C3%B8rt-p%C3%A5-i-2020.html> (mars 2021).

Nasjonalbiblioteket (2021): Hva er Nettbiblioteket? Nasjonalbiblioteket. <https://sporbiblioteket.nb.no/faq/182198> (mars 2021).

NBI (2020): Statistikk over bokutgivelser for barn og unge i 2018. Norsk barnebokinstitutt. <https://barnebokinstituttet.no/aktuelt/statistikk-over-bokutgivelser-for-barn-og-unge-i-2018/> (mars 2021).

Neves, J. (2007): Of Pride and Prejudice. The Divide between Subtitling and Sign Language Interpreting on Television. I: *The Sign Language Translator and Interpreter* 1(2):251–274. <http://hdl.handle.net/10400.8/438> (mai 2021).

NFFO (2020): – En ny lesepolitikk. Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. <https://nffo.no/aktuelt/nyheter/en-ny-lesepolitikk> (mars 2021).

NFI (2020): Årsrapport 2019. Norsk filminstitutt. https://www.nfi.no/statistikk/statistikk-analyse-og-rapporter/_attachment/download/35113d21-25ae-4583-9b36-a13a-5a501efd:b6ca81d3367b7b2bf806e710855b06616b7392a8/NFI_C3%A5rsrapport_2019.pdf (mars 2021).

NOU 2017: 7 Det norske mediemangfoldet. En styrket mediepolitikk for borgerne. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-7/id2541723/> (mai 2021).

NRK (2008): Facebook på nynorsk. NRK. <https://nrkbeta.no/2008/06/30/facebook-pa-nynorsk/> (januar 2021).

NRK (2015): NRK-plakaten. NRK. <https://www.nrk.no/informasjon/nrk-plakaten-1.12253428> (mai 2021).

NRK (2019a): Allmennkringkasterregnskapet. Statistikk 2019. NRK. https://fido.nrk.no/2d7ba53aecb-7173b72f7dd0fa736ad942e6ee09573d5035f-b86a9fc09c2305b6/allmennkringkasterregnskapet_2019_statistikk_ny%20pr%20270520.pdf (januar 2021).

NRK (2019b): Staten vil tvinge Netflix til å lage flere norske tv-serier. NRK. <https://www.nrk.no/kultur/staten-vil-tvinge-netflix-til-a-lage-flere-norske-tv-serier-1.14729822> (mars 2021).

NRK (2021): Klarte ikkje nynorskkravet i 2020: – Vi må skjerpe oss. NRK. https://www.nrk.no/vestland/nrk-klarte-ikkje-nynorskkravet-i-2020_-vi-ma-skjerpe-oss-1.15332284 (januar 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språkløva). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mai 2021).

Prop. 144 L (2012–2013) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om omsetning av bøker (bokloven). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop-144-l-20122013/id725129/> (mai 2021).

Samlaget (2021): Om Samlaget. Samlaget. <https://samlaget.no/pages/about-us> (mars 2021).

SNL = Store norske leksikon. <https://snl.no/> (mai 2021).

Språkløva. Sjå Prop. 108 L (2019–2020).

Språkrådet (2017): Språkstatus 2017. Språkpoltisk tilstandsrapport frå Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf>. (januar 2021).

Språkrådet (2018): Språk i Norge – kultur og infrastruktur. https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge_web.pdf (mai 2021).

SSB (2019): Kulturstatistikk 2019. Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/_attachment/440118?_ts=1764bbe1c58 (mars 2021).

SSB (2021) = Norsk mediebarometer 2020. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2020> (mai 2021).

Steam (2021): Steam – årskavalkade 2020. <https://store.steampowered.com/news/group/4145017/view/2961646623386540826> (mars 2021).

St.meld. nr. 22 (2006–2007): Veiviseren. For det norske filmloftet. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stmeld-nr-22-2006-2007/id460716/> (mars 2021).

Tegn.tv. <https://tegn.tv/om-tegentv/> (mars 2021).

SPRÅKLEGE BYGGJE- KLOSSAR



Hovudmålet for den nye språklova er å tryggje og ta vare på språka i Noreg, og for å ta vare på eit språk må ein verne særskilt om dei grunnelementa språket er bygd opp av: ordtilfanget, namnerikdommen, rettskrivingsreglane osv. Desse grunnelementa kan kallast byggjeklossane i språket.

For å tryggje desse byggjeklossane trengst det god dokumentasjon av språka. Det inneber å kartleggje ordtilfanget i form av ordbøker, stadnamn i form av stadnamnregister, grammatikk og rettskrivingsreglar i lærebøker osv. God språkdokumentasjon er særskilt viktig om utryddingstruga minoritetsspråk skal kunne overleve og bli lært av komande generasjonar. Mange av minoritetsspråka i Noreg er framleis svært lite dokumenterte. Men også eit stort og stabilt språk som norsk treng dokumentasjon. Ordbøker og namneregister er det kollektive språklege minnet vårt.

Rettskrivingsreglar blir utvikla gjennom normering. Arbeidet med språknormering har vore ein essensiell del av norsk språkpolitikk sidan Ivar Aasen og Knud Knudsen si tid, og gjennom normering har nynorsk og bokmål vorte utvikla slik dei er i dag. Også i framtida vil god normering vere nødvendig. Ei anna viktig form for vidareutvikling av norsk språk er arbeidet med terminologi. Sidan ny kunnskap og teknologi ofte kjem frå utlandet i engelskspråkleg form, er det nødvendig å utvikle norske fagtermar som alternativ.

God språkteknologi er ein sentral del av dokumentasjonsarbeidet. Det dokumenterte materialet kan lagrast i databasar, og desse gjev grunnlag for teknologiske tenester som blir meir og meir vanlege i dagleglivet: automatisk omsetjing, taleattkjenning og liknande. Teknologiske tenester skal ikkje vere eit felt der engelsk rår grunnen aleine. Slike tenester skal òg kunne finnast for språka i Noreg. Derfor er det viktig å investere i språkteknologi.

Rettskrivingsnormer

Historisk bakgrunn og stoda i dag

Normering vil her seie fastsetjing av reglar for korleis ord skal stavast og bøyast i bokmål og nynorsk. I dag er det ein premiss i normeringspolitikken at situasjonen med to offisielle skriftspråk vil vare ved, og bokmåls- og nynorskrettskrivinga skal styrast kvar for seg på grunnlag av skriftspråkleg praksis i tekstar på høvesvis bokmål og nynorsk. Etter dei siste rettskrivingsreformene for bokmål i 2005 og for nynorsk i 2012 skal det vere stabilitet i rettskrivinga, det vil seie at systema i hovudsak skal liggje fast.

Både bokmål og nynorsk har framleis større grad av valfridom når det gjeld korleis ord kan skrivast og bøyast, enn dei fleste standardiserte skriftspråk. Denne valfridommen har både fordelar og ulemper: Det er eit gode at språkbrukarane kan bruke former som dei kjenner seg heime i, til dømes fordi formene ligg nær talemålet. Samstundes gjer valfridommen at det er krevjande å halde oversikt over normene, og han kan gjere det vanskelegare for folk som lærer seg norsk, å tileigne seg normene. Gjennom åra har ein ved fleire høve sett som mål å stramme inn omfanget av valfrie former, men det har vist seg vanskeleg i praksis. Dagens linje er at det ikkje er eit mål verken å utvide eller å stramme inn normene. I røynda kan det likevel vere grunn til å tru at skriftpraksisen vil bli meir ein-skapleg i tida som kjem, ikkje minst fordi bruk av digitale hjelpemiddel som er baserte på kunstig intelligens, trekkjer i den retninga. Det kan i sin tur påverke normene på lengre sikt.

Språklova slår i § 19 fast at «Språkrådet [...] forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk» (Prop. 108 L (2019-2020)). Språkrådet har hatt fullmakt til å gjere bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk sidan desember 2012 (inntil 2005 hadde Norsk språkråd ei liknande normeringsfullmakt). Vedtak om endringar som blir vurderte som gjennomgripande, skal godkjennast av Kulturdepartementet.

§ 3 i vedtektene for Språkrådet (Kulturdepartementet 2017) fastset rammene for normeringsfullmakta nærare:

§ 3 Normering av bokmål og nynorsk

Språkrådet kan gi råd om staving og bøyning av nye og tidlegare unormerte ord og gjer bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det. Føresegna gjeld også for transkripsjon av utanlandske namn. Språkrådet gir råd og rettleiing om tekniske skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjera kva reglar som er obligatoriske for korrekt språk.

Etter opplæringslova § 9-4 fjerde ledd skal Språkrådet godkjenna ordlister og ordbøker til skulebruk.

Dersom faktisk språkbruk eller sterke systemom-syn tilseier det, kan Språkrådet vedta ny stavemåte og bøyning av tidlegare normerte ord og justeringar i skrivereglane. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Føresegnene i første og andre punktum gjeld tilsvarande for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. andre ledd.

§ 5 tredje ledd i vedtektene omtalar Språkrådets fagråd for normering og språkoobservasjon (vidare her berre kalla *fagrådet*), som behandlar rettskrivingsspørsmål:

Fagrådet som behandlar rettskrivingsspørsmål, skal ha seks medlemmer, halvparten for kvar målform. Språkrådet peikar ut ein fagrådssekretær frå sekretariatet som møter i fagrådet med tale- og forslagsrett. Leiar og nestleiar skal tilhøyra kvar si målform og alternera annakvart år. Normerings-saker som ikkje er felles for målformene, skal behandlast i den aktuelle halvdel av fagrådet.

Etter § 4 i vedtektene skal styret i Språkrådet godkjenne vedtaka fagrådet gjer:

Styret har det overordna ansvaret for verksemda i Språkrådet og skal behandla og avgjera alle viktige

og prinsipielle spørsmål. Styret skal godkjenne alle vedtak som Språkrådet har fullmakt til å gjera etter § 3.

Prinsipp og prosedyrar

Dei to overordna prinsippa for normeringa slutta Stortinget seg til gjennom behandlinga av stortingsmeldinga *Mål og meining*, St.meld. nr. 35 (2007–2008):

- *Sjølvstendepriinsippet*: Kvar av målformene skal normerast på sjølvstendig grunnlag utan tilnærming.
- *Stabilitetspriinsippet*: Vi bør ha mindre hyppige og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som tidlegare har vore vanleg her i landet.

I tillegg til dei overordna prinsippa om sjølvstende og stabilitet legg Språkrådet andre utdjupande prinsipp til grunn i behandlinga av normeringssaker. Dokumentet *Retningslinjer for normering* (Språkrådet 2015a og 2015b) vart vedteke av styret i Språkrådet i 2015. Retningslinjene gjer greie for kvifor Språkrådet driv normeringsarbeid, kva prinsipp ein legg til grunn i behandlinga av normeringssaker, og metodikken desse sakene blir behandla med.

Etter framlegg frå fagrådet vedtok styret i desember 2020 ein del justeringar av retningslinjene. Justeringane gjaldt mellom anna omtalen av tekstgrunnlaget som normeringa skal byggje på, og omtalen av talespråksdata og kva vekt som skal leggjast på dei. Det var òg somme justeringar av prinsippa for normering av importord. Det justerte dokumentet (Språkrådet 2020b) skal etter planen sendast på allmenn høyring i 2021 og vedtakast endeleg av styret etter høyringsrunden.

Ein sentral del av retningslinjene for normering er presentasjonen av dei prinsippa som skal tilleggast vekt i normeringssaker. Som nemnt ovanfor er dei to første prinsippa – sjølvstende og stabilitet – overordna. Brukspriinsippet spelar òg ei viktigare rolle enn dei andre prinsippa. Nedanfor er ei liste over prinsippa

med korte forklaringar. Den fulle ordlyden finst i sjølve dokumentet.

- *Sjølvstendepriinsippet*: sjå ovanfor.
- *Stabilitetspriinsippet*: sjå ovanfor.
- *Brukspriinsippet*: Hovudgrunnlaget for normeringa av bokmål og nynorsk er kvart av desse skriftspråka slik dei ser ut i tekstar. Ein kan òg ta omsyn til munnleg språk i tilfelle der skriftlege kjelder ikkje gjev tilstrekkelege data.
- *Stramleikspriinsippet*: Nynorsknorma er passande stram slik ho er i dag. Heller ikkje for bokmålsnorma er innstramming eit mål, men norma kan justerast i lys av bruk, og konsekvensen kan bli ei innstramming på lengre sikt.
- *Enkelheitspriinsippet*: Rettskrivinga skal vere enkel, systematisk og utan for stort innslag av unntak.
- *Talemålspriinsippet*: For nynorsk skal ein ved endring av norma vurdere grunnlaget dei ulike formene har i norsk talemål.
- *Tradisjonspriinsippet*: Tradisjonelle skriftspråksformer kan i nokon monn bli ståande i norma sjølv om dei er mindre bruka i dag.
- *Ordtilfangspriinsippet*: Ordtilfanget er generelt ikkje underlagt normering. Ein mindre del av ordtilfanget, funksjonsorda, er likevel i praksis normerte. Språkrådet kan gjere bindande vedtak om opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. § 3 i vedtektene (Kulturdepartementet 2017).

Retningslinjene for normering slår fast som eit prinsipp at normeringssaker skal behandlast på så lågt nivå som mogleg i Språkrådet. I utgangspunktet er det berre prinsippaker og saker der det er reell tvil om kva konklusjonen bør bli, som skal gå til formell behandling i styret. Ein kan skilje mellom fire nivå som sakene kan behandlast på:

«Rettskrivingsendringar kan seiast å ha vesentlege verknader for allmenta, og framlegg til slike endringar skal altså sendast til høyring. Det er eit gode å involvere språkbrukarane sjølv i prosessar av dette slaget, og det er naturleg å sjå dette som eit framhald i den demokratiske forankringa av rettskrivingsnormene.»

1) Informasjon om norma

I dei fleste tilfella er den eksisterande norma såpass klar at Språkrådet kan gje eit klart svar ved å vise til kjelder for eksplisitt eller implisitt normering, til dømes standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, eksisterande normeringsvedtak eller artikkelar på Språkrådets nettsider.

2) Operativ normering

I somme tilfelle gjev ikkje normkjeldene eit så klart svar som ein kunne ønskje seg, men det lèt seg likevel gjere å resonnerer seg fram til svaret ut frå normeringsprinsippa, parallelle tilfelle og logikken i språksystemet. I slike tilfelle blir sakene behandla i fagseksjonen i Språkrådet og seinare lagde fram for fagrådet, som har høve til å ta sakene opp til behandling dersom det finn grunn til det.

3) Eksplisitt normering i einskildsaker

Saker som treng ei prinsipiell vurdering, blir drøfta i fagrådet på bakgrunn av saksførelegg utarbeidde i sekretariatet. Fagrådet kan gjere vedtak om å tilrå endring av norma, og endeleg vedtak om eventuell endring blir gjort av styret etter at framlegget har vore til allmenn høyring. Saker av dette slaget er slike der den gjeldande norma ikkje gjev noko klart svar. Sakene bør helst gjelde grupper av ord.

4) Eksplisitt normering – gjennomgripande endring eller systemendring

Normeringssaker som blir vurderte som gjennomgripande – det vil seie at dei får konsekvensar for ei stor mengde ord i språket – skal leggast fram for Kulturdepartementet til godkjenning. Rettskrivingsreformer fell sjølvstilt i denne kategorien, men også mindre systemendringar som til dømes gjeld ei stor undergruppe av substantiv eller verb, kan hamne på bordet hos departementet. Språkrådet må halde regelbunden dialog med departementet om kva normeringssaker som høyrer til på dette nivået.

I samband med revisjonsprosjektet for standardordbøkene, som tok til i 2018 og skal vare til 2023, kjem det inn mange spørsmål til Språkrådet frå ordbokredaksjonen. I dei fleste tilfelle blir desse spørsmåla avklarte ved operativ normering (type 2).

Endringar i norsk rettskriving har gjennom historia vore demokratisk forankra ved at dei har skjedd etter føringar frå Stortinget og regjeringa, og ved nokre høve har òg Stortinget sjølv vedteke slike endringar. I meldingsdelen av språklovsproposisjonen, punkt 16.1.4, blir det signalisert at det skal etablerast ei ordning med allmenn høyring av framlegg til rettskrivingsendringar:

Departementet legg til grunn at normeringskompetansen til Språkrådet i framtida skal vere om lag som i dag. Departementet vil likevel understreke at Språkrådet framover bør sende forslaga til rettskrivingsendringar på allmenn høyring, i tråd med prinsippa i utgreiingsinstruksen punkt 3-3 (Prop. 108 L (2019–2020):143).

Punkt 3-3 i utgreiingsinstruksen (regjeringa 2016) seier at «[o]ffentlige utredninger, forslag til lov og forskrift og forslag til tiltak med vesentlige virkninger skal normalt legges ut på høyring». Rettskrivingsendringar kan seiast å ha vesentlege verknader for allmenta, og framlegg til slike endringar skal altså sendast til høyring. Det er eit gode å involvere språkbrukarane sjølve i prosessar av dette slaget, og det er naturleg å sjå dette som eit framhald i den demokratiske forankringa av rettskrivingsnormene.

Normeringsvedtak 2017–2020

Styret i Språkrådet har gjort ei rekkje normeringsvedtak i perioden 2017–2020. Ei samla oversikt over vedtaka er publisert på nettsidene til Språkrådet (Språkrådet 2021a). Nedanfor er det nemnt nokre døme på ulike typar vedtak.

Vedtak om endring av skrivemåte eller bøying:

- *gentleman(n) – gentlemannen – gentlemen(n) – gentlemennene* (før: eintal *gentleman*, fleirtal *gentlemen*) (2018)
- *longs – longsen – longs(ar) – longsane* (før: berre *longs* i ubunden form fleirtal)

Vedtak om skrivemåte for ord som før ikkje var normerte, eller der normeringa var uklår:

- *chat(t) – chatten – chattar – chattane* (2018)
- *brownie – brownien – browniar – browniane* (2019)

Vedtak om endra grammatisk kjønn (genus):

- inkjekjønn gjekk ut:
 - *ein/eit miks > ein miks* (2017)
 - *ein/eit krangel > ein krangel* (2019)
- hankjønn gjekk ut:
 - *ein/eit glimt > eit glimt* (2020)
 - *ein/eit gen > eit gen* (2021)
- ein ny genus kom inn ved sida av ein annan:
 - *eit amfetamin > ein/eit amfetamin* (2018)
 - *ein holocaust > ein/eit holocaust* (2020)
- skifte frå ein genus til ein annan:
 - *eit skabb > ein skabb* (2020)

I perioden 2017–2020 har Språkrådet godkjent ein del nye ord med tysk eller dansk opphav for oppføring i nynorske ordlister etter § 3 tredje ledd i vedtektene (Kulturdepartementet 2017). Dei orda som er vortne godkjende for oppføring etter 1984, er oppførte på Språkrådets nettsider (Språkrådet 2021b). Dei fleste orda er godkjende ved operativ normering (sakstype 2, sjå ovanfor) og etter spørsmål frå redaksjonen for standardordbøkene.

Når styret i Språkrådet gjer eit normeringsvedtak, blir oppføringa i standardordbøkene oppdatert så snart som råd, og vedtaka blir publiserte på Språkrådets nettsider (Språkrådet 2021a). I 2019 vart det dessutan etablert ei ordning der ein kan teikne abonnement på nyheitsbrev om rettskrivingsvedtak og såleis få beskjed om dei vedtaka styret gjer (Språkrådet 2019). Per mars 2021 har nyheitsbrevet 386 abonnentar.

Aktuelle saker

Sjølv om rettskrivingsnormene i store trekk skal liggje fast, er det høve til å gjere justeringar på grunnlag av bruk eller ut frå systemomsyn. Ein del normeringsaker kjem opp i samband med revisjonen av standardordbøkene. Språkrådet har òg identifisert visse område der det blir gjort særleg utgreiingsarbeid med sikte på å gjere justeringar i normene.

«*Norvagisering* vil seie å gje importord ein skrivemåte som samsvarar med dei vanlege norske rettskrivingsreglane. Det har lenge vore ei klar føring i normeringspolitikken at nye importord som kjem inn i norsk allmennspråk, skal få ei norsk form dersom den framande forma bryt med rettskrivingsreglane.»

Justeringar i genusnormeringa

Gjennomgang av normeringa når det gjeld genus (grammatisk kjønn) på substantiv, har vore eit satsingsområde for Språkrådet sidan 2016. Det året gjorde Philipp Conzett frå Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet eit forskingsarbeid på oppdrag frå Språkrådet: Han såg på bruken av substantiv som er normerte med valfridom mellom hankjønn og inkjekjønn. I rapporten frå prosjektet (Conzett 2017) blir det tilrådd å vurdere å ta ein genus ut av norma dersom han er bruka i mindre enn 10 prosent av tilfella. Rapporten har så langt danna grunnlaget for ei rekkje normerings saker som har vore behandla i styret i Språkrådet; per mars 2021 har styret behandla ca. 100 substantiv.

I mars 2020 leverte Philipp Conzett ein ny og utvida rapport (Conzett 2020) der eit større materiale er undersøkt etter same metode som i den første rapporten. Materialet er utvida med substantiv som har valfridom mellom hokjønn og hankjønn eller mellom alle tre kjønna. I tillegg er det teke med ein del substantiv der det er kjent at det finst variasjon i bruk som ikkje er fanga opp av normene, til dømes *case* (normert med hankjønn, men inkjekjønn er mykje bruka) og *tapet* (normert med inkjekjønn, men hankjønn er ein del bruka). Språkrådet vil halde fram med justeringar av genusnormeringa i åra som kjem, på grunnlag av dei nemnde utgreiingane, supplerte med vidare undersøkingar av bruksdata og andre relevante data.

Prosjektet til Conzett er eit godt døme på korleis målretta vitskapleg språkoobservasjon kan tene som grunnlag for justeringar i normene.

Vurdering av norvagiseringsvedtak etter 25-årsregelen

Norvagisering vil seie å gje importord ein skrivemåte som samsvarar med dei vanlege norske rettskrivingsreglane. Det har lenge vore ei klar føring i normeringspolitikken at nye importord som kjem inn i norsk allmennspråk, skal få ei norsk form dersom den framande forma bryt med rettskrivingsreglane. I mange tilfelle fremjar ein helst eit norsk avløyssarord, men det finst òg mange døme på at importord blir norvagiserte. Nokre norvagiserte stavemåtar som har slått gjennom, og som ein i dag tek for gjevne, er *buljong*, *streik* (vedteke i 1907), *auksjon*, *sykkel* (1918), *eksotisk*, *sjokolade* (1938), *trøbbel* (1983) og *kjip* (2000). Samstundes finst det òg ein del døme på norvagiserte stavemåtar som har hatt lite gjennomslag.

Retningslinjene for normering (Språkrådet 2015b) seier i punkt 9.11 at «[n]år ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 25 år, skal ein analysere bruksmønsteret, og vurdere å gjera ordforma til eineform». Språkrådet meiner at vurderinga etter 25-årsregelen skal kunne gje utslag både den eine og den andre vegen, det vil seie at eit mogleg utfall også er at den norvagiserte forma går ut av norma dersom ho er svært lite bruka.

Fram til no har ikkje 25-årsregelen vore praktisert, men fagrådet tok i 2020 fatt på ei vurdering av utvalde norvageringsvedtak som var 25 år eller eldre. Dei første justeringane på grunnlag av den nemnde regelen vil venteleg bli gjennomførte i 2021, og Språkrådet legg opp til jamleg behandling av slike saker i tida framover.

Moglege rettskrivingsendringar for ein del inkjekjønnsstativ i bokmål

Dette er ei normeringssak av type 4 (sjå ovanfor), det vil seie at ho involverer gjennomgripande endringar. Slike saker må godkjennast av Kulturdepartementet. Kjernen i saka er framlegg om å fjerne samandregen form i bunden form eintal av inkjekjønnsstativ på *-el* og *-er* (*stempelet/stemplet* > *stempelet*, *underet/undret* > *underet*) og justere bøyinga av ein del substantiv frå latin. Dei aller fleste framlegga gjeld berre bokmål, men det er òg tale om visse mindre justeringar i nynorsk.

Framlegg til endringar langs desse linjene vart lagde fram av Norsk språkråd for Kultur- og kyrkjedepartementet i 2000 og 2003, men dei vart ikkje godkjende av departementet i samband med den nye bokmålsrettskrivinga i 2005. Ettersom dei fleste av dei føreslegne endringane vart gjennomførte for nynorsk i 2012, har Språkrådet funne det på sin plass å vurdere saka på nytt også for bokmålet, og saka har vore til behandling i Språkrådet i 2015 og 2016. Truleg blir dette ei av dei første større normeringssakene som blir sende til allmenn høyring.

Moglege framtidige endringar i bokmål

I del 4.2.1 av språkløvsproposisjonen er det gjeve signal om at det kan bli aktuelt å gjere visse justeringar i bokmålsnorma:

Rettskrivingsreforma for nynorsk i 2012 var tufta på ein grundig gjennomgang av bruksmønster for mange grupper ord. Undersøkingane baserte seg på store tekstkorpus som gjev eit godt bilete av bruken i moderne nynorsk. Den siste store rettskrivingsreforma for bokmål kom i 2005, og då var det ikkje høve til å gjere tilsvarende undersøkingar

av bruken i bokmålstekstar. Det kan derfor vere grunn til å sjå på om det trengst justeringar i bokmålsnorma i lys av bruken i dag slik han framstår i store korpus med bokmålstekst. Det vil likevel ikkje vere aktuelt å gjere gjennomgripande endringar i bokmålsnorma (Prop. 108 L (2019–2020):22).

Språkrådet ser ikkje for seg at det skisserte arbeidet skal ha karakter av ei omfattande, samla utgreiing, og justeringane skal ikkje vere så store at dei kan jamførast med rettskrivingsreformene på 1900-talet. Rettesnora må i alle høve vere bruksdata, og i samsvar med sjølvstendepriippet er det ikkje aktuelt å favorisere former som finst i nynorsk. Blant endringar som kan bli aktuelle, kan ein nemne desse:

- Variantformer med låg bruksfrekvens kan kanskje gå ut av norma – her kan det vere snakk om former frå dansk/riksmål (*mave*, *fjel*, *bjerk* osv.) og tilnæringsformer (*låg*, *høg*, *viss*, *kvile* osv.).
- Partisipp på *-ete* (til dømes *bortkastete* og *bøyete*) kan kanskje gå ut av norma.
- Preteritum på *-et* kan kanskje gå ut ved visse verb (til dømes *øvet*, *bøyet*, *eiet*).
- Bunden form fleirtal på *-a* kan kanskje gå ut av norma ved svake inkjekjønnsord (til dømes *områda*) – men då med visse unntak.

Det kan altså både vere snakk om justeringar for enkeltord eller små grupper av ord og nokre endringar som vil omfatte større grupper. Ein kan ikkje sjå bort frå at visse av justeringane blir så omfattande at dei vil måtte godkjennast av Kulturdepartementet.

Språkobservasjon og utfordringar i normeringsarbeidet

Vedtektene til Språkrådet (Kulturdepartementet 2017) slår i § 1 fast at rådet «skal observera og analysa aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet». Kunnskap om tendensar i skriftleg språkbruk – og i mindre grad òg i munnleg – dannar grunnlaget for mykje av det arbeidet Språkrådet gjer på normeringsfeltet.

«Medan ein del bokmåls-
aviser – òg store riksaviser
som Aftenposten – tidlegare
praktiserte ei norm som til
dels låg utanfor den offisielle
norma, ligg dei aller fleste
tekstar i papir- og nett-
medium i dag innanfor
dei offisielle normene.»

I dag finst det fleire gode korpusressursar og andre kjelder som kan utnyttast når ein skal analysere bruksmønster for ord og former i norsk. I normeringsarbeidet er det viktig å hente data frå fleire ressursar med ulike profilar. Språkrådet veit at tekstar som blir utgjevne av mediehus og forlag, i mange tilfelle speglar husnormer som er smalare enn dei offisielle rettskrivingsnormene. Derfor er det eit poeng å ikkje berre basere seg på ressursar der slike tekstar dominerer. I behandlinga av normeringssaker gjer Språkrådet òg bruk av data frå korpus med nettekstar. Der er det større innslag av tekst som ikkje har vore gjennom redigering og kvalitetskontroll. I vurderinga av dataa er det heilt avgjerande at ein kjenner samansetjinga av dei ulike korpusa godt og slik kan vurdere dei ulike kjeldene mot kvarandre. Skal normeringsarbeidet vere basert på kunnskap om språkstoda i samtid, må korpusressursane oppdaterast jamleg.

Korpus og andre ressursar som kan tene som kunnskapskjelde i normeringssaker, må byggjast vidare ut. Særleg gjeld det ressursar med nynorsktekstar og ressursar med uredigert tekst som går heilt fram til notida. Eit innspel frå fagrådet er at det bør gjerast

framstøytar for å få etablert eit korpus med elevtekstar. Særleg aktuelt vil det vere å inkludere eksamenssvar frå elevar med nynorsk som hovudmål frå vg3, eventuelt òg frå 10. steget i grunnskulen. Språkrådet har også tidlegare, i samband med arbeidet med 2012-norma for nynorsk, forsøkt å få tilgang til slike elevtekstar.

I dag blir svært mykje tekst produsert med støtte frå språkteknologiske hjelpemiddel. Sentrale hjelpemiddel er stavekontrollane som er innebygde i tekstbehandlingsprogram og operativsystem. Programma for stavekontroll er ikkje samkørde med dei offisielle rettskrivingsnormene, og somme av dei baserer seg på analyse av tekstar som er gjord med kunstig intelligens. Desse programma markerer ofte korrekte former som feil eller lèt vere å rette former som ikkje er tillatne. Ettersom stavekontrollar er så utbreidde, er det viktig å arbeide for at dei kjem i takt med rettskrivingsnormene.

Ein annan type hjelpemiddel som er mykje bruka, er program som hjelper skribentar til å skrive konsekvent og innanfor ei nærare definert norm. Også omsetjingsprogram er mykje bruka i ein del samanhengar. Eit døme er roboten for omsetjing frå bokmål til nynorsk som Nynorsk Pressekontor har utvikla. I tida framover vil stadig fleire tekstar vere genererte eller påverka av dataprogram som står seg på kunstig intelligens. Det er ei utfordring for valfridommen i bokmål og nynorsk, for desse datasystema er bygde slik at dei automatisk føretrekkjer hyppig bruka former. Former som er normerte, men lite bruka i dei tekstane som utgjer grunnlagsdataa for programma, kan dermed bli usynlege. Det er òg ei utfordring at datasystem som er utvikla utan referanse til den offisielle norma, kan kome til å etablere konkurrerande normer. Språkrådet kjenner problematikken med subnormer i aviser og redaksjonar frå før, men det kan fort kome til ein situasjon der maskingenerert tekst etablerer ei smalare subnorm som i røynda blir dominerande.

Digitale hjelpemiddel er ofte nyttige for skribentane, men dei spelar ikkje alltid på lag med rettskrivingsnor-

mene. Desse verktøya vil ofte føre til meir einsretting i formvalet, og dét kan i sin tur på lengre sikt påverke normene, som jo skal vere baserte på skriftleg praksis. Når Språkrådet i normerings saker analyserer bruksmønster, er det medvite om dei effektane husnormer og digitale verktøy har på tekstar, og i slike saker er det eit poeng at ein hentar data frå kjelder med ulike teksttypar og tekstar som i ulik grad har vore gjennom redigering. Det er likevel mogleg at digitaliseringa på lengre sikt kan få konsekvensar for den breie valfridommen i rettskrivingsnormene. Denne utviklinga kan påverkast gjennom styring av teknologien. Eit døme på det er nynorskroboten, som er utvikla for automatisk omsetjing av nyheitsbyråstoff frå bokmål til nynorsk, og som no blir bygd ut med variantformer.

Jamt over har dei offisielle norske rettskrivingsnormene høg prestisje, og dei fleste ønskjer å skrive i tråd med normene. Språkrådet arbeider for å spreie informasjon om normene og om valfridommen. Dei viktigaste reiskapane i dette arbeidet er standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Språkrådet forvaltar dessutan ei godkjenningsordning for ordlister og ordbøker til skulebruk med heimel i opplæringslova § 9-4. Eit vilkår for at ein ressurs skal bli godkjend til bruk i skulen, er at han gjev fullstendig og nøytral informasjon om heile norma (Språkrådet 2020a). Sjølv om det finst ei godkjenningsordning, veit Språkrådet at også ressursar som ikkje gjev kvalitetssikra informasjon om rettskrivingsnormene, er i bruk i skulen. Endå viktigare enn ordlister og ordbøker er stavekontrollar og andre digitale hjelpemiddel, som òg i stor grad er i bruk i skulen. Som nemnt er desse hjelpemidla ikkje synkroniserte med normene.

Det trengst meir viten om korleis kunnskap om rettskrivingsnormene blir formidla til elevane i skulen. Det trengst òg meir kunnskap om i kva grad språket i digitale læremiddel følgjer rettskrivingsnormene.

Media og normering

Media produserer ein stor del av dei tekstane nordmenn les, og dermed har dei innverknad på språket i vid forstand. Dei vala redaksjonane gjer, bidreg til å

forme skriftspråket til folk flest. Sidan medietekstar utgjer ein viktig del av tekstgrunnet for normeringa, påverkar dei redaksjonelle vala i media òg rettskrivingsnormene.

Det finst ein del kunnskap om korleis språket i media ser ut, og kva tilhøvet er mellom mediespråket og dei offisielle normene for bokmål og nynorsk. Men ein del av forskinga på dette feltet ligg eit stykke tilbake i tid, og det trengst meir kunnskap om stoda i dag.

Medan ein del bokmålsaviser – òg store riksaviser som *Aftenposten* – tidlegare praktiserte ei norm som til dels låg utanfor den offisielle norma, ligg dei aller fleste tekstar i papir- og nettmedium i dag innanfor dei offisielle normene. Studiar av avistekstar (til dømes *Vinde 2000* og *Ims 2007*) viser at moderate eller konservative bokmålsformer blir bruka langt oftare enn radikale former. Kola (2014:81) rapporterer at konservative bokmålsformer blir bruka svært mykje meir enn radikale former i aviser og vekeblad, medan innslaget av radikale former i TV-tekstar er noko større. Samstundes har visse medium, til dømes *Dagbladet*, ei norm med større innslag av radikale element som a-endingar. Det manglar oppdatert informasjon om normprofilen i medium generelt og i nettmedium spesielt.

Medietekstar som kunnskapsgrunnlag i normeringa

Språkrådet forvaltar rettskrivingsnormene for bokmål og nynorsk (språklova § 19, Prop. 108 L (2019–2020)). Sjølv om det er eit overordna prinsipp at normene skal liggje fast, er det opning for å gjere justeringar i tilfelle «der faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det» (Prop. 108 L (2019–2020):22). I dei aller fleste saker der ein vurderer å gjere endringar i rettskrivinga, spelar kunnskap om bruken av det aktuelle ordet eller den aktuelle forma i tekstar ei viktig rolle, jf. *bruksprinsippet* (Språkrådet 2015b:10, 12).

Språkbruken i medietekstar blir normalt tillagd vekt i utgreiingar av rettskrivingssaker, og med god grunn: Tekstane blir lesne av mange, og dei er lett tilgjengelege digitalt. Medietekstar dannar grunnstamma

«I nyare tid har normering av skriftspråket vore gjord på grunnlag av tekstar frå mediehus og forlag, hovudsakleg trykte bøker, aviser og tidsskrift. I vår digitale tidsalder er det naturleg at det òg blir lagt vekt på nyare digitale sjangrar.»

i fleire av dei viktigaste ressursane som Språkrådet hentar bruksdata frå; såleis inneheld Norsk aviskorpus berre avistekstar, medan nyare avistekstar utgjør over 70 prosent av materialet i Norsk Ordboks nynorskkorpus (UiB 2021b). Medietekstar er òg mykje bruka som kjelde til bruksdøme i dokumentasjonsordbøkene for bokmål og nynorsk.

Medietekstar har visse særtrekk som ein må vere klar over og ta med i vurderinga når ein ser på bruksdata derfrå. Det er velkjent at mange mediehus og redaksjonar har gjort medvitne val om kva former dei skal og ikkje skal bruke i tekstar som blir publiserte – dei har ofte klare husnormer som er smalare enn dei offisielle rettskrivingsnormene. Formvalet i tekstane blir altså ikkje alltid styrt av kva skribentane sjølve føretrekkjer. Ein annan faktor som spelar inn, er bruken av stavekontrollar, maskinomsetjing og andre skriveverktøy som òg fører til meir einsarta tekstar med eit smalare utval av former. Det siste gjeld ikkje berre medietekstar, det gjeld truleg storparten av tekstar som blir publiserte i dag.

I analysar av bruksdata kjem ein ikkje utanom at tekstgrunnlaget er påverka av husnormer og skriveverktøy av ulike slag. Ein må vere medviten om desse effektane og ta høgd for dei. Dessutan må ein hente inn data frå fleire ulike sjangrar og teksttypar. Dette er

presisert i framlegget til justerte retningslinjer for normering som Språkrådet sender til høyring i 2021 (Språkrådet 2020b).

Nye medium og normeringa

Tradisjonelt har skiljet mellom trykte tekstar og meir flyktige tekstar (som private brev) vore svært klart. I våre dagar skjer den skriftlege kommunikasjonen digitalt, og alle kan publisere tekstar som potensielt kan lesast av eit breitt publikum kort tid etter publisering. Det at ein tekst er publisert i eit digitalt medium, seier ikkje noko om kor god teksten er, eller om han har vore gjennom redigering og anna kvalitetssikring. Dette må ein òg ta omsyn til når ein analyserer bruksdata med tanke på moglege endringar i rettskrivingsnormene.

I framlegget til justerte retningslinjer for normering er formuleringane om tekstgrunnlaget for normeringa endra noko i lys av dei nemnde endringane i medielandskapet. Her tek Språkrådet høgd for at også tekstar i digitale medium kan utgjere ein del av tekstgrunnlaget for normeringa, så lenge ein har grunn til å tru at dei har vore gjennom ein kvalitetssikringsprosess: «Døme på sjangrar som kjem inn under eit slikt utvida bruksgrunnlag, kan vere digitale nyheiter, blogggar med fagleg innhald, rapportar som blir publiserte på nett, osb.» (Språkrådet 2020b).

I nyare tid har normering av skriftspråket vore gjord på grunnlag av tekstar frå mediehus og forlag, hovudsakleg trykte bøker, aviser og tidsskrift. I vår digitale tidsalder er det naturleg at det òg blir lagt vekt på nyare digitale sjangrar. Dette føreset at tekstane ikkje er del av ein flyktig digital straum av kommentarar og innlegg i sosiale medium, og at ein kan gå ut frå at tekstane har vore gjennom ei viss redigering og kvalitetssikring. Døme på aktuelle sjangrar kan vere digitale nyheiter, bloggar med fagleg innhald, rapportar som blir publiserte på nett, osv.

I utgreiing av normeringssaker brukar Språkrådet òg data frå korpus av nettekstar, som ein kan rekne med inneheld mykje tekst som verken er redigert eller publisert. Dei fremste korpusa av dette slaget er HaBiT og noTenTen, som begge er sette saman ved hjelp av innhausting av nettsider på bokmål og nynorsk. Nett-korpusa blir behandla som tilleggskjelder i høve til kjelder med meir redigert tekst, men dei kan gje verdifull kunnskap om språkbruk nettopp fordi dei i mindre grad er påverka av husnormer, korrekturverktøy og anna.

Tekstar frå sosiale medium er til no lite utnytta i utgreiing av normeringssaker for bokmål og nynorsk (men dei nemnde nettkorpusa inneheld òg tekstar som nærmar seg sosiale medium, til dømes frå nettforum og kommentarfelt). I andre land finst det eigne korpus med tekstar frå sosiale medium. Eit døme er korpusportalen Korp, som er utvikla av Språkbanken ved Göteborgs universitet. Portalen har underkorpus som er samla inn frå Twitter. Av fleire grunnar er det ønskeleg å utvikle slike korpus for norsk òg. Slike korpus vil mellom anna kunne vere nyttige for dei som arbeider med normering i Språkrådet.

Ordbøkene og språksamlingane

I stortingsmeldinga *Mål og meining* vart det understreka at det i eit land som Noreg, med ein innfløkt språksituasjon, er eit særleg behov for allmennordbøker, ikkje minst bandsterke vitskapelege dokumen-

tasjonsordbøker. Desse ordbøkene er grunnleggjande kjelde- og referanseverk som i dag kan redigerast og gjerast tilgjengelege i elektronisk form (St.meld. nr. 35 (2007–2008), kapittel 8.3.4).

I Prop. 108 L (2019–2020), kapittel 9.1, skriv regjeringa dette:

Befolkninga skal ha god tilgang til oppdatert og kvalitetssikra kunnskap og informasjon om rettskriving og språk, basert på solid dokumentasjon av den språklege tradisjonen og av korleis språket blir bruka i samtida. Ein slik dokumentasjon er eit nødvendig grunnlag for språkforskning og opplæring, og for Språkrådets arbeid med normering av språket er slik dokumentasjon avgjerande.

Vidare:

[...] det norske samfunnet må sikre ein språkleg infrastruktur for norsk. Døme på infrastrukturelle språktiltak for norsk vil vere å sikre tilgang på ordbokverk som dokumenterer nynorsk og bokmål og gjev informasjon om bruk av språket [...]

Språksamlingane i Bergen

Dei store språksamlingane som mellom anna ligg til grunn for dokumentasjonsordbokverket *Norsk Ordbok* og eittbandsordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er no lagde til Universitetsbiblioteket ved Universitetet i Bergen, som har teke på seg å forvalte samlingane. Dei vart overførte til Bergen i 2016, etter at Universitetet i Oslo hadde hatt ansvar for dei sidan 1972. Samlingane inneheld mellom anna omfattande ordbokdata til bokmål og nynorsk og gjev grunnlagsmateriale både for rettskrivingsordbøker og dokumenterande ordbokverk. Visjonen for språksamlingane er at dei skal vere ein levande infrastruktur for norsk språk. Denne infrastrukturen skal vere mest mogleg open og tilgjengeleg for forskarar, forvaltning og andre som er interesserte i norsk språk.

Med utgangspunkt i språksamlingane blir det no bygd opp eit nytt miljø av fagleksikografar i Bergen. Då pro-

«Då revisjonen starta, hadde *Bokmålsordboka* om lag 60 000 oppslagsord, medan *Nynorskordboka* hadde om lag 90 000. Det er eit mål at begge ordbøkene skal ha om lag 100 000 oppslagsord kvar når prosjektet blir avslutta.»

sjektet *Norsk Ordbok 2014* vart avslutta, gjekk det leksikografiske miljøet som var bygd opp der, i oppløysing. Alle fast tilsette leksikografar ved Universitetet i Oslo har gått av med pensjon, og ingen nye blir tilsette etter at universitetet sa frå seg ansvaret for språksamlingane då papirversjonen av *Norsk Ordbok* vart fullført. Etter at arbeidet med *Det Norske Akademis ordbok* vart fullført i 2017, er det berre få leksikografar att der som kan oppdatere og halde ved like den digitale ordboka. Derfor er det særst viktig å få etablert eit leksikografisk miljø knytt til språksamlingane og ordbokprosjekt som revidering av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* og digitalisering, modernisering og revidering av den første delen av *Norsk Ordbok*. Det vil sikre tilgangen til oppdaterte og kvalitetssikra ordbokverk som dokumenterer nynorsk og bokmål og gjev informasjon om bruk av språka (jf. Prop. 108 L (2019–2020):68).

Revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*
Språkrådet eig ordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* saman med Universitetet i Bergen. Ordbøkene viser kva som til kvar tid er gjeldande normering av bokmål og nynorsk. Dei trykte utgåvene vart publiserte i 1986, *Bokmålsordboka* på Universitetsforlaget og *Nynorskordboka* på Det Norske Samlaget. Dei kom på nett første gong i 1994, og det noverande grensesnittet vart publisert i 2009. Frå og med september 2017 finst dei to ordbøkene også som app, som kan lastast ned i versjonar både for Android og iOS. Både nett- og appordbøkene er gratis og til-

gjengelege for alle. Desse ressursane er svært populære, og bruken aukar år for år. Til dømes auka oppslaga frå dryge 45 millionar i 2018 til nesten 54 millionar i 2019. Det er særleg bruken via app i mobiltelefonar som har auka. Bruken av appen utgjorde om lag ein tredel av den totale bruken i 2018. I 2019 vart 60 prosent av oppslaga gjorde frå mobil (Språkrådet 2021c).

I *Språkstatus 2017* (Språkrådet 2017:83) vart det peika på at det er stort behov for oppgradering av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Dei som har utvikla ordbøkene etter 1986, har gjort godt arbeid, men det står framleis mykje att. I 2017 godkjende Kulturdepartementet ein søknad frå Språkrådet og Universitetet i Bergen om å gjennomføre ein omfattande revisjon. Arbeidet starta i 2018 og skal vere ferdig i 2023. Viktige oppgåver for revisjonsprosjektet er mellom anna å oppdatere og samkøyre utvalet av oppslagsord i dei to ordbøkene, å gjennomføre gjeldande rettskriving for bokmål respektive nynorsk i all tekst og å få inn nye ord og tydingar. Då revisjonen starta, hadde *Bokmålsordboka* om lag 60 000 oppslagsord, medan *Nynorskordboka* hadde om lag 90 000. Det er eit mål at begge ordbøkene skal ha om lag 100 000 oppslagsord kvar når prosjektet blir avslutta. Revideringa skjer med utgangspunkt i store og oppdaterte tekstkorpus. Prosjektet har fem fast tilsette leksikografar, og mot slutten av 2020 disponerte prosjektet 8,2 stillingar. Språkrådet bidreg årleg med i overkant av eitt årsverk til prosjektet, mellom anna ved å stå for

naudsynt normering og sluttkontroll av ordbokmanuskript. Kulturdepartementet bidreg med om lag seks millionar kroner i året til prosjektet.

Norsk Ordbok

Norsk Ordbok – Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet er ein uttømmende dokumentasjon av ordtilfanget i dei norske dialektane og det nynorske skriftspråket. Den trykte utgåva av verket vart fullført i og med det tolvte bandet i 2016 og inneheld om lag 330 000 ordartiklar. Det Norske Samlaget er utgjevar, og redaksjonsspråket følgjer 1938-rettskrivinga. Ein digital versjon av *Norsk Ordbok* vart lansert i 2012. Då prosjektet *Norsk Ordbok 2014* vart avslutta, var den elektroniske ordboka søkbar i alfabetstrekket frå *i* til *å*. Då den leksikografiske verksemda ved Universitetet i Oslo vart nedlagd, vart også den digitale versjonen av *Norsk Ordbok* flytta til Bergen.

Om ordbøker skal ha livets rett på lang sikt, må dei vere tilgjengelege på nett, og nytteverdien av *Norsk Ordbok* er redusert så lenge søk berre gjev tilslag på alfabetdelen frå og med *i* og utover. Det er no løyvd pengar til oppdatering og revisjon av *Norsk Ordbok*. Prosjektet har namnet *Norsk Ordbok A–H* og er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda. Det kom i gang i 2019 og har som hovudmål å digitalisere og revidere alfabetstrekket frå *a* til *h* og på den måten skape ei komplett *Norsk Ordbok* på nett. Kulturdepartementet bidreg med om lag to millionar kroner i året til prosjektet. Til no er det tilsett ein hovudredaktør, og ein leksikograf som er knytt til Universitetsbiblioteket i Bergen, brukar om lag 25 prosent av arbeidstida si på prosjektet. Før digitaliserings- og revideringsarbeidet kjem skikkeleg i gang, kan søk i alfabetstrekket frå *a* til *h* no gjerast i faksimilær på Nasjonalbibliotekets boksøk direkte frå *Norsk Ordbok* sine nettsider.

Det Norske Akademis ordbok

Nettordboka *Det Norske Akademis ordbok* vart publisert i desember 2017. Ho er basert på *Norsk Riksmålsordbok*, men er revidert og utvida og inneheld 225 000 ordartiklar. Ordboka er dermed den mest

omfattande dokumentasjonen av bokmål per i dag. Revisjonen var eit samarbeid mellom Kunnskapsforlaget og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur og var delvis finansiert ved årlege løyvingar frå Kulturdepartementet.

Sidan januar 2020 har Det Norske Akademi for Språk og Litteratur hatt heile ansvaret for drifta av ordbokverket gjennom selskapet Akademiordboken AS. Den gjenverande redaksjonen, med dagleg leiar, hovudredaktør og tre leksikografar, har flytta ut frå Kunnskapsforlaget og er no samlokalisert med *Store norske leksikon* i Oslo. Verksemda er delvis privatfinansiert, men Kulturdepartementet har frå 2018 bidrege med om lag 2 millionar kroner i året til vedlikehald av ordboka.

Leksikografisk samarbeid

I 2020 var det samla tilskotet til ordbokarbeid frå Kulturdepartementet om lag 12 millionar kroner. Departementet varsla i budsjettproposisjonen (Kulturdepartementet 2019:89) at ein vil sjå dei offentleg støtta norske ordbokverka meir i samanheng. Departementet meiner at betre samordning kan gje både faglege og økonomiske gevinstar.

Mange har ønskt at arbeidet med ei vitskapleg dokumentasjonsordbok for moderne bokmål skulle kome i gang når *Norsk Ordbok* og *Det Norske Akademis ordbok* var fullførte. Allereie i *Mål og mening* vart dei leksikografiske miljøa ved Universitetet i Oslo og rundt *Det Norske Akademis ordbok* oppmoda om å samarbeide om eit dokumentasjonsprosjekt (St.meld. nr. 35 (2007–2008):168). Ein intensjonsavtale kom på plass, og eit forprosjekt fekk tilskot frå Kulturdepartementet i 2012, men samarbeidet kom aldri skikkeleg i gang.

I Prop. 108 L (2019–2020), kapittel 9.3, skriv regjeringa dette:

Det har lenge vore ein føresetnad for den statlege støtta til NAOB [*Det Norske Akademis ordbok*] at når ordboka stod ferdig som produkt i 2017, skulle ei eventuell vidareutvikling knytast til eit vitskapleg

miljø. For dette føremålet hadde NAOB ein avtale med Universitetet i Oslo, men etter at Universitetet i Oslo la ned det leksikografiske arbeidet sitt, var ei slik tilknytning ikkje lenger aktuell. Med overføringa av språksamlingane til Universitetet i Bergen, og arbeidet med ordbøker som no går føre seg der, er det meir realistisk å sjå føre seg eit tettare tilhøve mellom NAOB og Universitetet i Bergen. Dei faglege føresetnadene for eit slikt samarbeid er på plass. Dette vil kunne gjere arbeidet med dokumentasjon av bokmål mindre sårbart framover.

I proposisjonen varslar regjeringa at Kulturdepartementet vil be Universitetet i Bergen og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur samarbeide om ein plan for korleis prosjekta deira kan samordnast. Samstundes gjev departementet uttrykk for at ordbøker og ordbokverk som er bygde opp heilt eller delvis for offentlege midlar, bør vise kva som er offisiell rettskriving. Dette inneber eit ønske om at *Norsk Ordbok* og *Det Norske Akademis ordbok* skal følgje offisiell norsk rettskriving i oppslagsord, og at eventuell rettskrivingsvariasjon for grunnform og bøygde former blir vist med same status. Eventuelle former utanfor gjeldande offisiell rettskriving må markerast (jf. Prop. 108 L (2019–2020):73).

Med dette kan det leksikografiske fagmiljøet som no er under oppbygging rundt prosjekta som er knytte til Språksamlingane i Bergen, kome til å bli det faglege navet som fram til no har mangla i ein samla norsk ordbokpolitikk.

Godkjenning av ordlister og ordbøker til skulebruk

Etter opplæringslova § 9-4 skal ordlister og ordbøker til skulebruk godkjennast av Språkrådet. Dette gjeld både trykte og digitale utgåver. Eit viktig vilkår for godkjenning er at ordbøkene eller ordlistene gjev fullstendig og nøytral informasjon om valfrie former i rettskrivinga. Utgjevaren må opplyse på lett tilgjengeleg måte om ei ordbok eller ordliste er godkjend av Språkrådet til bruk i skulen.

Ei fullstendig oversikt over retningslinjene for godkjenning av ordlister og ordbøker til skulebruk finst på Språkrådets nettstad (Språkrådet 2020a), saman med ei komplett oversikt over ordlister og ordbøker som er godkjende til skulebruk etter 1. juli 2005 (bokmål) og 1. august 2012 (nynorsk). Etter 2016 har Språkrådet godkjent to nye ordbøker til bruk i skulen, begge for bokmål.

Termressursar

Termbasar og andre fagspråksressursar som emneordskatalogar og kodeverk er mellom dei viktigaste verktya for vidareutvikling av norsk fagspråk.

Tabellen på neste side viser utviklinga i talet på termar (fordelt på bokmål og nynorsk) i nokre større termbasar i perioden 2015–2020. Tala er samla igjen gjennom e-postkorrespondanse med dei ansvarlege for basane.

Termportalen blir drifta av Språksamlingane ved Universitetet i Bergen (UiB). Portalen er Noregs største terminologiressurs, og han skal gjerast til ein nasjonal termportal som gjev tilgang til flest mogleg termbasar frå ulike fagområde og sektorar. To av dei større basane som i dag er tilgjengelege via portalen, er Noregs handelshøgskules base med økonomisk-administrative termar og Universitets- og høgskulerådets base med studieadministrative termar (UHR-basen). Termportalen står i ei særstilling som terminologisk ressurs i Noreg og er omtala i eit eige avsnitt.

SNORRE er termbasen til Standard Norge, og han inneheld teknisk terminologi på mange område, i hovudsak henta frå standardar som er gjevne ut i Noreg. Electropedia er ein internasjonal termbase med elektroteknisk terminologi, og Norsk Elektroteknisk Komité (NEK) forvaltar det norske innhaldet.

Utanriksdepartementets EU-termbase er ein base for omsetjing av EU-rettsakter.

RESSURS	TAL PÅ TERMPOSTAR			
	2015	2018	2019	2020
Termportalen	95 829	97 675	99 251	98 902
SNORRE	52 282	59 700	60 951	62 763
tal på bokmålstermar				61 805
tal på nynorskstermar				61 471
Utanriksdepartementets EU-termbase	42 895	43 316	43 510	43 605
tal på bokmålstermar				42 686
tal på nynorskstermar				10 102
MeSH		20 833	21 675	21 675
Humord			18 968	19 206
tal på bokmålstermar				29 667
tal på nynorskstermar				0
Realfagstermar			10 780	10 770
tal på bokmålstermar				17 056
tal på nynorskstermar				16 499
Internasjonal klassifikasjon for sjukepleiepraksis (ICNP)	4212	4500	5150	5150
Språkrådets termwiki	1656	3633	3573	4197
tal på bokmålstermar				4151
tal på nynorskstermar				2876
Felles omgrepskatalog		113	3509	4718
tal på bokmålstermar				4718
tal på nynorskstermar				29
Electropedia	3073	3073	3073	3073
tal på bokmålstermar				3073
tal på nynorskstermar				3073
Matematisk ordliste		1644	2125	2633
tal på bokmålstermar				2633
tal på nynorskstermar				2633
Kollegiet for brannfaglig terminologi	1629	1747	1876	1897
Finans Norges pensjonsordliste			189	189
Volven				≈ 1100–1200
SNOMED				2324
tal på bokmålstermar				2126
tal på nynorskstermar				0

«I 2020 gjekk Kunnskapsdepartementet inn for å løyve 2 millionar kroner kvar årleg til utvikling og drift av Termportalen ved Universitetet i Bergen (UiB). Løyvinga gjer det mogleg å utvikle Termportalen til ein nasjonal portal for terminologi og er dermed eit gjennombrøt i arbeidet for å sikre utviklinga av norsk terminologi og fagspråk.»

MeSH er Folkehelseinstituttets emneordskatalog for helsevesenet, medan Humord og Realfagstermar er emneordskatalogane til fleire universitetsbibliotek. Internasjonal klassifikasjon for sjukepleiepraksis (ICNP) blir forvalta av Norsk Sykepleierforbund og inneheld helsetermar på fleire språk.

Språkrådets termwiki er ein termbase for fagmiljø som vil registrere og tilgjengeleggjere terminologi. Termwikien omfattar basar for 15 ulike fagområde. Dei fleste basane er framleis aktive i den forstand at det blir lagt til nye termar i dei, men nokre blir ikkje lenger utvikla vidare. Fleirtalet av dei aktive basane blir utvikla av faggrupper frå universitets- og høgskulesektoren under rettleiing av Språkrådet, og desse basane inneheld termar på både bokmål og nynorsk. Arbeidet til faggruppene blir nærare omtala i kapittelet «Høgare utdanning». Termwikien har dessutan to basar som blir drivne av andre enn Språkrådet. Den eine blir driven av Datatilsynet, den andre av Statens vegvesen.

Felles omgrepskatalog er omgrepsdelen av Felles datakatalog, som blir forvalta av Digitaliseringsdirektoratet. Katalogen inneheld terminologi frå fleire offentlege verksemdar. Meir informasjon om Felles datakatalog og omgrepsdelen finst i kapittelet «Stat og kommune». Matematisk ordliste er ein termbase som er utvikla av Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder med støtte frå Språkrådet. Ordlista er plassert hos Norsk matematikkråd.

Kollegiet for brannfaglig terminologi utviklar ein termbase på sitt fagområde (KBT). Pensjonsordlista til Finans Norge er termlista til bransjeorganisasjonen for pensjonsrelaterte omgrep.

Volven er ein nasjonal base som ligg hos Direktoratet for e-helse, og som inneheld felles metadata for helse-tenesta, mellom anna termar og definisjonar. Denne basen har ikkje vore oppdatert dei siste åra. SNOMED er eit internasjonalt medisinsk kodeverk som blir omsett til norsk av Direktoratet for e-helse, og det er direktoratet som forvaltar den norske delen.

Fleire termbasar manglar fast finansiering, og dermed blir ikkje nye termar registrerte. Det gjeld til dømes MeSH. Kystverket forvaltar ein base med termar for akutt forureining (AFTERM). Termbasen inneheld i overkant av 700 harmoniserte omgrep på området. Denne termbasen blir dessverre ikkje lenger oppdatert.

Termportalen – ein nasjonal portal for terminologi

I 2020 gjekk Kunnskapsdepartementet inn for å løyve 2 millionar kroner kvar årleg til utvikling og drift av Termportalen ved Universitetet i Bergen (UiB).¹ Løyvinga gjer det mogleg å utvikle Termportalen til ein nasjonal portal for terminologi og er dermed eit gjen-

¹ Kunnskapsdepartementet får 2 millionar kroner av kostnaden ved løyvinga dekte ved at dei får 2 millionar kroner overførte frå budsjettet til Kulturdepartementet.

nombrot i arbeidet for å sikre utviklinga av norsk terminologi og fagspråk.

Termportalen skal vere ein felles søkje- og redigeringsportal for terminologi – det vil seie ein nettstad der brukarar kan finne fagtermar på tvers av alle relevante basar i dei ulike samfunnssektorane gjennom eitt søkjefelt, og der fagfolk kan publisere norske fagtermar i ein redigeringsapplikasjon som er bygd opp i samsvar med internasjonale standardar på feltet. Termportane skal minst innehalde termar på norsk (bokmål og nynorsk) og engelsk.

Termportalen legg til rette for at universitet og høgskular skal kunne vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk, slik dei pliktar etter § 1-7 i universitets- og høgskulelova. I Prop. 108 L (2019–2020) skriv regjeringa dette om Termportalen:

Regjeringa meiner at Termportalen kan bli eit viktig verktøy som vil bidra til at universiteta og høgskulane oppfyller dei pliktene dei har etter universitets- og høgskulelova § 1-7 og i dei språkpolitiske retningslinjene for kvar institusjon. I tillegg vil Termportalen bidra til at vi når den overordna målsetjinga i framlegget til språkløv om å sikre norsk som eit samfunnsberande språk. (Prop. 108 L (2019–2020):72)

Meir informasjon om Termportalen finst i kapittelet «Høgare utdanning».

I samband med portalen skal det byggjast opp eit terminologisk fagmiljø. Dette fagmiljøet vil kunne drive terminologisk forskning som kan gagne utviklinga og forvaltninga av norsk terminologi, og det vil kunne gje eit utdanningstilbod i faget. Eit slikt utdanningstilbod trengst om ein skal få dekt den komande etterspurnaden etter terminologisk kompetanse i Noreg. Terminologi som studiefag og Noregs behov for terminologisk kompetanse er nærare omtala i kapittelet «Høgare utdanning».

Termportalen vart opphavleg bygd opp ved Noregs handelshøgskole (NHH) i perioden 2013–2018. Pro-

sjektet vart hovudsakleg finansiert av Noregs forskingsråd gjennom infrastrukturprosjektet *CLARINO*. I 2019 vart portalen overført til språksamlingane ved Universitetet i Bergen, og same år inngjekk NHH, UiB og Språkrådet ein intensjonsavtale om å vidareutvikle Termportalen til ein nasjonal portal for terminologi på tvers av fag og sektorar (Noregs handelshøgskole, Språkrådet og Universitetet i Bergen 2019).

Termportalen inneheld i dag termbasar for mellom anna økonomi, administrasjon, jus, maritime fag, tekniske fag og tolkefaget. Ein mykje bruka base i portalen er UHRs termbase, som er Universitets- og høgskolerådets base med studieadministrativ terminologi. Portalen inneheld terminologi på norsk og engelsk og i noko omfang andre språk.

Det er planar om at store termbasar som Standard Norges SNORRE-base, Utanriksdepartementets EU-termbase og Felles omgrepskatalog i offentleg sektor skal gjerast tilgjengelege i portalen. Standard Norge, Utanriksdepartementet og Digitaliseringsdirektoratet (som forvaltar Felles omgrepskatalog) har slutta seg til desse planane (Digitaliseringsdirektoratet ofl. 2020).

Det er dessutan eit mål at fleire fagmiljø i universitets- og høgskulesektoren skal publisere terminologi i portalen. Det krev at tilsette i sektoren får gode vilkår for å drive terminologiarbeid, og det må finnast eit opplæringstilbod i terminologisk metode som kan gje fagfolka den kompetansen dei treng for å utføre dette arbeidet.

I 2021 skal det tilsetjast ein terminolog i forskarstilling, ein terminolog til drift av portalen, ein IT-utviklar og ein prosjektkoordinator til arbeidet med å utvikle portalen. I den første fasen vil mykje av arbeidet gjelde utvikling av brukarflata slik at portalen blir så brukarvenleg som mogleg. Når dei fagleg tilsette er på plass, vil arbeidet med å utvide innhaldet bli prioritert høgare.

Då data vart samla inn til denne rapporten, gjekk det føre seg teknisk arbeid i Termportalen som gjorde at

«Dei siste åra er det gjeve ut fleire bøker på romanes: ei kokebok, ei eventyrbok og ei omsetjing av Askepott-eventyret i 2018 – også som lydbok med bilete på YouTube (Romano kher 2018).»

det ikkje var mogleg å få oversikt over talet på bokmålstermar og nynorskstermar i alle basane. I dei basane som det var mogleg å få ut tal for, var det 13 577 bokmålstermar og 1812 nynorskstermar. Basane som det finst tal for, inneheld berre ein liten del av termene i portalen (mellom 5 og 10 prosent), så ein kan ikkje bruke tala til å seie noko om fordelinga mellom bokmål og nynorsk i portalen totalt. Uansett er det klart at mange omgrep manglar nynorskterm.

Eit viktig delprosjekt i arbeidet med Termportalen blir å lage nynorskstermar der dei manglar. I proposisjonen til den nye språklova (Prop. 108 L (2019–2020)) peikar regjeringa på dette som ei mogleg oppgåve for fagmiljøet ved portalen:

Språksamlingane ønskjer å etablere eit fagmiljø som kan drifte portalen slik at innhaldet kan utviklast vidare til å omfatte terminologi frå viktige domene, både i og utanfor UH-sektoren. Dette fagmiljøet vil òg kunne arbeide med å utvikle nynorsk fagterminologi der det manglar. (Prop. 108 L (2019–2020):72)

Termportalen er ikkje berre ein stad der brukarar kan finne termar på tvers av basar og sektorar; han er òg ei svært fleksibel løysing for produsentar av terminologi. Dei som vil gjere termar tilgjengelege i portalen, kan nemleg velje mellom tre måtar å gjere det på:

- publisere direkte i redigeringsapplikasjonen til portalen
- redigere og publisere i ein annan base, men dele data i sanntid med portalen
- redigere og publisere i ein annan base, men eksportere data til portalen når det høver

Dokumentasjon av minoritetsspråk

Romani og romanes

Romani og romanes har først og fremst vore i bruk som munnlege språk, og dei har inga forankring i utdanning og høgare utdanning. Dei har heller ikkje vore mykje bruka i anna offentleg verksemd. Alt dette pregar dokumentasjonsarbeidet, som er gjort og blir gjort på initiativ frå enkeltpersonar. Det er derfor ikkje lett å få oversikt over eller tak i det materialet som finst.

Tidlegare har mellom anna RT-senteret (Romanifolkets/Taternes senter) gjort forsøk på å registrere informasjon om ulike sider ved språket. I 2014 kom boka *Vandriane rakkrar* (Theil 2014) ut på romani, med ei ordliste med omsetjing til både bokmål og nynorsk. Boka vart utgjeven av Taternes landsforening, og professor Rolf Theil var språkvitskapleg fagperson. Det

trengst truleg eit større ordbokverk som kan byggje på Ragnvald Iversens *The Romany Language in Norway* (Iversen 1944) og fleire andre innsamlingar. Jakob Wiedner har samla inn leksikalske data i samband med sitt ph.d.-prosjekt ved UiO om romani til ei romani-ordbok som ligg på nettstaden til UiO (Wiedner: udatert). I 2020 vart romani lagd inn som eit av språka ein kan lære seg i appen *New Amigos*, som frå før inkluderte kvensk. Romani finst i appen i dag på nivå 1 og 2, og det er planar om å utvide det til tre nivå. Appen finst for iOS og Android.

Dei siste åra er det gjeve ut fleire bøker på romanes: ei kokebok (Lakatosova 2016), ei eventyrbok (Lakatosova, Lorentsen og Hasvoll 2016) og ei omsetjing av Askepott-eventyret i 2018 – også som lydbok med bilete på YouTube (Romano kher 2018). Det har også vorte omsett nokre tekstar for det offentlege, mellom anna til Utdanningsdirektoratet (Udir 2020 og Udir udatert) og til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir 2019). For tida samarbeider Romano kher, Rolf Theil og Språkrådet om å lage ei abc-bok og eit digitalt læremateriell på romanes i samanheng med denne boka.

Kvensk

Det finst framleis for få kvenske ordbøker. Kainun institutti – Kvensk institutt har i samarbeid med Gielatekno ved UiT utvikla ei digital ordbok med 9104 oppslagsord, eit retteprogram og ein grammatisk analysator (november 2020) (Trosterud 2019). Dei elektroniske hjelpemidla for språkbrukarar har vore i bruk i kvenskstudiet ved UiT, men også elles i kvensk språkundervisning. Hjelpemidla er framleis under utvikling, og tilbakemeldingane frå brukarane har så langt vore svært positive. Hjelpemidla gjer det mogleg å lese og skrive kvensk for alle, frå språklærarar og omsetjarar til vanlege språkbrukarar og studentar. I dagens situasjon er det svært viktig for revitaliseringa av kvensk at det blir utvikla språklege ressursar som hjelper folk med å ta språket i bruk. Det gjeld særleg skriftspråket. Auka interesse blant kvener for å skrive og lese kvensk har skapa nye behov for og krav til

utvikling av skriftspråksnorma. Porsanger har vore kjerneområdet for revitalisering av kvensk språk, men også andre kvenske regionar har vore med på å ta språket i bruk. Samstundes har språkbrukarar frå andre kvenske dialektområde ønskt å bruke dialekten sin parallelt med Porsanger-varianten. Både Kvensk språkting og ulike språkforskarar (Lane 2011, Söderholm 2014) peikar på at det er svært viktig å ha variasjon i kvensk skriftspråk. Sidan kvensk er eit trua språk, og sidan mange av språkbrukarane har avgrensa høve til å bruke språket, er det viktig å oppmuntre dei til å bruke eit språk i skrift som dei kan kjenne att, og som dei kan identifisere seg med. Når det gjeld kvensk, må det her takast omsyn til variasjon i bøyingsformer og i ordtilfang.

Kainun institutti – Kvensk institutt arbeider med ordinnsamling saman med Kvensk språkting. Vappu Pyykkö har laga ordlister til Alf Nilsen-Børsskogs to første romanar (Pyykkö 2008). Finska bandarkivet (Suomen kielen nauhoitearkisto) har meir enn 400 timar opptak med kvenskpråklege dialektar frå Troms og Finnmark. Opptaka er frå perioden 1959–1971. Kvensk institutt har fått digitalisert over 233 timar av opptaka, og ein liten del er transkribert. Materialet er tilgjengeleg for forskarar og slektningar til informantane. I tillegg til Finska bandarkivet har bandarkivet i Uleåborg (Oulun nauhoitearkisto), arkivet for historie-, kultur- og kunstofforsking i Åbo (Historian, kulttuurin ja taiteiden tutkimuksen arkisto), Kvenarkivet ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) og Finska Litteratursällskapet (Suomalaisen Kirjallisuuden Seura, SKS) kvenskpråkleg materiale i arkiva sine. Universitetet i Oslo ved Pia Lane stod for prosjektet Ruija-korpuset. Materialet ligg i Talemålsarkivet og omfattar opptak frå Bugøyenes (Sør-Varanger) og Porsanger frå perioden 1960–2009, til saman 76 timar. Det finst ein eigen database for kvenske stadnamn, Kvensk stedsnavndatabase. Den store finske dialektordboka *Suomen murteiden sanakirja* (Ordbok over finske dialektar) har ein god del kvenske ord frå eige arkiv (SMS-arkivet). Ordboka har åtte band, resten kjem på nett.

«Stadnamn er ikkje berre interessante som språk-element. Dei er òg verdifulle immaterielle kulturminne. For å ta vare på desse kulturminna har Noreg sidan 1991 hatt ei lov om stadnamn.»

Ordbøker og leksikalske oppslagsverk er viktig skriftkulturell infrastruktur. Men når det gjeld kvensk, romani og romanes, er også munnlege arkiv viktige kjelder. Det finst få kvenske ordbøker, og det er akutt behov for skriftleg dokumentasjon av kvensk språk. Det blir til dømes omsett ein god del tekst til kvensk. Det bør vere eit krav at materiale som er produsert med offentleg støtte, skal overførast til det kvenske korpuset.

Det trengst ordbøker og annan språkleg infrastruktur for romani og romanes. I tillegg bør omsetjingane som blir utarbeidde og tekstane som blir produserte på kvensk, romanes og romani, samlast inn automatisk.

Teiknspråkleg dokumentasjon

Det siste året er det gjeve ut tre innføringsbøker om norsk teiknspråk. *Få øye på tegn. Innføring i norsk tegnspråk* (Halvorsen 2020) og *Norsk tegnspråk – en grunnbok* (Vonen 2020). Desse bøkene representerer ulike språkvitskaplege tilnærmingar til norsk teiknspråk og bidreg til diskusjon om norsk teiknspråk på norsk teiknspråk blant studentar ved teiknspråk- og tolkeutdanningane i Noreg. Norges Døveforbund har saman med stiftinga Dam utarbeidd ei kursbok i norsk teiknspråk som kan brukast digitalt. Dette materialet blir bruka på teiknspråkkursa i lokallaga til døveforeiningane.

NTNU ved seksjonen for teiknspråk og tolking har starta eit stort dokumentasjonsprosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd. Prosjektet heiter *Språkbruk i det norske døvemiljøet: et dypdykk i norsk tegnspråkøkonomi*, og «målet med prosjektet er å forske på hvordan døve bruker dette språket, og hvordan språkbruken gjenspeiler fysiske, sosiale og historiske forhold i et språkmiljø i endring» (NTNU 2019). Prosjektet skal dokumentere norsk teiknspråk ved å beskrive grammatikk og teiknforråd.

Utover dette skjer det lite systematisk arbeid med og planlegging av dokumentasjon av norsk teiknspråk.

Det blir drive eit teiknspråkleg terminologiarbeid i Språkrådet. Teikntermgruppa er sett saman av teiknspråklege døve og høyrselshemma med variert bakgrunn. Det er utvikla teikn knytte til juss og helse, og dei er publiserte på Språkrådets nettstad (Språkrådet udatert).

Tegnordbok.no er ei ordliste for skular der det blir undervist i og på teiknspråk. Målgruppa for ordlista er språkbrukarar som ikkje kan norsk teiknspråk godt nok. Teignordboka er ein del av oppdraget Statped har fått frå Kunnskapsdepartementet, og ho blir omtala i tildelingsbrevet til Statped. I ordlista kan ein søkje på norske ord og få opp teikn. Talet på nedlastingar på teignordboksappane i Statped i 2020 er: App Store (iOS) 8844, Android 11 279. Det totale talet på nedlastingar av teignordboka er 44 620. Statped har ikkje tilsette med lingvistisk eller leksikografisk kompetanse.

Stadnamndokumentasjon

Stadnamn er ikkje berre interessante som språk-element. Dei er òg verdifulle immaterielle kulturminne. For å ta vare på desse kulturminna har Noreg sidan 1991 hatt ei lov om stadnamn. Lova har i seinare tid vore gjennom fleire revisjonar, siste gong i 2019. I stadnamnlova heiter det at stadnamna skal takast vare på gjennom offentleg forvaltning. Med endringa av stadnamnlova i juli 2019 vart stadnamntenesta (sjå nedanfor) formelt ein del av Språkrådet. Men også andre aktørar har eit særleg ansvar for forvaltninga av stadnamn. Mellom dei er Kartverket og Sametinget.

Forvaltninga av stadnamn er viktig i ulike delar av samfunnet, og arbeidet inneber oppretting av nye adressenamn (til dømes nye vegnamn) og fastsetjing av skrivemåten for eksisterande stadnamn (til dømes gardsnamn og namn på naturformasjonar). Arbeidet med forvaltning av stadnamn er løpande og går føre seg i det offentlege.

Dei siste åra har det vore fleire endringar i stadnamnlova og tilhøyrande reglar. Endringar i lov om stadnamn tok til å gjelde 1.7.2015, og ny forskrift til lova kom 23.5.2017 (Forskrift om stadnamn 2017). I tillegg kom det utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn i oktober 2018, som er ei utfylling til § 3 i forskrifta (Språkrådet 2018b). Dei utfyllande reglane opnar for ulike dialektnære skrivemåtar av stadnamn, noko som inneber større eller mindre avvik frå den vedtekne rettskrivingsnorma. Nye endringar i lov om stadnamn tok til å gjelde 1.7.2019. Ei viktig endring i lova er ein regel som opnar for å vike frå gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom ein skrivemåte har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd. Denne «unntaksregelen» stod tidlegare i forskrifta og vart med siste lovendring flytta til lovteksten, noko som indikerer at han skal kunne takast i bruk oftare. Ei anna viktig endring er fastslåinga av at oppgåvene til stadnamntenesta no formelt ligg under Språkrådet. Ei ny forskrift med bakgrunn i dei siste endringane i lova har vore ute på høyring med høyringsfrist 7.4.2021. Framlegget til ny forskriftstekst

inneheld mellom anna ei presisering av når og korleis unntaksregelen skal brukast.

Språkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn (Språkrådet 2020c), og Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn (Samisk stedsnavntjeneste). Som stadnamnteneste skal Språkrådet bidra til at det daglege arbeidet med stadnamnforvaltning blir utført etter føringane i lov om stadnamn. Etter 2017 har stadnamntenesta fått ny struktur. Tidlegare var stadnamntenesta for norske namn delt inn i fire område (Nord-Noreg, Midt-Noreg, Vestlandet og Austlandet med Agder), men frå juli 2018 vart inndelinga i regionar formelt oppheva, og stadnamntenesta vart ei teneste for heile landet. Stadnamntenesta består av fem konsulentar for norsk og ein konsulent for kvensk, i tillegg til tre rådgjevarar. Konsulentane er organiserte i eit fagråd som møtest fire-fem gonger i året.

Innsamling og digitalisering av stadnamn

Språkrådet forvaltar ei tilskotsordning til innsamling av stadnamndokumentasjon frå område i landet der risikoen er særleg stor for at denne viktige dokumentasjonen skal gå tapt. Tilskotsordninga, som vart etablert i 2014, har halde fram med utlysing av nye midlar kvart år. Til ordninga er det utvikla eit eige registreringsverktøy, og per 8.2.2021 er det der registrert 102 769 ferdigstilte namn. Registreringsverktøyet (databasen) skal no flyttast til Universitetet i Bergen, men tilskotsordninga er det framleis Språkrådet som skal forvalte.

I tillegg til innsamlinga i regi av Språkrådet har nokre fylkeskommunar drive med innsamling og registrering av stadnamn. Nordland fylkeskommune har drive med stadnamninnsamling i ei årrekkje, og det innsamla materialet, om lag 160 000 namn, er tilgjengeleg på nett gjennom stadnamnarkivet Arkiv i Nordland. I noverande Vestland fylke samla Sogn og Fjordane fylkeskommune inn stadnamn i 1985/86. Fylkeskommunen arbeider med å digitalisere samlinga, og per i dag er 228 000 namn digitaliserte og tilgjengelege på nettet (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane). Horda-

land fylkeskommune samla inn stadnamn i slutten av 1980- og byrjinga av 1990-åra. Materialet har vorte sendt til UiB, som står for arkivering og publisering av namna. I Møre og Romsdal vart nærare 200 000 stadnamn samla inn i perioden 1985–1995. Om lag 130 000 av namna er lasta inn digitalt på Fylkesatlas Vestland.

UiB er ein føregangsstad når det gjeld digitalisering. Sidan stadnamnarkivet ved UiO i mai 2016 vart flytta til UiB, har det lege under språksamlingane ved Universitetsbiblioteket der. Materialet som er tilgjengeleg, kan ein for det meste finne på nettstaden til Språksamlingane (Norske stadnamn). Språksamlingane har sidan overføringa til Bergen vore drivne med lite midlar, men det har likevel skjedd mykje. Sidan 2017 har det fysiske arkivet til Norsk stadnamnarkiv vorte ordna og registrert. Frå 2018 har Språksamlingane motteke NTNUs stadnamnarkiv (og ordsamling) og skanna og ordna det. I 2019 vart stadnamnarkivet til UiS skanna, i alt 2900 kart og 36 000 lister m.m. med stadnamn. Tilsette ved Språksamlingane arbeider saman med lokale krefter i Rogaland med å digitalisere og kartfeste stadnamnarkivet til UiS. Per i dag har 20 000 av om lag 150 000 stadnamn vorte digitaliserte. I 2021 overtek Spesialsamlingane (som Språksamlingane er ein del av) HF-fakulteta sine arkiv, medrekna stadnamnarkivet. Frå 1. februar 2021 er det tilsett ein IT-utviklar som etter planen skal arbeide med stadnamntenestene innanfor satsingsområdet namnegransking (i tillegg til andre område).

Norsk stadnamnarkiv er nesten komplett skanna (36 000 dokument). Det som står att, er kart i dokumentsamlingane (ikkje i kartsamlingane) og notisbøker. Frå stadnamnarkivet ved NTNU er hovudfagsoppgåver og setelsamlinga skanna. Kartsamlinga er enno ikkje skanna.

Norske stedsnavn | Norske stadnamn er ein websemantisk portal som er utvikla ved UiB. Denne eigenutvikla portalen er framleis under testing, men ser ut til å fungere etter føremålet – å bli ein nasjonal stadnamnressurs. Testversjonen ligg på nettsidene til

Språksamlingane (Norske stadnamn). I *Norske stedsnavn | Norske stadnamn* er det no samla 550 000 stadnamnformer, men det er venta å auke kraftig frå 2021, når det kjem fleire midlar og folk. Basen kan vise både data frå Språksamlingane og data frå eksterne samlingar gjennom eit programmeringsgrensesnitt². Fleire ressursar er under planlegging, mellom anna visning av skanna arkiv (UiB 2021a).

E-læringskurs i stadnamnarbeid

I 2020 har Språkrådet arbeidd med eit e-læringskurs i stadnamnarbeid. Kurset er retta inn mot tilsette i kommuneadministrasjonen med stadnamn som arbeidsfelt, og det vil kunne fylla delar av kunnskaps-holet som oppstod etter at fagtilbodet i stadnamn-gransking vart nedlagt.

E-læringskurset «Vegen til stadnamnet. Eit kurs i stadnamnarbeid og stadnamnlova» er delt inn i fire modullar. Først får brukarane ei kort innføring i fagfeltet med den språkhistoriske bakgrunnen. Deretter følgjer ei innføring i lovverket om stadnamn (stadnamnlova med tilhøyrande forskrifter og reglar). Hovudvekta ligg på dei delane av lova som er mest relevante for det daglege arbeidet med stadnamn (særleg arbeidet med adressenamngjeving). Vidare gjev kurset ei innføring i reglane for rettskriving og normering som brukarane må kjenne til, og i siste modul får brukarane ein gjennomgang av typiske stadnamnsaker med hovudvekt på saksgang, prosedyrar og rollene til dei ulike aktørane. Samanlikna med tradisjonelle klasseromskurs og tradisjonell undervisning har e-læringskurset fleire føremonner. Ein føremonn er at det er kortvarig; heile kurset er unnagjort på ein dryg time. Dessutan kan ein ta kurset fleire gonger, og på den måten bruke det som eit oppslagsverk i arbeidet. Brukarane kan sjølve avgjere når dei vil ta kurset, om dei vil dele det opp eller ta enkelte av delane på nytt. Utgifta til produksjon av eit slikt kurs er ei eingongsutgift. Kurset er gratis, og det ligg tilgjengeleg for alle på Språkrådets nettstad og på Læringsplattforma (felles digital læringsplattform i staten).

² Application programming interface eller API.

E-læringskurset kan i nokon monn bøte på mangelen på undervisningstilbod på stadnamnfeltet, men det kan på ingen måte erstatte namnegransking som fagfelt innanfor høgare utdanning. Meir informasjon om namnegransking som fag finst i kapittelet «Høgare utdanning».

Språkteknologiske ressursar

Språkbanken

Språkbanken i Nasjonalbiblioteket stiller språkdata til disposisjon for utvikling av språkteknologi på norsk. Nasjonalbiblioteket og Språkrådet skal gjennom koordinert innsats arbeide for at ressursene i språkbanken videreutvikles. De har også et ansvar for at både det offentlige som bestiller og utviklermiljøer både i offentlig og privat sektor får kjennskap til og etterspør språkressursene (KMD 2020:19).

Språkbanken vart oppretta i 2010 og skulle vere ei samling digitale språkdata som grunnlagsressursar i utvikling av språkteknologiske tenester og produkt med norsk tale og tekst. Banken skulle kunne brukast av både private og offentlege aktørar og skulle sikre gjenbruk av grunnlagsressursane. Gratis tilgang til desse ressursane skulle gjere det meir freistande for store internasjonale aktørar å utvikle produkta sine på norsk.

I rapporten *Språk i Norge* heiter det at «banken ikkje tener det formålet han var tiltenkt. Det manglar viktige språkdata i banken, og han er for lite kjent blant utviklarar og aktørar som potensielt kan bidra med innhald» (Språkrådet 2018a:27). Utvalet som skreiv rapporten, tilrådde mellom anna at det på nytt måtte satsast på språkdata som speglar norske talemål og skriftspråk, og at ein særskild instans skulle få ansvaret for å «koordinere og drive fram arbeidet med å samle inn ressursar til norske språkteknologiske produkt, basert på eit kontinuerlig strategi- og kartleggingsarbeid». Vidare heiter det at «krav til språkleg tilgang og kvalitet blir tatt inn i regelverket for offentlege innkjøp».

Språkteknologi:

- Stavekontroll og skrive støtte
- Maskinomsetjing
- Taleattkjenning
- Praterobotar
- Tekst-til-tale
- Automatisk tekstsamandrag
- Søkjemotorar

I 2019 fekk Språkrådet og Nasjonalbiblioteket ei auka løyving på til saman 10 millionar for å etablere og følgje opp eit forpliktande samarbeid om språkbanken. Nasjonalbiblioteket og Språkrådet har laga ein felles plan for arbeidet med innsamling og tilrettelegging av norske språkressursar.

På grunnlag av innspel frå utviklarane av språkteknologi og språkpolitiske prioriteringar har det vore satsa særskilt på nynorske ressursar og taleressursar med dialektar. Dei to andre satsingsområda har vore automatisk innhausting av store tekstmengder og innsamling av omsetjingar til bruk i automatisk omsetjing. Det internasjonale samarbeidet som Språkrådet og Nasjonalbiblioteket deltek i, har resultert i ein stor auke av omsetjingsminne dei siste to åra. Per 17. mars ligg det 3,3 millionar omsetjingseiningar mellom norsk og engelsk i språkbanken. Meir informasjon om internasjonalt samarbeid finst i kapittelet «Noreg og verda».

Til grunn for all språkteknologi ligg språkdata i ei eller anna form, til dømes:

- ordlister (rettskrivingsordlister, tospråklege ordlister, ordbøker, område-spesifikke lister over termar, uttale av ord, lister over vanlege skrivefeil)
- grammatikkar og språkmodellar
- annoterte tekstkorpus (til dømes POS-tagget, dependens, koreferens) som språkmodellar kan lærast opp på
- annoterte/transkriberte talekorpus
- store tekstmengder (til maskinlæring)

Dei siste åra har språkbanken fått ei rekkje nye ressursar som kan delast. Dessutan er språkbanken vorten betre kjend både blant utviklarar og blant dei som gjev frå seg data. Kvar gong språkbanken blir omtala i media, aukar etterspurnaden etter tenestene i banken.

I språkbanken kan også private aktørar og forskarar bidra med språkdata, verktøy og infrastruktur. Standard Norge har bidrege med sin eigen termbase og levert inn omsetjingsminne. Ein annan aktør, Vitec MV, har bruka data frå banken, oppdatert dei og levert dei tilbake i betre stand.

Ei lang rekkje nye og gamle taleressursar i ny versjon er gjorde tilgjengelege i språkbanken dei siste to åra. Mellom anna er eit nynorsk uttaleleksikon no tilgjen-

geleg for kommersiell bruk. Det same gjeld dei første transkripsjonane frå Stortingets prosjekt om automatisk referatskriving som er omtala i kapittelet «Stat og kommune».

Fleire av dei andre ressursane, til dømes dialektkorpus, har ikkje opne lisensar. Dei kan ikkje utan vidare brukast av kommersielle aktørar, men dei kan brukast av forskarar.

Det trengst òg store mengder variert tekst til bruk i automatisk tekstanalyse og informasjonsbehandling. Nasjonalbiblioteket har i denne satsinga utvikla eit program for automatisk innhausting av tekstmengder frå offentlege verksemder. Sidan dei fleste offentlege verksemder produserer tekst på begge dei norske

«Heilt frå oppstarten av språkbanken har det vore klart at det finst knapt med nynorske digitale språkressursar. Det finst mindre nynorsk tekst i det heile, og ein god del andre ressursar finst berre på bokmål.»

skriftspråka, inneheld programmet ein komponent som kan skilje nynorsk tekst frå bokmålstekst. Som eit resultat av det er eit større nynorskkorpus med variert tekst frå nynorskkommunar no lagt ut.

I *Nasjonal strategi for kunstig intelligens* (KMD 2020) står det at regjeringa vil utforme standardformuleringar til bruk i offentlege kontraktar for å gje offentleg sektor rettar til dei språkressursane som kjem ut av omsetjingstenester og andre språktenester. Nasjonalbiblioteket har utarbeidd eit forslag til standardformulering for omsetjingsminne. Dei andre standardformuleringane er enno ikkje på plass.

Språkressursar på nynorsk og bokmål

Språkteknologi, som talegjenkjenning og språkforståelse, er en viktig komponent i KI. For at norske innbyggere skal få ta del i stadig mer avanserte tjenester på sitt eget språk, er det avgjørende å ha gode språkressurser på begge målformer og på samisk (KMD 2020:6).

Heilt frå oppstarten av språkbanken har det vore klart at det finst knapt med nynorske digitale språkressursar. Det finst mindre nynorsk tekst i det heile, og ein god del andre ressursar finst berre på bokmål. Mellom anna finst det ikkje stort nok tekstgrunnlag for å kunne lage automatisk omsetjing direkte mellom engelsk og nynorsk. Av dei nemnde 3,3 millionar omsetjingseiningane er berre ca. 70 000 mellom engelsk og nynorsk. Løysinga er å omsetje via bokmål. Ei slik løy-

sing er ikkje optimal, sidan feilprosenten aukar når omsetjinga går via eit tredje språk.

I tillegg til det nemnde korpuset med tekst frå nynorskkommunar har den såkalla nynorskroboten som Nynorsk Pressekontor har utvikla, òg ført til meir nynorsk tekst. Dei omsette tekstane dannar eit stort parallellkorpus mellom nynorsk og bokmål som kan brukast i andre automatiske omsetjingsprogram. Kvaliteten på automatisk omsetjing frå bokmål til nynorsk har også vorte mykje betre dei siste åra.

Det er eit problem at terminologi på nynorsk og bokmål ikkje blir utvikla samtidig. Dersom det ikkje blir utvikla terminologi på nynorsk, risikerer ein at ny språkteknologi ikkje fungerer på nynorsk. Dette gjeld særleg den sektorspesifikke språkteknologien (til dømes kan ein ikkje få automatisk omsetjing til og frå nynorske tekstar om sjøfart dersom dei nødvendige orda ikkje er lagde inn i programmet for omsetjing). Offentleg sektor har (med omgrepsarbeid i staten og ved universiteta og høgskulane) eit særleg ansvar for utvikling av terminologi på nynorsk. Her trengst det monnaleg innsats i åra framover for å sikre at nynorsk òg i framtida skal kunne brukast til alle formål.

«Det finst inga systematisk oversikt over kven som hentar ut data frå språkbanken, anna enn dei utviklarane som sjølve kunngjer at dei har bruka dataa. Selskap går sjeldan ut og seier kva data som er bruka i utviklinga.»

Kor god er norsk språkteknologi?

Kvaliteten på det ein får ut av ei språkteknologisk programvare, reflekterer det ein matar inn i ho. Data-maskina finn til dømes ikkje på nye ord av seg sjølv. Skal språkteknologi kunne takast i bruk innanfor ein sektor, må sektoren sjølv har gjort fagtermane sine og andre relevante språkdata tilgjengelege som grunnlagsressursar (Prop. 108 L (2019–2020):43). Vil ein ha eit program som omset til dømes sjøfartsdokument til engelsk, må ein føre programmet med omsetjingar som inneheld sjøfartsord og -uttrykk på begge språk. Digitaliseringsprosessar viser også på denne måten kvifor det sektorovergripande prinsippet i språkpolitikken er nødvendig, og kor tett språkpolitikk og sektorspesifikk politikk heng saman.

Norsk språkteknologi er mindre utvikla enn engelsk. Taleattkjenninga forstår mindre norsk enn engelsk. Norsk talesyntese er god, men den engelske er betre. Norsk stavekontroll er ganske god, men han er ikkje oppdatert med nye ord eller nye godkjende former. Dei norske praterobotane fungerer dårlegare enn dei engelske.

Likevel kan ein sjå ei viss betring. Fleire nye kunstige stemmer er komne til sidan førre språkstatusrapport (2017). Til dømes har Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek fått nye stemmer – på nynorsk og bokmål. Store internasjonale selskap som Google og Microsoft har norsk taleattkjenning for bokmål i systema sine. Auto-

matisk omsetjing verkar betre enn for nokre år sidan, også for norsk. Det same gjeld praterobotar. Smart-høgtalarar som til dømes *Google Home* forstår norsk.

Ei utfordring i åra som kjem, er å få dei store internasjonale selskapa til å ta i bruk dei norske ressursane som er tilgjengelege, slik at bokmål og nynorsk blir å finne i produkta deira.

Ressursar utanfor språkbanken

Språkbanken er den viktigaste ressursamlinga for norsk språkteknologi. Men det finst òg ressursar utanfor språkbanken. Til dømes ligg det offentlege omgrep i Felles datakatalog – ein nettstad som samlar omgrepsapparat frå offentlege verksemder. Dessutan er det mogleg å registrere fagtermar som eit eige datasett i katalogen. Det skortar på nynorske omgrep i katalogen.

Nokre ressursar har vorte frigjevne til fri kommersiell bruk dei siste åra. Det gjeld mellom anna *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Det finst dessutan europeiske plattformer for språkteknologi: ELRC-SHARE og ELG fungerer som ein slags europeiske språkbankar. Meir informasjon om dette finst i kapittelet «Noreg og verda».

Det finst andre stader enn språkbanken der utviklarar deler data og verktøy. Nokre av dei er omtala i kapittelet «Noreg og verda». Andre delingsplattformer, til

dømes GitHub, har Språkrådet ikkje tilstrekkeleg oversikt over per i dag, sjølv om vi veit at det finst ressursar der òg. Mange utviklarar, særleg forskarar, utvekslar informasjon og data på slike plattformer. Det trengst betre oversikt over kva som skjer i slike miljø, og kva som finst på dei ulike plattformene.

Det finst inga systematisk oversikt over kven som hentar ut data frå språkbanken, anna enn dei utviklarane som sjølve kunngjer at dei har bruka dataa. Selskap går sjeldan ut og seier kva data som er bruka i utviklinga. Det finst unntak, som då Microsoft i 2019 lanserte ei taleattkjenningsteneste for norsk. I pressemeldinga frå Microsoft heitte det at samarbeidet med Nasjonalbiblioteket hadde vore utslagsgjevande for at Noreg, som første land i Norden, hadde fått denne tenesta på sitt eige språk (Prop. 108 L (2019–2020):43). Det hadde vore fint om fleire selskap hadde vore opne om bruken av data frå språkbanken.

KJELDER

AFTERM = *Fagordliste for akutt forurensning*. Kystverket. <http://www.afterm.no/> (mai 2021).

Arkiv i Nordland: Stadnamn i Nordland. Nordland fylkeskommune. <https://nordlandsatlas.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=f4795dcb2ab-b4c2e8222d0de8df32019> (mars 2021).

Bokmålsordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <https://ordbok.uib.no/> (mai 2021).

Bufdir (2019): *Informatsia pa rom ando. Familieråd*. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. <https://youtu.be/otsLagUJ4rA> (mars 2021).

Conzett, P. (2017): *Genusvariasjon i norsk skriftspråk. Ei undersøking av genusbruken ved substantiv som er normerte som maskulinum og nøytrum*. Septentrio Reports 1. <http://doi.org/10.7557/7.4077> (mars 2021).

Conzett, P. (2020): *Variation in Grammatical Gender in Written Norwegian. A Study of the Use of Grammatical Gender of Nouns in Bokmål and Nynorsk*. Septentrio Reports 4. <https://doi.org/10.7557/7.5412> (mars 2021).

Det Norske Akademis ordbok. Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. <https://naob.no/> (mai 2021).

Digitaliseringsdirektoratet, Noregs handelshøgskole, Språkrådet, Standard Norge, Universitetet i Bergen og Utanriksdepartementet (2020): *Det terminologiske landskapet i Norge: et målsettingsnotat* Policynotat. Upublisert.

Felles datakatalog. Digitaliseringsdirektoratet. <https://data.norge.no/> (mai 2021).

Felles omgrepskatalog. Digitaliseringsdirektoratet. <https://data.norge.no/concepts> (mai 2021).

Finans Norges pensjonsordliste. <https://www.finansnorge.no/ordliste/> (mai 2021).

Forskrift om stadnamn (2017): *Forskrift om stadnamn*. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638> (mars 2021).

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. <https://stadnamn.fylkesarkivet.no/> (mai 2021).

Fylkesatlas Vestland. Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. <https://www.fylkesatlas.no/> (mars 2021).

HaBiT = Harvesting big text data for under-resourced languages. Nettkorpus for bokmål og nynorsk. <https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/habit/habitkorpus.html> (mars 2021).

Halvorsen, R.P. (2020): *Få øye på tegn. I nnføring i norsk tegnspråk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Historian, kulttuurin ja taiteiden tutkimuksen arkisto. <https://www.utu.fi/fi/yliopisto/humanistinen-tiede-kunta/hkt-arkisto> (mars 2021).

Humord. Norsk tesaurus for humaniora og samfunnsvitskap med tilgrensande fagområde. Universitetsbiblioteket, Universitetet i Oslo. <https://www.ub.uio.no/bruk/sok-i-hele-biblioteket/emneord/humord/om-indekseringssamarbeidet.html> (mai 2021).

ICNP = ICNP søkemotor. International Classification for Nursing Practice. <https://www.icn.ch/what-we-do/projects/ehealth-icnptm/icnp-browser> (mai 2021).

Ims, I.I. (2007): «Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver.» *En undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis*. Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-17680> (mars 2021).

Iversen, R. (1944): *Secret Languages in Norway – Part I. The Romany Language in Norway*. Oslo: Dybwad.

KBT = *Faguttrykk*. Kollegiet for brannfaglig terminologi. <http://www.kbt.no/faguttrykk.asp> (mai 2021).

KMD (2020): *Nasjonal strategi for kunstig intelligens*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-strategi-for-kunstig-intelligens/id2685594/> (mars 2021).

Kola, K.W. *Bokmålsbruk – hvorledes/hvordan/åssen og hvorfor? Om bruken av morfologiske og ortografiske varianter i bokmålsnormalen*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-45602> (mars 2021).

Korp. Språkbankens konkordansverktøy. Göteborgs universitet. <https://spraakbanken.gu.se/korp/> (mars 2021).

Kulturdepartementet (2017): Vedtekter for Språkrådet. <https://lovdata.no/dokument/INS/for-skrift/2017-04-06-1415> (mai 2021).

Kulturdepartementet (2019): Prop. 1 S (2019–2020) for budsjettåret 2020 under Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20192020/id2671450/> (mai 2021).

Kvenarkivet. Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. https://uit.no/forskning/art?p_document_id=71383 (mars 2021).

Kvensk stedsnavndatabase.
<http://kvenskestedsnavn.no/> (mai 2021).

Lakatosova, M.B., R. Lorentsen og B.C. Hasvoll (2016): Romske eventyr og historier. Paramiči taj čače historiji. Oslo: Solum.

Lakatosova, S. (2016): Romane chabenata. Romske matretter. Oslo: Romtiltaket.

Lane, P. (2011): The birth of the Kven language in Norway: emancipation through state recognition. I: *International Journal of the Sociology of Language* 209:57–74.

Lov om stadnamn. Sjå Stadnamnlova.

MeSH = Medical Subject Headings. Folkehelseinstituttet. <http://mesh.uia.no/> (mai 2021).

Mål og mening. Sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

New Amigos = New Amigos. New Amigos Norge AS og NA Technologies AS. <https://newamigos.com/> (mai 2021).

Noregs handelshøgskole, Språkrådet og Universitetet i Bergen (2019): Intensjonsavtale om samarbeid for å etablere ein nasjonal termportal som del av Språksamlingane i Bergen. Upublisert.

Norsk aviskorpus. <http://avis.uib.no/> (mars 2021), òg tilgjengeleg på <https://clarino.uib.no/korpuskel/page> (mars 2021).

Norske stadnamn. Språksamlingane, Universitetet i Bergen <https://toponymi.spraksamlingane.no/nb/app> (mai 2021).

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Universitetet i Bergen. <http://no2014.uib.no/> (mai 2021).

noTenTen. Nettkorpus for bokmål og nynorsk. Tilgjengeleg i portalen Sketch Engine: <https://auth.sketchengine.eu/> (mars 2021).

NTNU (2019): Språkbruk i det norske døvemiljøet: et dypdykk i norsk tegnspråkologi. Forskningsprosjekt. Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet. <https://www.ntnu.no/isl/norsk-teiknsprakokologi> (mai 2021).

Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <https://ordbok.uib.no/> (mai 2021).

Opplæringslova = Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (mars 2021).

Oulun nauhoitearkisto. <https://www oulu.fi/suomenkieli/node/4099> (mars 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språklova). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mars 2021).

Pykkö, V.I. (2008): Sana-aitta – ordliste til Børsskogs romaner. Ordliste til «Kuosuvaaran takana» og «Aittiruto» av Alf Nilsen–Børsskog. Kainun institutti – Kvensk institutt. <https://www.kvenskinstitutt.no/sprak/sana-aitta-ordliste-til-borsskogs-romaner/> (mars 2021).

Realfagstermer. Søk i realfagslitteraturen til universitetsbiblioteka i Oslo og Bergen. Realfagsbiblioteket, Universitetet i Oslo. <https://app.uio.no/ub/emnesok/realvagstermer/search> (mars 2021).

Regjeringa (2016): Utredningsinstruksen. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/instruks-om-utredning-av-statlige-tiltak-utredningsinstruksen/id2476518/> (mars 2021).

Romano kher (2018): Askepott på romanes og norsk. Lydbok. <https://youtu.be/HvKvV15TKmE> (mai 2021).

Ruija-korpuset. <https://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/talespraksakorpus/ruija/> (mars 2021).

Samisk stedsnavntjeneste. Sámediggi/Sametinget. <https://sametinget.no/sprak/samiske-stedsnavn/samisk-stedsnavntjeneste/> (mars 2021).

SNOMED = Systematized Nomenclature of Medicine Clinical Terms. Norwegian Edition 2020-10-15. <https://browser.ihtsdotools.org/?perspective=full&conceptId=404684003&edition=MAIN/SNOM-EDCT-NO/2020-10-15> (mai 2021).

SNORRE = Termbasen Snorre. Standard Norge. <https://www.standard.no/termbasen/> (mai 2021).

Språklova. Sjø Prop. 108 L (2019-2020).

Språkrådet (2015a): Retningslinjer for normering – bokmålsversjon. <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-bokmalsversjon.pdf> (mars 2021).

Språkrådet (2015b): Retningslinjer for normering – nynorskversjon. <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf> (mars 2021).

Språkrådet (2017): Språkstatus 2017. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf>. (mars 2021).

Språkrådet (2018a): Språk i Norge – kultur og infrastruktur. https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge_web.pdf (mai 2021).

Språkrådet (2018b): Utfyllende reglar om skrivemåten av norske stadnamn. <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/utfyllande-reglar-om-skrivematen-av-norske-stadnamn/> (mars 2021).

Språkrådet (2019): Abonner på nyhetsbrev om rettskrivingsendringer. <https://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/nyhetsbrev-om-rettskrivingsvedtak/> (mars 2021).

Språkrådet (2020a): Godkjenning av ordlister og ordbøker til skolebruk. Retningslinjer vedtatt 16. april 2020. <https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Ordlister/Ordlister-til-skulebruk/> (mars 2021).

Språkrådet (2020b): Framlegg til reviderte retningslinjer for normering. Vedteke av styret i Språkrådet 15. desember 2020. Upublisert.

Språkrådet (2020c): Stedsnavntjenesten. <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Stedsnavntjenesten/> (mars 2021).

Språkrådet (2021a): Rettskrivingsvedtak etter 2012. <https://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/rettskrivingsvedtak-etter-2012/> (mars 2021).

Språkrådet (2021b): Ord som kan takast inn i nynorske ordlister. <https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Ordlister/Ordtilfanget/> (mars 2021).

Språkrådet (2021c): Årsrapport 2020. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/arsmeldinger/sprakradet_arsrapport_2020.pdf (mai 2021).

Språkrådet (udatert): Terminologiarbeid for tegn-språk. <https://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Teiknsprakteiknsprak/Terminologiarbeid-for-teiknsprak/> (mai 2021).

Språkrådets termwiki. <http://www.termwiki.sprakradet.no/> (mai 2021).

Stadnamnlova = Lov om stadnamn. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11> (mars 2021).

Statped (2020): kommende årsrapport.

St.meld. nr. 35 (2007-2008): Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Kultur- og kyrkje-departementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008/id519923/> (mars 2021).

Suomalaisen Kirjallisuuden Seura. Arkisto. <https://www.finlit.fi/fi/arkisto> (mars 2021).

Suomen kielen nauhoitearkisto. https://www.kotus.fi/aineistot/puhutun_kielen_aineistot (mars 2021).

Suomen murteiden sanakirja. Kotimaisten kielten keskus. <http://kaino.kotus.fi/sms/> (mai 2021).

Söderholm, E. (2014): Kainun kielen grammatikki. Helsingfors: Suomalaisen kirjallisuuden seura.

Tegnordbok.no. Statped.

<https://www.minetegn.no/Tegnordbok-2016/> (mai 2021).

Termportalen. Språksamlingane,

Universitetet i Bergen. <https://term.uib.no/> (mai 2021).

Theil, R. (red.) (2014): *Vandriane rakkrar.*

Taterne forteller / Taterane fortel. Oslo: Novus.

Trosterud, T. (2019) Kva bruker vi minoritetsspråksordbøker til? Ein studie av brukarloggane for tolv tospråklege ordbøker. I: *LexicoNordica* 26:177–198.

<https://tidsskrift.dk/lexn/article/view/117526/170389>
(mai 2021).

Udir (2020): *Nasjonale minoriteter. Informasjon til ansatte i barnehager og skoler.* Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/nasjonale-minoriteter/> (mars 2021).

Udir (udatert): *Le rom.* https://www.udir.no/globalassets/filer/laring-trivsel/nasj.-min/nasjonale_minoriteter_roman.es.pdf (mai 2021).

UiB (2021a): E-post frå Universitetet i Bergen v/Peder Gammeltoft 8.2.2021.

UiB (2021b): E-post frå Universitetet i Bergen v/Paul Meurer 18.3.2021.

Universitets- og høgskulelova = *Lov om universiteter og høyskoler.* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15/> (mars 2021).

Vinde, E.C.K. (2000): *Syv eller sju? – og mye mer: språknormer og språkpraksis i norsk presse.*

Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.

Volven. Direktoratet for e-helse.

<https://volven.no/> (mai 2021).

Vonen, A.M. (2020): *Norsk tegnspråk – en grunnbok.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Wiedner, J. (udatert): *Norsk Romani Ordbok.*

<https://app.uio.no/hf/nro/index.php?lang=nor> (mai 2021).

TILBAKE TIL INNHOLD

NOREG OG VERDA



Det norske språksamfunnet eksisterer ikkje i eit vakuum. Språka våre er i slekt med språk i nabolanda, og er ein del av språkmangfaldet i verda. Norsk språkpolitikk blir utvikla i kontakt med språkpolitikken i nabolanda og resten av verda, gjennom språkpolitisk samarbeid og innanfor rammene av internasjonale avtalar. Dette kapittelet dreier seg om denne kontakten mellom Noreg og verda, og det viser korleis norsk språkpolitikk og språkarbeid fungerer i eit vidare perspektiv.

Dei nordiske landa er knytte nært til kvarandre politisk, kulturelt og språkleg. Den nye språklova (Prop. 108 L (2019–2020)) legg opp til å styrkje banda mellom landa ved å slå fast at danskar og svenskar skal kunne kommunisere med styresmaktene i Noreg på morsmålet sitt.

Men Norden har fleire språk enn berre dei nordiske. I Norden finst det mellom anna mange finsk-ugriske språk, inkludert fleire av Noregs minoritetsspråk, som kvensk og dei samiske språka, fleire språk av romsk opphav, som romani og romanes, og ulike teiknspråk. Fleire av desse minoritetsspråka blir tala på tvers av landegrensene i Norden, og ein språkpolitikk som skal verne desse språka, krev derfor ein del samarbeid. I eit større perspektiv er vern og fremjing av nordiske minoritetsspråk ein del av ein global innsats for å sikre og styrkje språkmangfaldet i verda. Noreg har slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar og konvensjonar som skal verne minoritetar og språka deira, og Språkrådet samarbeider tett med dei andre språknemndene i Norden gjennom det ministerrådsfinansierte Nettverket for språknemndene i Norden (NSN).

Noreg er dessutan medlem av fleire internasjonale organisasjonar, grupper og samarbeidsprogram på ulike språkpolitiske fagfelt, som den internasjonale ekspertgruppa UNGEKN, den europeiske organisasjonen EFNIL, klarspråksorganisasjonen PLAIN og europeiske samarbeidsprosjekt som CEF Telecom og ELG. Aktivitetane her er med på å styrkje det heimlege arbeidet på dei same felta.

Nordisk samarbeid og nabospråksforståing

Nordisk samarbeid om språkspørsmål har lange røter. Nordiske språkmøte vart haldne kvart år frå 1954 til 2016, men har frå då av vore organiserte annakvart år. Språknemndene i dei nordiske landa og tilsvarande institusjonar har heile tida vore sentrale aktørar i samarbeidet. Det har vore politisk semje om at dette samarbeidet er viktig for å halde oppe den nordiske språkfellesskapen. Denne fellesskapen er eit viktig trekk ved dei nordiske landa, og dette er understreka i meldingsdelen av Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk, kapittel 2.1:

Den nordiske språkfellesskapen fremjar tillit og mobilitet og legg eit viktig grunnlag for utdanningsfellesskap og felles arbeidsmarknad. I tillegg vil den nordiske språk- og kulturfellesskapen gjere oss i stand til å løyse mange felles samfunnsutfordringar.

I Nordisk ministerråds handlingsplan for 2021–2024 (Nordisk ministerråd 2020) er det sett opp ein visjon om at Norden fram mot 2030 skal bli den mest berekraftige og integrerte regionen i verda. Ein måte å oppnå dette på er ifølgje planen å føre saman nordiske aktørar for at dei skal lære av kvarandre og få betre forståing for kvarandre på tvers av dei nordiske landa. Språk er ikkje nemnt i handlingsplanen, men god nabospråksforståing kan gje Norden viktige konkurransefordømoner.

Nordisk ministerråd har ansvar for arbeid på utdannings-, kultur- og språkfeltet og står såleis for mykje av samarbeidet på språkfeltet. Fleire tiltak som skal styrkje den nordiske språkforståinga, får årlege løyvingar direkte eller indirekte frå Ministerrådet. Ministerrådet er partner i Nordisk Film og TV Fond, som kan gje støtte til prosjekt som blir distribuerte i minst to nordiske land. I støtteprogrammet Volt blir barn og unge involverte i kultur- og språkprosjekt. Det finst også støtteordningar til nordiske språktiltak ved institusjonar som Nordplus Nordens språk og Nordplus

junior. Andre fond som stør nordiske tiltak på språkområdet, er Letterstedtska föreningen og Clara Lachmanns fond.

Eit sentralt grunnlagsdokument for nordisk språksamarbeid er den nordiske språkdeklarasjonen (Nordisk ministerråd 2006). Deklarasjonen er underskriven av utdanningsministrane og/eller kulturministrane i dei nordiske landa og dei tre sjølvstyrte områda Færøyane, Grønland og Åland. Dokumentet gjev retningslinjer for ein samla nordisk språkpolitikk for framtida. Sentralt i deklarasjonen står styrking av den nordiske språkfellesskapen.

Den nordiske språkkonvensjonen (Språkkonvensjonen 1987) er også eit viktig underlag for nordisk språksamarbeid. Konvensjonen omfattar språka dansk, finsk, islandsk, norsk og svensk, og artikkel 2 i konvensjonen sikrar at nordiske statsborgarar skal kunne bruke morsmålet sitt i kontakt med styresmakter i eit anna nordisk land.

Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet har lenge samarbeidd med dei andre nordiske språknemndene. Samarbeidet har vore organisert på ulike måtar sidan midten av nittenhundralet, og aktiviteten har gått opp og ned (Agazzi ofl. 2014). I dag skjer storparten av samarbeidet gjennom Nettverket for språknemndene i Norden (NSN). Nettverket består av medlemmer frå språknemndene i dei fem nordiske landa og tilsvarande institusjonar for språka færøysk, grønlandsk og samiske språk. Aktivitetane i nettverket er finansierte via årlege løyvingar frå Nordisk ministerråd. Løyvingane kjem frå ein budsjettpost som er øyremerkd nordisk språksamarbeid, og i denne budsjettperioden deler nettverket midlane frå budsjettposten med mellom anna tiltaka eller prosjekta *Nordkurs*, *Nordiske språkpiloter*, *Nordspråk*, *Nordisk teiknspråknettverk* og *Små språk i Norden*.

Med utgangspunkt i Nettverket for språknemndene i Norden er det danna arbeidsgrupper for ulike fagområde. Ei av gruppene arbeider med klart språk i offentleg sektor. Arbeidsgruppa for språkteknologi

i Norden (Astin) arbeider med språkteknologiske spørsmål som er av felles interesse for dei nordiske språka. Det nordiske teiknspråknettverket var tidlegare nært knytt til hovudnettverket for språknemndene, men har no fått ei meir sjølvstendig stilling, mellom anna med eiga finansiering frå Nordisk ministerråd. Utanom nettverket deltek Språkrådet i styringsgruppa for det nordiske terminologiforumet Nordterm (www.nordterm.net).

Sidan 1970 har nettverket gjeve ut tidsskriftet *Språk i Norden*, som blir redigert av dei nordiske sekretærene i språknemndene. Artikkane blir skrivne på norsk, dansk og svensk, og innhaldet er konsentrert om eit språktema. Frå og med 2012 er tidsskriftet berre tilgjengeleg elektronisk.

Ein fast aktivitet i nettverket er det nordiske språkmøtet, ein konferanse som går på omgang mellom dei nordiske landa og blir arrangert av språknemnda i arrangørlandet i samarbeid med nettverket. Kvar konferanse har eit språkfagleg tema, og innlegga på konferansen dannar grunnlaget for artikkane i *Språk i Norden* året etter.

Leiarskapet i nettverket følgjer leiarskapet i Nordisk ministerråd. I 2021 har Finland hatt formannskapet i ministerrådssamarbeidet, og det finske Institutet for de inhemska språken har dermed leia NSN. I 2022 tek Noreg over formannskapet i Nordisk ministerråd, og då står det norske Språkrådet for tur til å leie NSN.

Utviklinga frå 2017

Utviklinga av naboSpråksforståinga i Norden

I *Språkstatus 2017* (Språkrådet 2017) vart det slått fast at naboSpråksforståinga i Norden var svekt. Stortingsmeldinga *Mål og mening* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)) viste til undersøkingar som konkluderte med at naboSpråksforståinga i Danmark og Sverige vart svekt mellom 1972 og 2003, men at situasjonen i Noreg var uendra (kapittel 11.2). Mykje kan tyde på at naboSpråksforståinga er vorten dårlegare også i Noreg dei seinaste åra. I ei brukar- og befolkningsunder-

søking som vart gjennomført av Opinion på oppdrag frå Språkrådet (Språkrådet 2018), kom det fram at ein av tre nordmenn under 40 år ofte byter til engelsk når dei snakkar med danskar. Langt færre av dei over 40 gjer det same. Kvar tredje respondent meiner at det er vanskeleg å forstå dansk tale, og berre ein tredel meiner at dansk er lett å forstå. Det er vanlegare å leggje om til engelsk enn å mottakartilpasse språket i danskspråkleg retning. Denne tendensen er sterkast blant dei som er under 30 år. Når det gjeld svensk, er situasjonen annleis. Det ser ut til at dei fleste framleis forstår svensk godt. Meir enn 80 prosent av respondentane i undersøkinga meiner at det er lett å forstå svensk tale. Få nordmenn over 30 år legg om til engelsk når dei snakkar med svenskar, men blant dei under 30 er det meir bruk av engelsk.

Ei spørjeundersøking som nyleg er gjort blant meir enn 2000 unge frå heile Norden i alderen 16–25 år (Frøshaug og Stende 2021), viser at forståinga av dei skandinaviske språka varierer kraftig mellom dei nordiske landa. 62 prosent av dei unge i heile Norden synest det er lett å forstå norsk. Om lag like mange synest det er lett å forstå svensk, mens berre 26 prosent synest det er lett å forstå dansk. Til samanlikning meiner 95 prosent at engelsk er lett å forstå. 65 prosent svarar at det iblant er enklare å uttrykkje seg på engelsk enn på morsmålet. Nordmenn og færingar har best språkforståing, men i undersøkinga kjem det fram at også unge nordmenn (36 prosent) brukar ein del engelsk når dei møter nokon som snakkar eit anna skandinavisk språk.

I Finland, på Grønland og på Island er det ganske mange som er usamde i at det er lett å forstå eitt eller fleire skandinaviske språk. Berre 23 prosent av unge i Sverige meiner det er lett å forstå dansk, mens 40 prosent av unge i Danmark meiner det er lett å forstå svensk.

Årsaker til svekt naboSpråksforståing

I *Språkstatus 2017* vart framveksten av engelsk som fellesspråk peika på som ei mogleg årsak til den svekte naboSpråksforståinga. Det same kjem fram i Frøshaug

«Eit auka samarbeid om utvikling av terminologi og fagspråk på dei nordiske språka vil hindre at engelsk terminologi får feste seg på utsette samfunnsområde.»

og Stende (2021). Ungdom er storforbrukarar av plattformar som YouTube, Netflix og dataspel, og der er engelsk svært synleg. Samstundes har det ikkje vore mogleg å nå målet om at offentleg finansierte TV-kanalar i Norden skal vere automatisk tilgjengelege i Norden.

Fornyinga av læreplanane i skulen er no fullført. Hovudlinja i revisjonen har vore å redusere talet på kompetansemål til fordel for meir fordjuping i kjerneelementa i faga. Under revisjonsprosessen såg det ut til at dette ville gå ut over dei kompetansemåla i norskfaget som gjaldt nabo- og språkforståing. I dei endelege norskplanane har desse kompetansemåla stort sett overlevd. Det gjev likevel ikkje grunn til å tru at nabo- og språkundervisninga i den norske skulen utan vidare vil få eit løft.

Ein statusrapport for undervisninga i nordiske nabo- og språk ved universitet og høgskular i Norden (Hannesdóttir og Mose 2019) viser at talet på morsmålstalende nabo- og språklærarar har auka noko sidan 2009, etter at dette talet hadde gått kraftig ned mellom 2002 og 2009. Men tendensen er at fast tilsette lektorar i nabo- og språk ved universitet og høgskular må vike for timelærarar. Rapporten konkluderer med at visjonen om undervisning i nordiske nabo- og språk ved høgare utdanningsinstitusjonar er langt frå oppfylt, sidan det framleis er altfor få nabo- og språkskunnige lærarar i skulen. Dette gjeld også for Noreg. Om nabo- og språkundervisninga i den norske skulen skal kunne bidra til å halde oppe den nordiske språkfellesskapen og opp-

fylle måla i læreplanane, trengst det lærarar med god og rett kompetanse.

Samarbeid på andre felt

Det er mykje godt språksamarbeid mellom nordiske aktørar. Dei siste to åra har programmet *Nordplus Nordens språk* innvilga fleire søknader om støtte. Samarbeid for å fremje bruken av nordiske språk blant barn og unge blir prioritert i programmet. Medan 15 søknader vart innvilga i 2017, vart det gjeve støtte til 21 søknader både i 2019 og 2020. Totalt har 73 søknader vorte innvilga i perioden 2017–2019. Norske organisasjonar eller institusjonar har delteke i 48 av prosjekta som har fått støtte (Diku Nordplus 2021).

Nettverket for språknemndene i Norden driv ikkje med arbeid som er direkte retta mot barn og unge. Det heng saman med at språknemndene som statlege organ får føringar frå sine respektive departement om kva for arbeidsoppgåver dei skal prioritere, og arbeid som er retta direkte mot barn og unge, er ikkje blant dei prioriterte oppgåvene. Språknemndene arbeider i stor grad med sektorovergripande samordning og overordna tiltak. Direkte tiltak som arrangement og aktivitetar for enkelte språkbrukargrupper kjem dermed i liten grad inn under arbeidsoppgåvene til nemndene. Språknemndene steller likevel med dei språkpolitiske arbeidsfeltene som er nemnde i den nordiske språkdeklarasjonen.

I 2020 vedtok nettverket ein strategi for arbeidet i perioden 2020–2024 (Nettverket for språknemndene

i Norden 2020). Strategien slår fast at nettverket både skal vere eit forum for informasjonsutveksling mellom språknemndene og eit forum for samarbeid om konkrete språkprosjekt som direkte eller indirekte kan stø arbeidet i kvart medlemsland. Nettverket skal også arbeide i tråd med måla i den nordiske språkdeklarasjonen, i tillegg til å bidra til å halde oppe den nordiske språkfelleskapen og den nordiske nabospråksforståinga. I perioden 2020–2024 ønskjer nettverket særleg å styrkje samarbeidet innanfor områda *språkteknologi og leksikografiske ressursar, terminologi og fagspråk, klarspråk, nyord, språkpolitikk og fleirspråklegheit*.

Det nordiske klarspråkssamarbeidet er organisert som eit nettverk av representantar frå språknemndene i Norden. Det nordiske samarbeidet om klarspråk er forankra i den nordiske språkdeklarasjonen, og mykje av klarspråksarbeidet i Noreg er drive fram etter inspirasjon frå nordiske naboar.

I andre nordiske land har klarspråksarbeidet vore i sving i fleire tiår. Spesielt Sverige har lenge stått i ei særstilling når det gjeld klarspråksarbeid. Den svenske språklova frå 2009 inneheld ein paragraf om at styresmaktene skal uttrykkje seg klart og forståeleg.

Sidan 1998 har nettverket samarbeidd om nordiske klarspråkskonferansar for å oppdatere kvarandre og dele erfaringar. Samarbeidet og erfaringane frå heile Norden kjem til nytte når forvaltninga skal lage gode tekstar og tenester for innbyggjarane i Noreg. Erfaringsutvekslinga blir særleg viktig i tida framover, når den nye språklova skal implementerast.

Nettverket av klarspråkskontaktar brukar kvarandre som støttespelarar og sparringpartnarar i ymse saker, til dømes i arbeidet med den komande ISO-standarden for klart språk (ISO-standarden 2021).

Rammevilkår for samarbeid

Rammevilkåra for språksamarbeidet, og dermed for nettverkssamarbeidet, har endra seg ein del sidan 2017. Ministerrådet har lenge prioritert tiltak retta direkte mot barn og unge når dei har tildelt økonomisk

støtte. Prioriteringa av tiltak for barn og unge er videreført i språkdelen av Ministerrådets nordiske samarbeidsprogram for 2019–2023 (Nordisk ministerråd 2019). Samstundes vart koordinatorfunksjonen Nordisk språkkoordinasjon lagd ned då det nye samarbeidsprogrammet tok til å gjelde i 2019. Etter det har sekretariatet i Ministerrådet teke seg av dei administrative funksjonane språkkoordinasjonen sytte for. Då Nordisk språkkoordinasjon vart lagd ned, forsvann også nettstaden som nettverket bruka til informasjon om aktivitetane sine.

Dei nordiske språkmøta, som fram til 2016 var årlege, blir på grunn av ressursituasjonen no arrangerte berre annakvart år. I mellomåra har nettverket ei fagleg samling som førebuing til språkmøtet året etter. Aktiviteten i arbeidsgruppene til nettverket må drivast med tildelte midlar frå ymse fond etter søknad. Arbeidsgruppa Astin har lege nede nokre år, men vart reetablert i 2019 i samband med at det 65. nordiske språkmøtet, som var planlagt i Oslo i 2020, skulle ha språkteknologi som tema.

Moglegheiter og utfordringar

Det er ikkje mangel på politisk vilje til å verne og styrkje den nordiske språkfelleskapen, slik det har vore uttrykt i ulike måldokument fram til no. Like fullt blir nabospråksforståinga i Norden meir og meir svekt, også i Noreg. Den omfattande bruken av engelsk legg press på språka i Norden på fleire samfunnsområde og er ei av årsakene til at kjennskapen til nabospråka blir dårlegare.

Det trengst meir nordisk språksamarbeid for å stå imot presset frå engelsk. Til dømes vil eit betre samarbeid om språkteknologiske løysingar bidra til å styrkje dei samfunnsberande språka i Norden mot presset frå engelsk. Eit betre samarbeid vil dessutan kunne gjere dei nordiske språka meir synlege på flater og i kanalar som er mykje i bruk blant dei unge. Eit auka samarbeid om utvikling av terminologi og fagspråk på dei nordiske språka vil hindre at engelsk terminologi får feste seg på utsette samfunnsområde. Både språkteknologi og terminologi/fagspråk er høgt prioriterte tema for

«Det kan skape eit press for å gjere nabospråksundervisninga i skulen betre, særleg i Noreg. Slik kan den nye språklova i Noreg bli eit steg på vegen mot ei styrking av den nordiske språkfelleskapen.»

Nettverket for språknemndene i Norden no og i dei komande åra. Arbeidsgruppa Astin har fått ei viktig rolle i gjennomføringa av det 65. nordiske språkmøtet, som skal haldast digitalt i august 2021, og som er vigd til språkteknologi. Nettverket vil også samarbeide meir med Nordterm for å styrkje arbeidet med terminologi og fagspråk.

Den nye språklova (Prop. 108 L (2019-2020)) har ein paragraf om skandinaviske språk, som seier at alle har rett til å bruke svensk eller dansk i skriftleg og munnleg kontakt med offentlege organ i Noreg. Dei offentlege organa skal kunne svare på norsk. Med dette vil intensjonen i artikkel 2 i den nordiske språkkonvensjonen materialisere seg i norsk lov. Om lovparagrafen skal fungere meir effektivt enn artikkelen i språkkonvensjonen har gjort, må offentleg tilsette i Noreg kunne forstå dansk og svensk godt. Dessutan må dei som vender seg til eit offentleg organ i Noreg på dansk eller svensk, kunne forstå det norske svaret dei får. Det kan skape eit press for å gjere nabospråksundervisninga i skulen betre, særleg i Noreg. Slik kan den nye språklova i Noreg bli eit steg på vegen mot ei styrking av den nordiske språkfelleskapen.

Internasjonalt teiknspråksamarbeid

Deklarasjon om nordisk språkpolitikk (Nordisk ministerråd 2006) stadfestar at «[d]et er viktig at også tegnspråkene får en sterk stilling» (s. 64).

Eit nordisk teiknspråknettverk (NTN) tek hand om det nordiske teiknspråklege samarbeidet mellom språknemndene. Medlemmene i nettverket møtest to gonger i året og utvekslar informasjon. Dei siste åra har hovudtemaet vore den tilgangen barn og unge har til teiknspråk. Brukarorganisasjonane til dei teiknspråklege i Norden møtest to gonger i året i Døves Nordiske Råd (DNR) og Døves Nordiske Ungdomsråd (DNUR).

Døves Nordiske råd (DNR), Døves Nordiske Ungdomsråd (DNUR) og det nordiske teiknspråknettverket (NTN) samarbeider om teiknspråkprosjektet *Nordisk TegnTube*, der målet er å skape merksemd om dei nordiske teiknspråka som blir snakka av unge frå 12 til 20 år. Prosjektleiaren arbeidde til juni 2020 i Dansk Sprognævn. Prosjektet *Nordisk TegnTube* blir finansiert av Nordplus og Nordisk ministerråd. Nordiske ungdommar bruka tidlegare nordiske teikn, men det ser ut til at desse teikna dei seinare åra er vortne fortregnde av amerikansk teiknspråk (ASL) og International Sign.

Det blir henta inn kunnskap om tilgangen til teiknspråk i Norden. Prosjektet *Kunnskapsoppsummering om nordiske barn og unges tilganger til tegnspråk* er forankra ved Institutt for internasjonale studium og tolkeutdanning på Oslomet – storbyuniversitetet. Prosjektet er finansiert av både det nordiske nettverket for teiknspråk, Språkrådet og Oslomet. Oslomet har stilt ressurspersonar til rådvelde.

Verdshelseorganisasjonen (WHO) har i 2021 gjeve ut ein verdsrapport om høyrsel (World Health Organization 2021). Rapporten anerkjenner og fremjar teiknspråka i verda. World Federation of the Deaf, WFD viser til at tilgang til teiknspråk frå fødselen er ein grunnleggjande menneskerett, og at teiknspråka må bli fullt ut anerkjende og integrerte i alle delar av livet og livsfasane. Ifølgje WFD må alle døve barn og familiane deira få tilgang til teiknspråk.

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* stadfestar at «[i] tillegg til å gje norsk teiknspråk høgare status i Noreg er det også behov for å arbeida internasjonalt for å gje teiknspråk generelt ei sterkare folkerettsleg stilling» (s. 237). Teiknspråka manglar ei folkerettsleg europeisk anerkjenning og står ikkje oppførte i den europeiske minoritetsspråkpakta.

Internasjonalt samarbeid om minoritetsspråk

Nordisk samarbeid

Minoritetsorganisasjonar og ulike institusjonar i dei nordiske landa samarbeider mykje om dei enkelte minoritetsspråka. På institusjonsnivå kan samarbeidet over landegrensene gjerne systematiserast og strukturert endå meir. Det nordiske samarbeidet er verdifullt, og det har hatt positive ringverknader både for språkbrukarane og for minoritetsspråka. Samarbeidet mellom Övertorneo kommune, Uleåborgs universitet og Kvensk institutt, «samarbeidsplattform for minoritetsspråk på Nordkalotten 2020–2021», er organisert som eit Interreg Nord-prosjekt. Hovudmålet med det

prosjektet er å løfte og styrkje meänkieli og kvensk. Kvääninuoret – Kvenungdommen har hatt samarbeid med Met Nuoret og skipa til ein felles språkleir.


Utfordringa med mange finansieringsmodellar på nordisk nivå er at dei krev samarbeid mellom minst tre nordiske land. Dersom eit prosjekt har som føremål å etablere språksamarbeid mellom Noreg (for kvensk, romanes eller romani) og Sverige (for meänkieli og dei tilsvarande variantane av romanes og romani i Sverige), er eit samarbeid mellom desse to landa naturleg. Eit slikt prosjekt vil dermed ikkje kvalifisere til økonomisk støtte under ordningar som krev samarbeid mellom minst tre nordiske land. Skal ein involvere fleire land i aktuelle samarbeidsprosjekt, må temaet for prosjektet vere litt meir generelt.

Embetsmannskomiteen for utdanning og forskning (EK-U) i Nordisk ministerråd starta i 2018 ei særleg satsing på kultur- og utdanningsområdet for å revitalisere og styrkje små språk i Norden. Føremålet med initiativet er å auke medvitet om, interessa for og kunnskapen om korleis utdanning og kultur kan bidra til å revitalisere og styrkje små språk i Norden. Satsinga skal bidra til å styrkje dei nasjonale minoritetsspråka og dei nordiske små språka, utvikle det tverrsektorielle, nordiske samarbeidet og styrkje den nasjonale oppfølginga av målsetjingar i den nordiske språkdeklarasjonen. Denne satsinga skal mellom anna gjere mønsterpraksis kjend, formidle kunnskap mellom relevante nasjonale styresmakter og institusjonar og føre til tilrådingar til kommunar, regionar, skular og kulturaktørar.

Norske minoritetsspråk og internasjonale avtalar

Minoritetsspråka i Noreg er i første rekkje dekte av *Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta)* (Europarådet 1992). Dette er ei pakt som skal sikre at styresmaktene i deltakarlanda vernar og fremjar minoritetsspråka. «Regions- og minoritetsspråk» er i pakta definerte som språk som tradisjonelt har vorte bruka av eit minoritetsfolk i ein stat, og som skil seg frå det offisielle språket i staten. Denne definisjonen gjer at pakta ikkje

«Artikkel 30 i *FNs konvensjon om barnerettane (barnekonvensjonen)* slår fast at barn som høyrer til ein språkleg minoritet og/eller ei urfolksgruppe, ikkje skal kunne nektast å bruke sitt eige språk.»



dekkjer dialektar av det offisielle språket, eller nyare minoritetsspråk. Pakta vart vedteken i 1992, Noreg ratifiserte henne i 1993, og ho tok til å gjelde frå 1. mars 1998. Med jamne mellomrom rapporterer Noreg til Europarådet om gjennomføringa av pliktene i minoritetsspråkpakta. Førre rapport vart send i 2020 (KMD 2020b).

Pakta er delt i fleire delar. Del I gjev generelle definisjonar, medan del II og del III gjev spesifikasjonar om kva slags rettar dei dekte minoritetsspråka har når det gjeld vern og fremjing. Somme språk er dekte av del II, men ikkje del III, andre av både. Del II sikrar generelle rettar til vern og fremjing for dei dekte språka, i skriftleg og munnleg bruk i privat og offentleg verksemd, i utdanningssektoren og på andre felt, men utan å nemne spesifikke tiltak. Del III inneheld ei omfattande liste med paragrafar som spesifiserer slike tiltak på felt som utdanning, rettsvesen, offentleg administrasjon, medium osv. Om eit språk er dekt av del III av pakta, bind partane seg til å oppfylle minst 35 av desse paragrafane. Eit språk som berre er dekt av del II, har derfor ingen slike spesifikke tiltak sikra gjennom pakta, sjølv om pakta framleis sikrar ein omfattande grad av meir generelt vern og fremjing av språket på fleire felt

i samfunnslivet (Europarådet 1992, del I (Artikkel 2 & Artikkel 3), del II & del III).

I Noreg er det seks minoritetsspråk som er dekte av pakta: nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk, kvensk, romani og romanés (KMD 2020a). Av desse språka er det per i dag berre nordsamisk som er dekt av del III, men Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og enkelte andre departement har sidan 2018 arbeidd med ei utgreiing om lulesamisk, sørsamisk og kvensk skal oppgraderast til å bli omfatta av del III. Utgreiinga blir gjennomført i samråd med Sametinget og andre institusjonar og organisasjonar som dette spørsmålet vedkjem (KMD 2020b).

Dei offisielle minoritetsspråka i Noreg (urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka) er òg sikra vern gjennom ei rekkje andre internasjonale avtalar. Her følgjer ei kort oversikt over dei viktigaste:

Artikkel 28 i *ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar* (ILO 1989) sikrar retten urfolk og stammefolk har til å få undervisning på sitt eige språk. Artikkelen sikrar òg vern og fremjing generelt av språket. Denne ILO-konvensjonen vart

ratifisert av Noreg i 1990, og gjeld her i landet for samane.

Artikkel 13 i *FN-erklæringa om rettane til urfolk* (FN 2007) tryggjer retten urfolk har til å gjenopplive, bruke og utvikle sine eigne språk, og gjev statane påbod om å arbeide for at desse rettane blir oppfylte. Artikkel 14 sikrar rettane til undervisning på språket til urfolket, og artikkel 16 sikrar urfolk tilgang til å opprette medium på sitt eige språk. Erklæringa vart vedteken i 2007, og gjeld i Noreg for samane som Noregs urfolk.

Den europeiske rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar (rammekonvensjonen) (Europarådet 1995) sikrar rettane nasjonale minoritetar har til mellom anna å fritt kunne bruke sitt eige språk (artikkel 10), få offentleg informasjon på dette språket (artikkel 10), kunne bruke personnamn og stadnamn på språket (artikkel 11) og få undervisning i det (artikkel 14). Noreg ratifiserte rammekonvensjonen i 1999, og her i landet gjeld konvensjonen for alle dei fem nasjonale minoritetane i Noreg: kvenene/norskfinnane, taterane/romanifolket, romane, jødane og skogfinnane. Derfor gjev rammekonvensjonen òg språkleg støtte til jødane og skogfinnane, sjølv om jiddisk, hebraisk og skogfinsk ikkje er offisielle minoritetsspråk i Noreg og ikkje er dekte av minoritetsspråkpakta.

Artikkel 30 i *FNs konvensjon om barnerettane (barnekonvensjonen)* (FN 1989) slår fast at barn som høyrer til ein språkleg minoritet og/eller ei urfolksgruppe, ikkje skal kunne nektast å bruke sitt eige språk. Også fleire andre artiklar i barnekonvensjonen sikrar rettane barn har til eige språk. Konvensjonen vart vedteken av FN i 1989.

Europeisk språkorgansamarbeid

Språkrådet deltek i European Federation of National Institutions of Language (EFNIL), eit europeisk samarbeidsforum for institusjonar som har eit formelt ansvar for dei offisielle nasjonalspråka i dei europeiske landa. Gjennom EFNIL har Språkrådet eit europeisk

kontaktnett for å utveksle informasjon om språkbruk og språkpolitikk i Europa. Språkrådets direktør er medlem av styret i EFNIL.

EFNIL arrangerer ein årleg konferanse. I 2020 og 2021 vart konferansen gjennomført digitalt. Tema for konferansen i 2021 var «Language in the Corona Crisis».

EFNIL koordinerer to europeiske prosjekt: *European Language Monitor (ELM)* og *European Languages and their Intelligibility in the Public Space (ELIPS)*. I begge desse prosjekta blir EFNILs medlemsinstitusjonar bruka til å koordinere datainnsamlinga frå sine respektive land.

ELM gjev ei oversikt over lovverk som regulerer språk og språkplanlegging i dei ulike europeiske landa. ELM gjev eit bilete av kva regulering som finst av språk i skulen, i høgare utdanning, i medium, næringsliv og IKT. ELM viser òg kva språk som har status som offisielt språk og minoritetsspråk i dei ulike landa. Datainnsamlinga til ELM starta med eit pilotprosjekt i 2004 og er sidan den gongen oppskalert og gjennomført tre gonger, i 2012, 2014 og 2019. Det er planlagt ei ny datainnsamling i 2021. Språkrådet har ein medlem i arbeidsgruppa til ELM.

ELIPS kartlegg korleis dei europeiske språka blir bruka i kommunikasjon frå offentlege styresmakter i dei ulike landa. Dataa som blir samla inn, viser korleis landa gjer bruk av klart språk og klart lovspråk i kommunikasjonen med innbyggjarane. ELIPS er førebels gjennomført ein gong, i 2017.

EFNIL deltek også i konsortiet for prosjektet *European Language Equality (2021–2022)*. Prosjektet har som mål å utvikle ein strategisk forskings-, innovasjons- og implementeringsplan for å nå målet om digital språkleg likestilling for europeiske språk innan 2030.

ELM-utgåve →	ELM 1 2004	ELM 2 2012	ELM 3 2014	ELM 4 2019
Innsamlingsperiode →	2003-2004	2008-2009	2012-2013	2017-2018
Tilgong på resultatane →	Ikkje tilgjengelege	Artiklar	På nett	På nett + artiklar
DELTAKAR- LAND		Austerrike	Austerrike	Austerrike
		Belgia (FL/FR)	Belgia	Belgia (FL)
			Bulgaria	Bulgaria
		Danmark	Danmark	Danmark
		Estland	Estland	Estland
		Finland	Finland	Finland
	Frankrike		Frankrike	
		Hellas	Hellas	Hellas
		Irland	Irland	
		Island	Island	Island
	Italia	Italia	Italia	
		Kypros	Kypros	
		Latvia	Latvia	Latvia
		Litauen	Litauen	Litauen
		Luxembourg		Luxembourg
			Malta	
	Nederland	Nederland	Nederland	Nederland
		Norge	Norge	Norge
		Polen	Polen	
			Portugal	Portugal
			Romania	Romania
		Slovakia	Slovakia	Slovakia
		Slovenia	Slovenia	Slovenia
	Storbritannia	Storbritannia	Storbritannia	
Sverige	Sverige	Sverige	Sverige	
	Tsjekkia	Tsjekkia	Tsjekkia	
Tyskland	Tyskland	Tyskland	Tyskland	
	Ungarn	Ungarn	Ungarn	
Totalt	5	23	27	21

Europeisk språkmonitor



European Language Monitor – eller europeisk språkmonitor på norsk – er eit EFNIL-prosjekt som etter kvart har samla inn ei monnaleg mengd data som eignar seg godt når ein skal samanlikne regulering av europeiske språk i ulike samfunnssektorar. Tabellen på førre side viser kva land som har svara på spørsmåla i den europeiske språkmonitoren (EFNIL).



Den siste versjonen av den europeiske språkmonitoren ((European Language Monitor 2019) inneheld dei

sist oppdaterte opplysningane. Figurane nedanfor viser nokre hovudfunn.

I 12 av landa som har rapportert inn til undersøkinga (55 prosent), slår grunnlova fast kva som er det offisielle språket eller dei offisielle språka, sjå den øvste figuren på denne sida.

14 land (63,6 prosent) har ein lov som regulerer kva språk som skal brukast i offentleg sektor, medan 6 (27 prosent) ikkje har det, sjå den nedste figuren på denne sida.





Figurane over viser i kva grad det finst reguleringar i skulen og høgare utdanning som gjev dei offisielle språka i dei ulike landa status som undervisningsspråk. På barnesteget (1.-7. steget) er det 18 land (82 prosent) som svarar at det offisielle språket eller dei offisielle språka i landet har lovfesta status som undervisningsspråk.

På universitetsnivå rapporterer 14 land (64 prosent) at det offisielle språket eller dei offisielle språka i landa har lovfesta status som undervisningsspråk.

Tabellen på neste side viser kva prosentdel av emne i høgare utdanning som blir undervist på engelsk i dei ulike europeiske landa. Noreg har ikkje tilgjengelege tal for dette og har derfor ikkje svara på spørsmålet,

	4.4.1.	4.4.2.	4.4.3.	4.4.4.
Land	Totalprosent	Humaniora	Samfunnsfag	Realfag
Austerrike	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Belgia	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Bulgaria	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Danmark	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %	Meir enn 75 %
Estland	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %
Finland	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 51-75 %
Hellas	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Island	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Latvia	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %
Litauen	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Luxembourg	Ikkje noko svar	Mellom 26-50 %	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %
Nederland	Mellom 51-75 %	Mellom 51-75 %	Mellom 51-75 %	Mellom 51-75 %
Norge	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Portugal	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Romania	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Slovakia	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Slovenia	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %
Storbritannia	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %
Sverige	Mellom 51-75 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %
Tsjekia	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Tyskland	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %
Ungarn	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %

men det er kjent at fordelinga mellom norsk og engelsk innanfor humaniora, samfunnsfag og realfag i høgare utdanning i Noreg har same tendens som i tabellen. Meir informasjon om tilhøvet mellom norsk og engelsk i høgare utdanning finst i kapittelet «Høgare utdanning».

Europeisk språkteknologisamarbeid

«I dagens globaliserte samfunn samhandlar vi i større grad enn før på tvers av landegrenser, kulturar og språk. Språkteknologi kan bidra til å lette kommunikasjon og samhandling over språk- og landegrenser gjennom maskinomsetjing. Norsk språk må vere rusta til å delta i slik global digital kommunikasjon. Språkteknologi legg til rette for å byggje ned språklege barrierar for samhandling, samtidig som han sikrar framleis fri og utstrekt bruk av det enkelte språket.» (Prop. 108 L (2019–2020):42–43).

CEF Digital, ELRC og eTranslation

Noreg er med i EU-programmet CEF Digital, eit samarbeid om europeisk, digital infrastruktur. Ein føresetnad for kommunikasjon over landegrensene er automatisk omsetjing og tilpassing av fagtermar til internasjonale standardar. Den automatiske omsetjinga heiter eTranslation, og programvara er laga som ein byggjekloss: Målet er at modulen skal kunne integrerast i ulike grensekryssande digitale tenester, og at offentleg tilsette skal kunne bruke modulen i vanleg saksbehandling som skal byggjast inn i andre delar av den digitale infrastrukturen der det er nødvendig. Til dømes kan eTranslation byggjast inn i ein forbrukarportal, slik at forbrukaren kan skrive klage på eit produkt på norsk og få det automatisk omsett til språket i det landet som klagen blir send til. eTranslation skal i prinsippet omsetje til og frå alle dei europeiske nasjonalspråka. Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som er ansvarleg for oppfølginga av norsk deltaking i CEF Digital.

Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og Språkrådet representerer Noreg i ELRC, som samlar inn ressursar til eTranslation, og har arbeidd for å auke medvitet om kor viktige språkressursar – inkludert omsetjingsminne og fagspråk (terminologi) – er for den automatiske omsetjinga. Det er aukande interesse for å ta i bruk eTranslation og for å sende inn omsetjingar som kan brukast som grunnlagsdata for automatisk omsetjing. Språkbanken har samla inn svært mange ressursar på

nettopp dette feltet. Meir informasjon finst i kapitlet «Språklege byggjeklossar».

Førebels er bokmål lagt inn i eTranslation, slik at ein kan få ei automatisk omsetjing mellom bokmål og andre språk. Per 9. mars 2021 ligg ikkje nynorsk inne som språkval. Det er planlagt, men ikkje gjennomført, å la omsetjingar til og frå nynorsk gå via bokmål. Per i dag finst det ikkje mange nok omsette tekstar mellom engelsk og nynorsk, og derfor er det ikkje grunnlag for direkte omsetjing mellom desse språka.

Skal kvaliteten på omsetjinga bli god, må datamaterialet vere stort nok. Jamvel om språkbanken har samla inn mykje, kan ikkje Noreg basere seg på tidlegare omsetjingar av alle EU-dokument, slik dei europeiske medlemslanda kan. Derfor har den norske omsetjinga lågare kvalitet enn til dømes svensk. Skal omsetjinga til norsk bli like bra som omsetjing til dei andre europeiske språka, trengst det fleire omsette tekstar og fleire omsette fagtermar. Dette gjeld både bokmål og nynorsk, men særleg nynorsk.

Norsk språkteknologi samanlikna med teknologi på andre språk: Meta-net-rapporten

Meta-net-rapportane (for norsk: De Smedt ofl. 2012) var resultat av eit europeisk initiativ for å kartlegge situasjonen for språkteknologi i europeiske land. Kvart land fekk sin rapport. Kartlegginga gjorde det mogleg å samanlikne situasjonen for norsk språkteknologi og norske språkressursar med situasjonen til andre språk, og til å vurdere kor mykje ressursar som fanst for kvart språk til å lage fungerande språkteknologi. Norsk hamna konsekvent i den nedste eller nest nedste kategorien i samanlikninga. Grunnleggjande teknologi mangla, og grunnleggjande ressursar var for knappe. Det same gjaldt svært mange av dei andre europeiske språka i kartlegginga.

Etter Meta-net-rapportane frå 2012 er det ikkje gjort systematiske internasjonale samanlikningar mellom norsk språkteknologi og teknologi på andre språk. Også andre land treng eit slikt samanlikningsgrunnlag.

«Skal omsetjinga til norsk bli like bra som omsetjing til dei andre europeiske språka, trengst det fleire omsette tekstar og fleire omsette fagtermar. Dette gjeld både bokmål og nynorsk, men særleg nynorsk.»

Derfor deltek Noreg i ei ny, tilsvarande europeisk undersøking, ELE (European Language Equality). Målet er å kartlegge kor godt utvikla språkteknologien er for dei enkelte europeiske språka. Språkrådet koordinerer den norske delen av undersøkinga. Språkrådet er òg med på å lage eit forslag til ein felles europeisk strategi for å nå målet om at språkteknologi og kunstig intelligens skal fungere like bra på alle nasjonalspråka i Europa innan 2030. Etter planen skal undersøkinga vere ferdig i 2022.

Norsk i internasjonal språkteknologi

«Å gjere ressursane i språkbanken kjende både nasjonalt og internasjonalt vil vere avgjerande for at dei blir bruka.» (Prop. 108 L (2019–2020):45)

Noreg deltek i to europeiske prosjekt som samlar inn og legg ut ressursar til språkteknologi. ELG (European Language Grid) er nært knytt til ELE og skal vere ei plattform for deling, sal og kjøp av ressursar og verk-

tøy. Plattformen er open for både kommersielle og ikkje-kommersielle utviklarar og forskarar. Fleire av ressursane som ligg i den norske språkbanken, kan utviklarar også finne på ELG. I tillegg er det nokre kommersielle datasett til sals. ELRC har plattformen ELRC-Share, ein slags europeisk språkbank med mange av dei same ressursane som finst på ELG. Her ligg mellom anna dei norske omsetjingane som er bruka i eTranslation. Slik blir norske språkressursar lettare tilgjengelege for internasjonale selskap som utviklar språkteknologi.

Noreg deltek òg i andre internasjonale nettverk for datadeling og språkteknologi:

- Nordisk nettverk for språkbankar
- Astin (Arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden)
- CLARIN og CLARINO

Internasjonalt klarspråksarbeid

Noreg har ikkje drive med klarspråksarbeid like lenge som enkelte andre land. Derfor er det svært nyttig for oss å delta i det internasjonale klarspråksarbeidet og bidra med erfaringar og lære om utviklinga av fagfeltet. Klarspråksarbeidet i Noreg dreg vekslar på all den oppsamla kunnskapen på dette feltet, og på forskning som er gjord andre stader, særleg i USA. Argument om demokrati, deltaking, medråderett og inkludering ser i dag ut til å vege tyngre i klarspråksarbeidet enn argument om økonomi og effektivisering.

Strukturen for internasjonalt klarspråksarbeid

PLAIN

Plain Language Association International (PLAIN) er ein frivillig klarspråksorganisasjon med medlemmer i over 30 land med 20 ulike språk. Organisasjonen gjev ut nyheitsbrevet *Plain matters* og tidsskriftet *The PLAIN eJournal* og arrangerer internasjonale klarspråkskonferansar annakvart år. I 2018 fekk organisasjonen for første gong ein norsk president.

Clarity

Clarity er ein klarspråksorganisasjon for klart juridisk språk og «legal design». Claritys fanesak er at folk skal ha rett til å forstå juridiske tekstar som vedkjem dei, til dømes låneavtalar og arbeidskontraktar. Clarity gjev ut eit eige tidsskrift, *Clarity Journal*, og arrangerer internasjonale konferansar annakvart år (alternerer med PLAIN).

International Plain Language Federation (IPLF)

IPLF vart stifta i 2007 og er ein overbygning for tre medlemsorganisasjonar: PLAIN, Clarity og Center for Plain Language, ein frivillig organisasjon i USA som hjelper offentlege og private verksemder til å skrive klart. IPLF arbeider for å fremje større saker og interesser som medlemsorganisasjonane har felles. Til dømes har IPLF utarbeidd ein internasjonal definisjon for klart språk, og organisasjonen arbeider med opplærings- og sertifiseringsordningar på klarspråksfeltet. I 2021 er den viktigaste oppgåva å samarbeide med Interna-

tional Standards' Organization (ISO) for å utvikle ein internasjonal standard for klarspråk.

Ein internasjonal standard for klarspråk

I 2021 kjem ein internasjonal standard for klarspråk, ISO/WD 24495-1 Plain Language (ISO-standarden 2021), i engelsk utgåve. Her i landet blir dette arbeidet følgt opp av Standard Norge. ISO-standarden kan bli eit viktig verktøy i klarspråksarbeidet og inneheld generelle prinsipp og retningslinjer som skal gjelde uavhengig av språk. Det er frivillig å bruke standarden. Føremålet med standarden er å hjelpe skribentar i både offentlege og private verksemder til å skrive klart og utforme tekstar og tenester som innbyggjarar og kundar skal kunne bruke utan problem. Kort oppsummert slår standarden fast at klarspråk er kommunikasjon som set mottakaren i sentrum, og som fungerer etter føremålet. Det inneber at dokument i klarspråk tek omsyn til kva mottakaren ønskjer og treng å vite, om mottakaren er interessert og kan noko om emnet frå før, kva lesekompetanse mottakaren har, og kva kontekst mottakaren skal bruke teksten i. I praksis vil det seie at innhaldet skal vere relevant, og at mottakaren lett skal kunne finne, forstå og bruke informasjonen.

Språk i lover og forskrifter

Klarspråksprinsippa er på veg inn i jussen. Det gjeld for domstolane og språket i avgjerdene deira, det gjeld for lover og andre regeltekstar, og no gjeld det òg for jussutdanningane. Dei norske jussutdanningane er i endring; klarspråk og regelskriving spelar ei større rolle i dag enn for berre nokre år sidan. Denne utviklinga ser ein i fleire land, men ikkje alle har kome like langt. Det som er ferdig diskutert og avgjort i éin del av verda, har kanskje berre akkurat kome i gang andre stader. Og når diskusjonane etter kvart blir ferdige, tek det likevel lang tid før endringar blir synlege i rettslivet og i samfunnet. Den generelle trenden er i alle tilfelle at stadig fleire forstår at klart lovspråk trengst. Mange er samde i at folk skal kunne lese og forstå regelverk som gjeld dei sjøve. Meir informasjon om klarspråk i jussutdanningane finst i kapitlet «Høgare utdanning».

«EU-parlamentet har i fleire år arbeidd med klarspråksprogrammet *Citizens' language* under generaldirektoratet for omsetjing i parlamentet. Hovudmålet med programmet er å gjere EU-parlamentet og EU-regelverket meir tilgjengelege for innbyggjarane.»

Klarspråksarbeid i EU

På EU-nivå blir det gjort ein del organisert klarspråksarbeid, særleg arbeid for betre og klarare språk i lover og forskrifter.

EU-parlamentet har i fleire år arbeidd med klarspråksprogrammet *Citizens' language* under generaldirektoratet for omsetjing i parlamentet. Hovudmålet med programmet er å gjere EU-parlamentet og EU-regelverket meir tilgjengelege for innbyggjarane. I 2020 vart prinsippprogrammet *Citizens' Language Policy* vedteke. Alle skribentar ved parlamentet skal følgje programmet. Målet er lettfattelege, klare og begriplege EU-rettsakter og annan kommunikasjon på dei 24 språka parlamentet har ansvar for.

EU-kommisjonenens *Clear Writing Campaign* frå 2010 har som mål å hjelpe alle i kommisjonen med å skrive kortare, enklare, sjargongfrie tekstar. Arbeidet blir drive av ei gruppe redaktørar, som får hjelp av kollegaer i heile kommisjonen. Grappa tilbyr skribentane i kommisjonen praktiske råd og nettressursar, til dømes heftet *Skriv klart* (dansk tittel) (EU-kommisjonen 2016) på 24 offisielle EU-språk, skrivetips ein gong i veka, e-poststøtte, kurs, seminar og andre arrangement. Det blir årleg delt ut ein pris, *Clear Writing Award*,

til skribentar som har skrive særleg klare tekstar. I oktober 2021 skipar EU-kommisjonen til konferansen *Clear writing for Europe 2021* saman med andre EU-institusjonar.

Den viktigaste konferansen i europeisk-juridisk kontekst er *European Symposia on the Comprehensibility of Legal Provisions*. Konferansen blir arrangert annakvart år av det tyske justisdepartementet i Berlin ved lovredaksjonen, som granskar språket i lovframlegg. I 2021 var konferansen eit samarbeid med Europarådet og EU-kommisjonen. Konferanseprogrammet gjev god oversikt over lovspråksarbeidet i Europa (Bundesministerium 2021).

Digitaliseringsarbeidet fører med seg store endringar på lovspråksfeltet. I tillegg til arbeid med digitaliseringsvenleg lovspråk er digital inkludering viktig. Berlinerklæringa om verdibasert digital forvaltning (Rådet for den europeiske unionen 2020) vart underskriven av EUs medlemsstatar i desember 2020 og skal sikre at den digitale transformasjonen fremjar inkludering og deltaking. Deklarasjonen understrekar at digital forvaltning må vere inkluderande, og det vil mellom anna seie at språket i digitale tenester må vere klart.

Internasjonalt stadnamnarbeid

Mange land i verda arbeider med forvaltning av stadnamn. FN-ekspertgruppa UNGEEN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) har ansvaret for mykje av det internasjonale arbeidet på dette feltet. UNGEEN arbeider for at alle medlemslanda skal ha nasjonal råderett over stadnamna sine, og for at alle land i verda skal bruke nasjonalt standardiserte namneformer i internasjonale samanhengar. Til og med 2017 vart det arrangert UNGEEN-konferansar kvart femte år. På desse konferansane tok deltakarane opp kva for mål det internasjonale arbeidet med stadnamn skulle ha, og dei vedtok resolusjonar. Mellom konferansane, som oftast annakvart år, har det vore arrangert sesjonar i regi av UNGEEN. Frå og med 2019 vart konferansane erstatta med sesjonar (møte) annakvart år. Desse sesjonane skal ha dei same formelle fullmaktene som konferansane hadde. Frå 2019 har sesjonane vara i fem dagar. Den siste sesjonen vart halden som digitalt møte i mai 2021.

Noreg i UNGEEN

I Noreg er det Språkrådet, Kartverket og Sametinget som til vanleg har representert Noreg i det internasjonale stadnamnarbeidet. Deltaking på internasjonale konferansar, sesjonar og møte blir finansiert over budsjetta til verksemdene sjølve.

UNGEEN er delt inn i 24 divisjonar på geografisk og språkleg grunnlag (UNGEEN Divisions). Noreg høyrer til den nordiske divisjonen (UNGEEN Norden Division) saman med dei andre nordiske landa. Til vanleg har dei nordiske landa dette leiarvervet på omgang i 4-5 år om gongen. Kulturdepartementet bad Språkrådet om å ta over leiarvervet i Norden Division i 2017. Leiinga i divisjonen kallar inn til divisjonsmøte og koordinerer arbeidet med å skrive divisjonsrapportar. UNGEEN har også ni arbeidsgrupper på tvers av divisjonane, og gruppene arbeider mellom sesjonane. Tre av dei – Working Group on Publicity and Funding, Working Group on Training Courses in Toponymy og Working Group on Geographical

Names as Cultural Heritage – er leia av nordiske representantar. Dei nordiske landa, og særleg Noreg, har vore ein pådrivar i heile UNGEEN, mykje fordi Noreg har hatt eit godt utvikla system for stadnamnarbeid.

Før kvar sesjon leverer alle nasjonar, divisjonar og arbeidsgrupper rapportar om arbeidet som er gjort sidan førre møte i UNGEEN. I tillegg blir utsendingar (delegatar) oppmoda om å levere inn utfyllande rapportar om enkeltsaker. Viktige punkt for Noreg har dei siste åra vore

- endringane i stadnamnlova
- adressering
- sentralt stadnamnregister
- stadnamnsamlingane og digitalisering av dei
- normering og bruk av namn i fleispråklege område

Når det gjeld arbeid i 2021, vil Noreg særleg trekkje fram det nye e-læringskurset om stadnamnarbeid og stadnamnlova frå Språkrådet i ein egen rapport. Dette kurset bør ha stor overføringsverdi til stadnamnarbeidet i andre land. Meir informasjon om e-læringskurset finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar». Eit gjennomgåande tema på UNGEEN-møta er at implementeringa av standardiserte former ofte er dårleg, trass i at det finst detaljerte normeringsreglar og/eller lover om normering i mange land. Det nye e-læringskurset forklarar føremålet med stadnamnlova og rettar seg til ei særskild målgruppe, nemleg offentleg tilsette som har forvaltning av stadnamn som arbeidsfelt.

§ 8

Skandinaviske språk

Alle har rett til å bruke svensk eller dansk i kontakt med offentlege organ. Offentlege organ kan svare på norsk.

KJELDER

Agazzi, B., C. Grünbaum, R. Hauge og M. Reuter (red.) (2014): *Guldtavlorna i gräset. Nordiskt språk-samarbete. Historik och framåtblick.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/spraka-i-norden/guldtavlorna-historikk.pdf> (mai 2021).

Bundesministerium (2021): *5. Europäisches Symposium zur Verständlichkeit von Rechtsvorschriften.* Det tyske justisdepartementet mfl. <https://bmjv5europeansymposium.de/> (mai 2021).

Clarity. <http://www.clarity-international.org/> (mai 2021).

De Smedt, K., G.I. Lyse, A.M. Gjesdal og G.S. Losnegaard (2012): *Norsk i den digitale tidsalderen* <http://www.meta-net.eu/whitepapers/volumes/norwegian-nynorsk> (mars 2021).

Diku Nordplus (2021): E-post 12.3. 2021.

EFNIL. <http://www.efnil.org/projects> (mai 2021).

EU-kommisjonen (2016): *Skriv klart.* file:///C:/Users/DagfinnR/Downloads/HCO215257DAN.da%20(1).pdf (mai 2021).

Europarådet (1992): *Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakten).* <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1992-11-05-1?q=minoritets-spr%C3%A5k> (mai 2021).

Europarådet (1995): *Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter (rammekonvensjonen).* <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtpalte/euoparadets-rammekonvensjon/euoparadets-rammekonvensjon/id2362518/> (mai 2021).

European Language Monitor (2019). <https://juniper.nytud.hu/elm4/browse> (mai 2021).

FN (1989): *FNs konvensjon om barnets rettigheter (barnekonvensjonen).* https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf (mai 2021).

FN (2007): *FNs erklæring om urfolks rettigheter (urfolkserklæringen).* <https://www.regjeringen.no/contentassets/2f5020ef4d66492fa54148d46981d23a/fns-erklaring-om-urfolks-rettigheter.docx.pdf> (mai 2021).

Frøshaug, A.S. og T. Stende (2021): *Analyse nr. 01/2021: Har Norden et språkfelleskap?* Nordisk ministerråd. <https://www.norden.org/no/publication/har-norden-et-sprakfelleskap> (mars 2021).

Hannesdóttir, A.H. og G. Mose (2019): *Undervisning i Nordens språk vid högre lärosäten i Norden – status 2019.* Presentasjon ved seminar arrangert av Samarbeidsnemnda for Norden-undervisning i utlandet, Reykjavik 2019.

ILO (1989): *ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater.* https://www.regjeringen.no/contentassets/a5e5f2b1e4984468b04b10a60d26678b/ilo_norsk_020617.pdf (mai 2021).

International Plain Language Federation. <https://www.iplfederation.org/> (mai 2021).

ISO-standarden (2021): ISO/WD 24495-1 Plain language. <https://www.iso.org/standard/78907.html> (mai 2021).

KMD (2020a): *Minoritetsspråkpakten.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtpalte/minoritetssprakpakta/id86936/> (mai 2021).

KMD (2020b): *Den europeiske pakt om regions- eller minoritetsspråk – åttende periodiske rapport.* Norge. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. https://www.regjeringen.no/contentassets/2c8f69f165e047809d-46708684f71b2a/norges-8ende-rapport_norsk.pdf (mai 2021).

Konferansen Clear writing for Europe 2021. https://ec.europa.eu/info/events/CWC2021_en (mai 2021).

Nettverket for språknemndene i Norden (2020): *Strategi for NSN 2020–2024.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/spraka-i-norden/strategi-for-nettverket-for-spraknemndene-i-norden-2020-2024.pdf> (mai 2021).

Nordisk ministerråd (2006): *Deklarasjon om nordisk språkpolitikk.* Nordisk ministerråd. <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:700895/FULLTEXT01.pdf> (mai 2021).

Nordisk ministerråd (2019): Nordisk samarbejdsprogram for uddannelse og forskning 2019–2023. Nordisk ministerråd. <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:1365361/FULLTEXT02.pdf> (mai 2021).

Nordisk ministerråd (2020): Norden som världens mest hållbara och integrerade region. Handlingsplan 2021–2024. Nordisk ministerråd. <https://www.norden.org/no/node/48481> (mars 2021).

Nordisk TegnTube: <https://www.tegntube.com/no/> (mai 2021).

Nordterm. <http://www.nordterm.net/> (mai 2021).

Plain Language Association International (PLAIN). <https://plainlanguagenetwork.org/> (mai 2021).

Prop. 108 L (2019–2020) = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språklova). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mars 2021).

Rådet for Den europeiske unionen (2020): Berlin Declaration on Digital Society and Value-Based Digital Government. https://ec.europa.eu/isa2/sites/default/files/cdr_20201207_eu2020_berlin_declaration_on_digital_society_and_value-based_digital_government_.pdf (mai 2021).

Språkkonvensjonen (1987): Konvensjon mellom Norge, Danmark, Finland, Island og Sverige om nordiske statsborgeres rett til å bruke sitt eget språk i et annet nordisk land. Regjeringane i Noreg, Danmark, Finland, Island og Sverige. <https://www.norden.org/no/treaties-and-agreements/sprakkonvensjonen> (mars 2021).

Språkrådet (2017): Språkstatus 2017. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf> (mars 2021).

Språkrådet (2018): Bruker- og befolkningsundersøkelse 2018. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/20181016_sprakradet_brukerundersokelse-2018_rapport.pdf (mars 2021).

St.meld. nr. 35 (2007–2008): Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/> (mars 2021).

UNGEEN Divisions.

<https://unstats.un.org/unsd/ungeen/divisions/> (mars 2021).

UNGEEN Norden Division.

<https://nordendivision.nfi.ku.dk/> (mars 2021).

World Federation of the Deaf. http://wfdeaf.org/world-hearing-day-2021/?fbclid=IwAR3WcjGP-D61RO8CxEl3ykL-17gm-xUz4bO5A_A406tX-CUF80cNt0-1Fd9RQ (mai 2021).

World Health Organization (2021): World report on Hearing. https://cdn.who.int/media/docs/default-source/documents/health-topics/deafness-and-hearing-loss/world-report-on-hearing/wrh-executive-summary.en.pdf?sfvrsn=feb8d533_27&download=true&fbclid=IwAR-3leYmv94wYxdtxp9OfoNEh6QPoKViHTOip-h5kC5WrONz_3uJXKdIZk02M (mai 2021).

«Hovudmålet for den nye språklova er å tryggje og ta vare på språka i Noreg.»



«I den nye språklova får alle dei tradisjonelle språka i Noreg eit vern og ein lovfesta status dei har sakna frå før, og det fleirspråklege norske samfunnet blir endeleg anerkjent av lovverket.»

